



Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2021



Vedtaks- og endringsprotokoll

Vedteke/endra av	Dato/saksnummer
Fylkestinget	17.12.19 / PS 16/2019
Fylkestinget	15.12.20 / PS 138/2020
Fylkestinget	16.12.21 / PS 131/2021

Føreord

Eigarskapsmeldinga 2021 er Vestland fylkeskommune si tredje av sitt slag. Meldinga omhandlar kva fylkeskommunen faktisk eig og bør eige, kva forventningar vi har til styringa av selskap og litt om dei rettslege rammene for eigarstyring og selskapsleiing. Eigarskapsmeldinga er del av fylkeskommunen si eigarstyring og eigenkontroll, og skal sikre føremålstenleg forvaltning av dei verdiar og tenester som er lagt ut i selskap og liknande. Meldinga dokumenterer og tydeleggjer fylkeskommunen si eigarstyring og bidreg til openheit. Eigarskapsmeldinga er delt i to; Eigarskapspolitikk (Del I) og Verksemndsoversikt (Del II).

Fylkeskommunen står fritt til å endre eigarpolitikken, så framtid endringa er innanfor gjeldande rettslege rammer. Eigarpolitikken kan endrast i samband med fylkestinget si årlege handsaming av eigarskapsmeldinga, eller i einskildsaker elles i året. I sistnemnde tilfelle, vert endringa innarbeidd i neste eigarskapsmelding. Del II av meldinga vert oppdatert kvart år med informasjon frå førr- og inneverande år, fram til tidspunktet for ny eigarskapsmelding.

I 2021 har fylkesdirektøren følgt opp fylkestinget sitt vedtak i samband med eigarskapsmeldinga 2020 om å starte prosess for avvikling av eigarskapen i Lutelandet Utvikling AS og HFK Tomt Knarvik AS, seie opp medlemskapen i OKOS SA og å be Gulen og Masfjorden Utvikling AS om å greie ut moglegheitene for samanslåing:

- Fylkesutvalet vedtok i september å selje aksjane i Lutelandet Utvikling AS til dei andre eigarane.
- Fylkesdirektøren har sagt opp medlemskapen i OKOS SA med verknad frå 01.09.21.
- Gulen og Masfjorden Utvikling AS har vurdert samanslåingsmoglegheiter, men meiner desse ikkje er føremålstenlege.
- Når det gjeld HFK Tomt Knarvik AS, vil fylkeskommunen nytte seg av meklar for å avhende selskapet.

For meir om oppfølginga av fjorårets vedtak, sjå omtalen av kvart einskild selskap i Del II.

I juni 2020 gjennomførte Deloitte eigarskapsopplæring for medlemene i fylkestinget. I samband med politikardagen i februar 2021 gav seksjon for juridiske tenester, etter initiativ frå fylkesutvalet, ekstra opplæring om fylkeskommunale eigarskap, eigarstyring og selskapsleiing.

I 2020 og 2021 har fleire av selskapa fylkeskommunen har eigarinteresser i blitt påverka av Covid-19- pandemien. Dette gjeld særleg kulturselskapa, og andre som driv publikums- eller kunderetta verksemd, som arbeidsmarknadsbedriftene, samferdselsselskap og ulike opplevelingssenter.

Fylkeskommunen har dei siste åra oppmoda alle selskap om å varsle om møtedatoar og særskilde saker i god tid, og vi vil halde fram med dette. I løpet av året deltek fylkeskommunen sine eigarrepresentantar på minst eitt møte i kvart selskap, ofte fleire. Dei fleste møta vert gjennomførte om våren, av omsyn til selskapa sin frist til å sende inn årsrekneskap.

I 2020 og 2021 har møta i eigarorgana som oftast vore digitale, og fylkeskommunen har vore representert på dei fleste. Digital deltaking gjer det lettare for fylkeskommunen å delta, og i dei aller fleste tilfella har dette fungert godt. Det er verdt å merke seg at aksjonærar frå og med 01.06.21 har ein lovfesta rett til å delta elektronisk i generalforsamlingar, med mindre styret finn sakleg grunn til å nekte. I interkommunale selskap har representantskapet no, på fast basis, høve til å vedta at møte kan gjennomførast som fjernmøte og at protokollar kan signerast med elektronisk signatur.

Det siste året har fylkeskommunen vedteke eigarstrategiar for Ferde AS, Skyttel AS, Bybanen AS, Grieghallen IKS og TH Egedom IKS. Slike strategiar har gjennomgåande blitt etterlyst i samband med selskapskontrollar (no eigarskapskontroll eller forvaltningsrevisjon). Fylkesdirektøren er i gang med eit utkast til felles eigarstrategi for arbeidsmarknads-bedriftene, men ventar førebels på fylkestinget sitt vedtak etter eigarskaps-kontrollen av desse selskapa. Denne typen kontrollar utgjer, saman med eigarskapsmeldinga, ein viktig del av fylkeskommunen sin eigenkontroll på området.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør





Frå ViteMeir på Kaupanger
Foto: Knut-Hendrik Lajord/Veri Media

Føreord.....	3
Del I – EIGARPOLITIKK OG EIGARSTYRING	7
1. Fylkeskommunal eigarskap.....	7
1.1 Fylkeskommunen sitt føremål med å eige.....	7
1.2 Moment å ta stilling til når fylkeskommunen vurderer nye eigarskap	7
1.3 Moment i vurderinga av om fylkeskommunal eigarskap framleis er føremålstenleg.....	8
1.4 Styringsgrep når fylkeskommunen er blitt eigar.....	9
1.5 Tilhøvet til andre eigarar	9
2. Forventningar til selskapa og prinsipp fylkeskommunen vil styre ut frå	9
2.1 Regelverksetterleving og forsvarleg drift	9
2.2 Organisering, honorering og styringsgrunnlag	11
2.3 Samfunnsansvar og etikk	13
3. Eigarstyring.....	16
3.1 Eigarskapsutøving og kommunikasjon.....	16
3.2 Eigarrepresentasjon i møte.....	17
3.3 Intern ansvars- og oppgåvefordeling i fylkeskommunen.....	18
3.4 Opplæring av folkevalde i eigarstyring m.m.	19
3.5 Moglege interessekonfliktar	20
3.6 Habilitetsrettslege problemstillingar	20
3.7 Reglar om innsyn i eigarskapssaker	22
3.8 Utpeiking av styremedlemer og valnemndsmedlemer.....	23
3.9 Eigenkontroll med fylkeskommunen si eigarstyring m.m.....	23
Del II – VERKSEMDSOVERSIKT	26
4. Generelt om del II	26
4.1 Definisjon av nøkkeltal	26
5. Interkommunale selskap (IKS)	27
5.1 Om selskapsforma IKS	27
5.2 Interkommunale selskap fylkeskommunen deltek i.....	27
Grieghallen IKS	27
TH eideom IKS	31
VIGO IKS	35
6. Aksjeselskap (AS)	38
6.1 Om selskapsforma aksjeselskap	38
6.2 Utnytting av kraftressursar / finansielle mål	39
Kommunekraft AS.....	40
Sogn og Fjordane Holding AS	43
Valen kraftverk AS.....	46
6.3 Samfunns- og næringsutvikling.....	49
Atheno AS.....	50
Fjord Invest Såkorn AS.....	53
Fjord Norge AS	57
Framtidsfylket AS.....	60
Gulen og Masfjorden Utvikling AS	63
Innovasjon Norge	67
Kunnskapsparken Vestland AS	71
Lutelandet Utvikling AS.....	74
Njøs Frukt - og bærcenter AS	77
Sarsia Development AS	80
Sogn og Fjordane Fondet AS.....	83
6.4 Samfunns- og næringsutvikling – arbeidsmarknad	87
Beredt AS	88
Gløde AS	91
Hardanger AKS AS	95
In Via AS	98
Kveik AS	101

Opero Holding AS.....	104
Origod AS.....	107
Sogneprodukt AS	110
6.5 Infrastruktur og kollektivtransport.....	113
Bybanen AS	114
E134 Haukelivegen AS.....	118
Ferde AS	122
HFK Bussanlegg AS	127
HFK Tomt Knarvik AS	130
Skyttel AS.....	132
Sunnhordland Lufthamn AS	136
6.6 Opplæring.....	139
Bergen Vitensenter AS (Vilvite)	140
Campus Verftet AS	143
Opplæringsfartøy AS.....	146
Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS (ViteMeir)	150
6.7 Kulturselskap	153
Carte Blanche AS	154
Den Nationale Scene AS (DNS)	157
Det Vestnorske Teateret AS	160
Idrettsklyngje Vest AS.....	163
Moster Amfi- og kyrkjhistoriske senter AS	166
Moster 2024 AS.....	169
Norsk Fjordhestsenter AS.....	172
Teater Vestland AS	175
Vestnorsk filmsenter AS	179
7. Interkommunale samarbeid	182
7.1 Ulike samarbeidsformer.....	182
7.2 Samarbeid fylkeskommunen deltek i	184
Nasjonal Digital Læringsarena (NDLA)	184
Vestlandsrådet	185
Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap	187
8. Samvirkeføretak	188
8.1 Samvirkeføretak fylkeskommunen er medlem i	189
Kommunearkivinstitusjonenes digitale ressurssenter SA (KDRS).....	189
Opplæringskontoret for offentleg sektor i Sogn og Fjordane SA (OKOS SA).....	191
Biblioteksentralen SA.....	193
Sinjarheim SA.....	195
9. Gjensidige selskap	196
Kommunal Landspensjonskasse (KLP).....	196
Vedlegg 1: Plan for eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon (utdrag) for valperioden.....	198
Vedlegg 2: Rapporteringsmal for dei som deltek på generalforsamlingar e.l. for fylkeskommunen (eigarrepresentantane) i 2021	200
Vedlegg 3: Fylkestinget sitt vedtak av eigarskapsmelding i 2020	201

Del I – EIGARPOLITIKK OG EIGARSTYRING

1. Fylkeskommunal eigarskap

1.1 Fylkeskommunen sitt føremål med å eige

Fylkeskommunen sitt føremål med å eige vil vere knytt opp mot fylkeskommunen sitt samfunnsoppdrag.

Nokre av eigarskapa stettar fleire føremål, og føremålet med å eige eit selskap kan endre seg over tid. Eit fåtal av fylkeskommunen sine eigarskap er finansielt motiverte, og har som regel hatt andre føremål i tillegg.

Fylkeskommunen skal eige eller delta i selskap ut frå følgjande føremål:

1. Utnytting av kraftressursar / finansielle mål:
 - Sikre at investert kapital oppnår god avkastning som samsvarar med den risikoen fylkeskommunen tek ved å ha eigardelar i selskapet.
 - Delta i selskap saman med andre fylkeskommunar og kommunar for å oppnå stordriftsfordelar.
2. Samfunns- og næringsutvikling:
 - Delta i selskap som arbeider med fellestiltak for å utvikle næringslivet i fylket.
 - Delta i investeringsselskap som bidreg med kapital i tidleg-fase verksemder i fylket.
 - Delta i selskap der vi opptrer som regional utviklingsaktør og tilfører og/eller får kompetanse.
 - Delta i selskap som har ansvar for å leggje til rette for særlege grupper.
3. Infrastruktur og kollektivtransport:
 - Delta i selskap for å løyse fylkeskommunale oppgåver innanfor infrastruktur og kollektivtransport.
 - Delta i selskap med infrastrukturutbygging eller finansiering av infrastrukturutbygging som føremål.
 - Delta i selskap som legg til rette for kollektivtrafikk, t.d. gjennom å eige eller drifte anlegg for kollektivtrafikk.
4. Opplæring
 - Delta i selskap saman med andre kommunar, fylkeskommunar og/eller private for å få utført oppgåver knytt til fylkeskommunen si rolle som opplæringsansvarleg.
5. Kultur
 - Delta i kulturselskap, saman med til dømes kommunar, for å vere med på å styre selskapa i ønskja retning, i samsvar med fylkeskommunen sin kulturpolitikk.

1.2 Moment å ta stilling til når fylkeskommunen vurderer nye eigarskap

Eigna organisering

Det er viktig at organisasjonsforma er tilpassa verksemda sitt føremål, behovet for eigarstyring, marknadsmessige tilhøve og konkurranseregelverket.

Skal selskapet ta risiko og operere i ein konkurranseutsett marknad, bør ein søke å avgrense ansvaret til fylkeskommunen som eigar.

Der organisasjonen skal yte tenester til eigarane i eigenregi, kan både interkommunale selskap og fylkeskommunale føretak vere føremålstenlege organisasjonsformer.

Organisasjonsforma stifting er ikkje aktuell dersom verksemda krev eigarstyring.

Risiko, kostnad og nytte

Før fylkeskommunen går inn som eigar i eit selskap, bør det gjennomførast ei risiko- og kostnads-/nyttevurdering, der ein som eit minimum vurderer finansiell risiko, risiko for at selskapet ikkje klarar å etterleve offentlege standardar innanfor innkjøpsreglement, habilitet, openheit og etikk, i tillegg til risiko for negativ påverknad på miljø og klima.

Fylkeskommunen kan m.a. vurdere om det er aktuelt å stille konkrete klimakrav til selskapet; til dømes krevje at selskapet har retningsliner, prinsipp, prosedyrar og standardar for korleis verksemda tek omsyn til det ytre miljø ut frå verksemda sin eigenart, marknaden selskapet opererer i og kva miljøteknologi som er tilgjengeleg. Slike krav må vurderast konkret i det enkelte tilfellet. Storleiken på eigardelen fylkeskommunen planlegg å erverve vil spele inn i vurderinga av kva krav som kan stillast. Sjå elles punkt 2.3 om forventningar knytt til samfunnsansvar og etikk.

Det vil vere relevant å ta stilling til om fylkeskommunen skal forvente utbyte frå selskapet.

Tidshorisont

Når fylkeskommunen vurderer å gå inn som eigar i eit selskap, er det nyttig å tenkje gjennom kva tidshorisont eigarskapen skal ha.

I mange tilfelle kan det vere føremålstenleg å lage seg ein utgangsstrategi med føringar for når fylkeskommunen skal starte prosess for avvikling av eigarskapen, t.d. ved å fastsette ein ønska utgangs- eller avviklingsdato, eller ved å konkretisere føresetnader som må realisere seg/ikkje realisere seg, for at fylkeskommunen skal vedta å gå ut.

Med ein slik strategi vert vurderinga om fortsett eigarskap enklare og meir føreseieleg både for fylkeskommunen og for selskapet.

1.3 Moment i vurderinga av om fylkeskommunal eigarskap framleis er føremålstenleg

Fylkestinget tek kvart år, i samband med handsaminga av fylkeskommunen si eigarskapsmelding, stilling til om fylkeskommunen sine eigarskap framleis er føremålstenlege. Vurderingane går fram av selskapsomtalen for kvart selskap i Del II.

Vurderinga kan munne ut i eit vedtak om å starte ein prosess med å avvikle eigarskapen. Det skal i tilfelle opprettast dialog med andre eigarar av selskapet og selskapsleiinga om dette.

Fylkeskommunen bør t.d. vurdere avvikling av eigarskapen dersom

- dei opphavlege føresetnadane ikkje lenger er til stades, eller føresetnader i ein utgangsstrategi gjer seg gjeldande
- eit tiltak har utvikla seg så positivt at det er "sjølvgåande" utan fylkeskommunal eigarskap, og/eller andre med fordel kan overta eigarskap og ansvar fordi det er sannsynleg at desse er betre eigna til å utvikle selskapet vidare
- selskapet opptrer i strid med selskapet sitt føremål, selskapet sitt samfunnsansvar, og/eller opptrer på ein måte som ikkje er i samsvar med fylkeskommunen sine verdiar
- selskapet har gjort seg skuldig i straffbare handlingar, til dømes miljøkriminalitet, korruption, brot på menneskerettar eller arbeidstakarrettar

1.4 Styringsgrep når fylkeskommunen er blitt eigar

Eigarstrategi

Selskapsleiinga styrer selskapet i tråd med relevant regelverk, stiftingsgrunnlag og vedtekter/selskapsavtale, og vedtak i det øvste organet i selskapet.

I tillegg til å gje uttrykk for ein overordna eigarskapspolitikk i eigarskapsmeldinga, kan det vere føremålstenleg for fylkeskommunen å vedta særskilte eigarstrategiar for det einskilde selskapet, eller for ei gruppe av selskap, der fylkeskommunen som eigar utdjupar kva mål ein har med og for selskapet, kva krav og forventningar eigar har til selskapet og kva selskapet skal kunne forvente frå eigar/ane.

Eigarstrategiar og selskapsstrategiar vil t.d. tene som grunnlag for ein etterfølgjande eigarskapskontroll eller forvaltningsrevisjon.

1.5 Tilhøvet til andre eigarar

Ved behov kan tilhøvet mellom eigarane av eit aksjeselskap regulerast i ein aksjonæravtale. Denne gjeld mellom eigarane, eller nokre av desse, og ikkje mellom eigarane og selskapet.

2. Forventningar til selskapa og prinsipp fylkeskommunen vil styre ut frå

2.1 Regelverksetterleiving og forsvarleg drift

Selskap, samarbeid og samvirkeføretak fylkeskommunen har eigarskap i/deltek i skal følgje dei lovene og reglane som gjeld for selskapet/samarbeidet/føretaket.

Nærmare omtale av særskilte tema:

Økonomistyring og rekneskap

Fylkeskommunen forventar at leiinga i selskapet syter for ei forsvarleg forvaltning av selskapet sin økonomi, og at rekneskap vert ført i tråd med gjeldande krav og tilrådde bransjestandardar.

Selskapet bør ha ein eigenkapital som er tilpassa mål, strategi og risikoprofil. For aksjeselskap legg fylkeskommunen til grunn at kravet om forsvarleg eigenkapital og likviditet vert etterlevd. Dersom det er grunn til å tru at eigenkapitalen er lågare enn forsvarleg ut frå risikoene ved og omfanget av verksemda, forventar fylkeskommunen at styret innan rimeleg tid kallar inn generalforsamlinga for å gjere greie for den økonomiske stillinga til selskapet og adekvate tiltak for å betre den.

Fylkeskommunen forventar at selskapsleiinga kjem med forsvarlege tilrådingar når det gjeld utdeling av utbyte til eigarane. Dersom styret skal få fullmakt til å dele ut utbyte¹, så bør avgjerda om dette grunngjenvæst særskilt.

Verken generalforsamlinga, styret eller dagleg leiing i eit aksjeselskap kan ta avgjerd om å gje ein eller nokre aksjeeigarar ein urimeleg fordel som andre aksjeeigarar eller selskapet må bere kostnaden for.

Rapportering

Fylkeskommunen forventar at selskapa rapporterer i tråd med gjeldande krav i rekneskapslova.

¹ Frå 1. juli 2013 vart det opna for at generalforsamlinga kan gje styret fullmakt til å dele ut utbyte.

Fylkeskommunen ber også mindre føretak, som ikke har ei plikt til å utarbeide årsmelding², kort greie ut om viktige hendingar i rekneskapsåret, selskapet sine planar for komande år, og korleis selskapet ivaretok samfunnsansvaret sitt.

Selskapet sin klima- og miljøpåverknad skal omtalast.

Saksbehandlingsreglar og tilrettelegging

Fylkeskommunen forventar at selskapa vert leia og styrte i tråd med gjeldande sakshandsamingsreglar. Der møte vert gjennomført elektronisk, skal styret sørge for at det føreligg system som sikrar at lova sine krav til generalforsamling/representantskapsmøte er oppfylte.

Eigarskapsutøving skal skje i eigarorganet til selskapet. Styret bør legge til rette for at flest moglege eigarar kan utøve sine rettar ved å delta i eigarorgansmøte i selskapet ved mellom anna å sørge for at

- planlagt møtedato vert avtalt eller varsla om så tidleg som råd
- innkalling og saksdokument til generalforsamlinga/representantskapet, inkludert valkomiteen si innstilling, blir gjort tilgjengelege innanfor fristar i mellom anna aksjelova og lov om interkommunale selskap (IKS-lova), eller innanfor dei fristane som er fastsette i vedtekten til selskapet eller i vedtekne eigarstrategiar for selskapet
- saker som ein eller fleire av eigarane må handsame særskilt, t.d. vedtektsendringar, vert lagt fram for eigarane i god tid før møte i eigarorganet
- saksdokumenta gjev eigarane reell moglegheit til å ta stilling til alle saker som skal handsamast
- saker eigar bør kjenne til vert lagt fram for/ løfta opp til eigarorganet
- styret, valkomiteen og revisor er til stades i møtet ved behov
- møtet vert korrekt protokollert og eigarane får tilgang til signert protokoll snarast råd etter møtet
- eigar får høve til å delta elektronisk, jf. t.d. aksjelova § 5-8 (3) bokstav b og IKS-lova § 9 fjerde ledd

Fylkeskommunen ber selskapa sende innkallingar o.l. både til fylkeskommunen sin eigarrepresentant³ og til fylkeskommunen sitt postmottak⁴. Selskap omfatta av koml. § 23-6 skal også sende innkalling til fylkeskommunen sitt kontrollutvalssekretariat.

Reglar for offentleg eigde selskap

Offentleg eigde selskap er omfatta av verkeområdet til offentleglova når det offentlege, direkte eller indirekte, har ein eigardel som gjev meir enn halvparten av røystene i det øvste organet i rettssubjektet, eller det offentlege, direkte eller indirekte, har rett til å velje meir enn halvparten av medlemene med røysterett i det øvste organet i rettssubjektet, jf. offentleglova § 2. Lova gjeld likevel ikkje for rettssubjekt som hovudsakleg driv næring i direkte konkurranse med og på same vilkår som private.

Offentleg eigde selskap kan også vere omfatta av regelverket for offentleg innkjøp.

Vidare kan det vere krav om kjønnsbalanse i styret.

Det er for det første krav om representasjon av begge kjønn i styra i kommunalt kontrollerte aksjeselskap, det vil seie der kommunar og/eller fylkeskommunar eig minst to tredelar av aksjane i selskapet. Kravet er lovfesta i kommunelova § 21-1, som syner til aksjelova § 20-6 om kjønnsbalanse i statsaksjeselskap.

Aksjelova § 20-6, 1. avsnitt lyder slik:

«I styret i statsaksjeselskap skal begge kjønn være representert på følgende måte:

² I 2017 vart rekneskapslova endra slik at plikta til å utarbeide årsmelding ikkje lenger gjeld for små føretak, sjå lov 15. desember 2017 nr. 105 om endringar i rekneskapslova mv. (forenklingar). Dersom det er usikkerheit om fortsett drift, må føretaka opplyse om dette i notane i rekneskapen.

³ Fylkesordføraren og fylkesvaraordføraren er fylkeskommunen sine valde eigarrepresentantar.

⁴ Kontaktinformasjon er tilgjengeleg på fylkeskommunen sine nettsider. Fylkeskommunen sender også årleg ut informasjon om dette i samband med utsending av eigarskapsmeldinga.

1. Har styret to eller tre medlemmer, skal hvert kjønn være representert.
2. Har styret fire eller fem medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst to.
3. Har styret seks til åtte medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst tre.
4. Har styret ni medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst fire, og har styret flere medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst 40 prosent.
5. Reglene i nr. 1 til 4 gjelder tilsvarende ved valg av varamedlemmer.»

For interkommunale selskap er det krav om tilnærma 40 % kjønnsrepresentasjon i styra. Dette følgjer av IKS-lova § 10, jamfør aksjelova § 20-6.

Fylkeskommunen tilrår at eigarorganet, uavhengig av organisasjonsform og lovkrav, forsøker å oppnå balansert kjønnsrepresentasjon i styra.

Oppgåva med å sikre selskapet eit lovleg samansett styre, kan med føremon ivaretakast av ei valnemnd, som skal ha søkelys på styret si samla samansetjing.

2.2 Organisering, honorering og styringsgrunnlag

Generalforsamling, representantskap, årsmøte m.m.

Generalforsamlinga i eit aksjeselskap og representantskapet i eit interkommunalt selskap er døme på eit selskap sitt øvste organ/eigarorgan. Eigarorganet har ansvaret for den overordna styringa av selskapet, t.d. vedtaking av årsrekneskap, og deltek ikkje i den daglege forvaltninga av selskapet.

Styre

Forvaltninga av aksjeselskap og interkommunale selskap (IKS) ligg til styret. Styret har m.a. ansvaret for å organisere verksemda på ein forsvarleg måte, for å fastsette planar for verksemda, for å halde seg orientert om selskapet si økonomiske stilling og for at verksemda, formueforvaltninga og rekneskapa er under kontroll. Styret skal også føre tilsyn med den daglege leiinga og selskapet si verksemd elles. Det er viktig at arbeidsfordelinga mellom styret og dagleg leiar er klar.

Styret er ansvarleg for at selskapet vert forvalta i samsvar med føremålet med selskapet og eigarane sine vedtekne forventningar. Fylkeskommunen legg til grunn at selskapa rapporterer om vesentlege tilhøve og hendingar. Dersom selskapa avvik frå fylkeskommunen sine vedtekne forventningar, noko det kan vere gode grunnar for å gjere, forventar fylkestinget at selskapa forklarer dette («følg eller forklar»-prinsippet).

Styreverv i selskap er eit personleg verv. Den einskilde styremedlemen er ikkje representant for den som har nominert/peikt ut medlemen. Styremedlemer skal ivareta selskapet sine interesser til beste for alle eigarane. Styremedlemer bør vere uavhengige og ikkje ha økonomisk eigeninteresse i selskapet. Dei bør derfor ikkje ta på seg særskilde oppgåver for det aktuelle selskapet i tillegg til styrevervet.

Styremedlemer i morselskap bør ikkje sitte i styret til datterselskap, fordi styret i morselskap er generalforsamling i datterselskap. Dette er viktig for å unngå rolleblanding i konsernforhold. Konserndirektøren kan vere representert i styra i datterselskapa.

Personar som sit i styre må alltid vurdere habiliteten sin opp mot dei sakene styret skal handsame, og bør seie ifrå til organet dersom det kan føreligge habilitetsrettslege problemstillingar.

Styret bør med jamne mellomrom evaluere eige arbeid og vurdere behovet for opplæring.

Valkomite

Fylkeskommunen tilrår selskapa, som ikkje allereie har det, å etablere og formalisere ei ordning med valkomité. Generalforsamlinga/representantskapet bør i tillegg fastsette retningslinjer for valkomiteen, velje leiar og medlemer og fastsette eventuell godtgjersle for komiteen.

Valkomiteen si samansetjing bør reflektere eigardelane i selskapet, og bør vere uavhengig av styret og leiande tilsette.

Valkomiteen skal finne og føreslå kandidatar til styret i selskapet. Komiteen bør jobbe langsiktig og bruke god tid på å kartlegge eigna styrekandidatar med den rette kompetansen og dei rette personlege eigenskapane. Valkomiteen må også ivareta kravet til kjønnsbalanse.

Det er særsviktig at komiteen i sitt arbeid med å føreslå kandidatar til styret har god kontakt med fylkeskommunen si eiga valnemnd, slik at fylkeskommunen si valnemnd føreslår styremedlemer som ivaretak selskapet sine behov, jf. over. Dersom det er behov for at fylkeskommunen føreslår alternative kandidatar til eit verv, t.d. for å sikre den samla kjønnsbalansen i styret, må valkomiteen informere valnemnda om dette.

Det er vidare viktig at komiteen, i innstillinga til generalforsamlinga/representantskapet, grunngjev forslaga sine og gjer greie for nominasjonsprosessen. Grunngjevinga bør m.a. innehalde informasjon om kandidaten sin kompetanse, kapasitet og uavhengigheit. Ved attval bør grunngjevinga opplyse om kor lenge kandidaten har vore styremedlem og om vedkomande si faktiske deltaking i styremøta.

Godtgjersle for styreverv og eventuelt andre verv

Eigarorganet i selskapet, t.d. generalforsamling, fastset godtgjersla for styreverv, ofte etter tilråding frå selskapet sin valkomité.

Fylkeskommunen vurderer godtgjersla til styrande organ i kvart enkelt selskap konkret før møtet i eigarorganet. For selskap der fylkeskommunen eig meir enn 50 prosent, vil fylkeskommunen i praksis ha det avgjerande ordet.

Følgjande prinsipp og utgangspunkt skal ligge til grunn for fylkeskommunen si stemmegjeving i saker om godtgjersle:

- Godtgjersla for styrevervet bør reflektere styremedlemon sitt ansvar, i tillegg til styremedlemon sin kompetanse, forventa tidsbruk og verksamda sin kompleksitet, jf. NUES⁵ sine anbefalingar for eigarstyring og selskapsleiing. Godtgjersla til styret skal ikkje vere resultatavhengig.
- Styreleiar bør på grunn av det ekstra arbeidet leiarvervet medfører ha noko høgare godtgjersle enn andre styremedlemer.
- Godtgjersla i selskap som opererer i ein risikoutsett marknad bør reflektere dette ansvaret. Det er ikkje mange av selskapa fylkeskommunen har eigarinteresser i, som fell inn under denne kategorien. Generelt skal det mykje til for at styremedlemer vert erstatningsansvarleg og endå meir for at dei pådreg seg straffeansvar. Per i dag har fylkeskommunen dessutan kjøpt styreansvarsforsikring for styremedlemer i aksjeselskap der fylkeskommunen eig 50 prosent eller meir, og dette eliminerer styret sitt eventuelle økonomiske ansvar i desse selskapa⁶.
- Godtgjersla skal gjennomgåande vere nøktern og moderat. At mange av selskapa er heilt eller i det vesentlege offentleg eigde, og ofte hovudsakleg finansierte med offentlege midlar, tilseier eit moderat nivå. I nokre tilfelle kan det vere behov for å tiltrekke seg særskilt kompetanse i styret. I vurderinga av om dette er naudsynt, må det spele inn kva positiv innverknad kompetansen er meint å ha på selskapet si verdiskaping og på verksemderstyringa.
- I den grad styremedlemene skal ha møtegodtgjersle i tillegg til den faste godtgjersla, bør møtegodtgjerslesatsen ligge rundt same nivå som fylkeskommunen sin sats for møtegodtgjersle, som for tida er kr 1510 per møte.
- Godtgjerslene bør justerast årleg i tråd med endringa i Statistisk sentralbyrå sin konsumprisindeks, om ikkje styregodtgjersla i selskapet ligg urimeleg lågt eller høgt.

⁵ «Norsk utvalg for eierstyring og selskapsledelse»

⁶ Styremedlemer i aksjeselskap der fylkeskommunen eig minimum 50 % av aksjane, er forsikra i KLP Skadeforsikring. Forsikringssummen er 50 mill. kr per skadetilfelle.

- Der medlemen har tapt arbeidsforteneste og/eller har reiseutgifter, bør selskapet kunne kompensere for dette i tråd med fylkeskommunen sine satsar.
- I dei tilfella generalforsamlinga/representantskapet har valt tilsette i fylkeskommunen til styreverv i selskap, og desse får høve til å utføre vervet i fylkeskommunal arbeidstid, skal styregodtgjersla utbeta last til fylkeskommunen.⁷

Uavhengig av kven som godtgjør styremedlemen, har styremedlemen ei lojalitetsplikt overfor selskapet, og skal legge selskapet sitt beste til grunn ved utøvinga av vervet, jf. aksjelova § 6-12 og IKS-lova § 13.

- Vurderingane over gjeld tilsvarende for ei eventuell godtgjersle til medlemene av selskapet sin vakkomité.

Styringsgrunnlag - dokument, prosedyrar og rutinar

Selskapet skal ha oppdatert og tydleg styringsgrunnlag (vedtekter, selskapsavtale m.m.), og skal drivast i tråd med dette. Innanfor rammene av vedtekten/selskapsavtalen bør selskapet ha uttrykt klare mål og strategiar for verksemda, t.d. i ein selskapsstrategi.

Det bør føreligge skriftleggjorte arbeidsinstruksar/prosedyrar og rutinar for ulike arbeidsprosessar. Desse vil også vere sentrale når det skal førast tilsyn med og gjennomførast evaluering av selskapsforvaltninga.

Styret skal sjå til at selskapet har god internkontroll og føremålstenlege system for risikostyring. Internkontrollen og sistema bør også omfatte selskapet sine retningsliner for korleis omsyn til omverda er integrert i verdiskapinga.

Det bør også fastsettast retningsliner for kontakt mellom selskapet og aksjeeigarar utanfor generalforsamlinga, i samsvar med anbefalingane til NUES⁸. Fylkeskommunen vil også sjølv fastsette retningsliner for dette, t.d. i samband med utarbeiding av eigarstrategi for enkelte selskap.

2.3 Samfunnsansvar og etikk

Fylkeskommunen er som eigar oppteken av at selskapa tek samfunnsansvar og driv verksemda si i tråd med kva som er etisk forsvarleg.

Fylkeskommunen har både generelle og meir spesifikke forventningar til selskapa når det gjeld samfunnsansvar⁹.

Fylkeskommunen forventar generelt at selskapa

- vert drivne slik at dei i det store og heile gjev eit positivt bidrag til samfunnet
- stiller seg opne til alle som har legitime interesser knytt til verksemda
- sameinar økonomi og etikk i alle deler og ledd av verksemda
- medverkar til utvikling som tener eit berekraftig miljø og langsiktige utviklingsinteresser
- opptrer ansvarleg og langsiktig i omstillingsprosessar der ein skal ta omsyn til sårbare lokalsamfunn
- har rimeleg ambisjonsnivå for satsing på forsking og utvikling
- arbeider systematisk og trygt med helse, miljø og tryggleik
- arbeider aktivt for likestilling i verksemda og i styret
- har ei medviten haldning til rekruttering av personar med minoritetsbakgrunn
- vurderer å ta inn lærlingar

⁷ Det same gjeld når tilsette er styremedlemer i stiftingar og får høve til å utføre vervet i fylkeskommunal arbeidstid.

⁸ <https://nues.no/eierstyring-og-selskapsledelse/>

⁹ Forventningane byggjer på internasjonale standardar som OECDs retningsliner for fleirnasjonale selskap, FNs rettleiande prinsipp for næringsliv og menneskerettar og FNs Global Compact.

Knytt til fire tematiske kjerneområde har fylkeskommunen slike spesifikke forventninger:

Klima og miljø

- etterlever nasjonale og internasjonale miljøkrav
- gjennomfører grep for å redusere negativ miljøpåverknad
- har kompetanse til å gjennomføre naudsynte endringar i rammevilkår – som følge av klimaendringar, og nasjonale og internasjonale klimatiltak – slik at verdiane i selskapet vert tekne vare på ved omstillingssbehov

Menneskerettar

- respekterer, og førebygger brot på, menneskerettar i eiga verksemd, og følgjer opp dette overfor sine leverandørar og forretningspartnerar

Arbeidstakarrettar

- respekterer og bidreg til eit forsvarleg arbeidsliv der grunnleggande arbeidsstandardar og -rettar vert tekne vare på, og at arbeidstakarane får ei forsvarleg løn
- legg til grunn dei åtte kjernekonvensjonane til ILO¹⁰, som ein minimumsstandard, for si verksemd, samt at desse vert følgde opp i verdikjeda
- opptrer ansvarleg i omstillingssprosessar og gjennomfører desse i dialog med tilsette og lokalsamfunn

Openheit kring økonomiske transaksjonar og arbeid mot korruption

- utviser størst mogleg grad av openheit knytt til pengestraumar, også skatt
- har retningsliner, system og tiltak for å hindre korruption, og for å handtere moglege lovbroter eller tvilstilfelle som måtte avdekka på dette feltet
- følgjer Transparency International Norge (TIN) sine tilrådingar, m.a. TIN sine handbøker i antikorruption («Beskytt din virksomhet og «Beskytt din kommune»¹¹)

Det er leiinga i selskapet som best kan vurdere korleis slike forventningar bør følgjast opp.

Fylkeskommunen forventar at selskapa gjer det klårt kva som er selskapet sitt verdigrunnlag, og i samsvar med dette utarbeider offentleg tilgjengelege retningsliner for sitt arbeid med samfunnsansvar og etikk.

Retningslinene bør mellom anna omhandle/tilråde

- nøkternt nivå på honorar/godtgjersle, gåver, reiser og liknande til styremedlemer med fleire. Nivået på honoraret skal reflektere den reelle personlege risikoen kvar einskild har knytt til si rolle i selskapet, og kompetansen den det gjeld tilfører selskapet
- interessekonfliktar
- forholdet til kundar, leverandørar og konkurrentar
- forholdet til medarbeidarane
- rutinar for varsling etter arbeidsmiljølova
- ansvar for menneske, samfunn og miljø verksemda påverkar

Oppfølginga av selskapa sitt arbeid med samfunnsansvar skjer gjennom kontakt mellom eigar/ar og selskapsleiinga. Fylkeskommunen forventar at selskapa rapporterer om sitt arbeid med samfunnsansvar, med vekt på vesentlege utfordringar, mål og indikatorar for måloppnåing, (i hovudsak gjennom årsrapporteringa og evt. i eigarmøte.

¹⁰ Den internasjonale arbeidsorganisasjonen (ILO) er FNs organisasjon for arbeidslivet

¹¹ http://transparency.no/wp-content/uploads/TI_beskyttdinvirksomhet_2017_web-005.pdf
http://transparency.no/wp-content/uploads/ti_kommunehandboka_2017_web.pdf

Fylkeskommunen forventar også at selskapa er tilslutta KS sitt styrevervregister¹².

Spesifikke forventningar til selskapa sine innkjøpsprosessar etter regelverket om offentlege anskaffingar

Fylkeskommunen oppmodar dei av selskapa som er omfatta av regelverket om offentlege anskaffingar, om å la fylkeskommunen sine nyleg vedtekne «seriøsitetskrav» vere retningsgjevande for selskapa sine innkjøp etter dette regelverket.

I FT-sak 112/2021 vedtok fylkeskommunen å vidareføre gjeldande praksis med bruk av «seriøsitetskrav» i sine innkjøpskontrakter basert på «Oslo-modellen». «Oslo-modellen» tek føre seg følgjande 11 seriøsitetskrav:

1. Krav om bruk av fast tilsette
2. Krav om tariffløn mellom oppdrag
3. Krav om faglærte handverkarar
4. Krav om bruk av lærlingar
5. Krav om avgrensa bruk av underleverandørar
6. Krav om internkontroll, tryggleik, helse og arbeidsmiljø
7. Krav om HMS-kort frå første dag og system for elektronisk mannskapsoppfølging
8. Krav om at oppdragsgjevar skal ha rett til innsyn i alle leverandøren sine forhold som har betydning for oppfølging av kontrakta
9. Krav knytt til lønns- og arbeidsvilkår
10. Krav om at all lønn m.m. skal betalast til den enkelte sin lønnskonto
11. Krav om forbod mot kontant betaling

Ei «vidareføring av gjeldande praksis» betyr at Vestland fylkeskommune sin versjon av «Oslo-modellen» har opning for lokale/nødvendige tilpassingar av krava i punkt 2 og 5. Fylkestinget har i tillegg lagt til eit nytt krav (punkt sju under) og kome med følgjande presiseringar knytt til nokre av krava:

Sitat frå vedtaket i FT-sak 112/2021:

«...

2. Krav om fast ansettelse og forutsigbar arbeidstid. I den grad entreprenøren eller underentreprenøren nyttar innleigde frå bemanningsføretak, skal dei innleigde under gjennomføringa av oppdraget vere tilsett i bemanningsføretaket i tråd med arbeidsmiljølova § 14-9. Det skal dokumenterast at dei innleigde i all hovudsak er tilsett i ein stillingsbrøk som svarar til den einskilde si arbeidstid i det aktuelle prosjektet. I fall arbeidet vert utført i ei arbeidstidsordning utover 7,5 timer per dag/37 timer per veke, skal det dokumenterast at det ligg føre skriftleg avtale og arbeidsplan i samsvar med arbeidsmiljølova §§ 10-5 og 14-6 j)

3. Under punktet «Krav om faglærte håndverkere». Krav om minimum 50% faglærde handverkarar bør vere hovudregel for alle bygg- og anleggsprosjekt i Vestland fylkeskommune. Bonusordninga vert vurdert etablert for å sikre insitament for leverandørane til å auke talet på samla faglærd arbeidskraft. For å støtta bruken av dei mindre lokale entreprenørane, kan ein på driftskontraktar og mindre prosjekt på fylkesveg avvike frå kravet. Ein oversikt over desse kontraktane vert årleg lagt fram for fagutvalet.

4. I tråd med Oslo-modellen og saksframlegget punkt «lærlinger», vil Vestland krevje minimum 10% lærlingar på kontraktane i områder med behov for lærlingar. Innslagspunktet for lærlingeekravet vil vere på 1,1 mill, dvs. statleg terskelverdi (for kommunar er innslagspunktet 1,75 mill) og 3 mnd kontraktsvarighet.

5. Under punkt 5 «Begrensning i tal ledd underleverandører». Fylkestinget meiner at det er ei målsetting å avgrense talet på underleverandørar i vertikal kjede, da fleire ledd med underleverandørar gjer det vanskelegare å sikre at lønns- og arbeidsvilkår er i tråd med lov og bestemmingar, samt vanskelegare å kontrollere. I påvente av nasjonalt arbeid om norgesmodell, vert gjeldande formulering på tal underleverandørar vidareført.

¹² www.styrevervregisteret.no/. For kommunale verksemder må generalforsamlinga først vedta å slutte seg til Styrevervregisteret. Verksemder som ønskjer dette kan ta kontakt med registrertjenester@kommuneforlaget.no.

6. Vestland fylkesting går inn for at hovudregelen ved fylkeskommunale innkjøp er at det blir stilt krav om at det ligg føre landsdekkande norsk tariffavtale. (slik det har vore praktisert i Hordaland).

7. Menneske med nedsett funksjonsevne må få betre mogelegheiter og forpliktande rettar til å delta i arbeidslivet. Vestland vil difor være eit føregangsfylke med å gradvis bygge inn mekanismar basert på dei internasjonale CRPD -måla i seriøsitetskrava.»

Ytterlegare bakgrunnsinformasjon går fram av saksframlegg og vedlegg til FT-sak 112/2021:
<https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/RegistryEntry/DocumentDetails/546916?SourceDatabase=>

Kort om utviklinga av «seriøsitetskrav» i nasjonal kontekst:

Det er i Noreg i dag utarbeidd mange versjonar av «seriøsitetskrav» hjå ulike offentlege aktørar. Av «Hurdalsplattforma» går det fram at Støre-regjeringa vil utarbeide ein Norgesmodell med nasjonale seriøsitetskrav for alle offentlege anskaffingar, ikkje berre innan bygg- og anlegg.

3. Eigarstyring

3.1 Eigarskapsutøving og kommunikasjon

Kvar, korleis og på kva grunnlag

Utgangspunktet i selskapslovgjevinga er at aksjonærar/eigarar utøver eigarstyring gjennom generalforsamlinga eller representantskapet. Det er lovbestemt at det skal haldast minst eitt ordinært møte i det øvste selskapsorganet, t.d. ordinær generalforsamling, kvart år, der årsrekneskap, styreval og andre viktige saker står på agendaen.

Eigarorganet kan treffe vedtak i alle saker som gjeld selskapet, med mindre lova legg mynda til å fatte avgjerd til andre organ (t.d. bedriftsforsamlinga i selskap som har det).

Som selskapet sitt øvste organ, kan eigarorganet instruere andre selskapsorgan, gjere om deira avgjerder eller treffe vedtak i sakene til andre selskapsorgan, med mindre lova eksplisitt tek frå eigarorganet dette myndet.

I tillegg til formelle møte i eigarorganet, ønskjer fylkeskommunen at det vert gjennomført jamlege eigarmøte for m.a. informasjonsutveksling, forventningsavklaringar og drøftingar. På slike uforpliktande eigarmøte, der eigarane deltek saman med selskapsleiinga og styret, kan det ikkje gjerast vedtak. Det bør skrivast referat frå møta.

Fylkeskommunen brukar elles kvartalsresultat, årsrekneskap og årsmeldingar, anna offentleg tilgjengeleg informasjon, og informasjon tilknytt generalforsamlingar for å få relevant informasjon om selskapet.

Fylkeskommunen har utover dette, og innanfor ramma av selskapslovgjevinga, møte/kontakt med selskapet si leiing som ein del av eigaroppfølginga. Gjennom denne kontakten kan fylkeskommunen, som andre aksjeeigarar, ta opp forhold som selskapa bør vurdere i tilknyting til si verksemeld og utvikling. Kontakten kan dreie seg om problemstillingar knytt til samfunnsansvar, forventa utbyte, konkrete krav om tiltak for å betre lønsemd, sosiale tilhøve, kompetanse, konkurranse, kapitalbehov og selskapet sine eigne moglegheiter for å hente kapital, m.m. Her vil utgangspunktet naturleg vere eigarane sine mål med eigarskapen og forventningar til selskapet. Eigar må vidare kunne følgje opp om leiinga i selskapet handlar i tråd med deira interesser, og kan krevje at selskapet rapporterer på forhold som er tekne opp med selskapet og om korleis selskapet vert styrt.

I selskap der fylkeskommunen er aksjonær saman med andre, bør fylkeskommunen legge vekt på å opptre slik at selskapet ikkje vert invitert til å forskjellsbehandle aksjonærane. Dette prinsippet bør likevel ikkje vere til hinder for at fylkeskommunen, som andre eigarar, kommuniserer sine synspunkt om utviklingsretning for selskapa. Slik kommunikasjon er ei viktig eigaroppgåve, og det same gjeld for samspelet mellom eigar, styre og dagleg leiar i eit selskap. Dersom desse ikkje er samde om retninga verksemda skal velje, og heller ikkje om kva forventningar partane har til resultat, kan dette stille

selskapet i ein uheldig posisjon. Det er difor nyttig å ha dialog med selskapa også utanfor generalforsamlinga, typisk på eigarmøte. Behovet for slik dialog må avgjerast konkret for kvart enkelt selskap, og må gjennomførast innanfor dei rammene som følgjer av selskapslovgjevinga, og i tråd med omsynet til likehandsaming av aksjeeigarar.

Fylkeskommunen oppmodar i punkt 2 selskapa til å fastsette retningsliner for kontakt selskapet har med aksjeeigarar utanfor generalforsamlinga, i samsvar med anbefalingane til NUES¹³. Fylkeskommunen kan også sjølv fastsette retningsliner for dette, t.d. i samband med utarbeiding av eigarstrategi for enkelte selskap.

3.2 Eigarrepresentasjon i møte

Kven

Eigarane utøver som nemnt eigarskapen i eigarorganet – det øvste organet i eit selskap. Der eigar ikkje er ein fysisk person, må det veljast eigarrepresentant.

Fylkestinget har gjennom Reglement for fylkesutvalet¹⁴ punkt 2.1.5 peikt ut kven som skal vere eigarrepresentant og møte i eigarorgana til selskapa:

Oppnemning til generalforsamlingar/årsmøte/styrande organ i selskap, stiftningar o.l. Fylkesordførar eller fylkesvaraordførar møter for fylkeskommunen på årsmøte og generalforsamlingar. Fylkesordføraren har likevel mynde til å gi andre fullmakt til å representere fylkeskommunen i generalforsamlingar/årsmøte. Dette gjeld også for aksjeselskap der fylkeskommunen er einaste aksjonær

Eigarrepresentantane til representantskapet i IKS er valde særskilt av fylkestinget. Det same gjeld for representantar til representantskapet i kommunale oppgåvefellesskap og interkommunale råd.

For enkelte selskap kan det vere føremålstenleg at ein representant frå administrasjonen er med eigarutsendinga i møte. Elles er det ei føremon å avgrense møtedeltakarane til dei nødvendige.

Eigarrepresentanten bør også vere den som møter på dei meir uformelle eigarmøta. Ein representant frå administrasjonen kan evt. møte i tillegg.

Korleis veit eigarrepresentanten kva han eller ho skal stemme

Eigarrepresentanten sitt mandat går fram av fylkeskommunen sin overordna eigarskapspolitikk, det vedtekne føremålet og ev. eigarstrategien for det einskilde selskapet og tidlegare vedtekne standpunkt i einskildsaker i fylkeskommunen.

Eigarrepresentanten må gjere seg kjend med og utøve rolla si i tråd med dette, og i tråd med det politiske fleirtalet sitt syn.

I samband med handsaminga av ekstraordinære eller særsviktige saker, eller i andre saker der fylkeskommunen ikkje tidlegare har teke noko standpunkt, treng eigarrepresentanten instruks frå fylkesutvalet - fylkeskommunen sitt utpeikte eigarskapsorgan - før representanten stemmer over ei sak.

Korleis eigarrepresentanten innhentar instruks frå fylkesutvalet

Der fylkeskommunen får informasjon om vedtektsendringar o.l. i god tid, slik vi ber om, vil fylkesdirektøren legge fram ei eiga politisk sak for fylkesutvalet før det aktuelle møtet i eigarorganet.

Dersom det ikkje er tid til å legge fram ei politisk sak før møtet, kan fylkeskommunen anten be om at møtet vert utsett, eller så kan eigarrepresentanten sjølv legge problemstillinga fram for fylkesutvalet for å få stemmeinstruks. Eigarrepresentanten skal i tilfelle melde saka inn til møteleiar åtte dagar før møtet.

Rapportering

Eigarrepresentanten har ansvar for å rapportere attende til fylkeskommunen, og skal utarbeide ein skriftleg rapport etter kvart møte. Siste frist for å sende rapporten til fylkesdirektøren, ved juridisk

¹³ <https://nues.no/eierstyring-og-selskapsledelse>

¹⁴ I Reglement for folkevalde organ og delegering

seksjon, er 31. juli same år som møtet har funne stad. Informasjonen i rapporten vert då teken med i oppdateringa av informasjonen om kvart ein skild selskap i eigarskapsmeldinga Del II. Ein mal for denne rapporteringa følgjer som vedlegg til eigarskapsmeldinga. Dersom eigarrepresentanten får generalforsamlingsdokument sendt berre til seg, skal eigarrepresentanten sende desse vidare til fylkesdirektøren, ved juridisk seksjon.

Eigarrepresentanten kan også bli bedt om å rapportere munnleg overfor fylkesutvalet, anten ut frå tema som går fram av den vedlagte rapporteringsmalen, eller ut frå konkrete problemstillingar knytt til selskapet.

3.3 Intern ansvars- og oppgåvefordeling i fylkeskommunen

Fylkestinget

Etter koml. § 26-1 skal fylkestinget sjølv vedta eigarskapsmelding for fylkeskommunen, minst ein gong i valperioden. Fylkestinget gjer vidare vedtak i saker som gjeld fylkeskommunen sin eigarskap der mynda er lagt til fylkestinget i lov, eller der dette følgjer av fylkeskommunen sitt delegeringsreglement.

Fylkesutvalet

Fylkesutvalet har vedtaksmynande i alle andre eigarskapssaker, så framt saka ikkje har prinsipiell betydning for fylkeskommunen si verksem, eller det er tale om høge summar, sjå t.d. punktet under, om kjøp og sal av eigarpost. Sjå Reglement for fylkesutvalet, innleïinga, kulepunkt 4 og punkt 2.1.7.

Fylkesutvalet er såleis det utpeikte eigarorganet til fylkeskommunen, og gjev m.a. instruks om korleis eigarrepresentanten skal røyste på generalforsamlingar o.l. Fylkesutvalet kan også på eige initiativ be eigarrepresentanten om å informere eller legge fram ei sak for utvalet. Dette kan vere aktuelt heile året, men særskilt i samband med gjennomføringa av generalforsamlingar o.l.

Hovudutvala

Hovudutvala kjem etter behov med innstilling i eigarskapssakene fylkestinget og fylkesutvalet skal gjere vedtak i.

Kontrollutvalet

Kontrollutvalet fører kontroll med fylkeskommunen si eigarstyring, og med korleis selskapa vert drivne. Sjå meir om dette under punkt 3.9 om eigenkontroll.

Fylkesordføraren

Fylkesordføraren har inga anna formell rolle i fylkeskommunen si eigarstyring, enn den fylkestinget har vedteke. Fylkestinget har, som nemnt over, gjort slikt vedtak gjennom Reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.5:

*Fylkesordførar eller fylkesvaraordførar møter for fylkeskommunen på årsmøte og generalforsamlingar.
Fylkesordføraren har likevel mynde til å gi andre fullmakt til å representere fylkeskommunen i
generalforsamlingar/årsmøte.*

Når fylkesordføraren deltek på eigarmøte som eigarrepresentant, representerer han eller ho det politiske fleirtalet.

Fylkesordføraren er elles rettsleg representant for fylkeskommunen, og skriv under på fylkeskommunen sine vegner om ikkje mynda er tildelt andre. Mynda medfører ikkje i seg sjølv nokon kompetanse til å treffe vedtak eller inngå bindande avtale.

Fylkesdirektøren

Fylkesdirektøren har etter kommunelova ansvar for at politiske saker skal vere forsvarleg utgreidd, og for at vedtak vert følgde opp. Fylkesdirektøren følgjer t.d. opp at fylkestinget sine uttrykte mål i eigarskapsmeldinga vert realiserte.

Fylkesdirektøren, eller andre i administrasjonen, møter i eigarorgan saman med eigarrepresentanten ved behov.

Nærmere om særskilte oppgåver

Kjøp og sal av eigarpost i selskap m.m.

Fylkesutvalet tek avgjerd i saker om sal og kjøp av aksjar innanfor ei ramme på 2 mill. kr, jf. Reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.1.

Val av eigarrepresentant

Det går som nemnt fram av Reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.5 at fylkesordførar eller fylkesvaraordførar skal møte i eigarorgana til selskapa.

Det følgjer av IKS-lova § 6 og kommunelova § 19-3 at myndet til å velje representantar til representantskap i interkommunale selskap og kommunale oppgåvefellesskap ligg til fylkestinget sjølv.

Ei oversikt over valde representantar er tilgjengeleg i fylkeskommunen sitt valregister: [valregister-per-15.10.2021.pdf \(vestlandfylke.no\)](#)

Utpeiking av styremedlemer

Når det gjeld utpeiking av styremedlemer til selskap o.l., er hovudregelen at dette er fylkestinget si oppgåve, sjå Reglement for fylkestinget punkt 2.4.6 :

Fylkestinget gjer mellom anna vedtak i saker om:

[...]

Val av representantar til styrande organ i selskap, stiftingar, institusjonar o.l., jf.. likevel reglement for fylkesutvalet pkt. 2.1.5.

I Reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.5 er det presisert at:

Fylkesutvalet har mynde til å nemne opp representantar til styrande organ i selskap, stiftingar o.l. når avgjerala ikkje kan vente til fylkestinget er samla.

For ei oversikt over gjennomførte val og utpeikingar i denne fylkestingsperioden, sjå fylkeskommunen sitt valregister: [valregister-per-15.10.2021.pdf \(vestlandfylke.no\)](#)

3.4 Opplæring av folkevalde i eigarstyring m.m.

Plan

Innan seks månader etter fylkestingsvalet skal folkevalde få opplæring i eigarrolla og rutinar for fylkeskommunal eigaroppfølging. Eigarrepresentantane, og andre med sentrale politiske leiarfunksjonar, vil få særskilt opplæring om eigarepresentasjon. Fylkesutvalet må ta stilling til om det er ønskjeleg med ytterlegare opplæring utover dette.

Innhald

Folkevalde som skal ta del i fylkeskommunen si eigarskapsutøving treng opplæring i reglar om eigarstyring og selskapsleiing, m.a. for å kunne skilje mellom dei ulike rollene som folkevald, styremedlem og representant i eigarorganet til selskapet. Opplæringa vil også omhandle korleis kommunikasjon med selskapet sitt eigarorgan skal skje.

Opplæring av styremedlemer

Kvar enkelt selskap har sjølvstendig ansvar for opplæring av sine styremedlemer i styrearbeid, rettslege rammer for selskapet og kunnskap om selskapets føremål, strategiar, vedtekter/selskapsavtale, organisasjon og historie.

Som eigar gjev fylkeskommunen styremedlemene selskapsinformasjon i [Del II – VERKSEMDSOVERSIKT](#), mellom anna om dei ulike selskapa sine føremål og fylkeskommunen sine føremål med eigarskapen.

Fylkesutvalet kan på eige initiativ be om at det vert gjeve ytterlegare opplæring i styrearbeid for medlemene i fylkestinget.

3.5 Moglege interessekonfliktar

Fylkeskommunen er både eit forvaltningsorgan som utøver offentleg mynde, samstundes som vi er eigar med eigarinteresser i ulike selskap. Dette kan føre til at det oppstår interessekonfliktar, og det er viktig å skilje mellom dei ulike rollene og vere klar på at forvaltningsavgjerder skal takast ut frå saklege og relevante omsyn¹⁵.

Eigarskap kan føre til utfordringar i utøvinga av forvaltningsmynde til dømes ved

- utforming av konsesjonsvilkår innan transport og energisektoren
- utøving av fylkeskommunal reguleringsmynde på andre konkurranseutsette område, i tilfelle fylkeskommunen har eigarskap i selskap som driv verksemd innanfor dette området
- tildeling av konsesjonar innanfor sektorar der fylkeskommunen også utøver næringsverksemd
- anbodskonkuransar innanfor sektorar der fylkeskommunen også har eigarinteresser
- at fylkeskommunen gjer seg stadig meir økonomisk avhengig av inntekter frå slike selskap

Fylkeskommunen sitt samfunnsoppdrag er formulert slik:

«Vi set retning, engasjerer og samhandlar for å utvikle gode tenester og eit framtidssretta Vestland»

Grunnverdiane «kompetent», «open» og «modig» skal alltid ligge til grunn.

I samsvar med samfunnsoppdraget og visjonen om å vere «nyskapande og berekraftig» forvaltar fylkeskommunen verdiane til fellesskapet med vekt på menneskeverd og likeverd, utøver offentleg mynde og yter tenester som er viktige for samfunnet, for enkeltindivid og for verksemder. Folkevalde i Vestland fylkeskommune skal vere bevisste på samfunnsansvaret som følgjer med desse oppgåvene, og utøve dei på ein rettferdig og tillitvekkjande måte.

Temaet er utdjupa i fylkeskommunen sine etiske retningsliner, vedtekne i FT-PS 10/2019, som gjeld i alle situasjonar der ein som folkevald opptrer på vegner av fylkeskommunen, også når ein opptrer som eigarrepresentant. Retningslinene ligg på fylkeskommunen sine nettsider¹⁶.

Når ein person er utpeikt av fylkeskommunen til å sitte i eit selskapsstyre, er det selskapet sine etiske retningsliner som gjeld for utøvinga av styrevervet.

3.6 Habilitetsrettslege problemstillingar

Målet med habilitetsreglane er å sikre at berre saklege omsyn vert veklagt ved forvaltninga sine avgjerder, slik at forvaltninga treff materielt korrekte avgjerder, og å ivareta at folk har tillit til at dette er tilfellet.

For folkevalde i komunesektoren gjeld reglane om habilitet i forvaltningslova kapittel to og særreglane i kommunelova § 11-10. Det er viktig med korrekte habilitetsvurderingar, slik at folkevalde ikkje vert avskorne frå retten og plikta til å delta ved handsaminga av saker i større grad enn lovgjevar har lagt opp til.

Det er opp til det folkevalde organet sjølv å avgjere spørsmål om habilitet jf. forvaltningslova § 8 andre ledd. For praktisk informasjon om korleis ein som folkevald skal gå fram for å få habiliteten sin vurdert, sjå «Folkevalde i Vestland – rettar og plikter», s. 12.

Ved handsaminga av eigarskapsmeldinga i dei folkevalde organa i fylkeskommunen, bør organet først handsame den generelle delen for seg. Deretter bør organet handsame kvart enkelt selskap i del II, slik

¹⁵ Jf. den ulovfesta læra om myndemisbruk.

¹⁶ <https://www.vestlandfylke.no/politikk/for-folkevalde/handboker-og-reglement/etiske-retningsliner-og-etikkatal/>

at folkevalde som er ugilde overfor eitt selskap, har høve til å ta del i avgjerder som rettar seg mot andre selskap.

For best mogleg oversyn over dei folkevalde sine ulike roller, er det viktig at alle ser til at dei er registrerte i KS sitt styrevervregister 17, og legger til ev. verv som ikkje er oppført.

Reglane om habilitet

Habilitetsreglane i forvaltningslova

Ein offentleg tenestemann/-kvinne er ugild til å legge til rette grunnlaget for, eller til å treffe avgjerd, i ei forvaltningssak dersom eitt eller fleire av vilkåra i forvaltningslova (fvl.) § 6 er oppfylte. Reglane gjeld også for folkevalde.

Omgrepet avgjerd skal forståast vidt, og gjelde alle typar forvaltningsverksemd, også privatrettslege avgjerder i til dømes eigarskapssaker. Utanfor fell derfor reine orienteringssaker som ikkje skal munne ut i ei avgjerd.

Automatisk inhabilitet føreligg når ein offentleg tenestemann/folkevald

- sjølv er part i saka
- er i slekt eller svogerskap med ein part i opp- eller nedstigande line eller i sideline så nær som søsken
- er gift med eller forlova med eller er fosterfar, fostermor eller fosterbarn til ein part
- er verje eller fullmekting for ein part i saka eller har vore det før saka byrja
- er **leiar eller har leiande stilling i**, eller er **medlem av styret** eller bedriftsforsamling for, anten eit **samvirkeføretak, foreining, sparebank eller stifting** som er part i saka, eller eit **selskap som er part i saka**. For sistnemnde (selskap) gjeld det likevel ikkje for ein person som utfører tenester eller arbeid for selskap som er fullt ut offentleg eigd og dette selskapet, åleine eller saman med andre tilsvarande selskap eller det offentlege, fullt ut eig selskapet som er part i saka

Etter siste punkt over vil ein folkevald vere automatisk inhabil til å førebu eller ta avgjerd i ei sak, når vedkomande er medlem av styret i eit selskap som er part i saka. At personen vert automatisk inhabil i desse situasjonane, betyr at ein ikkje gjer noko vurdering av situasjonen elles, t.d. om vedkomande har personlege føremoner av vervet.

Eit selskap er part i saka når ei avgjerd er «rettet mot eller ellers direkte gjelder» selskapet, jf. fvl. § 2 første avsnitt bokstav e.

Regelen gjer seg ikkje gjeldande for utsendingar til eigarorgana i selskapa, her generalforsamling, representantskap og føretaksmøte, og omfattar heller ikkje medlemer av andre organ i selskapa enn styre og bedriftsforsamlingar.

Inhabilitet etter ei konkret vurdering for andre situasjonar

Det følgjer av andre avsnitt i fvl. § 6 at "andre særegne forhold ... som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet", som til dømes personlege føremoner eller ulemper for den folkevalde eller næurståande, vil føre til inhabilitet.

Eit selskap som ikkje har status som part i ei sak som er til handsaming i folkevald organ, kan likevel kunne få fordelar eller ulemper av saksutfallet. Ein folkevald som er leiar eller styremedlem i selskapet vil i slike tilfelle ikkje automatisk bli ugild etter fvl. § 6 første avsnitt bokstav e, men kan bli det etter ei konkret vurdering etter fvl. § 6 andre avsnitt dersom det føreligg særegne forhold som er eigna til å svekke tilliten til at han opptrer upartisk i saka.

Habilitetsreglane i kommunelova

Medlemer av eit fylkeskommunalt folkevald organ har rett til og pliktar å delta i organet sine møte om dei ikkje har gyldig forfall, jf. kommunelova (koml.) § 8-1. Inhabilitet kan føre til at denne retten og plikta

¹⁷ www.styrevervregisteret.no/

må vike, og kommunelova har reglar om inhabilitet for folkevalde som kjem i tillegg til reglane i forvaltningslova.

Etter koml. § 11-10 er ein folkevald som har vore med på å førebu eller treffe vedtak i ei sak som tilsett i fylkeskommunen, inhabil til seinare å handsame saka i eit folkevald organ. Regelen gjeld ikkje ved handsaming av årsbudsjett, økonomiplan, kommuneplan, regional planstrategi og regional plan. Sameleis er ein folkevald inhabil når ein **klageinstans** skal handsame ein klage etter fvl. § 28, som vedkomande har vore med på å førebu eller treffe vedtak om i førsteinstansen.

Ein folkevald er ikkje inhabil ved val av personar til offentlege tillitsverv, eller ved fastsetting av godtgjersle og liknande for slike verv.

Ein folkevald kan, uavhengig av habilitetsspørsmål, søke om å bli friteken frå å delta ved handsaminga av ei sak, dersom personlege grunnar tilseier fritak, jf. koml. § 11-11. Det er organet sjølv som tek stilling til spørsmålet.

Nærare om habilitet i anbodssaker

Folkevalde som er styremedlemmer i selskap som opererer innanfor den marknaden den aktuelle konkurransen gjeld, vil vere inhabile som folkevalde frå og med utarbeiding av konkurransegrunnlaget og fram til endeleg avgjerd om kven som får tildelt kontrakt. Årsaka til dette er at ein ved utforming av konkurransegrunnlaget mellom anna fastset tekniske spesifikasjoner på materiell. Deltek til dømes styremedlemmer i selskap innanfor sektoren i arbeidet, eller er med på å godkjenne konkurransegrunnlaget i konkurransen, kan dette utløyse skuldingar om at vedkomande har hatt høve til å medverke til gunstige spesifikasjoner for selskapet vedkomande er styremedlem i.

Styremedlemer i selskap som nemnd over, vil ikkje vere inhabile til å delta i alminnelege politiske drøftingar om fylkeskommunal rutetrafikk.

Rettleiar

For meir informasjon om folkevalde sin habilitet, viser fylkestinget til Kommunal- og regionaldepartementet (no Kommunal- og moderniseringsdepartementet) sin rettleiar om temaet frå 2011 (rettleiaren er utarbeidd til kommunelova av 1992)¹¹.

3.7 Reglar om innsyn i eigarskapssaker

Utgangspunktet etter offentleglova (offl.) er at ålmenta skal ha rett til innsyn i forvaltinga sine saksdokument. Unntak må ha heimel i lov eller forskrift.

I eigarskapssaker handsamar både administrasjonen og folkevalde organ saksdokument som fylkeskommunen har fått i eigenskap av å vere eigar. Slike dokument kan innehalde teiepliktige opplysningar som det skal gjerast unntak frå innsyn i. Lovheimel for dette følgjer av reglane i offl. § 13, jamfør fvl. § 13.

I andre tilfelle kan dokument innehalde opplysningar som kan unnatakast offentlegheit.

Det kan for det første gjerast unntak for dokument som gjeld selskap der fylkeskommunen har eigarinteresser, og som blir handsama av vedkomande organ som eigar, men berre dersom selskapet ikkje er omfatta av verkeområdet til offentleglova, jf. offl. § 23 4. avsnitt. Denne unntaksregelen tek sikte på dokument som til dømes gjeld organiseringa av selskapet, føremål og målsetting for verksemda, økonomiske rammer og budsjett, eller meir konkrete spørsmål om strategi. Unntaket etter offl. § 23 4. avsnitt kan ikkje nyttast når eigarorganet opptrer som forvaltningsorgan overfor selskapet.

Vidare kan dokument som omhandlar fylkeskommunen sin forhandlingsposisjon når det kjem til privatøkonomiske interesser, som ved kjøp eller sal av eigardel, unntakast offentleg innsyn etter offl. § 23 første avsnitt.

Interne og eksterne notat til bruk i den interne saksførebuinga kan også i visse tilfelle unntakast offentleg innsyn etter offl. §§ 14 og 15.

3.8 Utpeiking av styremedlemer og valnemndsmedlemer

Det er stort sett selskapa sine øvste organ, t.d. generalforsamlinga eller representantskapet, som vel styremedlemer og valnemndsmedlemer.

Vedtekten/selskapsavtalen, og eventuelle aksjonæravtalar, har ofte reglar om utpeiking av styremedlemer og valnemndsmedlemer, og eigar har i dei fleste tilfella ein rett til og eit ansvar for å nominere personar til styre. Ansvaret/retten kan også gå fram av etablert praksis mellom eigarane.

Mange selskap har ein eigen valkomité som førebur val av styre, og som ser til at den samla styresamansetjinga er lovleg og føremålstenleg. Det er som nemnd i pkt. 2.2 svært viktig at det er tett kontakt mellom selskapet sin valkomité og fylkeskommunen si eiga valnemnd. Fylkeskommunen har som eigar, saman med selskapa sine valkomiteer, ansvar for at dei fylkeskommunen peikar ut til å sitje i dei ulike styra har kompetanse og kapasitet til å styre selskapet.

Fylkeskommunen bør ved utpeiking av styrerrepresentantar vurdere om det kan oppstå ikkje-ønskjelege habilitetskonfliktar for den som vert utpekt. Dersom ugildskap ofte vil inntrefte, kan det vere lite føremålstenleg å peike ut den aktuelle personen som styremedlem. Dette vil typisk gjelde sentrale folkevalde eller tilsette i leiarstillingar. Ulempene ved å velje slike personar som styrerrepresentantar vil gjerne vere større enn behovet for å ha den aktuelle personen i styret.

Fylkesordførar, fylkesvaraordførar, leiar i hovudutval og fylkesdirektør bør av denne grunn ikkje utpeikast til styreverv i selskap.

3.9 Eigenkontroll med fylkeskommunen si eigarstyring m.m.

Eigarskapsmeldinga

Eigarskapsmeldinga er ein del av fylkeskommunen sin eigenkontroll med eigarstyringa.

Eigarskapsmeldinga skal, jf. koml. § 26-1, omhandle fylkeskommunen sine prinsipp for eigarstyring, ei oversikt over selskap, kommunale eller fylkeskommunale føretak og andre verksemder som kommunen eller fylkeskommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i, og fylkeskommunen sitt føremål med dei nemnde interessene.

Meldinga skal utarbeidast minst ein gong i valperioden, og den skal vedtakast av fylkestinget sjølv.

Eigarskapskontrollar, forvaltningsrevisjonar, innsyn og undersøkingar

Kontrollutvalet skal på vegner av fylkestinget sjå til at det vert utført forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll av selskap fylkeskommunen har eigarinteresser i, jf. kommunelova § 23-2 første ledd bokstav c og d¹⁸.

I ein eigarskapskontroll vert det kontrollert om den som utøver fylkeskommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, fylkestinget sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring. I ein forvaltningsrevisjon vert det gjort systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå fylkestinget sine vedtak.

¹⁸ Ny kommunelov skil mellom forvaltningsrevisjon av selskap som inngår i ordinær forvaltningsrevisjon, og eigarskapskontroll. I ein eigarskapskontroll ser ein på korleis fylkeskommunen forvaltar eigarskapa sine, anten enkeltvis eller som portefølje. Det vert mellom anna gjort vurderingar opp mot regelverk knytt til ulike typar selskap (til dømes kommunelov, aksjelov, lov om interkommunale selskap), KS sine retningslinjer for communal eigarstyring, eigarskapsmeldingar/eigarstrategiar og andre mål, vedtak og retningslinjer. I ein forvaltningsrevisjon av selskap ser ein på sjølv selskapet, og revisjonen vil t.d. omhandle om selskapet driv i samsvar med fylkestinget sine vedtak og føresetnader, og om det driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte.

Kontrollutvalet kan krevje dei opplysningane som er nødvendige for å gjennomføre kontroll frå interkommunale selskap (IKS), interkommunale politiske råd, kommunale oppgåvefellesskap og aksjeselskap der fylkeskommunen åleine eller saman med andre kommunar, fylkeskommunar eller IKS direkte eller indirekte eig alle aksjane, jf. kommunelova § 23-6. Utvalet skal vidare varslast om og har rett til å vere til stades i møte i generalforsamling, representantskap og tilsvarande organ i slike selskap m.m. Utvalet kan også gjennomføre undersøkingar i verksemda dersom det er nødvendig.

Retten til innsyn og undersøking gjeld også tilsvarande overfor andre verksemder som utfører oppgåver på vegner av fylkeskommunen, såframt det er nødvendig for å undersøke om kontrakten vert oppfylt.

Kontrollutvalet skal minst éin gong i valperioden, og senast innan utgangen av året etter at fylkestinget er konstituert, utarbeide éin plan for kva eigarskapskontrollar som skal gjennomførast og éin plan som viser på kva område det skal gjennomførast forvaltningsrevisionar. Kontroll og revisjon skal gjennomførast der det er størst behov for det, ut frå ei vurdering av kvar det er risiko for vesentlege avvik, og kor alvorlege konsekvensar avvika vil kunne få. Fylkestinget skal vedta planane, men kan delegera oppgåva med å gjere endringar i planane til kontrollutvalet.

Fylkestinget sin plan for eigarskapskontroll og utdrag frå plan for forvaltningsrevision (av selskap) for perioden 2020-2024 ligg ved eigarskapsmeldinga.



Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Del II – VERKSEMDSOVERSIKT

4. Generelt om del II

Fylkeskommunen har per 20.10.21 eigarskap i 41 aksjeselskap, 3 interkommunale selskap og 1 særlovsselskap (Innovasjon Norge). Nokre av aksjeselskapa er heileigde av fylkeskommunen, som t.d. Bybanen AS og Valen Kraftverk AS. Andre eig fylkeskommunen saman med t.d. andre kommunar, staten og/eller private.

Fylkeskommunen er også med i 3 interkommunale samarbeid og i 4 samvirkeføretak.

Meldinga omhandlar nemnde selskap, samarbeid og samvirkeføretak. I tillegg så er det gjensidige selskapet KLP omtala i årets eigarskapsmelding, sidan fylkeskommunen var eigar av dette selskapet til og med 2020.

Verksemduene er i den komande framstillinga delt inn i grupper etter type selskapsform: interkommunale selskap, aksjeselskap inkl. særlovsselskapet Innovasjon Norge, interkommunale samarbeid, samvirkeføretak og gjensidige selskap.

Aksjeselskapa er vidare delt inn i grupper etter eigarskapsføremål eller type sektor verksemda tilhører:

- Finansielle mål
- Samfunns- og næringsutvikling
- Infrastruktur- og kollektivtransport
- Opplæring
- Kulturselskap

Meldinga er skriven med grunnlag i verksemduene sine årsrekneskap og årsmeldingar for 2020, protokollar, og eigarrepresentantane sine rapportar frå generalforsamling/representantskapsmøte i 2021, selskapsavtalar og vedtekter.

4.1 Definisjon av nøkkeltal

I vurderinga av selskapet si økonomiske utvikling har vi brukt fire nøkkeltal som seier noko om utvikling i a) lønsemd, b) evne til å betene langsiktig gjeld, c) likviditet og d) soliditet.

Nedanfor følgjer definisjonen av nøkkeltala:

a) *Totalkapitalrentabilitet*: (resultat før skatt + finanskostnader) / gjennomsnittleg totalkapital
 Totalkapitalrentabiliteten syner avkastninga på totalkapitalen (lønsemda) i det enkelte selskap i det enkelte år. Kravet til avkastning bør reflektere normal forretningsmessig risiko. Avkastningskravet varierer mellom anna ut frå type bransje.

b) *Sjølvfinansiering i % av langsiktig gjeld*: (resultat før skatt + avskrivinger) / langsiktig gjeld
 Sjølvfinansieringsgraden viser selskapet si evne til å betene langsiktig gjeld gjennom eigeninntening. Eit absolutt minstekrav er at sjølvfinansieringsevna dekker avdrag på lån. Kravet vil avhenge av bransje, anleggs- og kapitalstruktur.

c) *Arbeidskapital i % av driftsinntekter*: (omløpsmidlar – kortsiktig gjeld) / driftsinntekter
 Arbeidskapital i % av driftsinntekter seier noko om selskapet sin likviditet. Ei normal sunn bedrift bør ha ein arbeidskapital som overstig 6-12% av omsetninga. Også her vil det vere bransjemessige skilnader med tanke på kva som er tilfredsstillande for den enkelte bedrift.

d) *Eigenkapitalprosent*: Eigenkapital / totalkapital

Eigenkapitalprosenten viser selskapet sin soliditet. Kravet til eigenkapitalprosent er avhengig av kor kapitalintensiv bedrifa og den forretningsmessige risikoen er.

5. Interkommunale selskap (IKS)

5.1 Om selskapsforma IKS

Interkommunale selskap (IKS) etter IKS-lova er sjølvstendige rettssubjekt som rettsleg og økonomisk er skilde frå deltakarkommunane. Det må vere fleire deltararar i selskapet, og berre kommunar, fylkeskommunar eller andre interkommunale selskap kan delta. Kvar av deltararane har eit uavgrensa ansvar for ein del av selskapet sine samla forpliktingar. Samla sett skal deltararane sin ansvarsdel utgjere selskapet sine samla forpliktingar.

Det øvste organet i selskapet er representantskapet. Forvaltning av selskapet ligg til styret og dagleg leiing. Deltararane utøver eigarskap gjennom medlemer dei har valt inn i representantskapet. Etter IKS-lova § 6 ligg det til fylkestinget å velje representantar til representantskapet. Valretten kan ikkje delegerast. Med unntak av dei tilsettevalde styrerrepresentantane, blir styret valt av representantskapet. Styret har forvaltningsmyndet, og må utøve det innanfor ramma av selskapets føremål, selskapsavtalen og selskapet sitt årsbudsjett som blir vedteke av representantskapet.

Deltaking i interkommunale selskap kan ikkje overdragast til andre. Deltararane kan seie opp deltakinga si med eitt års varsel. Når ein trer ut av selskapet, er hovudregelen at deltararen får utbetalt ein utløysingssum som er lik nettoverdien av andelen

5.2 Interkommunale selskap fylkeskommunen deltek i

Grieghallen IKS

Føremål	Selskapet sitt føremål er å erverve, eige og leige ut Grieghallen, gnr. 164, bnr. 926 med festerett i Bergen. Selskapet har ikkje ervervsmessige føremål. Selskapet står for finansiering av Grieghallen sitt fornyingsprosjekt.
Etablert	21.06.2013
Eigar- og ansvarsdel	Eigar- og ansvarsdeldel: 50 %. Fylkeskommunen eig selskapet saman med Bergen kommune. Kvar deltarar er ansvarleg for halvparten av selskapet si samla gjeld. Eigarane sitt totale innskot er 1 mill. kr.
Forretningskontor	Bergen kommune
Regelverk	Lov om IKS, offentleglova og regelverket om offentleg innkjøp.
Styringsgrunnlag	Selskapsavtale, sist endra 21.06.2013. Eigarstrategi vedteken av eigarane i mars/april 2021.
Samfunnsansvar og etikk	
Representantskap	Fylkestinget i Vestland og bystyret i Bergen vel kvar sin medlem og varamedlem. Valperioden følgjer kommunevalperioden. Fylkestinget har valt Marthe Hammer (SV) som medlem og Karstein Birkeland (GP) som

	<p>varamedlem. Bergen kommune sin representant er byrådsleiar Roger Valhammer.</p> <p>Marthe Hammer møtte på representantskapsmøtet 26.05.21. Møtet vart gjennomført digitalt.</p>		
Val av styre	<p>Styret skal ha tre medlemer. Medlemene vert valde for fire år.</p> <p>I nyleg vedteken eigarstrategi ber eigarane selskapet om å nytte seg av ein eigen valkomité ved val til styret. Fylkesrådmannen og kommunaldirektøren skal utgjere valkomiteen. Komiteen skal jobbe for ei styresamansetjing kjenneteikna av kompetanse, kapasitet og mangfald. Det er viktig at nokon av styremedlemene har økonomisk bakgrunn på grunn av dei finansielle aspekta ved selskapsforvaltninga. Innstillingar til representantskapet skal vere skriftlege og grunngjevne.</p>		
Styresamansetning	<p><u>Styremedlemer:</u> Inga Lise Moldestad (leiar) (valt 2021) Marianne Thunes (nestleiar) (valt 2021) Nils Egil Vetlesand (på val i 2022)</p>		
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>Arbeidande styreleiar vart honorert med til saman 75 000 kr for styreleiarvervet og tilleggsarbeid i 2020.</p> <p>Selskapet kjøper administrative tenester frå konsulentfirmaet J.O. Evjen. Jan Otto Evjen er gjennom denne ordninga innleidd som dagleg leiar i selskapet.</p> <p>Samla utbetaling til dagleg leiar og styreleiar for 2020 var 173 500 kr.</p>		
Fylkeskommunalt lån	Etter selskapsavtalen hefter fylkeskommunen for 50 % av selskapet sine plikter. Selskapet si øvre låneramme er 340 mill. kr.		
Revisor	Deloitte AS		
Adresse	Magistratbygningen Rådstuplassen 5, 5017 Bergen		
Telefon			
E-post	Jan-Otto.Evjen@bergen.kommune.no		
Nettadresse			
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	16 573	17 555	15 520
Driftsresultat	4 448	5 418	3 434
Resultat etter skatt	-50	-26	-1
Totalkapitalrentabilitet	2 %	2 %	1 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	4 %	4 %	5 %

Arbeidskapital i % av driftsinntekter	1 %	1 %	2 %
Eigenkapitalprosent	1 %	1 %	1 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Driftsinntektene i 2020 består av om lag 3,2 mill. kr i leigeinntekter frå Grieghallen AS, og om lag 12,3 mill. kr i offentlege tilskot. Vestland fylkeskommune har overført om lag 3,2 mill. kr i ordinært tilskot for dekking av avdrag/renter. I samband med pandemien har selskapet motteke ekstraordinært tilskot på 3,1 mill. kr frå fylkeskommunen og 3,1 mill. kr frå Bergen kommune som skal vidareformidlast som husleigereduksjon til Grieghallen AS fordelt over 2020 og 2021 med 3,1 mill. kr per år.</p> <p>Dei økonomiske nøkkeltala har hatt ein liten auke, men er framleis svake.</p>		
Viktige hendingar	<p>Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune har i 2020 og 2021 halde fram med oppfølginga av ein selskapskontroll, sett i gang av Hordaland fylkeskommune i 2018. Fylkestinget i Hordaland vedtok ei rekje oppfølgingspunkt for fylkesordføraren og selskapet i desember 2018 (PS 107/2018). Kort oppsummert etterlyste Hordaland fylkesting ei meir formell arbeidsdeling mellom dagleg leiar og arbeidande styreleiar og skriftleggjering av ulike arbeidsprosessar i selskapet. Etter at eigarane i 2021 vedtok felles eigarstrategi for selskapet - i fylkeskommunen vart strategien vedteken av fylkesutvalet den 26.03.21, sak 67/21 - har kontrollutvalet avslutta oppfølginga overfor eigar.</p> <p>Når det gjeld oppfølginga overfor selskapet, er status i skrivande stund at kontrollsjefen har tilrådd overfor kontrollutvalet at utvalet skal seie seg nøgd med tilbakemeldinga frå den nye styreleiaren og seie seg ferdig med saka (møte 26.10.21, sak 69/21).</p>		
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Leigeavtalen med Grieghallen AS gjeld fram til 2043. Leidgetakar har opsjon på å få overta bygget for 16,3 mill. kr (skattemessig bokført verdi) når leigeavtalen går ut.</p>		
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	<p><i>KU-PS 113/2020 Oppfølging frå selskapet – Selskapskontroll av Grieghallen IKS</i> Vedtak 1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune ber selskapet Grieghallen IKS om ny skriftleg status i forbetningsarbeidet etter selskapskontroll av selskapet gjennomført i 2018, slik at det kan handsamast i siste møte i utvalet før sumaren 2021. 2. Kontrollutvalet ber også om å få tilsendt skriftleg dokumentasjon på alt forbetningsarbeidet som er ferdig gjennomført. 3. Sakstilfanget vert å sende sekretariatet innan 25.05.2021.</p> <p><i>KU-PS 114/2020 Oppfølging frå eigar – Selskapskontroll av Grieghallen IKS</i> Vedtak 1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune ber fylkesordførar om ny skriftleg status i forbetningsarbeidet etter selskapskontroll av Grieghallen IKS gjennomført i 2018 slik at det kan handsamast i siste møte i utvalet før sumaren 2021. 2. Sakstilfanget vert å sende sekretariatet innan 25.05.2021.</p> <p><i>FU-PS 67/2021 Eigarstrategi for Grieghallen IKS</i> Vedtak: Fylkesutvalet vedtek vedlagde eigarstrategi for Grieghallen IKS.</p>		

	<p><i>KU-PS 46/2021 Oppfølging frå selskapet - Selskapskontroll av Grieghallen IKS</i></p> <p>Vedtak</p> <p>1. Kontrollutvalet ber nyvald styreleiar i Grieghallen IKS, Inga Lise Moldestad, om både skriftleg og munnleg tilbakemelding på kva syn ho har på oppfølginga av dei 9 punkta i vedtaket som fylkestinget i Hordaland fylkeskommune gjorde 12.12.2018.</p> <p>2. Kontrollutvalet ber om at den munnlege orientering skjer på møte i kontrollutvalet 26.10.2021.</p> <p>3. Kontrollutvalet ber om at den skriftlege tilbakemeldinga vert send sekretariatet seinast innan 05.10.2021.</p> <p><i>KU-PS 47/2021 Oppfølging frå eigar - Selskapskontroll av Grieghallen IKS</i></p> <p>Vedtak</p> <p>1. Kontrollutvalet tar informasjonen frå fylkesordførar om oppfølging av selskapskontroll av Grieghallen IKS til orientering.</p> <p>2. Kontrollutvalet seier seg nøgd med tilbakemeldinga, seier seg ferdig med saka og ønskjer lukke til vidare.</p>
Mål med eigarskapen	Grieghallen IKS vart oppretta i 2013, sjå fylkestingssak 34/13 (HFK), for å finansiere fornyinga av Grieghallen. Det overordna føremålet med eigarskapen er å sikre drift av den fylkes- og landsomfattande kulturinstitusjonen Grieghallen, saman med Bergen kommune.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?	Bakgrunnen for fylkeskommunen sin eigarskap i selskapet er behovet for ei føremålstenleg finansiering av fornyinga av Grieghallen. Det interkommunale selskapet Grieghallen IKS har oppnådd betre lånevilkår enn Grieghallen AS ville fått. Leigeavtalen med Grieghallen AS gjeld fram til 2043, og legetakar har etter dette rett på å få kjøpe bygget. Fylkesdirektøren vil sjå på moglegheitene for at Bergen kommune kan overta heile lånet, og om selskapet eventuelt kan avviklast.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen inntil vidare.

TH eigedom IKS

Føremål	Selskapet sitt føremål er å eige og drive bygga Trivselshagen skule og kultur og Trivselshagen bad og idrett, og leige desse ut til eigarane. Omfanget av drifta vert regulert i eigne avtalar.
Etablert	07.03.2007.
Deltakarar	Vestland fylkeskommune og Gloppen kommune.
Forretningskontor	Gloppen kommune
Regelverk	Lov av 29.01.1999 nr. 6 om interkommunale selskap. Offentleglova. Regelverket om offentlege innkjøp.
Styringsgrunnlag	Selskapsavtale vedteken av eigarane i desember 2020 (FT PS 168/2020). Eigarstrategi vedteken våren 2021. KS bedrift sin hovudtariffavtale for konkurranseutsette verksemder.
Samfunnsansvar og etikk	
Representantskap	<p>Etter selskapsavtalen skal kvar eigar ha to representantar i representantskapet. Valet følgjer den kommunale valperioden. Representantskapet vel sjølv leiar og nestleiar.</p> <p>Fylkestinget har valt Jenny Følling (Sp) og Noralv Distad (H) som medlemer av representantskapet. Åsmund Berthelsen (SV) er vara for Følling, og Rita Navarsete (Frp) er vara for Distad. Kommunen har valt Per Jarle Myklebust og Katrine Anita Haugerøy Heggelund som medlemer, og Bjarte Gangeskar og Marit Reikvam som vara. Jenny Følling er leiar av representantskapet, og Per Jarle Myklebust er nestleiar.</p> <p>Jenny Følling og Noralv Distad deltok på representantskapsmøtet og eigarmøtet i selskapet 10.05.21 (fysisk).</p>
Val av styre	<p>Representantskapet vel eit styre med fem medlemer og fem personlege varamedlemer. Styremedlemene vert valde for to år om gongen. Representantskapet vel også leiar og nestleiar av styret for to år om gongen.</p> <p>Eigarane peiker ut to styremedlemer, med vara, kvar. Representantskapet peiker ut ein ekstern styreleiar utan tilknyting til eigarane. Styreleiar og nestleiar skal veljast annakvart år. Fylkeskommunen skal ha nestleiar i dei periodar kommunen har leiar i representantskapet og omvendt, jf. §7.</p> <p>Selskapet skal ha ein valkomité med to medlemer, valde for to år om gongen. Valkomiteen har ansvar for å gje representantskapet ei skriftleg og grunngjeven innstilling til val av styremedlemmer og kva rollar desse bør ha. Valkomiteen skal normalt også munnleg gjera greie for si innstilling i møte i representantskapet der val av styremedlemmer skal skje. Representantskapet kan fastsetja ein eigen instruks for arbeidet til valkomiteen.</p>
Valkomité	På representantskapsmøtet 10.05.21 valde representantskapet Svein Ottar Sandal som leiar og Trude Brosvik som medlem av valkomiteen for perioden 2021-2023.

Styresamansetning	Etter val i november 2020: Styreleiar: Trond Ueland. Vara: Birte Kjørvik Fossheim. Styremedlem: Synne Marie Oppheim. Vara: Kjell Petter Solhaug Styremedlem: Ola Sundt Ravnestad. Vara: Remi Lone Nilsen Styremedlem: Sigurd Reksnes. Vara: Gunn Merethe Paulsen. Styremedlem: Hanne Husebø Kristensen. Vara: Frank Willy Djuvik.		
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	Styreleiar: 60 000 kr per år utanom reisekostnader. Det skal ikkje gjevast godtgjersle når styreleiar er tilsett hjå ein av eigarane. Representantskapet har bedt styret og valkomiteen om ei sak om styregodtgjersle for styremedlemer utan tilsetjingsforhold hjå eigarane. For 2020 er det utbetalt til saman 60 000 kr i styregodtgjersle og 773 067 kr i løn og 4392 kr i anna godtgjersle til dagleg leiar.		
Eigar- og ansvarsdel	Eigardel: 50 % (47,1 mill. kr), sjå FT-sak 31/08 (SFFK). Fylkeskommunen eig selskapet saman med Gloppen kommune. Kvar deltarar er ansvarleg for halvparten av selskapet si samla gjeld.		
Fylkeskommunalt lån			
Revisor	Vestland revisjon kommunale oppgåvefellesskap. (Accountor AS Gloppen til og med 2020).		
Adresse	Gota 14, 6823 Sandane		
Telefon/faks	57 88 38 00		
E-post	trivselshagen@gloppen.kommune.no; Trond.Ueland@sunnfjord.kommune.no (styreleiar)		
Nettadresse	http://www.trivselshagen.no/		
(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	19 789	20 084	19 022
Driftsresultat	1 976	3 272	2 792
Resultat etter skatt	462	1 542	1 812
Totalkapitalrentabilitet	1 %	2 %	2%
Sjølvfinansiering i % av langsiktig gjeld	4 %	6 %	9 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	89 %	28 %	48 %
Eigenkapitalprosent:	52 %	54 %	56 %
Økonomisk utvikling i tekst	Driftsinntektene er i hovudsak leigeinntekter frå fylkeskommunen og Gloppen kommune. Rekneskapen viser eit overskot på om lag 1,8 mill. kr. Selskapet har blant anna hatt lågare lønskostnader fordi bassenget vart stengt og tilsette vart permitterte på grunn av pandemien. Det er utført vedlikehaldsarbeid for 1,3 mill. kr i 2020.		

	<p>Selskapet har motteke 4,3 mill. kr i spelemidlar frå Kulturdepartementet i 2020. Dette er den tredje utbetalinga av ei samla løying på 21,2 mill. kr til Trivselshallen som uavkorta skal gå til nedbetaling av lån.</p> <p>Totalkapitalrentabiliteten ligg på same nivå som fjoråret, og sjølvfinansieringa i % av langsiktig gjeld har betra seg noko og er på eit middels nivå i 2020. Arbeidskapital i prosent av driftsinntekter og eigenkapitalprosent er god.</p>
Viktige hendingar	<p>Fylkeskommunen og kommunen har i lengre tid arbeidd med ein gjennomgang av selskapet og har også sett på alternative eigarstrukturar. I desember 2020 vedtok dei to deltakarane i selskapet, Vestland fylkeskommune og Gloppen kommune, ein revidert selskapsavtale (FT 168/2020), og ny avtale er inngått. Vidare godkjende fylkeskommunen og kommunen – i rolla som leigetakrar - nye leigekontraktar mellom selskapet og leigetakarane. Med inngåinga av nye avtalar vidarefører deltakarane den gjeldande organiseringa og eigarstrukturen for selskapet. Dei nye leigeavtalane sikrar ei rettare kostnadsfordeling mellom partane.</p> <p>Deltakarane har også, våren 2021, vedteke felles eigarstrategi for selskapet. Fylkeskommunen, ved fylkesutvalet, vedtok eigarstrategien 11.05.21, sak 92/2021. Kommunen vedtok eigarstrategien 28.04.21.</p> <p>Vedtakinga av eigarstrategi var det siste attståande oppfølgingspunktet etter gjennomført selskapskontroll av selskapet i 2019, og kontrollutvalet vedtok å avslutte oppfølginga av selskapskontrollen i møte 14.06.21, sak 49/2021.</p> <p>I eigarstrategien stiller eigarane krav om opprettning av valkomité, og dette vart gjort våren 2021.</p> <p>Covid-19 pandemien har medført ein krevjande driftssituasjon for selskapet i heile 2020. Både kulturbygget og bad- og idrettsbygget var stengt for publikum i perioden mars-juni.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Selskapet har tilsett Baard Helle Bolstad som ny dagleg leiar i selskapet. Han tok til i stillinga 01.10.2021, og tok då over for Espen Bostad, som har vore konstituert som dagleg leiar sidan februar 2020.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	<p><i>FT-PS 168/2020 Trivselshagen IKS – Ny selskapsavtale og ny leigeavtale Vedtak</i></p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Fylkestinget sluttar seg til Trivselshagen IKS sitt framlegg til ny selskapsavtale, jf. vedlegg 1. 2. Fylkestinget sluttar seg til framlegg til ny leigeavtale mellom Trivselshagen IKS og Vestland fylkeskommune, jf. vedlegg 2. 3. Fylkestinget føreset at Gloppen kommunestyre gjer tilsvarende vedtak i saka. 4. Fylkestinget legg til grunn at årleg kostnad med leigeavtalen er om lag 6,6 mill. kr eks mva. for Vestland fylkeskommune og at denne vert dekkja innafor budsjettet til Eigedomsavdelinga. <p><i>KU-PS 118/2020 Selskapskontroll av Trivselshagen IKS – oppfølging av fylkestinget i Sogn og Fjordane sitt vedtak i FT-sak 38/19 Vedtak</i></p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kontrollutvalet ser at det har vore gjort ein del arbeid i oppfølginga av vedtaket i FT-sak 38/19 sidan sist oppfølging 17.09.20, men at det står att ein del før oppfølginga er ferdig 2. Kontrollutvalet ber om ny statusrapport for oppfølging av vedtaket i FT-sak 38/19 innan 27.01.2021, slik at kontrollutvalet kan behandle rapporten i møte 17.02.2021.

	<p>3. Kontrollutvalet ber særleg administrasjonen følge opp punkt B9 i FT-sak 38/19.</p> <p><i>KU-PS 8/2021 Selskapskontroll av Trivselshagen IKS - tredje oppfølging av fylkestinget i Sogn og Fjordane sitt vedtak i FT-sak 38/19</i> Vedtak 1. Kontrollutvalet er godt nøgde med arbeidet som er gjort i oppfølginga av selskapskontrollen 2. Kontrollutvalet ber om ny statusrapport av arbeidet med eigarstrategi innan 25.05.2021</p> <p><i>FU-PS 92/2021 Eigarstrategi for TH Eigedom IKS (Trivselshagen IKS)</i> Vedtak: Fylkesutvalet vedtek vedlagte eigarstrategi for TH Eigedom IKS</p> <p><i>KU-PS 49/2021 Selskapskontroll av Trivselshagen IKS - fjerde oppfølging av fylkestinget i Sogn og Fjordane sitt vedtak i FT-sak 38/19</i> Vedtak 1. Kontrollutvalet er nøgde med oppfølginga av selskapskontrollen av TH eigedom IKS (Trivselshagen IKS) etter no å ha mottatt vedteken eigarstrategi for selskapet 2. Kontrollutvalet vurderer vedtaket til fylkestinget i Sogn og Fjordane fylkeskommune i FT-sak 38/19 som ferdig oppfølgt</p>
Mål med eigarskapen	Opplæringsføremål: Målet er at fylkeskommunen skal få dekka arealbehovet til tilsette og elevar ved Firda vidaregåande skule.
Er vidareføring av fylkeskommunal eigarskap føremålstøytenleg?	Eigarane/deltakarane har nyleg vorte samde om og inngått ny selskapsavtale og nye drifts- og leigeavtalar.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

VIGO IKS

Føremål	Selskapet er eit IKT- og digitaliseringsselskap som skal sørge for effektive og behovsstyrte anskaffingar, forvaltning og drift av digitale tenester for fylkeskommunane sine lovpålagte oppgåver innan utdanning og samferdselsforvaltning. Selskapet skal drive i tråd med lov om offentlege anskaffingar og reglane om offentleg støtte. Selskapet skal også tilby nødvendig fagleg opplæring og rettleiing knytt til tenestene selskapet leverer. Digitale tenester knytt til lovpålagde fylkeskommunale oppgåver kan leggast til selskapet i tråd med deltakarane sine behov og bestilling innanfor dei rammer representantskapet fastset og som ikkje er av økonomisk art.	
Etablert	01.01.2012.	
Deltakarar	Fylkeskommunane og Oslo kommune.	
Forretningskontor	Porsgrunn kommune.	
Regelverk	Lov om interkommunale selskap. Offentleglova. Regelverket om offentlege innkjøp.	
Styringsdokument	Selskapsavtale vedteken av deltakarane i juni 2021. Samarbeidsavtalar med Utdanningsdirektoratet og Lånekassen. Strategi vedteken av representantskapet for 2017-2025.	
Samfunnsansvar og etikk	Etiske retningslinjer for tilsette i Vigo IKS, sist reviderte i 2018. Anskaffingsstrategi, vedteken mai 2019, med etiske retningsliner og med blikk for miljø og samfunnsansvar.	
Representantskap	<p>Representantskapet er sett saman av ein representant frå kvar deltakar med to personlege varamedlemer. Vestland fylkeskommune har peikt ut Karianne Torvanger (Ap) som medlem og Åsmund Berthelsen (SV) og Ronny Grønsdal (FNB) som personlege varamedlemer.</p> <p>Børre Krudtå (Troms og Finnmark fk) er leiar, og Rune Andre Frustøl (Agder fk) er nestleiar. Begge verva er på val i 2022.</p> <p>Vestland fylkeskommune var ikkje representert på på ekstraordinært representantskapsmøte 10.03.21, m.a. fordi møtet kolliderte med eit fylkestingsmøte. Vararepresentant Åsmund Berthelsen deltok på ordinært representantskapsmøte 22.04.21. Karianne Torvanger deltok på representantskapsmøte 28.09.21. Møta vart gjennomførte digitalt.</p>	
Valkomite	Inge Holm (Nordland), Solveig Ege Tengesdal (Rogaland fk) og Mari Gjestvang (Innlandet fk).	
Val av styre m.m.	<p>Representantskapet vel styre, styreleiar og nestleiar. Styret skal bestå av fem medlemer og to varamedlemer. Styremedlemene har ei funksjonstid på to år, likevel slik at ved førstegongsmøte har tre av styremedlemene ei funksjonstid på tre år. Styret må ha brei fagleg kompetanse og kompetanse til å forstå fylkeskommunane sine behov for utvikling av tenester, prosessar og arbeidsmåtar, jf. vedtekten § 7.</p> <p>Representantskapet vel leiar og nestleiar av representantskapet, medlemene av valkomiteen og revisor.</p>	
Styresamansetning	<u>Styremedlemer:</u> Styreleiar: Bjørn Marthinsen (Oslo)	<u>Varamedlemer:</u> Anne Elisabeth Djupvik (Trøndelag)

	kommune) Nestleiar: Joar Loland (Rogaland fk) Rune Haugsdal (VLFK, på val i 2023) Kariann D. Flovikholm (Møre og Romsdal fk) Ane Tonette Lognseth (Innlandet fk)	fk) Per Magne Aadnøy (Viken fk)	
Representantskaps- og styregodtgjersle	Representantskapsleiar: 22 500 kr per år Styreleiar: 65 000 kr per år fast og 30 000 kr ekstra per år så lenge Visma InSchool-prosjektet pågår. Styremedlem: 32 500 kr per år Styre- og varamedlemer: 8 125 kr per møte Det vert ikkje gjeve godtgjersle for ekstraordinære styremøte per telefon. Vigo IKS har avtale med Vestfold og Telemark fylkeskommune om kjøp av merkantile og administrative støttefunksjonar som leige av kontor, løn, rekneskap osb.		
Eigar- og ansvarsdel	Dei 11 deltarane har kvar ein eigardel på 1/11 i selskapet, og er ansvarleg for 1/11 av selskapet si samla gjeld. Selskapet har etter selskapsavtalen høve til å ta opp lån innanfor ei ramme for samla lånegjeld på 5 mill. kr.		
Fylkeskommunalt lån	Kvar deltarar hefter for 1/11 av selskapet sine plikter.		
Revisor	Vestfold og Telemark revisjon IKS (frå og med 01.01.20).		
Adresse	Kjølnes ring 30, 3918 Porsgrunn		
E-post	post@vigodrift.no		
Nettadresse	www.vigoiks.no		
Økonomisk utvikling for selskapet dei to siste åra:			
(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	59 045	56 860	59 846
Driftsresultat	-13 532	-7 340	- 22 347
Resultat etter skatt	-12 620	-6 380	- 22 048
Totalkapitalrentabilitet	-24 %	-15 %	-73 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-458 %	-180 %	-414 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	60 %	51 %	12 %
Eigenkapitalprosent:	76 %	76 %	27 %
Økonomisk utvikling i tekst	Alle eigarane fullfinansierer selskapet si drift og utviklingsoppgåver ut frå ein avtalefordeling vedteke i representantskapet.		

	<p>Rekneskapen er avgjort etter kommunale rekneskapsprinsipp, men er omarbeidd i tabellen ovanfor. Resultatet, før interne finanstransaksjonar, syner eit underskot på om lag 22 mill. kr.</p> <p>Etter det kommunale rekneskapsprinsipp syner rekneskapen til Vigo IKS eit rekneskapsmessig meirforbruk på om lag 2,3 mill. kr som skuldast meirutgifter i Visma InSchool-prosjektet og blir dekka frå fond (i 2019 var det 13,9 mill. kr i mindreforbruk).</p> <p>Vigo IKS har ei langsiktig gjeld på om lag 5,3 mill. kr som er knytt til pensjonsforpliktingar. Totalkapitalrentabiliteten og sjølvfinansieringa til selskapet er svak. Arbeidskapital i % av driftsinntekter og eigenkapitalprosenten har gått ned frå fjoråret, men er framleis god.</p>
Viktige hendingar	<p>Deltakarane har i løpet av juni 2021 vedteke ny selskapsavtale for selskapet (oppdatert versjon etter at førre forslag ikkje vart vedteke av alle deltagarane). Fylkestinget vedtok avtalen 16.06.21, sak 58/2021. Selskapsavtalen inneholder m.a. ein ny kostnadsmodell som skal sikre rettferdig og tilstrekkeleg differensiert fordeling ut frå oppgåvane den einskilde deltarar får utført. For meir informasjon om dette, sjå FT sak 58/2021.</p> <p>I 2020 og 2021 har selskapet arbeidd med følgjande utviklingsaktivitetar innan følgjande system eller prosjekt: VIGO systemet, Visma InSchool (samlar funksjonar som tidlegare var i ulike system som SATS og Extens. Alt som gjeld fråvær, tinging av elevsamtalar, timeplanlegging, undervegsverderingar og karakterar), eksamenssystemet PAS, Hjernen og Hjertet, Qlik – analyse, statistikk og rapporteringsverktøy, VIGO-BAS, FINT og Vilbli.</p> <p>Selskapet hadde i 2020 eit dataavvik som vart meldt til Datatilsynet. Vigo IKS har sett i verk tiltak som skal hindre liknande avvik seinare.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Selskapet skal framover handtere eit breiare spekter av felles fylkeskommunale tenester, i tråd med selskapsstrategi for 2017-2025 og ny selskapsavtale, vedteken i 2021. Dokumenta bygger på eit utgreiingsarbeidd sett i gang sommaren 2019, etter bestilling frå fylkesrådmanskollegiet, om behovet for nasjonalt fylkessamarbeid innan IKT og digitalisering. Vigo IKS er også m.a. peika på som ei god løysning for å overta eit prosjekt som arbeider med innkjøp av og implementering av IT-verktøy innanfor samferdsel i fylkeskommunane, særleg fylkesveg. Tal styremedlemer skal aukast frå fem til sju, for tilføring av kompetanse innan Vigo IKS sine nye ansvarsområde</p> <p>Selskapet arbeider vidare med utviklinga av Visma InSchool som skuleadministrativt system, og dagens utviklingsplan går fram til og med 31.12.22. Overgangen til Visma InSchool medfører at fylkeskommunane treng ei løysning for å tilgjengeleggjere elevdata frå SATS og Extens når desse systema vert fasa ut 01.09.21. Vigo IKS ser for seg at det vert etablert eit hurtigarbeidande forprosjekt for å sjå nærmare på å ta i bruk Vigo IKS sitt «Datavarehus» (HUB) som ei løysning.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	<p>FT-PS 58/2021 Godkjenning av ny selskapsavtale for VIGO IKS Vedtak: Ny selskapsavtale mellom fylkeskommunane vert vedteke slik den er lagt fram her.</p>
Mål med eigarskapen	Fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak. Oppnå stordriftsfordeler ved å samarbeide om skuleadministrative system med andre fylkeskommunar

	og kommunar. Deltakarane vil også bruke selskapet til å utvikle og forvalte andre fylkeskommunale IKT-system utanfor skulesektoren.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøy?	Ja, målet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande og strekker seg no utover fylkeskommunen sine behov innan opplæring.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

6. Aksjeselskap (AS)

6.1 Om selskapsforma aksjeselskap

Eit aksjeselskap skal ha ein minste aksjekapital på 30 000 kroner og må til ei kvar tid ha eigenkapital og likviditet som er forsvarleg ut frå risikoen ved og omfanget av verksemda i selskapet. Eit særtrekk ved denne selskapsforma er at deltakarane ikkje er ansvarlege for selskapet sine forpliktingar, med mindre dette er særskilt avtala. På den andre sida rår ikkje eigarane fritt over selskapet si inntekt og formue. Ønskjer aksjeeigarane å trekke ut midlar frå selskapet, må dette skje etter reglane i aksjelova for utdeling av utbyte, nedsetting av aksjekapitalen eller opplysning av selskapet.

Dersom fylkeskommunen vurderer å selje aksjane i eit selskap, vil aksjelova, saman med selskapet sine vedtekter og ein eventuell aksjonæravtale, regulere korleis salet kan gjennomførast.

6.2 Utnytting av kraftressursar/finansielle mål



Foto: Magne Sandnes

Kommunekraft AS

Føremål	Selskapet sitt føremål er å formidle og inngå avtalar om forvaltning av aksjeeigarane si disponible kraft (konsesjonskraft) og drive anna verksemd knytt til slik formidling.	
Etablert	28.04.1993.	
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Selskapet sin aksjekapital er på 320 000 kr, fordelt på 320 aksjar à 1 000 kr kvar.</p> <p>Vestland fylkeskommune eig 0,31 % av aksjane og aksjeposten sin pålydande verdi er 1000 kr.¹⁹ Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar (LVK) har 188 aksjar. Kommunane og fylkeskommunane har 132 til saman.</p>	
Forretningskontor	Oslo kommune.	
Rettslege rammer	Aksjelova.	
Rammer	http://kommunekraft.no/Kommunekraft/Om-Kommunekraft/Vedtekter	
Samfunnsansvar og etikk	<p>Kommunekraft AS har etiske retningslinjer for å skape felles haldningar for korleis selskapet skal drivast, slik at eigarar, kundar og styret til ei kvar tid har tillit til selskapets profesjonalitet og integritet.</p> <p>http://kommunekraft.no/Kommunekraft/Om-Kommunekraft/Etiske-retningslinjer</p>	
Generalforsamling	Det vart halde generalforsamling for selskapet 20.05.21 (digital deltaking). Tor Andre Ljosland representerte Vestland fylkeskommune (fullmakt).	
Val av styre	<p>Aksjelova § 6-6 regulerer styremedlemene si tenestetid i selskapet.</p> <p>Styret i selskapet består av fem medlemer; to styremedlemer med personlege vara valde av representantane i LVK sitt landsstyre og to styremedlemer med personlege vara valde blant selskapet sine aksjonærar (av desse minst ein frå primærkommune). Som styreleiar skal det veljast ein person som ikkje representerer aksjeeigarane eller LVK. Nestleiar skal vere ein av LVK sine representantar.</p> <p>Styret sin tenesteperiode er to år.</p> <p>Det vart - av Vestland fylkeskommune - foreslått at det i framtida vert nedsett ein valkomite. Styret var positiv til dette og vil følgje opp.</p>	
Styresamsetjing	<u>Styremedlemer:</u> Kjell-Idar Juvik (leiar) Kari Anita Furunes Sigrid Brattebø Handegard Anne Kristin Førde Stian Brekkvassmo (nestleiar).	<u>Varamedlemer:</u> Anne Berit Lein Noralv Distad Stein Bergsland Anita H. Pedersen

¹⁹ Kommunekraft AS er eigd av Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK), kommunar som er medlemmar av LVK og fylkeskommunar. Det er berre desse som kan eige aksjar i selskapet, og kvar kommune eller fylkeskommune skal berre eige ein aksje kvar. LVK har kjøpt ein av aksjane Vestland fylkeskommune fekk overført.

Styregodtgjersle og løn til dagleg leiар	Styreleiar: 30 000 kr per år (vidareføring). Styremedlemer: 1 700 kroner per møte (vidareføring). Samla utbetalt styregodtgjersle 2020: kr 62 300. Selskapet kjøper administrative tenester, inkl. dagleg leiing og rådgjevings-tenester, frå Advokatfirmaet Lund & Co DA, og hadde i 2020 1,768 mill. kr i utgifter til dette.		
Fylkeskommunalt lån	Ingen.		
Revisor	PKF Beckman Lundevall Revisjon AS.		
Adresse	Postboks 1148, Sentrum, 0104 Oslo.		
Telefon/faks	99 11 99 00		
E-post	hhw@lundogco.no		
Nettadresse	www.kommunekraft.no		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	2 068	2 000	1 789
Driftsresultat	150	392	-319
Resultat etter skatt	154	397	-316
Totalkapitalrentabilitet	8%	17 %	-12 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	89 %	114 %	112 %
Eigenkapitalprosent:	94 %	85 %	79 %
Økonomisk utvikling i tekst	Selskapet har hatt ein nedgang i driftsinntektene som følgje av låge kraftprisar (sjå viktige hendingar) medan driftskostnadene har auka som følgje av høgare honorarkostnader. Dette har ført til at selskapet har eit underskot på 315 989 kr i 2020. Eigenkapitalprosent har gått noko ned som følgje av redusert eigenkapital og auka kortsiktig gjeld, men er framleis tilfredsstillande. Totalkapitalrentabiliteten er svak grunna selskapet sitt underskot i år.		
Viktige hendingar	Kommunekraft AS bistod i 2020 aksjonærkommunar med omsetning av 1600 GWh konsesjonskraft for leveringsåret 2021, eit mindre volum enn for 2020 (2100 GWh). Nedgangen skuldast i hovudsak at nokre kommunar valde å utsette salet fordi kraftprisane gjekk kraftig ned hausten 2020. Omsetningsvolumet omfatta sal på års- og kvartalskontraktar til fastpris og spotmarknadspris med påslag. Oppnådde priser varierte over året. Kraftprisane fall svært mykje i 2020, og spotprisen for 2020 vart på		

	<p>rekordlåge 11,56 øre/kWh. Kommunekraft oppnådde ein gjennomsnittspris for 2020 på 24 øre/kWh.</p> <p>Kommunekraft AS deltok på alle LVK sine regionmøte i 2020, der ein orienterte om eiga verksemد.</p> <p>Det årlege konsesjonskraftseminaret vart avvikla 27.05.20. Som følgje av COVID-19 og smittevern, vart seminaret for første gang arrangert digitalt. Det var 48 deltakarar.</p> <p>I 2020 vedtok Kommunekraft AS å bli med i «Naturressurskommunene», ein paraplyorganisasjon for kommunar med viktige naturressursar. Føremålet er å samordne organisasjonane i prinsipielle saker.</p> <p>Det regjeringsoppnemnde Kraftskatteutvalet rapporterte 30.09.19. Utvalet føreslo å avvikle m.a. konsesjonskraftordninga, noko som ville gje eit provenytap for kommunar og fylkeskommunar på 2,225 mrd. kr. Kommunekraft AS ga ein omfattande høyningsuttale og uttrykte særleg at ei avvikling av ordninga vil vere i strid med den samfunnskontrakt som over generasjonar har vore inngått mellom storsamfunn og distrikt som har avstått naturressursar. Kommunekraft AS samarbeidde aktivt med LVK og Naturressurskommunene i saka. I februar 2020 annonserte regjeringa at ein ikkje ville gå vidare med utvalet sin rapport.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	Halde fram arbeidet i samsvar med føremålet.
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	
Mål med eigarskapen	Fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak: Kommunekraft bidreg, ved rådgjeving og ved å inngå avtalar om forvaltingstenester, til å optimalisere avkastninga på konsesjonskraftrettane for eigarane, og er såleis eit strategisk viktig selskap for fylkeskommunen.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?	Målet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

Sogn og Fjordane Holding AS

Føremål	Sogn og Fjordane Holding AS eig 49,51 % av aksjane i Sogn og Fjordane Energi AS (SFE). Gjennom langsigktig og stabilt eigarskap skal selskapet sikre at verdiane i SFE-aksjane, og sjølv eigarskapen, vert verande i Sogn og Fjordane. Føremålet med å eige og utøve aksjonærrettane til aksjane, er å styrke SFE som eit viktig og sjølvstendig, regionalt og lokalt eigd, kraftselskap i Sogn og Fjordane. Selskapet har òg som mål å auke selskapet sin eigarskap i SFE, m.a. ved kjøp av aksjar og deltaking ved kapitalutviding i SFE. Selskapet kan òg gje ansvarleg lån o.a. til SFE, for å styrke selskapet sin soliditet og posisjon.	
Etablert	29.11.2005	
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Aksjekapitalen er kr 3 834 904, og er fordelt på 3 834 904 aksjar, kvar pålydande kr 1.</p> <p>Aksjane er delt inn i aksjeklasse A (766 980 aksjar) og aksjeklasse B (3 067 924 aksjar). Skilnaden mellom aksjeklassane er at aksjeklasse A har 51 % av stemmene på generalforsamlinga. Elles er aksjane jamstilte.</p> <p>Vestland fylkeskommune eig A-aksjane og desse kommunane eig B-aksjane: Sunnfjord, Kinn, Sogndal, Stad, Stryn, Gloppen, Årdal, Luster, Høyanger, Bremanger, Askvoll, Fjaler, Vik, Gulen, Lærdal, Aurland, Hyllestad og Solund.</p>	
Forretningskontor	Sunnfjord kommune	
Rettslege rammer	Aksjelova, offentleglova, lov om offentlege innkjøp.	
Rammer	Vedtekten, sist endra på generalforsamlinga 10.12.19, og aksjonæravtalen av 10.12.19.	
Samfunnsansvar og etiske retningslinjer		
Generalforsamling	Det vart gjennomført ordinær generalforsamling i selskapet den 23.06.21 (digitalt). Fylkesvaraordføraren deltok for fylkeskommunen (fullmakt).	
Val av styre	<p>Selskapet skal ha eit styre på 5 medlemer, der medlemene tenestegjer i fire år. Styreleiaren skal ha folkeregistrert adresse i det geografiske området Sogn og Fjordane slik grensene var før 01.01.20.</p> <p>Eigarane av aksjeklasse B vel to medlemer. Dei andre vert valde på generalforsamlinga og minst ein av desse skal ha folkeregistrert adresse i det geografiske området Sogn og Fjordane slik grensene var før 01.01.20.</p>	
Styresamansetjing	<u>Styremedlemer:</u> Jenny Følling (leiar, VLFK) Hilmar Høl (VLFK) Per Jarle Myklebust Gunn Åmdal Mongstad Noralv Distad (VLFK)	<u>Varamedlemer:</u> Trude Brosvik (VLFK) Anne Kristin Førde
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>Selskapet hadde i 2020 utgifter til styrehonorar på 163 460 kr. Dette året var dagleg leiar innleidt frå Vidsyn Rådgiving AS – honorar kr 276 012.</p> <p>For 2021 har selskapet fastsett følgjande styrehonorar: Styreleiar: 54 100 kr Styremedlem: 2 034 kr per møtedag</p>	

	<p>Ulegitimert inntektstap: 1 574 kr Legitimert inntektstap: 6 102 kr I dette ligg ei oppjustering på 1,7 % i høve 2020, tilsvarende årslønsveksten i KS-området. Ved ev. ekstraordinær arbeidsbelastning vil styret vurdere satsane på nytt.</p> <p>Frå 01.01.21 har styret i selskapet ansvaret som dagleg leiar i verksemda. PwC Førde tok frå same tidspunkt over funksjonane knytt til dagleg leiing (kontaktperson Svein Øverland, PwC). Frå same tidspunkt tok PwC Accounting AS over som rekneskapsførar.</p>		
Fylkeskommunalt lån	Nei.		
Revisor	Ernst & Young. Samla godtgjersle til revisor i 2020 var på 125 300 kr.		
Postadresse	Postboks 375, 6802 Førde		
Telefon	95 26 13 32 (kontaktperson)		
E-post	svein.overland@pwc.com		
Nettadresse	Sogn og Fjordane Holding As (sfholding.no)		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	0	0	0
Driftsresultat	-825	-2 519	-731
Resultat etter skatt	30 589	47 245	58 500
Totalkapitalrentabilitet	6 %	9 %	11 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-	-	-
Eigenkapitalprosent:	87 %	100 %	95 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>I 2020 fekk selskapet om lag 59,3 mill. kr i utbytte frå Sogn og Fjordane Energi AS. Normalt vil eit års forskyving av utbyttet frå SFE gje renteinntekter som dekkjer selskapet sine utgifter som rekneskapsføring, revisjon, styrehonorar og dagleg leiing. Grunna arbeid med å skifte dagleg leiing, nytt styre, ekstraordinært utbytte og Covid-19 har kostnadene vore høgare enn normalt.</p> <p>Årsrekneskapen syner eit overskot på 58,5 mill. kr i 2020. Eigenkapitalprosenten har gått noko ned i høve 2019 som følgje av at selskapet har avsett 29,9 mill. kr i utbytte til aksjonærane.</p>		
Viktige hendingar	Sogn og Fjordane Holding AS sin eigarstruktur vart endra i desember 2019 ved at 80 % av aksjane vart overførte frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til kommunane i Sogn og Fjordane (B-aksjar). Resterande aksjar gjekk ved årsskiftet 2019/20 over frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til Vestland		

	<p>fylkeskommune (A-aksjar) og fekk 51 % av stemmene på generalforsamlinga. Elles vart aksjane jamstilte.</p> <p>Ved overføringane til kommunane vart det inngått aksjonæravtaler mellom eigarane. Selskapet endra vedtekten med m.a. nytt føremål, avgrensingar i røysterett og habilitetsreglar. Selskapet fekk også nytt styre.</p> <p>Vidsyn Rådgiving (Jan Øhlckers) var dagleg leiar ut 2020. Frå 01.01.21 tok styret over ansvaret for den daglege leiinga. PwC tok samtidig over funksjonane som ligg til den daglege leiinga.</p> <p>Sogn og Fjordane Holding AS eig 49,51 % av aksjane i Sogn og Fjordane Energi AS. Etter normal prosedyre kjem utbyte frå SFE AS inn til Sogn og Fjordane Holding AS i september <u>året etter</u> rekneskapsåret. Det står der på konto fram til rekneskapsavslutning og ordinær generalforsamling <u>året etter det igjen</u>. Men hausten 2019 tok Sogn og Fjordane fylkeskommune ut ekstraordinært utbyte. Det var difor ikkje pengar i verksemda til å betale utbyte til dei nye aksjonærane ved ordinær generalforsamling i juni 2020.</p> <p>I tillegg gjorde pandemien sitt til at utdeling av utbyte frå SFE AS i 2020 vart krevjande. Den usikre situasjonen for næringslivet, stor finansiell uro og eit kraftig fall i kraftprisane, gjorde at styret i SFE AS fekk fullmakt av generalforsamlinga til å ta stilling til ei utbytteutbetaling på inn til 120 mill. kr. utpå hausten 2020.</p> <p>Styret i SFE AS vedtok 25.08.20 å betale det nemnde utbytet 02.11.20. Etter det vedtok styret i Sogn og Fjordane Holding AS å etablere mellombalanse, jf. aksjelova § 8-2 a., for så å kalle inn til ekstraordinær generalforsamling. Styret rådde her til å betale ut omlag halvparten av utbytet frå SFE AS for driftsåret 2019 som ekstraordinært utbyte alt i 2020. Generalforsamlinga slutta seg til dette 12.12.20. Til saman 28,8 mill. kr vart såleis utbetalt til aksjonærane 16.12.20.</p> <p>I tillegg er det i årsrekneskap for 2020 avsett 29,9 mill. kr til ordinært utbytte. Utbetaling av nemnde utbytte vart vedteke på generalforsamlinga 23.06.21.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	
Mål med eigarskapen	Finansielle mål og å sikre lokal eigarskap i SFE.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg	<p>Sogn og Fjordane fylkeskommune fekk dom for at 80 prosent av aksjane i Sogn og Fjordane Holding AS kunne overførast til kommunane utan å utløse forkjøpsrett for BKK. Føresetnaden var at aksjane Vestland fylkeskommune vert sitjande att med, dvs. A-aksjane, vert sikra 51 % av røystene på generalforsamlinga, slik at fylkeskommunen har avgjerande påverknad i selskapet.</p> <p>Det er difor fastsett i vedtekten § 4 at aksjeklasse A har 51 prosent av røystene på generalforsamlinga.</p> <p>Ei endring av vedtekten krev 2/3 fleirtal av aksjekapitalen og røystene på generalforsamlinga.</p>
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

Valen kraftverk AS

Føremål	Selskapet si verksemd er å drive produksjon og omsetning av energi, og anna verksemd knytt til desse områda, m.a. deltaking i andre verksemder med liknande føremål.
Etablert	Valen Kraftverk AS vart stifta 17.03.2003 ved at Hordaland fylkeskommune overførte sitt eigartilhøve i kraftproduksjon og nettdrift på Valen i Kvinnherad til selskapet. Verksemda var tidlegare nært knytt til drifta av Valen sjukhus. Nettdrifta er no avvikla og selskapet si noverande oppgåve er å driva produksjon og omsetning av energi og anna verksemd knytt til dette.
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	Aksjekapitalen i selskapet er 7 000 000 kr. Fylkeskommunen eig 100 %.
Forretningskontor	Kvinnherad kommune
Rettslege rammer	Aksjelova, regelverk knytt til energiproduksjon
Rammer	Vedtekter, sist endra 14.06.18.
Samfunnsansvar og etikk	Selskapet ureiner ikkje miljøet. Selskapet har for tida ingen forskings- og utviklingsaktivitetar.
Generalforsamling	Fylkesvaraordføraren representerte fylkeskommunen på ordinær generalforsamling 03.06.21.
Val av styre	Selskapet sitt styre skal ha tre medlemer. Generalforsamlinga vel styremedlemene for eitt år om gongen. Fylkestinget har delegert oppgåva med å innstille personar til styret til fylkesrådmannen (PS 77/2020).
Styresamansetjing	Styremedlemer <u>frå og med 01.11.20:</u> Styreleiar: Solfrid Kongshaug Aase Styremedlem: Petter Lem Gullestad Styremedlem: Pål Andre Kleive
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	Generalforsamlinga har vedteke at styremedlemer med tilsettjingsforhold i fylkeskommunen ikkje skal ha godtgjersle. Dagens styre tiltrådde 01.11.20. Generalforsamlinga 03.06.21 endra ikkje styresamansetjinga og handsama heller ikkje kva styrehonorar ev. eksterne styremedlemer skal ha. Styreleiar inntil 01.11.20 fekk for sitt siste heile år 80 000 kr. Øyvind Lernes er dagleg leiar frå hausten 2020. Selskapet kjøper administrative tenester og driftstenester frå Kvinnherad Energi AS.
Fylkeskommunalt lån	Selskapet har eit ansvarleg lån på kr 25 mill. kr frå (tidlegare) Hordaland fylkeskommune. Dette skal nedbeta last over 20 år frå 2023 viss selskapet sin eigenkapitalprosent då er høgare enn 30. I rekneskapsåret 2020 vart eigenkapitalprosenten på 21 %.
Revisor	BDO AS.

Adresse	C/o Kvinnherad Energi AS, Vikjo 7, 5464 Dimmelsvik		
Telefon			
E-post			
Nettadresse			
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	6 057	6 104	2 552
Driftsresultat	2 542	2 128	- 1 445
Resultat etter skatt	1 447	560	- 1 821
Totalkapitalrentabilitet	4 %	3 %	- 2 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	6 %	4 %	- 1 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	184 %	49 %	- 641 %
Eigenkapitalprosent	26 %	28 %	21 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Selskapet har auka kraftproduksjonen frå fjaråret, men særst i låge kraftprisar har ført til låge driftsinntekter, medan driftskostnadane er på nivå med fjaråret. Dette fører til eit underskot på om lag 1,8 mill. kr i 2020. Selskapet si samla gjeld har auka frå 52,4 mill. kr i 2019 til 68,3 mill. kr i 2020. Auken kjem som følgje av kassakreditt som har trekkgrense på 18,5 mill. kr.</p> <p>Nytta kassakreditt fører til at selskapet får ein svært svak arbeidskapital. Eigenkapitalen er tilfredsstillande, medan totalkapitalrentabiliteten og sjølvfinansieringa er svak.</p>		
Viktige hendingar	<p>Selskapet driv produksjon av kraft i eige anlegg. Total produksjon i 2020 var 20,8 GWh, mot 15,7 GWh i 2019. Drifta av stasjonen var stabil og utan større avbrot (2020). Det er inngått avtale med BKK Kvinnherad/Vestlandsenergi AS om levering av produsert kraft.</p> <p>Selskapet har ikkje eigne tilsette, men leiger administrative tenester og driftstenester frå Kvinnherad Energi AS.</p> <p>Nytt styre vart vald frå november 2020. Selskapet fekk då også ny dagleg leiar.</p>		
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Selskapet har bygd ny kraftstasjon i Valedalen lenger oppe i vassdraget (2020-21). Denne er no sett i drift (2021).</p> <p>Valen Kraftverk AS eig og fallrettar på Handeland/Sandvoll. Det er inngått avtale med Clemens Kraft AS om utnytting av desse fallrettane, men Clemens Kraft AS har ikkje starta utbygging.</p>		
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding			

Mål med eigarskapen	Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen er finansielt, dvs. å få utbytte.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg	<p>I samband med at Hordaland fylkesting gjorde vedtak om å godkjenne lån til selskapet 14.06.17, vart fylkesrådmannen beden om å vurdere eigarskapen, nærmare bestemt om ein skulle selje selskapet.</p> <p>Fylkesrådmannen har seinare fått gjennomført verdivurderinger, siste gong ved ein rapport frå THEMA consulting (08.05.20). Her konkluderer konsulent selskapet slik:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. «<i>Dersom det medfører ingen eller en begrenset ulempe for VFK å avvente med salg, taler det i retning av å vente til situasjonen rundt Valedalen kraftverk er avklart og de økonomiske forholdene er mer normalisert.</i> 2. <i>Dersom det har en verdi for VFK å få frigjort kapitalmidler i løpet av kort til mellomlang sikt, så kan det være verdt å gjennomføre en innhenting av indikative bud.»</i> <p>Ei verdivurdering av selskapet ligg i intervallet 65 – 183 mill. kr (oppdatert pr 31.12.2019).</p> <p>I ei referatsak (6/2020) til fylkestinget 9.06.2020 vart det konkludert slik:</p> <p>«På bakgrunn av innhenta vurdering frå Thema consulting er det fylkesrådmannen si vurdering at ein utsett ev. forslag om sal av Valen kraftverk AS.»</p> <p>Fylkestinget hadde ikkje merknader til dette.</p> <p>I nemnde sak viste ein samtidig til eit kraftig fall i kraftprisane frå seinhaustes 2019 til våren 2020. Situasjonen er no blitt ein annan; lite nedbør, høge kraftprisar og gjennomgåande låge magasinfyllingar.</p> <p>Samtidig er den nye kraftstasjonen i Valedalen no sett i drift. Det vil enno ta noko tid før ein veit korleis denne vil påverke økonomien i selskapet.</p>
Tilråding	Vidareføre eigarskapen til ein har noko betre oversikt over produksjonsvolum (og kraftprisar) etter oppstart av den nye kraftstasjonen i Valedalen og ev. også kva fallrettane på Handeland/Sandvoll vil ha å seie for økonomien i selskapet.

6.3 Samfunns- og næringsutvikling



Frå Rocketfarm

Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Atheno AS

Føremål	<ul style="list-style-type: none"> • Å fremje auka samarbeid innan industrien i regionen (dette skal primært skje ved å utvikle nettverksarenaer for å gjere medlemsbedriftene meir innovative og konkurransedyktige. Ressurspersonar frå bedriftene skal knytast saman i ressursnettverk). • Å drive inkubatorverksemdu i regionen og arbeide for entreprenørskap og nyskaping i vid forstand. • Å drive regionalt nærings- og samfunnsutviklingsarbeid som bidreg til oppstart og vidareutvikling av verksemder i Sunnhordland. • Å tilby tenester til næringsliv og offentlege aktørar til så høg kvalitet og attraktiv pris at ein vert den føretrekte samarbeidspartnaren for desse. • Å arbeide fram, tilretteleggje for og tilby naudsynt kompetanse i regionen. 	
Etablert	29.06.1992	
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Selskapet sin aksjekapital er på 3 221 000 kr fordelt på 3 221 aksjar, pålydande 1 000 kr per aksje.</p> <p>Fylkeskommunen sin eigardel er på 3,21 %.</p> <p>Eigarar med meir enn 5 % av aksjane kvar er Kværner AS, SIVA, Wartsila Norway AS, Haugaland kraft AS, Palfinger Marine Safety AS, Leirvik AS, Eidesvik Invest AS og Westcon Group AS. Av eigarar med mindre aksjeprosent er m.a. kommunane Austevoll, Bømlo, Stord og Fitjar.</p>	
Forretningskontor	Vabakkjen 6, 5411 Stord	
Rettslege rammer	Aksjelova	
Rammer	Vedtekter	
Samfunnsansvar og etikk		
Generalforsamling	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 18.06.21. Natalia Antonia Golis møtte for fylkeskommunen.	
Val av styre	Styret skal bestå av sju til elleve medlemar og blir valde for ein periode på to år. Styreleiar blir vald av generalforsamlinga for to år om gangen. Styret konstituerer seg sjølv.	
Styresamansetning	<u>Medlemer:</u> Lars Solberg (leiar) 2021-2023 Børge Pedersen (nestleiar) 2021-2023 Atle Kåre Tranøy 2021-2023 Oddrun Englund 2021-2023 Signe Lund Jansen 2021-2023 Svein Hatlevik 2021-2023 Jarle Henriksrud 2021-2023	<u>Observatørar:</u> Styreleiar i Samarbeidsrådet Vestland fylkeskommune Ordførar i Austevoll kommune Ordførar i Sveio kommune <u>Valnemnd:</u> Geir Lund (leiar) til 2022 Kjerstin O. Håvardsholm 2021-2023 Nils Askeland 2021-2024
Styregodtgjersle og dagleg leiar si løn i 2020	Styreleiar: 60 000 kr, pluss 2000 kr per møte. Andre styremedlemer: 2000 kr per møte.	

	<p>Styremedlem utpeikt av SIVA har ikkje honorar. Samla styregodtgjersle for 2020 var til saman 94 000 kr.</p> <p>Styreleiar har gjennom selskapet Refsnesset AS fakturert selskapet for 675 589 kr i konsulenthonorar.</p> <p>Dagleg leiar: Løn: 1 087 065 kr, andre ytingar: 119 683 kr, pensjonskostnader: 49 058 kr</p>		
Fylkeskommunalt lån			
Revisor	RSM Norge AS		
Adresse	Vabakkjen 6, 5411 Stord		
Telefon	452 89 928 (dagleg leiar)		
E-post	post@atheno.no eller astrid@atheno.no (dagleg leiar)		
Nettadresse	www.atheno.no		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	9 689	9 286	10 128
Driftsresultat	-102	38	134
Resultat etter skatt	-97	51	149
Totalkapitalrentabilitet	-1 %	1 %	2 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	33 %	38 %	39 %
Eigenkapitalprosent	72 %	77 %	74 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Resultatet etter skatt har betra seg frå fjaråret, og syner eit overskot på 148 691 kr i 2020. Dette kjem i hovudsak av at selskapet har motteke meir tilskot i 2020.</p> <p>Av driftsinntektene på om lag 10,1 mill. kr utgjer offentlege tilskot 7,3 mill. kr. Vestland fylkeskommune har løyvd totalt 2,1 mill. kr i diverse tilskot i 2020. 600 000 kr av dette er partnarkapsmidlar.</p> <p>Totalkapitalrentabiliteten til selskap har betra seg frå fjaråret, men er framleis svak. Arbeidskapital i % av driftsinntekter og eigenkapitalprosenten er svært god, og selskapet har ikkje langsiktig gjeld.</p>		
Viktige hendingar	Selskapet har i hovudsak to forretningsområde: nyskaping og samarbeid (industriell klynge). Atheno AS er ein av fem inkubatorar i Vestland fylke. Inkubatorverksemder er ein viktig del av SIVA sin innovasjonsstruktur, og i inkubatorane kan gründerar og etablerte bedrifter få rådgjeving innan forretningsutvikling og kommersialisering.		

	I 2020 fekk selskapet tilsegn om inntil 640 000 kr i tilskot frå fylkeskommunen til prosjektet Grøn 2020 – Meirverdi med berekraft. Selskapet fekk også 600 000 kr i partnarskapsmidlar, og 890 000 kr i andre tilskot frå fylkeskommunen.
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	Selskapet har inngått samarbeidsavtale med Vestland fylkeskommune for 2021 – 2022. Samarbeidsavtalar vert inngått med samarbeidspartar for å nå strategisk viktige mål for innovasjon og næringsutvikling i Vestland. SIVA har i 2020 kjøpt seg opp frå 4,4 % til 11,2 % i selskapet og er med det nest største aksjonær i selskapet. Regjeringa har nyleg gjennomført ein heilskapleg gjennomgang av det næringsretta verkemiddelapparatet, og har m.a. (i revidert nasjonalbudsjett for 2021) føreslege at SIVA sin eigarskap i innovasjonsselskap vert overført til kommunar, fylkeskommunar eller andre aktuelle aktørar som allereie er inne på eigarsida.
Mål med eigarskapen	Næringsutvikling.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøylenleg?	Føremålet med eigarskapen er næringsutvikling ved å delta i selskap som arbeider med fellestiltak for å utvikle næringslivet i fylket, og næringsutvikling ved å delta i selskap der vi opptrer som regional utviklingsaktør og tilfører og/eller får kompetanse. Aetheno AS er m.a. ein viktig samarbeidspartner for å nå strategiske mål for næringsutvikling i Vestland, jf. m.a. Utviklingsplan for Vestland 2020 – 2024 (Regional planstrategi) og Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020. Det er fylkesdirektøren si vurdering at eigarskap i dette tilfellet ikkje er avgjerande for å nå fylkeskommunen sine mål. Fylkeskommunen har ein liten eigardel, og som samarbeidspartner og tilskotsgjevar kan fylkeskommunen i tilstrekkeleg grad støtte, påverke og stille vilkår overfor selskapet, for å påverke det i ønskja retning.
Tilråding	Starte prosess for avvikling av eigarskapen.

Fjord Invest Såkorn AS

Føremål	<p>Føremålet vart justert på generalforsamlinga 24.06.21.</p> <p>Vedtekten - tidlegare ordlyd § 2:</p> <p>«Selskapet har som føremål å investere i konkuransedyktige såkornbedrifter og små- og mellomstore bedrifter i Sogn og Fjordane. Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillende avkastning for eigarane.»</p> <p>Vedtekten - ny ordlyd § 2:</p> <p>«Selskapet har som føremål å bidra til nyskaping og vekst i regionen gjennom å investere i oppstartsbedrifter og vekstbedrifter med stort potensiale. Selskapet skal investere direkte i selskap eller fond-i-fond. Selskapet skal drivast etter forretningsmessige prinsipp. Selskapet sin kapital og avkastning frå investeringar skal reinvesterast i nye selskap i tråd med føremålet.»</p>
Etablert	28.06.2004
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Selskapet sin aksjekapital er på 34 mill. kr fordelt på 34 000 aksjar, pålydande 1 000 kr.</p> <p>Fylkeskommunal eigarprosent: 55,88. Aksjeposten sin pålydande verdi er 19 mill. kr.</p> <p>Andre eigarar er stiftinga REKOMP (29,41 %), Sparebanken Sogn og Fjordane (6,66 %), Sparebanken Vest, Gjensidige, Sogn Sparebank, Fjord1 AS, Sogn og Fjordane Energi AS, Luster Sparebank AS, Eika Gruppen AS, Åsen og Øvreliid AS, Fjordvekst AS og K-senteret Supermarked.</p>
Forretningskontor	Sunnfjord kommune
Rettslege rammer	Aksjelova
Rammer	Vedtekter, opphavleg frå 18. mars 2011, sist endra 24. juni 2021. Sjå «føremålpunktet» over.
Samfunnsansvar og etikk	Styret i Fjord Invest Såkorn AS vedtok i sak 07/08 regelverk for corporate governance og internkontroll. Selskapet har etiske retningslinjer (routine 01). Regelverk og retningslinjer vert gjennomgått årleg.
Generalforsamling	<p>Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 24.06.21. Svein Hågård representerte fylkeskommunen (fullmakt).</p> <p>På generalforsamlinga orienterte styreleiar om at selskapet vil ha behov for meir kapital framover. Dessutan vart det orientert om selskapet sine innskot i Peak Venture I AS. Desse «sakene» stod ikkje på dagsorden.</p>
Val av styre	Etter ei vedtektsendring i 2015 er det ikkje talfesta kor mange medlemer styret skal ha. Det er heller ikkje vedtektsbestemt valperiode, men praksis er at medlemene vert valde for to år, jf. aksjelova. Generalforsamlinga vel valkomité for to år av gongen.
Styresamansetjing	Etter generalforsamlinga i 2021 er styret sett saman slik: Vidar Grønnevik (leiar) (vald for 2 år)

	<p>Eli-Grete Høyvik (1 år att av valperioden) Ingar Valvik (1 år att av valperioden)</p> <p>Valkomit��: Karen Marie Hjelmeseter, leiar (1 år att av valperioden) Bente Nesse (vald for 2 år) Tor Andr�� Ljosland (1 år att av valperioden)</p>		
Styregodtgjersle og l��n til dagleg leiar	<p>For 2020 er f��lgjande satsar vidaref��rt uendra:</p> <p>Styreleiar: 30 000 kr pr. ��r. Styremedlem: 15 000 kr pr. ��r.</p> <p>I tillegg vert det betalt 4000 kr/fysiske m��te og 2000 kr/telefonm��te. Samla styregodtgjersle for 2020 er 82 230 kr, mot 155 272 kr i 2019.</p> <p>Selskapet har ingen tilsette. Fjord Invest S��korn vert forvalta av Fjord Invest Management AS. Forvalningshonoraret til Fjord Invest Management AS var 1 490 000 kr i 2020, mot 1 247 569 kr i 2019.</p>		
Fylkeskommunalt l��n	Nei.		
Revisor	Deloitte AS.		
Adresse	Hafstadvegen 25, 6800 F��rde		
Telefon/faks	95 00 01 20/ 947 74 175		
E-post	post@fjordinvest.no		
Nettadresse	www.fjordinvest.no/		
��konomisk utvikling for selskapet dei tre siste ��ra:			
(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	0	0	0
Driftsresultat	- 1 460	-1 557	-1 740
Resultat etter skatt	-970	8 726	-1 041
Totalkapitalrentabilitet	- 4 %	31 %	- 3 %
Sj��lvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-	-	-
Eigenkapitalprosent:	99,3 %	99,7 %	99,7 %
��konomisk utvikling i tekst	<p>Selskapet har ingen driftsinntekter og driftsresultatet er s��leis eit resultat av driftsutgiftene. Selskapet hadde eit overskot i 2019 som f��lgje av sal av eit av portef��ljeselskapa. Utgiftene best��r i hovudsak av forvalningshonorar. Forvaltinga av fondet sine investeringar er utkontraktert til Fjord Invest Management AS.</p> <p>Balansef��rt verdi av portef��ljen ved ��rsskiftet er om lag 23,1 mill. kr, og er verdsett til kostpris.</p>		

	<p>Grunna underskotet i fjor er totalkapitalrentabiliteten svak. Selskapet har tilstrekkeleg med likvide midlar til å dekkje kortsiktig gjeld, og ein svært god eigenkapitalprosent. Mandatet til Fjord Invest Såkorn AS inneber høg risiko og det er difor viktig med god eigenkapitalprosent for å kunne bere eventuelle tap.</p>
Viktige hendingar	<p>Fjord Invest Såkorn AS er eit investeringsselskap som arbeider etter forretningsmessige prinsipp, og har som føremål å styrke utviklinga av små og mellomstore bedrifter i regionen. Dette gjennom tilføring av eigenkapital og kompetanse.</p> <p>Selskapet vurderte i 2020 strategien vidare og initierte ved årsskiftet 2020/21 den vedtektsendringa (føremålet) som vart vedteken på generalforsamlinga i 2021.</p> <p>Selskapet gjorde 1. kvartal 21 vedtak om investering i to porteføljeselskap; Eduplaytion AS og Evoy AS. I tillegg gjorde ein vedtak om å investere i Peak Venture I AS. Sistnemnde investering er gjennomført og omfattar både kontantinnskot (1,3 mill. kr) og tingsinnskot (4,070 mill. kr). Tingsinnskota gjeld selskapene Eduplaytion AS, MHI/Norse Feedback AS og Moovin ASA. Fylkeskommunen takka sjølv nei til å teikne aksjar i Peak Venture I AS, sjå FU-PS 15/2021.</p> <p>4. mars 2021 var startdatoen for Peak Venture I AS. Fleire enn 20 investorar og Fjord Invest Såkorn AS etablerte då Peak Venture I AS med tanke på investeringar i lokale vekstselskap. Målet med satsinga er at ein skal kunne jobbe tettare og smartare i lag for å skape nye arbeidsplassar.</p> <p>Etter investeringa i Peak Venture I AS har Fjord Invest Såkorn ein portefølje på 6 selskap; Beat Technology AS, Evoy AS, Havkraft AS, Kunnskapsparken Vestland, Rocketfarm AS og Østerbø Gruppa AS.</p>
Viktige planar dei komande åra	<p>Visjonen til Fjord Invest Såkorn AS er å vere ei sentral drivkraft i utviklinga av lønsame såkornbedrifter og små og mellomstore bedrifter i regionen. Kapital er ein kritisk suksessfaktor for å nå denne visjonen og selskapet har over tid hatt søkjelys på dette. Dette gjer det aktuelt med sal av porteføljeselskap, emisjon i fondet eller oppkapitalisering av nye eller andre instrument som kan vidareføre eller løfte denne visjonen.</p> <p>Etableringa av Peak Venture I AS er godt tilpassa denne visjonen, og ein kan – i lag med investorgruppa som står bak – bli viktig for utviklinga av næringslivet. Peak Venture I AS sin investeringsstrategi vil vere å investere i selskap som utnyttar ressursar i regionen, har innovative løysingar m.m.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	<p>FU-PS 134/2021 Eigarsstyring Fjord Invest Såkorn AS - forslag om vedtektsendring Vedtak</p> <p>1. Vestland fylkeskommune støttar styret i Fjord Invest Såkorn AS sitt forslag om at vedtekten § 2 vert endra frå:</p> <p>«Selskapet har som føremål å investere i konkurransedyktige såkornbedrifter og små- og mellomstore bedrifter i Sogn og Fjordane. Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillande avkastning for eigarane.»</p> <p>til følgjande nye utforming:</p> <p>«Selskapet har som føremål å bidra til nyskaping og vekst i regionen gjennom å investere i oppstartsbedrifter og vekstbedrifter med stort potensiale. Selskapet skal investere enten direkte i selskap eller fond-i-fond. Selskapet skal drivast etter forretningsmessige prinsipp.</p>

	<p>Selskapet sin kapital og avkastning frå investeringar skal reinvesterast i nye selskap i tråd med føremålet.»</p> <p>2. Fylkesutvalet ber fylkeskommunen sin eigarrepresentant om å røyste for endringa når saka skal handsamast på generalforsamlinga til selskapet 24. juni.</p> <p>Om lag fire gonger i året vert det lagt fram referatsak for fylkesutvalet med aksjonærinformasjon frå selskapet.</p>
Mål med eigarskapen	Målet med eigarskapen er å vidareutvikle Fjord Invest Såkorn AS som eit viktig regionalt investeringsselskap for nyetablerte bedrifter. Gjennom eigarskapen i selskapet bidreg fylkeskommunen indirekte med kapital for å skape ny verksamhet i regionen.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg	<p>Såkornbedrifter er bedrifter under skiping eller i ein tidleg utviklingsfase med høg risiko og høg potensiell avkasting/verdiauke. Det har vore mangel på investorkapital til såkornbedrifter i Sogn og Fjordane. Fjord Invest Såkorn AS vart etablert for å kunne bidra med slik kapital. Sogn og Fjordane fylkeskommune tilførte fondet 13,7 mill. kr ved stiftinga i 2004.</p> <p>Selskapet har sjølv eit mål om 25 % avkastning per år per selskap. Mottekte salstyper er nytta til nye investeringar. Fjord Invest Såkorn AS sine investeringar har vore med på å skape interessante gründermiljø i Sogn og Fjordane.</p> <p>Å vere eigar i eit slikt investeringsselskap kan bety at fylkeskommunen vert beden om å delta i kapitalutviding. Sidan oppstarten i 2004, har det vore gjennomført seks emisjonar i selskapet. Sogn og Fjordane fylkeskommune bidrog då med til saman 16,5 mill. kr. Andre eigarar bidrog med til saman 23,7 mill. kr., jf. FU-sak 58/10 og FT-sak 1/17 i Sogn og Fjordane fk.</p> <p>Behovet for investeringskapital i regionen er framleis stort, og dei opphavlege føresetnadane for fylkeskommunen sitt engasjement i Fjord Invest Såkorn AS er framleis til stades. Målet har vore - og er - å få til næringsutvikling ved å utvikle nye selskap.</p> <p>Ønsket om at Fjord Invest Såkorn AS får fleire eigarar, eller på annan måte får fleire investorar, ligg framleis til grunn. Vestland fylkeskommune vil i dei komande åra ikkje nødvendigvis vere i posisjon til å skyte inn ny kapital. Investeringa i Peak Venture I AS endrar ikkje fylkeskommunen sin eigardel i Fjord Invest Såkorn AS, men etableringa av Peak Venture legg til rette for å samle kapital frå private investorar, sparebankar, kraftselskap og andre kapitaleigarar i eit nytt fond. Peak Venture I AS vil på denne måten vere eit nytt instrument som kan vidareføre og løfte visjonen til Fjord Invest Såkorn AS.</p>
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

Fjord Norge AS

Føremål	Internasjonal marknadsføring og tilrettelegging for sal for reiselivet i Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal. Det skal særskilt arbeidast med sesongutviding.
Etablert	01.02.1993.
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	Aksjekapitalen er på 4,15 mill. kr. Fylkeskommunal eigarprosent: 17,8 (Hordaland og Sogn og Fjordane fk. hadde kvar ein eigarprosent på 8,9). Dette utgjer 148 aksjar til ein verdi av 5000 kr kvar, totalt 740 000 kroner. ²⁰
Forretningskontor	Bergen.
Rettslege rammer	Aksjelova.
Rammer	Vedtekter, sist endra på generalforsamling 31.05.16.
Samfunnsansvar og etikk	Selskapet står – i sitt arbeid – FN sine berekraftsmål, jf. det tidlegare arbeidet kalla «Scenario Fjord Norge 2030» i regi av Vestlandsrådet. Ut over dette omtalar årsmeldinga arbeidsmiljø, likestilling og ytre miljø.
Generalforsamling	Det vart gjennomført generalforsamling 29.06.21. Fylkesvaraordføraren representerte her fylkeskommunen.
Val av styre	Styret består av ni medlemer valde for to år av gongen. Fylkeskommunane peikar ut éin medlem kvar. VLFK har peika ut to då vi har overteke ansvaret frå både HFK og SFFK. Generalforsamlinga vel styreleiar. Selskapet har ein valkomité sett saman av fire medlemer, ein frå kvart av dei tidlegare fylka.
Styresamsetjing	Etter generalforsamling i 2021 er styret sett saman slik: Styreleiar: Terje Devold (leiar) Styremedlem: Eivind Vartdal Ryste Styremedlem: Anders Nyland Styremedlem: Asgeir Blindheim Styremedlem: Eva Sørås Mellgren Styremedlem: Noralv Distad Styremedlem: Iver Jan Leren Styremedlem: Anita Nybø. Styremedlem Mette Nora Sætre. Etter generalforsamlinga er valkomiteen samansett slik: Tom Anker Skrede (leiar), Sigurd Kvikne, Kaia Finne, Elisabeth Saupstad. På generalforsamlinga vart det påpeikt at Vestland fk har teke omsyn til tidlegare innspel om kjønnsfordelinga i styret.

²⁰ Det er førebels ikkje gjort ei endring i vedtektena når det gjeld storleiken på kvar fylkeskommune sin eigarpost eller styresamsetjing/utpeiking av medlemar. VLFK overtok frå 2020 alle rettane og pliktene overfor selskapet frå dei tidlegare fylkeskommunane. Lik eigardel har vore ein føresetnad med opprettninga av selskapet, og spørsmålet om eigardel, rettar og plikter bør kome som generalforsamlingssak på eit seinare tidspunkt. VLFK løyver no 6 mill. kr til selskapet pr. år. Dersom det (seinare) vert fastsett at alle eigarfylka skal løyve like mykje, vil vår del kunne gå ned til 4 mill. kr pr år. Dersom det vert fastsett at løyingane skal tilpassast innbyggjartala (jf. inntektssystemet), vil VLFK måtte løyve ca. 5,5 mill. kr pr år..

Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	Godtgjerslene vart i 2021 justert ihht konsumprisindeksen: Styreleiar: kr 69 200,-. Styremedlem kr 5 323,-/møte. Digitale møte 2.500,-/møte. Eigne reglar for reisekostnader, diett, tapt arbeidsforteneste mv. Det har vore leiarskifte i selskapet. Stein Ove Rolland vart tilsett som ny direktør etter Kristian Jørgensen, som slutta 31.12.19. Rolland tiltrådte 01.04.2020.		
Fylkeskommunalt lån/garanti	Nei.		
Revisor	Bjørgvin revisjon AS.		
Adresse	Nordre Nøstekaien 1, 5011 Bergen		
Telefon/faks	55 30 26 40.		
E-post	info@fjordnorway.com		
Nettstad	www.fjordnorway.com		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	41 885	37 037	19 945
Driftsresultat	-39	-60	217
Resultat etter skatt	8	-232	323
Totalkapitalrentabilitet	1 %	0 %	2 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	12 %	13 %	26 %
Eigenkapitalprosent:	33 %	41 %	43 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Selskapet har eit overskot på 322 648 kr i 2020. Selskapet har hatt ei nedgang i inntekter som følgje av at Norwegian Centre of Expertise (NCE)-prosjektet vart avslutta i slutten av 2019, og at planlagde aktivitetar vart utsett til 2021. Driftskostnadene har og gått ned som følgje av lågare marknadsføringskostnader grunna pandemien, og lågare lønskostnader som følgje av at NCE-prosjektet er avslutta. Planlagde aktivitetar måtte skyvast til 2021 som følgje av pandemien.</p> <p>Dei tre fylkeskommunane på Vestlandet bidrog i 2020 med tilskot på om lag 12,1 mill. kr der Vestland fylkeskommune bidrog med 6 mill. kr.</p> <p>Selskapet har ikkje langsiktig gjeld. Totalkapitalrentabiliteten har auka som følgje av overskotet. Arbeidskapitalen i prosent av driftsinntekter og eigenkapitalprosenten er god.</p>		

Viktige hendingar	Fjord Norge AS vart etablert i 1993 og er no inne i sitt 28. driftsår. Covid-19 pandemien gjorde at Fjord Norge AS i 2020 måtte konsentrere seg om den norske marknaden. Ein fekk likevel gjennomført visse aktivitetar til eit fåtal nærliggjande land – når det var mogleg. Elles fekk pandemien berre avgrensa konsekvensar for selskapet si drift og økonomi i 2020.
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	Hausten 2020 vart det inngått ein ny 3-årig partnarskapsavtale med dei tre Vestlandsfylka. Fylkeskommunane forpliktar seg til å yte eit samla årleg tilskot til selskapet på 12 mill. kr/år. 6 mill. kr av dette skal Vestland fk yte. Dette er på nivå med tilskotsnivået i 2020. Partnarskapsavtalen avgrensar seg til forhold knytt til tilskota frå fylkeskommunane. Avtalen bygger på det tidlegare arbeidet kalla «Scenario Fjord Norge 2030» (Vestlandsrådet). Partnarskapsavtalen skal bidra til å nå visjonen «Attraktivitet gjennom berekraft» formulert i Scenario-prosjektet. Avtalen formulerer målsettingar for samarbeidet, selskapet sine oppgåver, fylkeskommunane sine oppgåver/bidrag, korleis samarbeidet skal organiserast og korleis det skal rapporterast.
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	
Mål med eigarskapen	Næringsutvikling og fylkeskommunale fellestiltak.
Er vidareføring av fylkeskommunal eigarskap føremålstøytenleg	Fjord Norge er eit fellestiltak for internasjonal marknadsføring av Vestlandet som reiselivsmål, og ein viktig reiskap for å styrke næringsutviklinga i fylket.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

Framtidsfylket AS

Føremål	I dagens vedtekter står det (§3): «Selskapet sitt formål er drift og utvikling av ei felles trainee-ordning for alle private og offentlege verksemder i Sogn og Fjordane, som arbeider for å fremje næringslivet i fylket, og nettportalen "framtidsfylket.no", og anna rekrutteringsverksemnd som i vid forstand kan vere i nemnde verksemder si interesse.» <u>I praksis arbeider selskapet no mot store deler av det nye fylket.</u> <u>Vedtekten bør difor justerast.</u>	
Etablert	01.02.2008	
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	Selskapet sin aksjekapital er på 612 000 kr, fordelt på 612 aksjar à 1 000 kr kvar. Vestland fylkeskommune eig 2,8 % av aksjene. Andre aksjonærar er privat næringsliv, tre sparebankar, Stiftinga Vestlandsforsking, NHO Sogn og Fjordane og Sunnfjord Næringsråd. Selskapet eig også eigne aksjar.	
Forretningskontor	Sunnfjord kommune.	
Rettslege rammer	Aksjelova.	
Rammer	Vedtekten av 19.07.2009. Jf. «Føremål» over.	
Samfunnsansvar og etikk	Selskapet arbeider for vekst og verdiskaping i fylket, gjennom å rekruttere kompetent arbeidskraft.	
Generalforsamling	Generalforsamlinga består av aksjonærane. Her gjev kvar aksje ei røyst. Det vart gjennomført generalforsamling for selskapet 10.06.21 (digital). Tor Andre Ljosland representerte Vestland fk (fullmakt).	
Val av styre	Generalforsamlinga vel valkomité. Styret skal bestå av 5-7 medlemmar. Styreleiar blir vald på generalforsamlinga. Aksjeeigarar i form av private bedrifter, organisasjonar som spring ut frå private bedrifter eller organisasjonar som private bedrifter eig, skal ha fleirtal i styret.	
Valkomité	Øivind Indrebø, Irene Wergeland og Ole Bent Søreide.	
Styresamansetjing	Nandor Helgheim, styreleiar Inger Johanne Osland. Hilde Grinde. Lars Endre Gimmestad. Johanne Viken Sandnes.	<u>Varamedlem:</u> Trude Ramstad.
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	På generalforsamlinga vart det vedteke at det ikkje skal betalast ut styrehonorar. Honorar for arbeid med prosjekt og oppgåver utover vanleg styrearbeid kan avtalast med dagleg leiar. Løn dagleg leiar i 2020: 677 588 kr. Anna godtgjersle 15 302,-.	
Fylkeskommunalt lån	Nei.	
Revisor	Deloitte AS.	

Adresse	Naustdalsvegen 1B, 6800 Førde.		
Telefon/faks	990 17 852		
E-post	linda@framtidsfylket.no		
Nettadresse	www.framtidsfylket.no		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	5 698	6 286	5 382
Driftsresultat	-374	479	122
Resultat etter skatt	-380	481	123
Totalkapitalrentabilitet	-17 %	20 %	4 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	17 %	24 %	31 %
Eigenkapitalprosent:	48 %	57 %	57 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Selskapet har som målsetjing å vera eit non-profit selskap.</p> <p>Rekneskapen for 2020 syner eit overskot på 123 229 kr. Selskapet har inntektsført 850 000 kr i 2020 for tilskot til portal som selskapet vart tildelt i 2018 av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Inntektsføringa er blitt tilpassa framdrifta på prosjektet.</p> <p>Selskapet har ikkje langсiktig gjeld. Kortsiktig gjeld er på om lag 1,3 mill. kr, og selskapet har tilstrekkeleg av likvide midlar til dekke gjelda.</p> <p>Eigenkapitalprosenten er på same nivå som fjaråret og er god.</p> <p>Totalkapitalrentabiliteten har gått ned som følgje av eit lågare overskot, og er svak. Selskapet har god likviditet, og arbeidskapital i % av driftsinntekter har auka frå fjaråret og er god.</p>		
Viktige hendingar	<p>Selskapet var i 2020 prega av covid-19 pandemien.</p> <p>Kjerneaktivitetane vart gjennomført på best mogleg vis og på ein koronatilpassa måte. Ein kom her tilfredsstillande ut trass i ein utdatert arbeidsgjevardatabase og også utdaterte kommunikasjonsverktøy.</p> <p>2020 starta med eit nytt/større fylke (jf. «Føremålet»), og større kommunar. Dei digitale løysingane vart då set på prøve. Selskapet hadde tilrettelagt og justert med siktet på at dette skulle gå bra, men det fremste salsverktøyet viste seg å vere utdatert. Arbeidet med nytt kommunikasjonskonsept, ny visuell design og nye digitale arbeidsverktøy vart då framskunda.</p> <p>Det vart i 2020 utarbeidd forretningsmodellar for produkt- og tenesteleveransar og eit nytt merkevarekonsept. Det vart etablert ny digital infrastruktur for kommunikasjon og nye digitale arbeidsgjevar- og kandidatbasar og det vart inngått etablert nye partnarskapsavtaler.</p>		

	<p>Covid 19 kom i lag med søknadsfristen for traineekullet 2020/21. Av 650 søkerar kom 23 i utgangspunktet inn og starta i august 2020. På tampen av året fekk selskapet kontrakt med 24 arbeidsgivarar for heile 37 traineestillingar (2021/22). Det vitnar om eit omstillingssyktig næringsliv og ein god offentleg sektor.</p> <p>Covid19 har vist at arbeidsmarknadsutviklinga har endra seg. Innan fleire bransjar og fagområde er det ikkje lenger naudsynt å bu der arbeidsgivar er lokalisert. Nokre kontor vil også bli virtuelle.</p> <p>Det var viktig for selskapet å få til eit strategisk samarbeid med Vestland Fylkeskommune.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Framtidsfylket AS søkte Vestland fk. om partnarskapsmidlar for perioden 2021-22, og det vart – for denne perioden - inngått ein samarbeidsavtale mellom selskapet og fylkeskommunen.</p> <p>I høve nemnde samarbeidsavtale vart det tidleg i 2021 gjort naudsynte statsstøtterettslege vurderingar. Konklusjonen var at delar av selskapet si verksemd er ikkje-økonomisk og difor fell utafor føretaksomgrepet i EØS-avtalen sin forstand. Dette betyr at reglane om offentleg støtte ikkje gjeld for denne delen av verksemda. Fylkeskommunen kan derfor gje støtte til denne, men må stille krav om at selskapet tek steg for å unngå kryssubsidiering.</p> <p>Basert på desse premissane får Framtidsfylket AS 1 mill. kr for kvart av dei nemnde åra – frå Vestland fk. For 2022 år er det under føresetnad av budsjettdekning.</p> <p>Framtidsfylket AS er svært positiv til den inngåtte samarbeidsavtalen med Vestland fk for 2021 og 2022.</p> <p><u>Selskapet bør snarast råd presisere det geografiske verkeområdet sitt i vedtekten, sjå over om føremål.</u></p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	
Mål med eigarskapen	Målet med eigarskapen er å delta i selskap som arbeider med fellestiltak for å utvikle næringslivet og offentleg sektor i fylket. Gjennom eigarskapen opptrer i tillegg fylkeskommunen som regional utviklingsaktør og tilfører og/eller får kompetanse.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis aktuell?	<p>Selskapet bidreg i det viktige rekrutteringsarbeidet med å skaffe kompetent arbeidskraft til næringslivet og offentlege etatar i fylket, særleg i distrikta.</p> <p>I samband med regionreforma, har selskapet i praksis utvida verkeområdet til Vestland, og samarbeider no mellom anna med Trainee Indre Hordaland.</p> <p>Fylkeskommunen sin eigapost utgjer berre 2,8%. Ein bør i lys av den marginale eigaposten vurdere å selje seg ut av selskapet. Samarbeidet mellom fylkeskommunen og selskapet i form av samarbeidsavtaler har ikkje noko med eigarskapen å gjøre og kan halde fram.</p>
Tilråding	Starte prosess for avvikling av eigarskapen.

Gulen og Masfjorden Utvikling AS

Føremål	Selskapet har som føremål å legge til rette for auka næringsverksemd i kommunane Gulen og Masfjorden. Selskapet skal, ved å vere ein pådrivar og koordinator for private aktørar, medverke til etablering av lønsame arbeidsplassar. Selskapet skal vidare vere ein koordinator for offentlege midlar til næringsarbeid, og vere ein pådrivar for at næringslivet skal få ei god kunnskaps- og teknologiutvikling. Selskapet kan drive kjøp/sal og ha anna verksemd i samband med dette. Selskapet kan delta i andre selskap med liknande verksemd. Selskapet skal ha eit nært samarbeid med Gulen/Masfjorden Næringsråd.
Etablert	27.06.2008
Aksjekapital/ fylkeskommunal eigardel	Selskapet sin aksjekapital er på 5 156 250 kr, fordelt på 20 625 aksjar à 250 kr. Vestland fylkeskommune eig 32,1% av aksjane og pålydande verdi er 1 656 250 kr. Andre eigarar er Gulen (21,6%) og Masfjorden (21,5%) kommunar og SIVA 24,8%.
Forretningskontor	Gulen kommune.
Regelverk	Aksjelova.
Styringsgrunnlag	Vedtekter, sist revidert på generalforsamlinga i 2021. § 5 fekk då slik ordlyd: «... minst 50% av styremedlemene skal veljast frå næringslivet i regionen, men likevel slik at minst 2 av desse har tilhøyrigheit i kommunane Gulen og Masfjorden»..
Samfunnsansvar og etikk	På generalforsamlinga 31.05.2021 vart det opplyst at næringslivet i regionen er i gong med ein prosess for å omstille seg til eit lågutsleppssamfunn som følgje oljebransjen sin påverknad på klima og miljø. Dette var ikkje direkte relatert til GMU AS.
Generalforsamling	Det vart gjennomført generalforsamling (GF) i selskapet 31.05.2021. Dei fleste aksjonærane deltok digitalt. Hans-Inge Gloppen representerte Vestland fylkeskommune (fullmakt).
Val av styre	Styret skal bestå av 3-9 personar, valde for to år om gangen. Halvparten av medlemene skal vere på val kvart år. GF vel styreleiar og nestleiar. Styremedlemar vert føreslegne av ei valnemnd. Valnemnda skal bestå av tre eller fleire medlemer som vert valde på GF med ei tenestetid på to år. GF vel leiar i valnemnda og vedtek instruks for nemnda. GF i 2021 valde Njål Hansen som nytt medlem i nemnda. Han vart og vald til leiar.
Styresamansetjing	<u>Styremedlemer:</u> Halvard Oppedal (leiar) Karstein Jon Totland (nestleiar) Karl Vågstøl Sigmund Holmaas. Solveig D. Kristiansen. Marte Sleire Hatlevik. Frode Kversøy.
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	Styreleiar 20 000 kr/år. Styremedlemer 15 000 kr/år, som tidlegare. Styrepräsentantane frå Gulen og Masfjorden kommunar avstår frå styrehonorar.

	Godtgjersle til valnemnda vart sett til 5.000 kr. Av dette skulle leiaren i nemnda få 2.000 kr. Valnemnda har tidlegare ikkje fått godtgjersle. Løn dagleg leiar i 2020: 646.250 kr.
Fylkeskommunalt lån	Nei.
Revisor	Bjørgvin Revisjon AS.
Adresse	Sløvågen 2, 5960 Dalsøyra.
Telefon/faks	90 14 20 25
E-post	ragnhild@gmu.no
Nettadresse	www.gmu.no

Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:

(1000 kroner)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	875	882	1 052
Driftsresultat	-266	-305	-49
Resultat etter skatt	-516	646	615
Totalkapitalrentabilitet	0 %	4 %	4%
Sjølvfinansiering i % av langsiktig gjeld	-	-	1 744 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	1 471 %	1 561 %	1 370 %
Eigenkapitalprosent:	99 %	99 %	99 %

Økonomisk utvikling i tekst	<p>Selskapet si drift er i hovudsak finansiert av eigarkommunane Gulen og Masfjorden som har gjeve høvesvis 693 700 kr og 350 000 kr i tilskot i 2020. Dette er ein auke på 100 000 frå kvar eigarkommune i høve 2019. Driftskostnadene er om lag på same nivå som fjoråret.</p> <p>Som følgje av gode finansinntekter får selskapet eit overskot på 615 181 kr i 2020 som blir ført til eigenkapitalen. Det er inntektsført 129 178 kr i renter på utlån GMU har til Sløvåg Næringsbygg AS.</p> <p>Eigenkapitalprosenten er svært god sidan selskapet har lite gjeld. Arbeidskapitalen er god medan totalkapitalrentabiliteten er svak. Selskapet har fått ein liten post i langsiktig gjeld (utsett skatt), men sjølvfinansieringa er god.</p>
Viktige hendingar	<p>Arbeidet i Gulen og Masfjorden utvikling AS (GMU) er organisert med utgangspunkt i vedtektsfesta føremål og samarbeidsplattforma med kommunane. Arbeidet har vore delt mellom «Næring» og «profilering».</p> <p>2020 starta med planlegging av arrangement, nettverkssamlingar og bedriftsbesøk. Dette fekk ein gjennomført. Viss 2020 skal oppsummerast</p>

	<p>er det likevel arbeidet knytt til pandemien som står att. Ein god del arbeid måtte relaterast til å hjelpe verksemndene i høve stønadsordningane.</p> <p>Mykje av arbeidet måtte skje digitalt. Dette har gitt nye moglegheiter, men også hatt sine avgrensingar.</p> <p>Innan næringsfeltet registrerte ein 60 «saker» (førespurnader, rettleiningar, søkeradsstøtte, etableringshjelp). Av dette gjaldt 54% nyetableringar, 46% etablert næringsliv. Tilsvarande tal for 2019 var 65.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>GMU har eit godt samarbeid med dei to eigarkommunane. Selskapet har vore involvert i ny samfunnsdel i kommuneplan for Gulen og ny landbruksplan for same kommune. Vidare vart ein hausten 2020 beden om å revidere strategisk næringsplan for Masfjorden kommune.</p> <p>Verksemndene kring Fensfjord-bassenget er ein «motor» i området, men også i indre delar er det planar/prosjekt som kan gje arbeidsplassar.</p> <p>Arbeidsløysa i Gulen og Masfjorden er låg. Innbyggjartalet har vore stabilt, men har siste åra gått noko ned.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	<p><i>FT-PS 138/2020: Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2020</i></p> <p>Vedtak</p> <p>...</p> <p>3. Fylkestinget vidarefører fylkeskommunen sin eigarskap i Gulen- og Masfjorden Utvikling AS, men ber fylkeskommunen sin eigarrepresentant be selskapet greie ut moglegheitene for samanslåing med andre selskap.</p> <p>...</p>
Mål med eigarskapen	Næringsutvikling, ved å framstå som ein regional utviklingsaktør som tilfører og/eller får kompetanse. Selskapet er også eit investeringsselskap.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøyleg	<p>I Eigarskapsmeldinga for 2020, handsama i FT i des-20, står m.a.:</p> <p>«SIVA har uttrykt ønskje om å selje sine aksjar i selskapet. Det har samanheng med at SIVA har fått pålegg frå Nærings- og fiskeridepartementet om å selje seg ut frå investeringsselskap der det let seg gjere ...</p> <p>Samanlikna med andre næringsselskap i eigarskapsportefølja til fylkeskommunen, har selskapet i dag eit relativt lokalt verkeområde. Samstundes er det slik at det finst andre aktuelle aktørar for næringsutvikling og denne typen tenesteyting i området, t.d. Gulen og Masfjorden næringshage AS. Ser ein dette i samanheng med at selskapet har god økonomi og at fylkeskommunen ikkje har noko avgjerande rolle som eigar, er det ikkje presserande at fylkeskommunen er med vidare ...</p> <p>Eit alternativ til å selje seg ut, er at fylkeskommunen, saman med dei andre eigarane, drøftar moglegheitene for å slå selskapet saman med andre liknande selskap i området. SIVA er, til liks med fylkeskommunen, engasjert i andre utviklingsselskap i nærområdet, t.d. Industriutvikling Vest AS i Knarvik, og kan derfor vere interessert i å vurdere samanslåing.»</p> <p>Desse forholda er ikkje drøfta eller vurderte i selskapet si årsmelding for 2020.</p> <p>I tilknyting til generalforsamlinga i 2021 (31.05.2021) vart det også halde eit eigarmøte. I referatet frå dette møtet står det m.a.:</p> <p>«Vestland fk vurderer å selje seg ut av verksemda. Som eit alternativ oppmodar fk i eigarskapsmelding for 2020 GMU om å greie ut mogelegheitene for samanslåing med andre aktuelle aktørar for næringsutvikling og til-</p>

	<p><i>høyrande tenester i området. Sett frå fylket si side er GMU, med eit relativt lokalt arbeidsområde, for lite til at fylket vurderer det som føremålstenleg å vidareføre eigarposten, men det kan vere relevant å vidareføre eigarskap der GMU går inn som ein del av ei større eining. SIVA har i tidlegare eigarmøte uttrykt målsetjing om å avhende eigarposten i GMU. I fortsetjinga av dette har fk vore i dialog med SIVA om ei felles tilhærrming kring eigarskapen i GMU, og om det kan vere aktuelt å sjå på ei samanslåing mellom SIVA sine innovasjonsselskap i regionen og GMU ...</i></p> <p><i>Frå kommunane si side blir det peika på ein region med stor aktivitet der ein ser behov for GMU som bindeledd mellom aktørane (offentleg/privat) og som kan rettleie mindre etableringar i kjølvatnet av dei store. Det kan gjerne vere eit tettare samarbeid mellom aktørane, men det er eit sterkt ynskje om at selskapet skal bestå som eit sjølvstendig og uavhengig selskap. GMU er i gang med ein strategiprosess der utgreiing rundt eigarskap er ein del av prosessen. Det er venta at utgreiing knytt til eigarskap vil vere ferdig medio september. Det var ingen merknader til dette frå dei andre eigarane.»</i></p> <p>Vestland fylkeskommune mottok 17.09.21 eit notat frå selskapet, jf. ovannemnde strategiprosess. Oppsummeringa viser at lokalt næringsliv ønskjer at GMU AS skal halde fram som eit sjølvstendig selskap, nøytralt i høve bransjar og miljø, og som eit bindeledd mellom næringslivet og det offentlege. Det vert uttrykt at ei samanslåing med t.d. Industriutvikling Vest AS vil ha liten forretningsmessig verdi m.o.t. arbeidsoppgåver, inntektpotensiale og geografisk lokalisering. Dei kommunale eigarane uttrykkjer – gjennom notatet – at dei ikkje har økonomiske rammer til å overta eigarposten til Vestland fk, ev. også SIVA, og at ei avhending av eigarskapen vil føre til ei nedlegging av selskapet.</p> <p>SIVA og Vestland fylkeskommune eig til saman 56,9 % av aksjane i selskapet, og er derfor ikkje i rettsleg posisjon til å tvinge gjennom ei samanslåing med andre selskap.</p> <p>Som lekk i arbeidet med denne meldinga hadde administrasjonen i Vestland fk 27.09.2021 eit møte med SIVA. SIVA gjentok her at dei har fått i oppdrag av departementet å gå ut av denne type selskap.</p> <p>Vestland fk bør, med utgangspunkt i at selskapet berre yter tenester i to kommunar i fylket, vurdere eigen eigarpost. Dette treng ikkje bety at selskapet blir avvikla dersom kommunane ser seg tente med framleis å bruke GMU AS som næringsapparat.</p> <p>GMU AS har i dag stor eigenkapital. Ei ev. avvikling av eigarskapen frå SIVA og Vestland fk si side kan t.d. søkast gjennomført ved at desse eigarane får tilbake innskota sine (aksjekapitalen). Dei to eigarane som vert igjen vil då kunne bestemme seg for å halde fram, med overføring av driftstilskot frå kommunane til selskapet på same måte som i dag.</p>
Tilråding	Starte ein prosess for avvikling av eigarskapen i selskapet.

Innovasjon Norge

Føremål	<p>Selskapet er eit særlovselskap, der styret har eit sjølvstendig ansvar for verksemda og selskapet sine resultat.</p> <p>Selskapet sitt føremål er å vere staten og fylkeskommunane sitt verkemiddel for å realisere verdiskapande næringsutvikling i heile landet, og bidra til å utvikle ulike distrikt og regionar sine næringsmessige moglegheiter gjennom å bidra til innovasjon, internasjonalisering og profilering. Innovasjon Norge skal samarbeide med Sametinget om næringsutvikling i samiske område.</p> <p>Hovudmålet er at selskapet skal utløyse bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønsam utvikling og dei næringsmessige moglegheitene til dei ulike regionane. Selskapet skal utarbeide dokumentasjon om verksemda si evne til å oppfylle føremålet.</p>
Etablert	19.12.2003.
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Den totale innskotskapitalen i selskapet er 19,6 mill. kr. Staten sin innskotskapital er 10 mill. kr.</p> <p>Selskapet er eigd av staten med 51 % og av fylkeskommunane med ein eigardel på til saman 49 %.</p> <p>Fylkeskommunane sin innskotskapital skal vera til saman og likt fordelt 9 600 000 kr. Vestland fylkeskommune har ein eigarprosent på 5,16 % og ein innskoten kapital på 1 010 948 kr.²¹</p>
Forretningskontor	Oslo kommune.
Rettslege rammer	Lov om av 19.12.03 nr. 130 om Innovasjon Norge.
Rammer	<p>Vedtekten datert 19.12.03, sist revidert 19.06.17.</p> <p>Retningsliner for valkomiteen, sist revidert i 2019.</p> <p>Eigaravtalen inngått i 2010, justert i 2018.</p> <p>Eigarstrategi for felles eigarskap mellom NFD og fylkeskommunane (2018).</p> <p>Strategiplan 2020-2025.</p>
Samfunnsansvar og etikk	<p>I 2015 vedtok styret Innovasjon Norges Bærekraftstrategi (2016-2020). Denne set rammene for alt arbeid i Innovasjon Norge og bygger på FNs berekraftsmål, prinsippa til FNs Global Compact, OECDs retningslinjer for fleirnasjonale selskap og FNs rettleiande prinsipp for næringsliv og menneskerettar.</p> <p>Selskapet sine krav til kundar og samarbeidspartnarar er omtalt i dokumentet: «Policy for god forretningskikk», og i selskapet sine standardvilkår for lån, tilskot og garantiar. Dokumentet baserer seg på dei same retningslinene og prinsippa som berekraftstrategien. Selskapet har også ei eiga finansieringshandbok for selskapets kunde- og finansieringsrådgjevarar, som m.a. rettleiar om korleis ein kan sikre at berekraft og ansvarleg næringsliv vert rett vurdert.</p> <p>Innovasjon Norges forventningar og krav til eigne tilsette, tillitsvalde og konsulentar er skildra i selskapets etiske retningslinjer og</p>

²¹ Dersom kvar fylkeskommune skal ha like stor innskotskapital (og eigardel) etter gjennomføringa av regionreforma, må selskapet gjere endringar. Selskapet har førebels ikkje gjeve fylkeskommunen noko melding om at det kjem slike endringar.

	antikorruptsjonspolicy. Dei etiske retningslinene inneholder også eit eige kapittel om forretningsetikk. Selskapet har vedteke leiarlønserklæring.						
Føretaksmøte	Det vart gjennomført føretaksmøte for selskapet 11.05.21 (digital gjennomføring). Tor André Ljosland representerte Vestland fylkeskommune, med fullmakt, og kom m.a. med innspel til valkomiteen om at styret framleis har skeiv aldersbalanse.						
Valkomité	Ingelise Arntsen (leiar), Gunn-Marit Helgesen og Cathrine Meland.						
Val av styre	<p>Selskapet skal ha eit styre på minst ni medlemer. Ved handsaming av administrative saker vert styret supplert med ytterlegare to styremedlemer eller varamedlemer som vert vald av og blant dei tilsette. Medlemane vert valde for to år, og det er høve til å forlenge funksjonstida.</p> <p>Val vert førebudde av ein valkomité.</p> <p>Aksjelova sine føresegner om representasjon av begge kjønn i styre skal følgjast.</p>						
Styresamansettning	<u>Styremedlemer til 2022:</u> Gunnar Bovim (leiar) Jørund Ødegård Lunde (nestleiar) Merethe Nygaard Kristiansen Jan Løkling Arvid Andenæs Helene Falck Fladmark Kristin Misund Kristine Falkgård (ny) Heine Østby (ny) Karin Ammerud Sørensen (tilsettvald) Håkon Øveland Nyhus (tilsettvald)	<u>Varamedlemer:</u> Marianne Tonning Kinnari (tilsette) Gunhild Braaten Stenersen (tilsette) Tim-Christoph Genge (tilsette)					
Styregodtgjersle frå og med føretaksmøtet og løn til dagleg leiar	Styreleiar: 336 969 kr per år. Nestleiar: 201 757 kr per år. Styremedlemer: 167 949 kr per år. Tilsettevalde styremedlemer: 108 294 kr per år. Tilsettevalde varamedlemer: 5 453 kr per møte. Medlemer av valkomitéen: 4 144 kr per møte. Administrerande direktør hadde løn på 2,19 mill. kr i 2020. Anna godtgjersle 11 000 kroner.						
Fylkeskommunalt lån	Nei.						
Revisor	Deloitte AS.						
Adresse	Postboks 448 Sentrum, 0104 Oslo.						
Telefon/faks	22 00 25 00.						
E-post	post@innovasjonnor.no						
Nettstad	www.innovasjonnor.no						
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:							
(1000 kr)	2018	2019	2020				

Sum driftsinntekter	1 279 455	1 297 252	1 195 261
Driftsresultat	-179 057	-253 032	-213 859
Resultat etter skatt	207 742	139 628	122 135
Totalkapitalrentabilitet	2 %	2 %	1 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	2 %	1 %	1 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	65 %	63 %	26 %
Eigenkapitalprosent	15 %	15 %	6 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Driftsinntektene i 2020 er på om lag 1,2 mrd. kr som er ein nedgang frå 2019. Rekneskapen syner eit overskot på om lag 122 mill. kr.</p> <p>Av overskotet vart om lag 17,5 mill. kr overført til fylkeskommunane, av desse fekk Vestland fylkeskommune om lag 2,1 mill. kr.</p> <p>Lønsemid og sjølvfinansiering ligg stabilt. Arbeidskapitalen er blitt redusert som følgje av at kortsiktig gjeld har hatt ein større auke enn omløpsmidlane, men er framleis svært bra.</p>		
Viktige hendingar	<p>Innovasjon Norge har i 2020 hatt rolle som beredskapsorganisasjon for styresmaktene, ved å sørge for at den langsigte omstillingsevna til næringslivet ikkje stoppar opp, m.a. ved hjelp av doble låne- og tilskotsrammer. Innovasjon Norge har hatt særskilt fokus på prosjekt som skal bidra til å løyse klimakrisa. Pandemien har også bidrige til auka digitalisering, og for første gong er IKT den største sektoren i Innovasjon Norge si portefølje. I 2020 har selskapet også jobba for å styrke samarbeidet med andre offentlege aktørar, m.a. fylkeskommunane, næringsklynger og fleire norske universitet.</p> <p>Saman med låneordningane, bidrog Innovasjon Norge i 2020 med 13,3 milliardar kroner til næringslivet. Dette omfatta lån, tilskot, garantiar, rådgjeving, profilering og nettverk gjennom Innovasjon Norges ulike tenester. Midlar bevilga fra Innovasjon Norge førte til investeringer i næringslivet på til sammen 32,8 milliarder kroner. Ei krone frå Innovasjon Norge i form av kapital eller rådgjeving vert møtt med 1,5 kroner i eigenfinansiering eller finansiering frå andre finansieringskjelder til utviklingsprosjekt og investeringar.</p> <p>I ledd med selskapet sin strategi for eksport- og internasjonaliseringsoppdraget, har dei gjennomført ei større omorganisering av selskapet sine kontor i utlandet. Selskapet har også, i 2020, etablert den nye eininga «Mennesker og Teknologi».</p>		
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Selskapet har utarbeidd strategiplan for perioden 2020-2025. Saman med ei enklare organisering gjennom tre kunderetta divisjonar, skal selskapet vera betre rusta til å møte nye og endra behov i samfunnet.</p> <p>Regjeringa har nyleg gjennomført ein heilskapleg gjennomgang av det næringsretta verkemiddelapparatet, og har peika på behov for endring og forenkling. I revidert nasjonalbudsjett for 2021 føresler regjeringa å overføre inkubatorprogrammet, næringshageprogrammet og Norsk katapult frå SIVA (Selskapet for industriekst) til Innovasjon Norge. Innovasjon Norge</p>		

	<p>ønskjer, så snart som mogleg, å samlokalisere dei av SIVA sine tilsette, som no vert ein del av Innovasjon Norge, med Innovasjon Norge sitt regionkontor i Trøndelag. Innovasjon Norge er også innstilt på å legge forvaltning av andre samhandlingsprogram, og kanskje utviklingsoppgåver, til Trondheim. I tillegg går det fram av revidert nasjonalbudsjett at Innovasjon Norge skal få rolla som førsteline for det samla verkemiddelapparatet. Det er også varsle eit forslag om å flytte støtteordninga for studententreprenørskap frå Forskningsrådet til Innovasjon Norge.</p> <p>Selskapet har også merka seg at det går i retning av å sjå nasjonale og europeiske verkemiddel meir i samanheng, m.a. gjennom styrka satsing på EU-program og eit forsterka samarbeid med Norges Forskningsråd.</p> <p>Innovasjon Norge vil i 2021 vurdere framtidig kostnadseffektivitet i lys av regjeringa sin heilskaplege gjennomgang av det næringsretta verkemiddelapparatet.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	
Mål med eigarskapen	Innovasjon Norge er ein viktig reiskap i næringsutviklinga i Noreg og på Vestlandet.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg	Eigarskapen er lovpålagt.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

Kunnskapsparken Vestland AS

Føremål	<p>Selskapet skal</p> <ul style="list-style-type: none"> • medverke til auka verdiskaping og nyestablering innanfor kunnskapsintensive verksemder lokalt og regionalt, og å få nasjonalt kunnskapsbaserte arbeidsplassar til fylket • vere ein pådrivar overfor næringslivet og forskings- og høgskulemiljøet i fylket og på den måten stimulere til kommersialisering av FoU-resultat og forretningsidear med stort potensiale • gjennom det nasjonale SIVA-nettverket for innovasjon og nyskaping fungere som eit nav med næringshagane i det lokale nettverket, for å oppnå meirverdi av den etablerte kunnskapen i fylket • ha ein desentralisert oppbygnad, og gjennom formidling av idear og kompetanse initiere og medverke til nyskaping og omstilling i næringslivet i fylket • kunne eige aksjar i andre selskap og gå inn med kapital i nyetablerte verksemder og verksemder som er i ein utviklingsfase, og skal gjennom slike investeringar og forløpende prosjektoppdrag, også oppnå lønsemd for selskapet. Selskapet skal ha ein innløysingsavtale for aksjeinvesteringane.
Etablert	06.07.2001
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Aksjekapitalen er på 6 550 000 kr fordelt på 6 550 aksjar à 1000 kr.</p> <p>Vestland fylkeskommune eig 38,17 % av aksjane og aksjeposten sin pålydande verdi er 2 500 000 kr.</p> <p>Andre eigarar er Fjord Invest Såkorn AS (35,9 %), SIVA, Sogndal kommune, Stryn Næringshage, Helse Førde og Sparebanken Sogn og Fjordane.</p>
Forretningskontor	Sogndal kommune
Regelverk	Aksjelova
Styringsgrunnlag	Vedtekter, sist endra 17.06.20 Strategiplan 2013-2015, sist oppdatert 07.05.13
Samfunnsansvar og etikk	Verdigrunnlaget for selskapet er omtala i strategiplanen.
Generalforsamling	<p>Det vart gjennomført generalforsamling for selskapet 24.06.21.</p> <p>Karianne Torvanger representerte Vestland fylkeskommune i generalforsamlinga (med fullmakt og på video).</p>
Valkomite	Aud Ingrid Espeland (2020-2022, leiar), Arnstein Menes (2020-2022) og Frank Willy Djuvik (2021-2023).
Val av styre	<p>Styret skal vere sett saman av fem til sju medlemer.</p> <p>Selskapet har valkomité. Komiteen skal i tillegg til innstilling av styre, også ta stilling til honoraret til styret.</p>
Styresamsetning	<u>Styremedlemer:</u> Vidar Grønnevik 2021-2023 (leiar til 2022) Hjørdis Vik 2021-2023 Gro Anita Fonnes Flaten 2021-2023

	Trine Lerum Hjellhaug 2021-2023 Terje Laberg 2020-2022 Jan Henrik Nygård 2020-2022 Ragnar Waalen 2020-2022		
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	Styreleiar: 35 000 kr per år, pluss 4 000 kr per møte. Styremedlemer: 10 000 kr per år, pluss 4 000 kr per møte. Digitale møte vert godtgjort med 3000 per møte. Korte telefonmøte med 1500 per møte. Samla styregodtgjersle for 2020 er 127 500 kr. Dagleg leiar si løn i 2020: 976 628 kr; anna godtgjersle: 10 944 kr; pensjonskostnader: 68 500 kr. Til saman: 1 056 072 kr.		
Fylkeskommunalt lån	Nei		
Revisor	Deloitte AS		
Adresse	Fosshaugane Campus, Trolladalen 30, 6856 Sogndal.		
Telefon/faks	95 20 65 74		
E-post	kjetil@kpsf.no		
Nettstad	www.kpsf.no		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	7 164	7 858	6 944
Driftsresultat	- 982	8	- 312
Resultat etter skatt	- 983	70	- 292
Totalkapitalrentabilitet	-10 %	1 %	- 3 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	82 %	76 %	76 %
Eigenkapitalprosent:	85 %	88 %	79 %
Økonomisk utvikling i tekst	Selskapet har eit underskot på 291 711 kr i 2020. Av driftsinntekta er om lag 4,2 mill. kr tilskot frå SIVA og Vestland fylkeskommune. I inkubatortilskot fekk selskapet 1,1 mill. kr frå Vestland fylkeskommune i 2020. Sidan selskapet har gått med underskot i 2020, er totalkapitalrentabiliteten svak, og eigenkapitalprosenteren har gått noko ned. Arbeidskapitalen ligg på same nivå som fjoråret, og selskapet har god likviditet.		
Viktige hendingar	Kunnskapsparken Vestland er ein av fem inkubatorar i Vestland fylke. Inkubatorverksemder er ein viktig del av SIVA sin innovasjonsstruktur, og i		

	<p>inkubatorane kan gründerar og etablerte bedrifter få rådgjeving innan forretningsutvikling og kommersialisering.</p> <p>Ei inkubator-samanlikning gjennomført av SIVA, syner at selskapet leverer betre enn landsgjennomsnittet på åtte av ni område. Dette har gitt selskapet ei høgare plassering i tilskotsmodellen til SIVA, og selskapet går frå 3 til 4 mill. kr i årleg tilskot.</p> <p>Med ekstra midlar frå Vestland fylkeskommune og SIVA, har selskapet i 2020 bistått bedrifter og næringsapparat med utfordringar knytt til pandemien. Selskapet har inngått samarbeidsavtale med VLFK for 2021-2022, og vil få 1 mill. kr i tilskot per år.</p> <p>Stryn Næringshage, Inviro, Sognefjorden Næringshage og Kunnskapsparken Vestland har gått saman i ein felles partnarskap for utvikling av eit regionalt næringshage- og inkubatortilbod. Kunnskapsparken deltek også aktivt i Inunet - eit innovasjonsnettverk som består av SIVA-inkubatorar og SIVA-næringshagar i nye Vestland fylkeskommune, Innovasjon Norge og fylkeskommunen. VIS er prosjektleiar for nettverket.</p>
Viktige planar for dei komande åra	<p>På bakgrunn av ei gjennomført kartlegging, saman med Connect Vest og Aksello, set selskapet i gang eit arbeid med å formalisere nettverket «forretningsenglar (BAN)» i regionen Sogn og Fjordane.</p> <p>Kunnskapsparken Vestland AS har eit uforløyst potensiale knytt til «spin-offs» og knoppskyting i etablert næringsliv, og det er no etablert ei felles stilling for dette, lokalisert i Førde.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	
Mål med eigarskapen	<p>Føremålet med eigarskapen er næringsutvikling. Eigarskapen i Kunnskapsparken må sjåast i samanheng med eigarskapen i Fjord Invest Såkorn AS. Desse selskapa utgjer samla ein viktig reiskap for fylkeskommunen som samfunnsutviklar.</p>
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøylen	<p>Eigarskap i Kunnskapsparken Vestland AS er i tråd med fylkeskommunen sin eigarskapspolitikk, ved at eigarskapen oppfyller føremålet om næringsutvikling ved å delta i selskap som arbeider med fellestiltak for å utvikle næringslivet i fylket.</p> <p>Kunnskapsparken Vestland AS er ein viktig samarbeidspartner for å nå strategiske mål for næringsutvikling i Vestland. Eigarskapen vil derfor også oppfylle føremålet om næringsutvikling ved å delta i selskap der vi opptrer som regional utviklingsaktør og tilfører og/eller får kompetanse.</p> <p>Fylkeskommunen har stor eigardel i selskapet, og har i tillegg indirekte eigarskap i selskapet gjennom Fjord Invest Såkorn AS, der fylkeskommunen er majoritetseigar.</p>
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

Lutelandet Utvikling AS

Føremål	Selskapet sitt føremål er å arbeide for utnytting av Lutelandet til næringsføremål, og å arbeide for næringsutvikling i regionen rundt Lutelandet.
Etablert	26.05.2005.
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Eigarprosent: 48. Aksjane sin pålydande verdi: 768 000.</p> <p>Andre eigarar er Fjaler kommune (34 %), Askvoll kommune (6 %), Hyllestad kommune (6 %) og Solund kommune (6 %).</p> <p>Selskapet sin aksjekapital er kr 1 600 000,- fordelt på 1 600 aksjar à kr 1 000,-.</p> <p>Etter § 11 i vedtekten er det avgrensingar knytt til omsetning av aksjane.</p>
Forretningskontor	Fjaler kommune.
Regelverk	Aksjelova.
Styringsgrunnlag	Vedtekten av 04.11.2010.
Samfunnsansvar og etikk	Selskapet har vedteke etiske retningslinjer.
Generalforsamling	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 04.05.21 (digitalt). Natalia Antonia Golis representerte fylkeskommunen.
Val av styre	Styret skal ha tre til fem medlemer og inntil to varamedlemer. Fylkeskommunen peikar ut minst ein medlem. Selskapet har valkomité.
Styre- og valnemndssamansetning	<p>Etter generalforsamlinga i 2021 er styret sett saman slik:</p> <p>Styremedlemer: Arve Helle (2020-2022, styreleiar, Fjaler kommune) Sigrid Brattabø Handegard (2020-2022, VLFK) Terje Sletten-Hansen (2020-2022, VLFK) Geir Opseth (2021-2023, Fjaler kommune) Ingunn Sognnes (2021-2023, dei andre eigarkommunane)</p> <p>Varamedlem: Audun Erik Sunde (2021-2022, VLFK)</p> <p>Valnemnd (etter attval på GF i 2021): Ole Andrè Klausen (leiar, Askvoll kommune) Bente Nesse (Fjaler kommune) Trude Brosvik (VLFK)</p>
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>På generalforsamlinga i 2021 vart satsane for styregodtgjersle fastsett slik:</p> <p>Styreleiar: 60 000 kr (uendra).</p> <p>Andre styremedlemmar: 2500 kr per møte.</p> <p>Selskapet har i 2020 sysselsett 0,2 årsverk. Arve Helle fungerer både som styreleiar og dagleg leiar.</p>
Fylkeskommunalt lån/garanti	Nei.

Revisor	Deloitte AS.		
Adresse	v/Accountor HAFS, Postboks 13, 6961 Dale i Sunnfjord		
Telefon	57 73 63 22		
E-post	arve@lutelandet.no		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	222	399	323
Driftsresultat	-904	-78	-108
Resultat etter skatt	1 388	1 469	-124
Totalkapitalrentabilitet	4 %	4 %	0 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	90 %	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	412 %	209 %	220 %
Eigenkapitalprosent:	91 %	98 %	100 (99,8) %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Drifta av Lutelandet Utvikling AS er hovudsakleg finansiert gjennom leigeinntekter frå det heileigde datterselskapet Lutelandet Eigedom AS, som vart skipa i 2008. Lutelandet Utvikling AS leverer eit negativt årsresultat på 123 788 kr. Overskotet i 2019 skuldast eit utbytte på 1,5 mill. kr frå eigарposten i Lutelandet Eigedom AS.</p> <p>Den sterke eigenkapitalen i selskapet kjem i hovudsak frå verdien på aksjane i Lutelandet Eigedom AS som er bokført til om lag 34,8 mill. kr.</p>		
Viktige hendingar	<p>Lutelandet Utvikling AS forvaltar og eig Lutelandet Eigedom AS. Eigedomsselskapet eig industriarealet Lutelandet, og dette er delvis utleigd, delvis festa bort til LLOF Site & Dry Dock AS (datterselskap av Lutelandet Offshore AS).</p> <p>NVE har gjeve konsesjon til vindkraftanlegget på Lutelandet. Det føreligg konsesjon til ein vindpark, eit testsenter og ei kraftline. Lutelandet Eigedom har overført retten til å drive anlegget til Lutelandet Energipark AS.</p>		
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	Arbeidet med vindpark, trafostasjon og kraftline er godt i gang, og anlegget vert sett i drift mot slutten av 2021.		
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	<p>FT-PS 138/2020: Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2020 Vedtak ...</p> <p>2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen starte ein prosess for avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap i Lutelandet Utvikling AS og HFK Tomt Knarvik AS. ...</p> <p>FU-PS 190/2021 Avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap i Lutelandet utvikling AS - vurdering av kjøpstilbod frå dei andre eigarkommunane</p>		

	Vedtak 1. Vestland fylkeskommune tek imot tilbodet frå dei andre eigarkommunane om å kjøpe fylkeskommunen sine 768 aksjar i Lutelandet Utvikling AS til pålydande verdi (1000 kr per aksje). 2. Aksjane vert fordelt slik på kommunane: Fjaler kommune kjøper 320 aksjar, Askvoll kommune kjøper 180 aksjar, Hyllestad kommune kjøper 180 aksjar og Solund kommune kjøper 88 aksjar. 3. Salsutbytet, til saman 768 000 kr minus eventuelle omsetningskostnader, skal setjast av til ubundne fond, jf. reglementet for fylkesutvalet punkt 2.1.1.
Mål med eigarskapen	Næringsutvikling ved å delta i selskap der vi opptrer som regional utviklingsaktør og tilfører og/eller får kompetanse.
Er vidareføring av fylkeskommunal eigarskap føremålstøylenleg	Fylkestinget bad i 2020 fylkessdirektøren starte ein prosess for avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap i Lutelandet Utvikling AS, jf. over. Kort oppsummert er grunngjevinga for avvikling at selskapet ikkje har utvikla seg i tråd med intensjonen på skipingstidspunktet. Ei vidare-utvikling av selskapet vil mest truleg krevje eit nytt og større engasjement frå fylkeskommunen si side. Det finst andre eigarar som sannsynlegvis er betre eigna til å utvikle selskapet vidare. Grunngjevinga går i sin heilskap fram av Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2020, s. 70-71. I eigarmøte i vår var fylkeskommunen i kontakt med dei andre eigarane om moglege alternativ for avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap. Den 21.09.21, i FU-PS 190/2021, takka fylkeskommunen ja til eit tilbod frå dei andre eigarane om å kjøpe fylkeskommunen sine aksjar i selskapet til pålydande verdi. Vedtaket er attgjeve over.
Status	Eigarskapen er under avvikling.

Njøs Frukt - og bærcenter AS

Føremål	Selskapet sitt føremål er å vere nasjonalt foredlingscenter for norske frukt- og bærsortar. Selskapet skal kunna investere i andre selskap i same bransje, og kan bidra i regionale og nasjonale utviklingsprosessar.
Etablert	29.08.2007.
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	Selskapet sin aksjekapital er på 450 000 kr fordelt på 45 aksjar á 10 000 kr. Vestland fylkeskommune eig 22,2 % av aksjane og aksjeposten sin pålydande verdi er 100 000 kr. Andre eigarar er Graminor AS, Gartnerhallen SA, Lerum AS, Innvik Fruktlager, Sogn frukt og grønt SA, Vangsnes Grønt SA, Luster Grønt AS, Sognabær AS og Gloppen Produsentlag SA.
Forretningskontor	Sogndal kommune.
Regelverk	Aksjelova.
Styringsgrunnlag	Vedtekten av 26.11.2019.
Samfunnsansvar og etikk	Njøs frukt- og bærcenter ønskjer gjennom sin regionale aktivitet å bidra til ei omstilling i frukt- og bærsektoren gjennom Programstyret for frukt og grønt, som er eit samarbeid mellom næring, det offentlege og FoU-miljø. Senteret ynskjer å bidra gjennom å tilby nye sortar og arter av frukt og bær, og gjennom klyngesamarbeid arbeide for å fremje ei berekraftig utvikling av sektoren. Selskapet vil gjennom samarbeid med senter for berekraftig klimatilpassing i Sogndal utvikle prosjekt på landbruket sitt område, som vil bidra til å nå Vestland fylkeskommune sitt berekraftsmål om nullutslepp av klimagassar innan 2030.
Generalforsamling	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 13.04.21. Natalia Antonia Golis representerte fylkeskommunen.
Valnemnd	Knut Rune Bøe (2020-2022, leiar) og Stig Ove Ølmheim (2021-2023).
Val av styre	Styret består av tre til seks medlemer. Generalforsamlinga vel styreleiar for eitt år om gongen.
Styresamansettning	<u>Styremedlemer:</u> Randi Smelien (2021-2023, leiar 2021-2022) Jens Terje Hammervoll (2020-2022) Eyvind Reme (2020-2022) Jan Audun Larsen (2021-2023) Ellen-Margrethe Hovland (2021-2023) Selskapet reduserte mellombels frå seks til fem styremedlemer på generalforsamlinga i april, i påvente av at Vestland fylkeskommune nominerer ein kandidat. Vestland fylkeskommune nominerte 17.06.21 Trude Risnes som styremedlem.
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	Styreleiar: 10 000 kr per år. Styremedlem: 5 000 kr per år. Møtegodtgjersle for alle: 1 700 kr per styremøte. Telefonmøte: 500 kr per møte.

	Reiser skal refunderast etter staten sitt regulativ. Samla styregodtgjersle for 2020: 56 800 kr.
	Løn til dagleg leiar i 2020: 511 819 kr, 10 236 kr i pensjonsytingar og 12 451 kr i anna godtgjersle. Til saman 534 506 kr.
Fylkeskommunalt lån	Nei.
Revisor	Deloitte AS.
Adresse	Njøsavegen 5, 6863 Leikanger.
Telefon/faks	957 34 576.
E-post	post@njos.no
Nettstad	www.njos.no/

Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:

(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	6 025	6 454	16 222
Driftsresultat	93	257	-147
Resultat etter skatt	74	227	-101
Totalkapitalrentabilitet	3 %	4 %	- 1 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	29 %	18 %	6 %
Eigenkapitalprosent:	54 %	22 %	42 %

Økonomisk utvikling i tekst	Både driftsinntektene og driftskostnadene har auka. Rekneskapen syner eit underskot på 100 504 kr. Selskapet har frå 2020 fått auka faste oppgåver frå Graminor, men dette har og ført til ein del ekstra kostnader. Lønskostnadene har gått opp, selskapet hadde 8 årsverk i 2019 og i 2020 er det 9 tilsette. Selskapet har tilsett personale som tek hand om økonomi og personale etter at selskapet sa opp avtalen om kjøp av rekneskapstenester frå ADCOM Fjorddata frå 31.12.2020. Eigenkapitalprosenten har auka som følgje av at selskapet har redusert den kortsiktige gjelda si i 2020. Totalkapitalrentabiliteten er svak grunna selskapet sitt resultat, og arbeidskapital i % av driftsinntekter er gått ned på eit middels nivå.
------------------------------------	---

Viktige hendingar	Selskapet sitt føremål og selskapet si organisering vart endra i 2019. Njøs frukt- og bærcenter AS (tidlegare Njøs næringsutvikling AS) skal m.a. utføre frukt- og bærforedling på oppdrag frå Graminor innanfor sortane eple, plomme, jordbær og bringebær. Senteret har fått ei tydeleg nasjonal oppgåve ved å bidra til at næringa får konkurransedyktige sortar. Selskapet har frå 2020 fått fleire faste oppgåver frå Graminor, noko som reduserer den økonomiske risikoene med drifta.
--------------------------	--

	<p>Landbrukseigedomen på Njøs er eigmeldt til Njøs frukt- og bærcenter, Njøs Egedom AS (også etablert i 2019). Føremålet til Njøs eigedom AS er «å utvikla landbrukseigedomen på Njøs til ein tenleg forskingsinfrastruktur til planteforedling i frukt- og bær og tilhøyrande aktivitetar som støttar opp under forsking, utvikling, innovasjon i frukt og bær. Selskapet skal tilby infrastruktur på like vilkår til Njøs frukt- og bærcenter AS og andre selskap som ønskjer å etablere seg på eigedomen».</p> <p>Njøs Egedom AS får tilskot på til saman seks millionar kr frå fylkeskommunen til prosjektet Infrastruktur ved Njøs eigedom AS, som skal gje grunnlag for drift av Norsk frukt- og bærcenter. Eigedomen vart kjøpt i 2020 og infrastrukturprosjektet starta opp i 2021.</p> <p>Selskap som er etablerte på Njøs frå 2019 i tillegg til Njøs frukt- og bærcenter, er Graminor, Norsk Landbruksrådgiving Vest AS, Njøs eigedom AS og Fieldwork Robotics Norway NUF.</p> <p>Aksjonærane Sognefrukt SA og Lærdal grønt SA har fusjonert til Sogn frukt og grønt SA, og det fusjonerte selskapet har no 8,8 prosent av aksjane i Njøs frukt- og bærcenter.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Den nemnde omorganiseringa skal gje stasjonen eit stort løft som vil koma regionen til nytte og vera viktig for norsk frukt- og bærproduksjon. Den inneber ei stor satsing på frukt og bær basert på norske sortar og plantemateriale, samstundes som det er ei satsing på Vestland sin nasjonale posisjon innan utvikling og innovasjon i frukt og bær. Fruk og bær er ifølgje selskapet eit område i vekst, der alle trendar og planar er samstemte om at forbruket skal auke med bakgrunn i folkehelsa.</p> <p>Njøs frukt- og bærcenter AS og Vestland fylkeskommune har inngått samarbeidsavtale for perioden 2021-2022, om å styrke det regionale næringsutviklingsarbeidet knytt til sortsutvikling og innovasjonsarbeid i frukt- og bærnæringa. Fylkeskommunen skal yte eit bidrag på 700 000 kr per år i driftsstøtte.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	
Mål med eigarskapen	<p>Næringsutvikling: Føremålet har sidan opprettinga vore å sikre vidareføring av det viktige FoU-miljøet på Njøs, og sikre langsiktig satsing på kompetansebygging for å bidra til vekst/lønsemd i frukt- og bærnæringa i fylket.</p>
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg	<p>Selskapet har vore gjennom ei omorganisering i 2019, og dette skal gje forskingsstasjonen eit stort løft som både vil koma regionen til nytte, og vera viktig for norsk frukt- og bærproduksjon. Omorganiseringa inneber ei stor satsing på frukt og bær basert på norske sortar og plantemateriale, samstundes som det er ei satsing på Vestland sin nasjonale posisjon innan utvikling og innovasjon i frukt og bær.</p> <p>Lokalt engasjement har lege til grunn som ein føresetnad for staten si satsing på Njøs frukt- og bærcenter som nasjonalt foredlingssenter. På grunn av omorganiseringa er det føremålstenleg å vidareføre eigarskapen inntil vidare.</p>
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

Sarsia Development AS

Føremål	<p>Sarsia Development AS vart etablert for å sikre kommersialisering av tilleggsidear frå Universitetet i Bergen. Selskapa og fonda m.m. i Sarsia Development si investeringsportefølje stammar altså frå forskingsmiljøet ved Universitetet i Bergen.</p> <p>Selskapet sitt føremål er å auke verdien av investeringsporteføljen ved aktivt eigarskap.</p>
Etablert	Sarsia Development vart etablert i 2009.
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Aksjekapitalen i selskapet er kr 1 562 762. Det er 1 562 762 aksjar i selskapet, pålydande aksjeverdi er kr 1.</p> <p>Fylkeskommunen eig om lag 1,97% av selskapet og aksjar for til saman 30 752 kr (pålydande).</p> <p>Dei største eigarane er Stiftelsen Unifob (28 %), Meteva AS (20 %), L. Meltzers Høgskulefond (18,4%), Sparebanken Vest (10%), Nordea Liv Norge AS (7 %) og Hannibal Invest (6 %).</p>
Forretningskontor	C/o Sarsia Seed Management, Kokstad, Ytrebygdsvegen 215, 5258 Blomsterdalen
Regelverk	Aksjelova
Styringsgrunnlag	Vedtektene (sist oppdatert 11. mai 2015)
Samfunnsansvar og etikk	
Generalforsamling	<p>Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 09.06.21 (telefonmøte, jf. asl. § 5-7). Tor André Ljosland representerte fylkeskommunen i møtet (med fullmakt).</p> <p>Det var også gjennomført ei ekstraordinær generalforsamling 27.11.20, for å gje styret fullmakt til å dele ut utbyte på eit anna tidspunkt enn ordinær generalforsamling. Fylkesordføraren gav styreleiar fullmakt til å stemme for fylkeskommunen på den ekstraordinære generalforsamlinga.</p>
Val av styre	
Styresamansetning	<p>Sveinung Hole (2021-2023, leiar) Egil Herman Sjursen (2021-2023) Marit A. Wick (2021-2023, ny)</p>
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>Generalforsamlinga har i 2021 vedteke å vidareføre gjeldande satsar: Styreleiar: 100 000 per år Styremedlem: 60 000 per år Styreleiar Sveinung Hole avstår framleis frå honorar.</p> <p>For 2020 er det utbetaut 60 000 kr i samla styregodtgjersle.</p> <p>Selskapet kjøper forvaltingstenester frå Sarsia Venture Management AS. Dagleg leiar, Hans Hekland, er tilsett i og eigar av Sarsia Venture Management AS. I 2020 betalte selskapet 250 000 kr i forvaltingshonorar (same som for 2019), og 1 638 730 kr i realisasjonshonorar. Samla utgifter til forvaltingstenester for 2020 er 1 888 730 kr.</p>

Fylkeskommunalt lån	Nei
Revisor	Deloitte AS
Adresse	Postboks 7150, 5020 Bergen
Telefon/faks	55 59 59 49
E-post	Hans.hekland@sarsia.com
Nettadresse	www.sarsia.com

Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:

(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	0	0	0
Driftsresultat	-692	-627	- 2 116
Resultat etter skatt	82	2 115	14 292
Totalkapitalrentabilitet	0 %	16 %	39 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-	-	-
Eigenkapitalprosent	100 %	84 %	77 %

Økonomisk utvikling i tekst	<p>Selskapet har ingen driftsinntekter og driftsresultatet er såleis eit resultat av driftsutgiftene. Utgiftene består i hovudsak av honorar for forvaltingstenester som er på om lag 1,9 mill. kr. Lånet til Sarsia Seed AS inkludert påløpte renter er blitt tilbakebetalt i 2020, og gir selskapet eit overskot på om lag 14,3 mill. kr. Overskotet og overføring frå overkurssfond skal dekke eit utbyte på om lag 18,8 mill. kr.</p> <p>Balanseført aksjeverdi for Sarsia Seed AS har gått opp, og auken er ført som finansinntekt i resultatet.</p> <p>Som følgje av finansinntektene har selskapet god totalkapitalrentabilitet i år og på grunn av det føreslegne utbyte, så går eigenkapitalprosenten ned, men er framleis tilfredsstillande.</p>
------------------------------------	--

Viktige hendingar	<p>Aksjepostane i investeringsfondet Sarsia Seed og i legemiddelutviklingsselskapet BerGenBio utgjer ein stor del av selskapet/fondet sine verdiar. Selskapet har vidare aksjepostar i Epsis AS, Novel Diagnostics AS og UniTargetingResearch AS.</p> <p>Ved utgangen av 2020 har Sarsia Development AS motteke ein samla realisasjonproveny frå Sarsia Seed på 38 796 454 kr (på tidspunktet for generalforsamlinga i 2021 har selskapet motteke ytterlegare 4 563 827 kr). Med desse utbetalingsane er Sarsia Development AS sin del av aksjonær lånet og A-aksjane tilbakebetalt (inkl. renter og avkasting).</p> <p>Selskapet har i 2020 betalt ut utbytte på 13,55 kr per aksje til aksjonærane, og har kjøpt tilbake og nedskrive 435 828 eigne aksjar.</p>
--------------------------	---

	<p>Fylkeskommunen har fått utbetalt 416 689,6 kr i utbytte. Selskapet sin aksjekapital er etter nedskrivinga 1 562 762 kr fordelt på 1 562 762 aksjar.</p> <p>På generalforsamlinga i 2021 fekk styret fullmakt til å gjennomføre oppkjøp av aksjar i selskapet i tråd med reglane aksjelova kap. ni. Fullmakta gjeld oppkjøp av inntil 10 % av selskapet sine utesstående aksjar med samla pålydande på 156 276 kr. Ifølgje fullmakta kan selskapet betale mellom 28 og 52 kr per aksje.</p> <p>På generalforsamlinga vart talet styremedlemer utvida frå to til tre, for at styret skal vere vedtaksdyktig trass i forfall hjå ein medlem.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Til grunn for drifta av Sarsia Development AS ligg ei målsetjing om at investeringane skal seljast etterkvart som dei lukkast i si kommersialisering. I tillegg har selskapet hatt ein endeleg sluttdato, 30.06.15. I 2015 var eigarane samde om at selskapet trengte meir tid, og at ei avvikling på nemnde tidspunkt ville medføre tap.</p> <p>Selskapet har etter det arbeidd etter ei målsetting om å avvikle selskapet så raskt som råd - på ein måte som i størst mogleg grad tek vare på aksjonærfellesskapets verdiar - og har ikkje gjort nye investeringar.</p> <p>Selskapet jobbar no fram mot ei styrt avvikling innan utgangen av 2022 (eit mål om avvikling per 31.12.21 er utsett), og selskapet vert drive etter ein nedskalert og kostnadseffektiv driftsmodell. Det er framleis utfordringar knytt til realisering av deler av investeringsporteføljen. Ved inngangen til 2022 vil Sarsia Seed aksjane kunne omsetjast fritt. Dette vil medføre at meir enn 90 % av Sarsia Development AS si portefølje vert omgjort til likvide midlar.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	<p><i>FU-PS 204/21 Utkjøpstilbod frå Sarsia Development AS i samband med at selskapet skal avviklast:</i></p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Vestland fylkeskommune tek imot utkjøpstilbodet frå Sarsia Development AS, og sel dei 30 752 aksjane for kr 1 014 816,-, dvs. kr 33 per aksje. 2. Salsutbytet skal setjast av til ubundne fond, jf. reglementet for fylkesutvalet punkt 2.1.1. <p>Selskapet sender eigarane kvartalsvis aksjonærinformasjon, og denne vert lagt fram for fylkesutvalet som referatsak fortløpande.</p>
Mål med eigarskapen	Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen er næringsutvikling; å leggje til rette for og støtte opp om innovasjon og gründerverksemd.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg	<p>Selskapet arbeider, i tråd med intensjonen ved skipinga av selskapet, etter ei målsetting om å avvikle selskapet i 2022 på ein måte som i størst mogleg grad tek vare på aksjonærfellesskapet sine verdiar.</p> <p>Vestland fylkeskommune, og dei andre eigarane med mindre enn fem prosent eigardel, har fått utkjøpstilbod frå selskapet.</p> <p>Den 20.10.21 vedtok fylkesutvalet å selje aksjane i selskapet. Sjå FU-PS 204/21, attgjeve over.</p>
Status	Fylkeskommunen har vedteke å ta imot selskapet sitt tilbod om å kjøpe fylkeskommunen sine aksjar.

Sogn og Fjordane Fondet AS

Føremål	Eigenkapitalinvestering i bedrifter i Sogn og Fjordane med hovedvekt på bedrifter under skiping og/eller i ein tidleg utviklingsfase. Selskapet skal stimulere til og styrke framvekst av idear frå forsking, næringsliv og gründerar gjennom tilførsel av tidlegfasekapital og kompetanse til oppstartsbedrifter i Sogn og Fjordane. Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillande avkastning for eigarane.
Etablert	09.01.2017
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Selskapet sin aksjekapital er på 240 000 kr fordelt på 240 aksjar à 1000 kr.</p> <p>Fylkeskommunen sin eigardel er 50 % av selskapet. Aksjeposten sin pålydande verdi er 120 000 kr.</p> <p>Andre eigarar er Sparebanken Sogn og Fjordane og Kunnskapsparken Vestland AS.</p>
Forretningskontor	Sogndal kommune
Regelverk	Aksjelova
Styringsdokument	Vedtekter og aksjonæravtale.
Samfunnsansvar og etikk	
Generalforsamling	Det var generalforsamling i selskapet den 24.06.21. Signe Rauboti representerte fylkeskommunen på generalforsamlinga (etter fullmakt).
Valkomite	<u>Medlemer:</u> Aud Ingrid Espeland (2020-2022, leiar) Frode Vasseth (2021-2023, ny) Frank Willy Djuvik (2021-2023)
Val av styre	<p>Styret består av tre til sju medlemer etter nærmere avgjerd i generalforsamlinga. Ifølgje aksjonæravtalen har dei tre aksjonærane rett til å peike ut kvar sin representant til styret i fondet.</p> <p>Generalforsamlinga vedtok i 2020 å sette i gang ein prosess for å få kjønnsbalanse i styret og oppretta i samband med det valkomité for selskapet.</p>
Styresamsetning	<u>Styremedlemer:</u> Vidar Grønnevik (2021-2023, leiar 2021-2022) Jan Heggheim (2020-2022) Ingri Martine Fonn Macsik (2021-2023, ny) Thomas Berge (2020-2022)
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>Møtegodtgjersle per møte: 4 000 kr for fysiske møte, 3000 kr for digitale møte og 1500 kr for korte telefonmøte. For 2020 er samla utbetalt styregodtgjersle 31 500 kr.</p> <p>Fondet vert forvalta av Kunnskapsparken Vestland AS. Dagleg leiar i Kunnskapsparken Vestland AS er Kjetil Kvåle. I årsrekneskapen er det oppført 55 719 kr i driftskostnader.</p>

Fylkeskommunalt lån	Nei.
Revisor	Deloitte AS
Adresse	Fosshaugane Campus, Trolladalen 30, 6856 Sogndal
Telefon	95 20 65 74

Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:

(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	0	0	0
Driftsresultat	-23	-61	-91
Resultat etter skatt	-214	10	1 151
Totalkapitalrentabilitet	0 %	0 %	18%
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-	-	-
Eigenkapitalprosent:	100 %	100 %	100 %

Økonomiske utvikling i tekst	Rekneskapen for 2020 syner eit overskot på om lag 1,2 mill. kr. Betringa i høve 2019 skuldast at selskapet selde seg ut frå selskapet Evoy AS og fekk ein gevinst på om lag 1,2 mill. kr. I 2020 har selskapet investert 300 000 kr i Wattif Solutions AS og 299 833 kr i Virtual House AS. Selskapet har ein eigenkapital på om lag 6,9 mill. kr som utgjer totalkapitalen.
-------------------------------------	--


Viktige hendingar	Fondet investerer i næringer/bransjar med tydleg og definert framtidspotensiale. Fondet investerte per 31.12.20 i følgjande verksemder: -Mental Health Informatics AS (skipa 2018) -Wattif AS (skipa 2020) -Moovin AS (tidlegare Webmegling Technology AS, skipa 2017) -Eduplaytion AS (skipa 2018) -Virtualhouse AS (skipa 2019)
--------------------------	--

Viktige planar/utsikter for dei komande åra	Selskapet skal ifølgje aksjonæravtalen arbeide for å auke aksjekapitalen og overkurs frå 6 mill. kr til eit ønska nivå på 10 mill. kr. Dei andre aksjonærane i fondet forplikta seg, ved etableringa, til å gå inn med ytterlegare midlar i fondet ved behov, medan Sogn og Fjordane fylkeskommune ikkje forplikta seg til å gå inn med meir enn dei 3 mill. kr som vart gjevne på opprettingstidspunktet. Styret i selskapet har lagt fram forslag om å endre føremålsføresegna i vedtektena, til at eventuelle overskot skal nyttast i tråd med føremålet om eigenkapitalinvestering, heller enn å skulle bli betalt ut som utbyte til eigarane. Sameleis er det føreslege ei ny føresegn om at eigedelane, ved
--	--

	<p>ei eventuell oppløysing av selskapet, skal kome selskapet sitt føremål til gode. Med endra føremål ser selskapet for seg at det kan bli aktuell som mottakar av gåver frå t.d. ideelle stiftingar som ønskjer å bidra til føremålet. Fylkeskommunen støttar endringa, jf. FU-PS 191/2021, og har gjeve selskapet attendemelding om dette.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	<p>FU-PS 191/2021 <i>Forslag om endring av vedtekten til Sogn og Fjordane Fondet AS</i></p> <p>Vedtak</p> <p>1. Vestland fylkeskommune støttar at vedtekten § 2 siste setning vert endra frå:</p> <p style="padding-left: 20px;">«Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillande avkastning for eigarane.»</p> <p>til:</p> <p style="padding-left: 20px;">«Selskapet skal ved si verksemd ikkje ha til føremål å skaffe aksjeeigarane økonomisk utbytte, og det skal ikkje utbetalast utbytte frå selskapet. Eit evt. overskot skal nyttast i tråd med selskapet sitt føremål – eigenkapital-investering i bedrifter i Sogn og Fjordane med hovudvekt på bedrifter under skiping og/eller i ein tidleg utviklingsfase.»</p> <p>2. Vestland fylkeskommune støttar at vedtekten § 6 vert endra slik at generalforsamlinga ikkje lenger skal handsame utdeling av utbyte som sak på ordinær generalforsamling.</p> <p>3. Vestland fylkeskommune støttar også framlegg til ny § 7:</p> <p style="padding-left: 20px;">«§ 7 Opplysing/likvidasjon Ved opplysing/likvidasjon av selskapet skal eigendelane til selskapet tilkome føremålet til selskapet.»</p> <p>4. Fylkesutvalet ber fylkeskommunen sin eigarrepresentant om å røyste for endringane når generalforsamlinga handsamar saka.</p>
Mål med eigarskapen	Næringsutvikling ved å delta i investeringsselskap og selskap som arbeider med å utvikle næringslivet i Sogn og Fjordane.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøytenleg	<p>Eigarskap i Sogn og Fjordane Fondet AS er i tråd med fylkeskommunen sin eigarpolitikk, jf. over.</p> <p>Sogn og Fjordane fylkeskommune var med på opprettinga av fondet i 2016-2017, og gjekk då inn med 3 mill. kr. Sparebanken i Sogn og Fjordane gjekk samstundes inn med 1,8 mill. kr og Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS med 1,2 mill. kr. Ved etableringa vart det ikkje sagt noko om tidshorisonten for eigarskapen i dette selskapet, anna enn at den vil vere avhengig av i kor stor grad selskapet klarer å oppfylle føremålet sitt.</p> <p>Selskapet investerer per 31.12.20 i fem selskap, og har sidan oppstarten i 2017 investert til saman 2,2 mill. kr i ulike selskap i verkeområdet. Selskapet fungerer med dette som eit ekstra verkemiddel for næringsutvikling, som kjem i tillegg til andre offentlege ordningar, t.d. Innovasjon Norge, som ikkje har høve til å gå inn med denne typen kapital. I kva grad selskapet oppfyller føremålet sitt, er for tidleg å seie. Evoy AS, som selskapet nyleg har selt aksjane sine i med vinst, har skildra investeringskapitalen frå Sogn og Fjordane Fondet AS som svært viktig i ein kritisk oppstartsfasen.</p> <p>Ein fordel med å vere eigar er at fylkeskommunen kan påverke selskapet i tråd med fylkeskommunen sine mål på området. Dette synspunktet gjer seg først og fremst gjeldande der eigardelen er av ein viss storleik, slik som her, og der fylkeskommunen ikkje har ei rolle som premissgjevar på andre måtar, t.d. gjennom tilskotsordningar selskapet er del av. Eigarskap kan også gje andre effektar, t.d. skape eit større</p>

	kontaktnett mot næringslivet i fylket som kan vere verdifullt for fylkeskommunen.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

6.4 Samfunns- og næringsutvikling – arbeidsmarknad



Beredt AS

Føremål	Selskapet si verksemeld er å skape grunnlag for arbeidsmarknadsrelatert sysselsetting. Verksemda skal – etter arbeidsmarknadsetatens retningslinjer – skape grunnlag for sysselsetting av grupper som av ulike årsaker har vanskar i den ordinære arbeidsmarknaden, m.a. ved å drive teoretisk og praktisk kompetansebygging, slik at deltakarane kan møte best mogleg førebudde til eit framtidig arbeidsforhold utanfor bedrifa.	
Etablert	14.08.1969	
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	Kr 100 000 fordelt på 1000 aksjar. Vestland fylkeskommune eig 100 % av aksjane i selskapet.	
Forretningskontor	Nedre Nøttveit 12, 5238 Rådal	
Regelverk	Aksjelova, arbeidsmarknadslova, NAV-lova	
Styringsgrunnlag	Vedtekter	
Samfunnsansvar og etikk	Selskapet sine verdiar er verdighet, engasjement og oppriktigkeit. Kanticene hjå Vestland fylkeskommune (Sandslid) og Autogården er miljøfyrtårn-sertifiserte og DEBIO-sertifiserte. Selskapet har framheva fire av FNs bærekraftsmål som dei jobbar særsiktig mot: god helse og livskvalitet, god utdanning, anstendig arbeid og økonomisk vekst og ansvarleg forbruk og produksjon.	
Generalforsamling	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 28.06.21 (digitalt). Natalia Antonia Golis representerte fylkeskommunen i møtet. Det vart gjennomført eigarmøte 12.02.21 og 04.10.21, der selskapet informerte om status for drifta m.m.	
Valnemnd	Generalforsamlinga vel styre etter innstilling frå valnemnda i selskapet. Valnemnda i selskapet får forslag frå eigar.	
Val av styre	Styret har tre aksjonærvalde styremedlemer med to varamedlemer i rekkefølge, og to tilsettevalde styremedlemer med varamedlemer.	
Styresamansettning	<u>Styremedlemer:</u> Helge Stormoen (leiar, 2020-) Karianne Torvanger (2020-) Vigdis Anita Gåskjenn (2020-) Vibecke Linn Knudsen (ny tilsetterep., 2021-) Arvid Teigland (tilsetterep., 2021-)	<u>Varamedlemer:</u> Rafael Cobo Garrido (2020-) Jana Midelfart Hoff (2020-) Trond Åsebø (for tilsetterep. 2021-) Marianne Sivertsen (for tilsetterep. 2021-)
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	På generalforsamlinga i 2021 vart satsar for styregodtgjersle vidareført uendra. For 2020 er samla styregodtgjersle 105 053 kr. Løn til dagleg leiar i 2020: 1 086 288 kr. Pensjonsutgifter: 43 452. Anna godtgjersle: 4 392.	
Fylkeskommunalt lån		

Revisor	Ernst & Young AS		
Adresse	Nedre Nøttveit 12, 5238 Rådal		
Telefon			
E-post	post@beredt.no		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	53 385	54 485	41 071
Driftsresultat	-457	-1 413	2 232
Resultat etter skatt	138	-1 378	1 560
Totalkapitalrentabilitet	1 %	-10 %	18 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	1 255 %	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	5 %	3 %	10 %
Eigenkapitalprosent	37 %	31 %	50 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Selskapet leverer attføringsstenester til det offentlege, og mottek tilskot for tal månadsverk som er under attførинг hjå selskapet.</p> <p>Som følgje av pandemien permitterte selskapet tilsette som gjer at lønskostnadene gjekk ned med om lag 10,9 mill. kr samanlikna med 2019. Likeeins har stengte kantinar ført til lågare varekostnad og salsinntekter. Selskapet har nedskrive verdien av datterselskapet Beredt Kompetanse AS, dette ligg i resultatrekneskapen som anna finanskostnad på 700 000 kr. Rekneskapen syner eit overskot på om lag 1,6 mill. kr i 2020, som er ein forbetring frå fjaråret.</p> <p>Nøkkeltala er blitt betra frå fjaråret. Årets overskot har ført til at totalkapitalrentabiliteten og eigenkapitalprosenten er blitt betra og er på eit godt nivå. Arbeidskapital i % av driftsinntekter har også betra seg og er kome opp på eit middels nivå.</p>		
Viktige hendingar	<p>Covid-19 pandemien og andre samfunnsendringar har medført forskjellige endringar for selskapet i 2020. Medan arbeidsmarknadsavdelinga har halde fram som før, har det vore stopp og permittingar innan bevertning. Tiltak selskapet har gjennomført, i tillegg til god oppdragsmengd på selskapet sin bilverkstad, har stabilisert drifta.</p> <p>I pandemi-året 2020 har selskapet hatt færre innsøkingar enn i eit normalår, men formidlingsprosenten har vore god (47 % mot eit landssnitt på 42 %).</p> <p>Hausten 2020 vann selskapet ein anbodskonkurranse om karriererettleiling i Vestland, med VLFK (Karriere Vestland) som</p>		

	<p>oppdragsgjevar.</p> <p>Selskapet har i 2020-2021 fått 184 604 kr i tilskot frå Vestland fylkeskommune sine BIO-midlar.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Selskapet har vedteke strategi for 2021-2023, med mål om auka samarbeid, vidareutvikling av tenestene (auka digitalisering), auka synlegheit i marknaden/samfunnet og fleire lærlingar innan fagopplæring.</p> <p>Selskapet viser til store bransjeendringar siste åra, med ein overgang frå skjerma sektor til tilnærma full konkurranse i alle ledd. Det er stor konkurranse om dei anbodsbaserte NAV-oppdragata, og selskapet har så langt ikkje nådd opp i konkurranse om tiltaksleveranse utover AFT-tiltaket (arbeidsførebuande trening).</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	I KU-PS 38/21 bestilte kontrollutvalet eigarskapskontroll av fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter frå Deloitte AS. Ferdig revisjonsrapport skal føreligge innan 31.10.21.
Mål med eigarskapen	Støtte opp om selskapet sitt arbeid med å hjelpe menneske med ulike utfordringar i og utanfor arbeidslivet. Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen er av samfunnsmessig karakter og skal sikre kontinuitet og føreseielege forhold for drifta av verksemda.
Er vidareføring av fylkeskommunal eigarskap føremålstøytenleg?	Eigarskapen er i tråd med eitt av fylkeskommunen sine vedtekne eigarskapsføremål - samfunnsutvikling ved å delta i selskap som har ansvar for å leggje til rette for særlege grupper. Selskapet vil ha behov for den stabiliteten fylkeskommunal eigarskap bidreg med også i tida som kjem.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

Gløde AS

Føremål	Gløde sitt føremål er arbeidsinkludering, kompetanseformidling og verksemd i samband med dette. Gjennom arbeid og tenester har selskapet målsetjing om å styrke den enkelte sin moglegheit til sjølv å oppnå måla sine. Målgruppa er personar som kan ha behov for avklaring, arbeidstrening, opplæring og hjelp til å komme ut i ordinært arbeid, eller personar som treng varig tilrettelagt arbeid.
Etablert	16.12.1991
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	Aksjekapitalen er på kr 166 900 delt på 166 900 aksjar á kr 1 kvar. Vestland fylkeskommune eig 7,09 % av aksjane og aksjeposten sin pålydande verdi er 11 841 kr. Andre eigalar er kommunane i Nordhordland, Sparebanken Vest, Nordhordland Næringslag, Norsk Hydro, Frank Mohn Flatøy og Equinor Mongstad, Norsk forbund for utviklingshemma (NFU) og enkeltpersonar. Alver kommune er den største aksjonæren (51,39% eigardel).
Forretningskontor	Alver kommune
Regelverk	Aksjelova, arbeidsmarknadslova, NAV-lova
Styringsgrunnlag	Vedtekter
Samfunnsansvar og etikk	Selskapets verdigrunnlag er teke inn i vedtekten for selskapet (11.06.19). Det vert arbeida for å forhindre diskriminering som følgje av nedsett funksjonsevne, seksuell legning, etnisitet, nasjonalt opphav, hudfarge, religion og livssyn. Dette omfattar bl.a. rekruttering, løns- og arbeidsvilkår, forfremming, utviklingsmoglegheiter og vern mot trakassering. Selskapet har retningslinjer som forbyr forskjellsbehandling grunna kjønn. Selskapet vart sertifisert som miljøfyrtårn i mars 2019, og ISO-sertifisert i september 2019.
Generalforsamling	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 29.06.21 (fysisk og digital deltaking). Svein Hågård representerte Vestland fylkeskommune på generalforsamlinga, med fullmakt.
Val av valnemnd	Det skal vera valnemnd på tre til fem medlemmer vald for tre år. Ein til to medlemer står på val kvart år.
Valnemnd	Valnemnda er samansett slik etter generalforsamlinga i 2020: Ordføraren i Alver kommune Representant for Framo Flatøy Representant for Norges Handikapforbund-Alver På generalforsamlinga 29.06.21 fekk styret i oppgåve å føreslå namngjevne personar frå dei nemnde aktørane.
Val av styre	Selskapet skal leiast av eit styre på 6-8 medlemer, med to varamedlemer i rekkefølge. Valperioden er normalt 2 år. Styreleiar og nestleiar vert valde ved særskilt val. Tilsetterepresentantar, med ein varamedlem, vert valde i samsvar med reglane i aksjelova. Ein representant frå tiltaksdeltakarane som er i varige tiltak skal i tillegg veljast som observatør i styret, med møte- og forslagsrett.

Styresamansetning	<u>Styremedlemer (etter val i 2020):</u> Nils Marton Aadland (leiar) Steinar Raa (nestleiar) Åshild Aamli Rolf Svendsen Kristina Vaktskjold Hamre (2020-2022, VLFK) Anne Grete Eide Rune Myhr (tilsetterep.) Svein Skjellanger (for tiltaksdeltakarane, med møte og forslagsrett)	<u>Varamedlemer (etter val 2020):</u> 1. Sølvi N. Gripsgård Knudsen 2. Thore Eugen Hansen (VLFK) Vara tilsetterep.: Håvard Stusdal Vara for rep. tiltaksdeltakarane: Anne Grete Tvedt	
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	Styreleiar: kr 50 000 per år. Nestleiar: kr 30 000 per år. Styremedlem: kr 2000 per møte. Samla styregodtgjersle i 2020: 156 000 kr. Løn og andre ytingar til dagleg leiar i 2020: 923 635 kr.		
Fylkeskommunalt lån	Nei.		
Revisor	Helge Frosta AS		
Adresse	Havnevegen 11-15, 5918 Frekhaug		
Telefon/faks	56 17 58 00		
E-post	post@glode.no		
Nettstad	www.glode.no		
(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	50 569	46 326	38 618
Driftsresultat	1 805	-835	- 679
Resultat etter skatt	1 038	-1 261	- 1 094
Totalkapitalrentabilitet	5 %	-2 %	- 2 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	12 %	2 %	3 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	23 %	22 %	22 %
Eigenkapitalprosent	28 %	25 %	25 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Rekneskapen syner eit underskot på om lag 1,1 mill. kr. Av selskapet sine driftsinntekter på 38,6 mill. kr, utgjer tilskot 28,7 mill. kr. Selskapet sine driftsinntekter er redusert med 7,7 mill. kr.</p> <p>3,9 mill. kr av nedgangen skuldast at selskapet mista tilskot knytt til to tiltak som gjekk over til nye aktørar sommaren 2020. I 2020 har selskapet inntektsført 19 786 kr i tilskot frå fylkeskommunen. Som følgje av permitteringar delar av året har lønkskostnadene også gått ned.</p>		

	Selskapet sine nøkkeltal ligg om lag på same nivå som fjoråret med svak totalkapitalrentabilitet og sjølvfinansiering, og god eigenkapitalprosent og arbeidskapital.
Viktige hendingar	<p>Gløde AS jobbar for å inkludere personar i arbeidsmarknaden gjennom ulike tiltak. Verksemda opererer innan arbeidsformidling, rettleiing, arbeidsavklaring, aktivitetstenester, produksjon av varer i tre, metall, glas, pakking og logistikk, vaktmestertenester, catering, pakking og utkøyring av jobbfrukt.</p> <p>I 2019 etablerte selskapet eit gjenbruksprosjekt knytt til mottak, foredling og sal av brukte bygningsvarer. Eit eige bygg til føremålet vart oppført og teke i bruk i 2020. I tillegg er det starta ei avdeling for sikker sletting, kjeldesortering og gjenbruk av datamaskiner, og ein felles nettbutikk saman med to andre vekstbedrifter.</p> <p>Selskapet hadde tydeleg svikt i omsetnaden i 2020, hovudsakleg grunna pandemien og tap av ein konkurranse om oppfølgings- og avklaringstiltak. Selskapet reduserte talet tilsette med 20 i 2020.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>For å stette godkjenningskrav frå NAV, knytt til tiltaka Varig tilrettelagt arbeid (VTA) og Arbeidsførebuande trening (AFT), må dei delane av verksemda som ikkje gjeld attføring skiljast ut i eit eige selskap. Bakgrunnen for NAV sine godkjenningskrav er m.a. å unngå kryssubsidiering. På generalforsamlinga 29.06.21 fekk selskapsleiinga fullmakt til å gjennomføre nødvendig omorganisering, med vidareføring av attføringsverksemda i eit datterselskap.</p> <p>Den 04.06.21 kom stortingsmeldinga «Ingen utenfor – En helhetlig politikk for å inkludere flere i arbeids- og samfunnsliv». I meldinga framhevar regjeringa innovative innkjøp og sosiale entreprenørar, meir samarbeid mellom ulike aktørar, tidleg innsats, individuell jobbstøtte for unge og arbeidsorientert uførretrygd som sentrale tiltak. Arbeidsgjevarforeininga for Vekst- og attføringsbedrifter (ASVL) frårår at arbeidsførebuande trening vert lagt ut på anbod, fordi dei meiner dette ikkje vil sikre eit stabilt tilbod for dei tiltaka er til for. Dei er også skeptiske til at tenestetilboden til denne gruppa skal baseraast på dugnadsånd og frivilligkeit. Ei anbodsutsetting av tenesta Arbeidsførebuande trening vil medføre større usikkerheit for verksemda til arbeidsmarknadsbedriftene, som er førehandsgodkjente tilbydarar av denne tenesta i dag.</p> <p>Selskapet viser til at dei i stor grad er påverka av bransjeendringar siste åra, med ein overgang frå skjerma sektor til tilnærma full konkurranse i alle ledd. Det er stor konkurranse om dei anbodsbaserte NAV-oppdragene. Marknadskreftene er også styrande for dei ulike næringane selskapet driv innan.</p> <p>Selskapet har ytra ønskje om tettare samarbeid med eigarane om produksjon, tenester, arbeidsutprøving og formidling til ordinært arbeid, og oppmodar eigarane om å bruke innkjøpsmakta for å skape arbeid for målgruppa, og/eller samarbeidsavtalen inkluderande kommune/bedrift.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	I KU-PS 38/21 bestilte kontrollutvalet eigarskapskontroll av fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter frå Deloitte AS. Ferdig revisjonsrapport skal føreligge innan 31.10.21.
Mål med eigarskapen	Støtte opp om selskapet sitt arbeid med å hjelpe menneske med ulike utfordringar i og utanfor arbeidslivet. Fylkeskommunen sitt føremål med

	eigarskapen er av samfunnsmessig karakter og skal sikre kontinuitet og føreseielege forhold for drifta av verksemda.
Er fylkeskommunalt eigarskap framleis føremålstøytenleg?	Eigarskapen er i tråd med eitt av fylkeskommunen sine vedtekne eigarskapsføremål - samfunnsutvikling ved å delta i selskap som har ansvar for å leggje til rette for særlege grupper. Arbeidsmarknadsbedriftene vil ha behov for den stabiliteten fylkeskommunal eigarskap bidreg med også i tida som kjem.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

Hardanger AKS AS

Føremål	Hardanger AKS er ei kompetanseverksemder arbeidsinkludering og opplæring er den primære målsettinga. Verksemda skal bidra til å auke opplevinga av eigen livskvalitet for alle tilsette og skape eit inkluderande miljø for lærings- og kvalifisering gjennom målretta og metodisk rettleiing, deltaking og opplæring innan produksjon av varer og tenester. Verksemda skal styrke den enkelte sin moglegheit i det ordinære arbeidslivet, og skapa varige arbeidsplassar for dei som ikkje kan gjera seg nytte av ordinære arbeidstilbod.	
Etablert	07.08.1987	
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Aksjekapitalen er på kr 291 000 delt på 291 aksjar à kr 1000 kvar.</p> <p>Vestland fylkeskommune eig om lag 40,2 % av aksjane og aksjeposten sin pålydande verdi er 117 000 kr. Andre aksjonærar er Kvam herad og Samnanger kommune.</p>	
Forretningskontor	Kvam herad	
Regelverk	Aksjelova, arbeidsmarknadslova, NAV-lova	
Styringsgrunnlag	Vedtekter sist endra på ekstraordinær generalforsamling 03.07.20.	
Samfunnsansvar og etikk	<p>Selskapet sitt samfunnsoppdrag er å tilby arbeid for personar med nedsett arbeidsevne og hjelpe personar som slit med å få seg jobb.</p> <p>Næringslivets Sikkerheitsorgan (NSO) hadde sin årlege gjennomgang av selskapet sine produksjonsanlegg i juni 2019. Det vart ikkje registrert avvik og verksemda forureinar ikkje det ytre miljø.</p> <p>Selskapet har søkelys på god kjønnsfordeling blant dei tilsette og i leiargruppa.</p>	
Generalforsamling	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 14.04.21 (digitalt). Sigrid Brattabø Handegard representerte Vestland fylkeskommune på generalforsamlinga, med fullmakt.	
Val av styre	Styret skal ha minst fem styremedlemer. Av desse skal éin vere vald av og blant dei tilsette. Det skal veljast to varamedlemer – éin for den tilsettevalde medlemen og éin for dei andre. Styret sin leiar og nestleiar skal veljast særskilt.	
Styresamansetning	<u>Styremedlemer:</u> Lars Atle Skorpen (leiar) Brita Trebakken (2021-2023, nestleiar) Kine Bratli Dale (på val i 2021)* Egil Skogesal Anne Nyhus (tilsetterep.) * Vestland fylkeskommune har nominert Kine Bratli Dale, og selskapet planlegg formelt attval på ekstraordinær generalforsamling.	<u>Varamedlemer:</u> Sidsel Haugen Atle Bredesen (tilsetterep.)
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	Styreleiar: kr 30 000 per år. Styremedlem: kr 2500 per møte.	

	Samla styregodtgjersle i 2020: kr 87 500. Løn til dagleg leiar i 2020: kr 697 560.		
Fylkeskommunalt lån	Nei.		
Revisor	Revisorgruppen Hordaland AS		
Adresse	Sjusetevegen 67, 5610 Øystese		
Telefon/faks	56 55 01 60		
E-post	firmaapost@hardangeraks.no		
Nettstad	www.hardangeraks.no		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	15 990	16 681	17 100
Driftsresultat	271	1 113	622
Resultat etter skatt	-436	402	153
Totalkapitalrentabilitet	2 %	8 %	4 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	6 %	14 %	11 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-1 %	1 %	9 %
Eigenkapitalprosent	-1 %	2 %	3 %
Økonomisk utvikling i tekst	Selskapet har auka driftsinntektene sine med om lag 400 000 kr. Av driftsinntektene utgjer tilskot til AFT-tiltaket om lag 2,3 mill. kr. Lønskostnadene har auka med om lag 1,7 mill. kr. Som følgje av pandemien gav selskapet brukarane/tilsette permisjon med løn frå mars og fram til sommaren. Totalkapitalrentabiliteten og eigenkapitalprosenten til selskapet er svak, medan sjølvfinansiering og arbeidskapital ligg på eit middels nivå. Selskapet har ganske høg langсiktig gjeld. Av gjelda på 14,3 mill. kr, utgjer langсiktig gjeld 11,7 mill. kr.		
Viktige hendingar	Selskapet har følgjande produksjonseininger: Vaskeri, treavdeling, vedavdeling, serviceavdeling, kjøken og kantine, og transport og logistikk. Per 31.12.20 var 72 personar (tilsvarande 61 fulle plassar) tilknytte attføringsbedrifa i ulike tiltak. Året 2020 har vore prega av pandemien. Verksemda har tapt pengar grunna avtalar som har vore sett på pause deler av året, og dei tilsette hadde løna permisjon frå mars og fram til sommaren. Verksemda har likevel lukkast i år inngå fleire nye avtalar, m.a. ein fireårig kontrakt med Hardangerfjord Hotell om vaskeritenester.		

	Kvam og Jondal-lag av Nfpu, har overført sine 10 aksjar i selskapet vederlagsfritt til dei andre eigarane, etter vedtak på generalforsamlinga 14.04.21. Vestland fylkeskommune har etter dette gått frå å eige 38,8 til å eige 40,2 % av aksjane i selskapet. Kvam herad har gått frå å eige 48,1 til 49,8 % av aksjane.
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Selskapet har vore i ein krevjande økonomisk situasjon, og søkte eigarane om innskot av ny eigenkapital på til saman 7 mill. kr i 2020. Vestland fylkeskommune løyvde 2,7 mill. kr til eigenkapitalinnskot i selskapet den 15.12.20, FT-sak 166/20, med etterhald om at andre eigarar gjorde det same. Selskapet viser på generalforsamlinga 14.04.21 til at alle eigarane har gjort vedtak om å skyte inn eigenkapital, og at heile beløpet skal nyttast til nedbetaling av gjeld.</p> <p>Den 04.06.21 kom stortingsmeldinga «Ingen utenfor – En helhetlig politikk for å inkludere flere i arbeids- og samfunnsliv». I meldinga framhevar regjeringa innovative innkjøp og sosiale entreprenørar, meir samarbeid mellom ulike aktørar, tidleg innsats, individuell jobbstøtte for unge og arbeidsorientert uføretrygd som sentrale tiltak.</p> <p>Arbeidsgjevarforeininga for Vekst- og attføringsbedrifter (ASVL) frårådar at arbeidsførebuande trening vert lagt ut på anbod, fordi dei meiner dette ikkje vil sikre eit stabilt tilbod for dei tiltaka er til for. Dei er også skeptiske til at tenestetilboden til denne gruppa skal baseraast på dugnadsånd og frivilligheit. Ei anbodsutsetting av tenesta Arbeidsførebuande trening vil medføre større usikkerheit for verksemda til arbeidsmarknadsbedriftene, som er førehandsgodkjente tilbydarar av denne tenesta i dag.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	<p><i>FT-PS 166/2020 Hardanger AKS – søknad om eigenkapitalinnskot:</i> Fylkestinget løyver 2,7 mill. kr til eigenkapitalinnskot i Hardanger AKS as. Summen vert finansiert ved bruk av investeringsfond. Det er eit vilkår at dei andre eigarkommunane deltek med eigenkapitalinnskot i høve til deira eigardel.</p> <p>I KU-PS 38/21 bestilte kontrollutvalet eigarskapskontroll av fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter frå Deloitte AS. Ferdig revisjonsrapport skal føreligge innan 31.10.21.</p>
Mål med eigarskapen	Støtte opp om selskapet sitt arbeid med å hjelpe menneske med ulike utfordringar i og utanfor arbeidslivet. Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen er av samfunnsmessig karakter og skal sikre kontinuitet og føreseielege forhold for drifta av verksemda.
Gjer fylkeskommunal eigarskap seg framleis føremålstøytenleg?	<p>Eigarskapen er i tråd med eitt av fylkeskommunen sine vedtekne eigarskapsføremål - samfunnsutvikling ved å delta i selskap som har ansvar for å legge til rette for særlege grupper.</p> <p>Arbeidsmarknadsbedriftene vil ha behov for den stabiliteten fylkeskommunal eigarskap bidreg med også i tida som kjem.</p>
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

In Via AS

Føremål	Selskapet sitt føremål er å skape meirverdi for menneske og samfunn. In Via AS skal skape positive endringar til beste for alle partar og vere ein lærings- og kompetansepartnar.	
Etablert	18.04.1977 (sjølve verksemda starta opp tidlegare 22.05.1963)	
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Eigarprosent: 32. Aksjane sin pålydande verdi: 325 500 kroner.</p> <p>Fylkeskommunen er største eigar. Andre eigarar er kommunane Gloppen (22,7 %), Stad (16,6 %), Stryn (13,4 %), Kinn, Volda, Høyanger og Bremanger og Sparebanken Sogn og Fjordane.</p> <p>Aksjekapitalen til selskapet er 1 100 000 kroner fordelt på 4 400 aksjer à 250 kroner.</p>	
Forretningskontor	Gloppen kommune	
Regelverk	Aksjelova. Lov om arbeidsmarknadstenester. Lov om folketrygd. NAV-lova.	
Styringsgrunnlag	Vedtekter, vedtekne i generalforsamling 22. april 2015.	
Samfunnsansvar og etikk	Selskapet omtalar likestilling og miljø i årsmeldinga, og har retningslinjer for likestilling.	
Generalforsamling	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 28.06.21 (digitalt). Tor André Ljosland representerte fylkeskommunen, med fullmakt. Det vart gjennomført eigarmøte i etterkant av generalforsamlinga, der selskapet informerte om status for samanslåingsprosessen med Mona Vekst AS.	
Valnemnd	<p>Ein medlem går ut kvart år (leiaren). Dei to andre rykkjer opp. Val av ny medlem kvart år.</p> <p>Valkomité 2021-2022: Leidulf Gloppestad (leiari), Alfred Bjørlo og Per Kjøllesdal.</p>	
Val av styre	Styret skal ha fem medlemer. Styremedlemene blir valde for to år, slik at halvparten trer ut kvart år. Varamedlemene blir valde for eitt år. Leiari og nestleiar blir valde kvart år. Styret er vedtafsjørt dersom minst 3/5 av styremedlemene eller vara er til stades.	
Styresamansetning	Styremedlemer: Jon Gimmestad (2021-2023, leiari 2021-2022) Tone Holvik (nestleiar) Nils Petter Støyva (2021-2023) Astrid Paulsen (2021-2023, ny) Rolf M. Skrede (tilsetterep.)	Varamedlemer: Torstein Tvinnereim (2021-2022) Rune Engeseth (2021-2022) Åshild Vereide (tilsetterep.)
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiari	<p>Styreleiar: 45 000 kroner i året. Styremedlemer: 2000 kroner per møte. (satsane er vidareførte frå året før).</p> <p>Samla styregodtgjersle 2020: 69 000 kr.</p> <p>Løn dagleg leiari: 847 749 kr. Anna godtgjersle: 8 371 kr.</p>	
Fylkeskommunalt lån	Nei	
Revisor	BDO AS	

Adresse	Postboks 122, 6821 Sandane.		
Telefon	909 82 295		
E-post	ueland@in-via.no		
Nettadresse	www.in-via.no		

Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:

(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	11 790	12 946	12 594
Driftsresultat	-372	435	116
Resultat etter skatt	-294	529	177
Totalkapitalrentabilitet	-2 %	4 %	1 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	60 %	62 %	67 %
Eigenkapitalprosent:	80 %	81 %	83 %

Økonomisk utvikling i tekst	<p>Av selskapet sine driftsinntekter på om lag 12,6 mill. kr er om lag 9,9 mill. kr offentlege tilskot. I høve 2019 har det vore ein auke i dei offentlege tilskota og ein nedgang i salsinntektene.</p> <p>Rekneskapen viser eit overskot på 177 262 kr som er ein nedgang frå fjoråret.</p> <p>Selskapet har ikkje langsiktig gjeld, og har tilstrekkeleg med likvide midlar til å dekke kortsiktig gjeld. Nøkkeltala er styrka frå fjoråret og er gode, med unntak av totalkapitalrentabiliteten som har gått noko ned og er svak.</p>
------------------------------------	---

Viktige hendingar	<p>In Via har produksjon i Stryn og på Nordfjordeid. I 2020 har In Via mellom anna produsert postkassestativ, utedømlar, senger, kommodar, blindrammer, foringar og hobbyplater, og utført tenester for ulike verksemder som å hente kle, sortere metall og skrelle plastleidningar, leveringar og produsere emballasje.</p> <p>In Via hadde ved årsskiftet 55 deltagarar i attføringsstiltak. Driftsåret 2020 har vore påverka av pandemien, men innsøkingstala tok seg opp att hausten 2020. Selskapet har for første gong ikkje klart å nå målet om at 50 % av deltagarane i tiltaket Arbeidsførebuande trening skal gå til jobb eller utdanning.</p>
--------------------------	--

Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Den 04.06.21 kom stortingsmeldinga «Ingen utenfor – En helhetlig politikk for å inkludere flere i arbeids- og samfunnsliv». I meldinga framhevar regjeringa innovative innkjøp og sosiale entreprenørar, meir samarbeid mellom ulike aktørar, tidleg innsats, individuell jobbstøtte for unge og arbeidsorientert uføretrygd som sentrale tiltak. Arbeidsgjeverforeininga for Vekst- og attføringsbedrifter (ASVL) frårår at arbeidsførebuande trening vert lagt ut på anbod, fordi dei meiner dette ikkje vil sikre eit stabilt tilbod for dei</p>
--	--

	<p>tiltaka er til for. Dei er også skeptiske til at tenestetilbodet til denne gruppa skal baserast på dugnadsånd og frivillighet. Ei anbodsutsetting av tenesta Arbeidsførebuande trening vil medføre større usikkerheit for verksemda til arbeidsmarknadsbedriftene, som er førehandsgodkjente tilbydarar av denne tenesta i dag.</p> <p>Arbeidsmarknadsbedriftene opplever ein utfordrande økonomisk situasjon på grunn av endringar i NAV-struktur. Selskapet jobbar for å få godkjenning for å levere tenestene VTA (Varig tilrettelagt arbeid) og AFT (Arbeidsførebuande trending).</p> <p>Selskapet er i prosess om samanslåing med Mona Vekst AS, og det vert arbeidd med å finne ein god struktur på bedrifa, som støtter dei krav NAV har for slike bedrifter. Selskapet jobbar med utkast til aksjonæravtale som skal sikre mest mogleg vidareføring av eksisterande eigarbalanse, men Gloppen kommune vil få aksjemajoritet i det samanslegne selskapet.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	I KU-PS 38/21 bestilte kontrollutvalet eigarskapskontroll av fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter frå Deloitte AS. Ferdig revisjonsrapport skal føreligge innan 31.10.21.
Mål med eigarskapen	Støtte opp om selskapet sitt arbeid med å hjelpe menneske med ulike utfordringar i og utanfor arbeidslivet. Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen er av samfunnsmessig karakter og skal sikre kontinuitet og føreseielege forhold for drifta av verksemda.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøytenleg?	Eigarskapen er i tråd med eitt av fylkeskommunen sine vedtekne eigarskapsføremål - samfunnsutvikling ved å delta i selskap som har ansvar for å leggje til rette for særlege grupper. Arbeidsmarknadsbedriftene vil ha behov for den stabiliteten fylkeskommunal eigarskap bidreg med også i tida som kjem.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

Kveik AS

Føremål	Med ein inkluderande og open kultur skal selskapet skape grunnlag for attføring av arbeidstakarar, og dessutan etablere berekraftige tiltakspllassar, slik at samfunnsbevisste aktørar, pårørande og samfunn ser verdien av selskapet sitt arbeid.	
Etablert	April 1973	
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Aksjekapital: 2 785 000 kr</p> <p>Fylkeskommunen eig 650 aksjar (23,34 % av selskapet).</p> <p>Den største aksjeeigaren er Voss herad (71,42 %). Andre eigarar er Ulvik herad, private verksemder og bankar.</p>	
Forretningskontor	Voss herad	
Regelverk	Aksjelova, arbeidsmarknadslova og NAV-lova	
Styringsgrunnlag	Vedtekter	
Samfunnsansvar og etikk	<p>Kveik AS har etiske retningslinjer som er innlemma i personalhandboka. Dei etiske retningslinjene ligg på nett her:</p> <p>https://kveikarbeidsliv.no/etiske-retningslinjer/</p> <p>Selskapet er Equass-sertifisert (European Quality in Social Services) for 2018-2021.</p>	
Generalforsamling	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 14.06.21. Tor André Ljosland representerte fylkeskommunen, med fullmakt.	
Valnemnd	<p>Selskapet har valnemnd, og denne vert valt av generalforsamlinga. Etter generalforsamlinga 2021 utgjer Hans Erik Ringkjøb valnemnda.</p> <p>På generalforsamlinga fekk selskapet oppmading om å vedtektsfeste valnemnda si samansetjing. VLFK har tidlegare nominert Linda Monsen Merkesdal som medlem av valnemnda, men ho er per i dag ikkje formelt valt. Nominasjonen gjeld ut fylkestingsperioden.</p>	
Val av styre	Styret skal ha fem medlemer med inntil to varamedlemer. Fire av medlemene og ein av varamedlemene vert valt av generalforsamlinga. Ein medlem med varamedlem vert valt av dei tilsette. Medlemene sin funksjonstid er to år.	
Styresamansetning	<u>Styremedlemer:</u> Hilde Marie Magnusson (2021-2023, leiar) Kari Hernes-Hillerich (2021-2023) Arne Nordbø Nils T. Bjørke Lena Gjernes (2021-2023, tilsetterep.)	<u>Varamedlemer:</u> Einar Horvei Svanhild Tufteland Tvilde
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	Satsar for styregodtgjersle vedtekne på generalforsamlinga i 2021: Styreleiar: 85 000 kr Styremedlem: 30 000 kr (Nestleiar, dersom styret seinare utpeiker: 16 000 kr i tillegg til satsen for styremedlem)	

	Løn til dagleg leiar i 2020: 854 757 kr; pensjonsutgifter: 25 643 kr og anna godtgjersle: 10 516 kr.		
Fylkeskommunalt lån			
Revisor	RSM Norge AS		
Adresse	Brynaskogen 2, 5705 Voss		
Telefon/faks	56 52 08 60		
E-post	firma@kveikarbeidsliv.no		
Nettstad	www.kveikararbeidsliv.no		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	20 053	19 699	18 775
Driftsresultat	750	581	1 177
Resultat etter skatt	522	352	988
Totalkapitalrentabilitet	4 %	3 %	5 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	22 %	17 %	30 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	24 %	24 %	28 %
Eigenkapitalprosent	56 %	59 %	61 %
Økonomisk utvikling i tekst	Rekneskapen syner eit overskot på 987 769 kr. Som følgje av pandemien mista selskapet fleire eksterne arbeidsoppdrag innan service og catering, og inntektene har gått noko ned. Nøkkeltala til selskapet har alle betra seg i høve 2019 og er på eit bra nivå med unntak av totalkapitalrentabiliteten som ligg på eit middels nivå.		
Viktige hendingar	Kveik AS er ei arbeids- og inkluderingsverksemd som leverer ulike arbeidsretta tiltak for NAV på Voss, i Vaksdal og deler av Hardanger. Selskapet leverer tre arbeidsretta tiltak for NAV: AFT (arbeidsretta trening), VTA (varig tilrettelagt arbeid) og grønt arbeid - til saman 54 tiltakslassar. I tillegg kjøper Voss herad nokre private plassar. I tillegg til eigne tiltak er selskapet underleverandør for A2G i Bergen på anbodstiltaka: Arbeidsretta rehabilitering og Avklaring. Når det gjeld avklaringstiltaket, samarbeider selskapet med Oddaproduct AS og Hardanger AKS. Selskapet tilbyr m.a. kantinedrift og vaktmeistertenester. Drifta har i 2020 vore prega av pandemien ved at selskapet har mista fleire eksterne arbeidsoppdrag innan service og catering. Selskapet viser til at dei likevel samla sett har hatt høg aktivitet og klart seg godt økonomisk.		

Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Den 04.06.21 kom stortingsmeldinga «Ingen utenfor – En helhetlig politikk for å inkludere flere i arbeids- og samfunnsliv». I meldinga framhevar regjeringa innovative innkjøp og sosiale entreprenørar, meir samarbeid mellom ulike aktørar, tidleg innsats, individuell jobbstøtte for unge og arbeidsorientert uføretrygd som sentrale tiltak.</p> <p>Arbeidsgjevarforeininga for Vekst- og attføringsbedrifter (ASVL) frårår at arbeidsførebuande trening vert lagt ut på anbod, fordi dei meiner dette ikkje vil sikre eit stabilt tilbod for dei tiltaka er til for. Dei er også skeptiske til at tenestetilboden til denne gruppa skal baserast på dugnadsånd og frivilligheit. Ei anbodsutsetting av tenesta Arbeidsførebuande trening vil medføre større usikkerheit for verksemda til arbeidsmarknadsbedriftene, som er førehandsgodkjente tilbydarar av denne tenesta i dag.</p> <p>Selskapet følgjer samfunns- og bransjeutviklinga og iverkset tiltak der det er nødvendig for å tilpasse seg.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	I KU-PS 38/21 bestilte kontrollutvalet eigarskapskontroll av fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter frå Deloitte AS. Ferdig revisjonsrapport skal føreligge innan 31.10.21.
Mål med eigarskapen	Støtte opp om selskapet sitt arbeid med å hjelpe menneske med ulike utfordringar i og utanfor arbeidslivet. Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen er av samfunnsmessig karakter og skal sikre kontinuitet og føreseielege forhold for drifta av verksemda.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?	Eigarskapen er i tråd med eitt av fylkeskommunen sine vedtekne eigarskapsføremål - samfunnsutvikling ved å delta i selskap som har ansvar for å leggje til rette for særlege grupper. Arbeidsmarknadsbedriftene vil ha behov for den stabiliteten fylkeskommunal eigarskap bidreg med også i tida som kjem.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

Opero Holding AS

Føremål	Selskapet skal via eigarskap i datterselskapa Opero AS og Ås Barnehage AS utvikle og levere tenester for å fremje arbeidsdeltaking i det ordinære arbeidslivet, uavhengig av kva utfordringar ulike deltagarar har. Selskapet skal jobbe for å styrke datterselskapa sin posisjon innanfor dei tenesteytande felta. Selskapet skal yte drifts- og servicefunksjonar overfor datterselskapa. Selskapet har ikkje økonomisk vinning som føremål, og skal ikkje dele ut utbytte. Eit eventuelt overskot skal verte verande i verksemda og kome føremålet til gode.	
Etablert	10.10.1978.	
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Aksjekapitalen er 1 755 000 kr.</p> <p>Fylkeskommunen eig 292 aksjar á 1000 kr. Dette utgjer 16,64 % av den samla aksjekapitalen.</p> <p>Andre eigarar er m.a. Stord kommune (28 %), Bømlo kommune (19,3 %) og Kvinnherad kommune (12,9 %). Selskapet har også private verksemder som aksjonærar.</p>	
Forretningskontor	Stord kommune	
Regelverk	Aksjelova, arbeidsmarknadslova, NAV-lova, lov om fagopplæring	
Styringsgrunnlag	Vedtekter, sist endra 10.06.20.	
Samfunnsansvar og etikk		
Generalforsamling	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 05.05.21. Selskapet gav fylkeskommunen melding om at det likevel ikkje ville vere høve til å delta digitalt to dagar før møtet ²² . Fylkeskommunen var ikkje representert på generalforsamlinga.	
Valnemnd	Stord kommune, Bømlo kommune og Vestland fylkeskommune sine, til ei kvar tid, valde representantar utgjer selskapet si valnemnd. Stord kommune har ansvaret for at nemnda vert samankalla. For inneverande fylkestingsperiode er Svein Halleraker Vestland fylkeskommune sin representant i valnemnda.	
Val av styre	Styret skal ha fire til seks medlemer og tre varamedlemer i rekkefølgje. Dei tilsette i selskapet skal velje ein medlem med personleg vara. Styremedlemene si funksjonstid er to år, men slik at ikkje alle styremedlemene er på val til same tid.	
Styresamansetning	<u>Styremedlemer:</u> Svein Lunde (2021-2022, leiar, Fitjar) Siren Eldøy Hinderaker (2021-2023, Stord) Geir Ove Sele (2021-2023, Bømlo) Torstein Aarethun (2021-2022, Kvinnherad) Line Remøy Bertelsen (2021-2022, Sveio)	<u>Varamedlemer:</u> 1. May Britt Hellesund (2021-2023, Stord) 2. Kristin Teigland Kleppe (2021-2022, Tysnes) 3. Morten Helland (2021-2022, Bømlo) Berit Johannessen (tilsetterep.)

²² Frå og med 01.06.21 har aksjeeigar ein lovfesta rett til å delta elektronisk, med mindre styret kjem til at det føreligg sakleg grunn for å nekte, jf. aksjelova § 5-8.

	Monika Hellen Strand (tilsetterep.)		
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>Satsar for styregodtgjersle vedtekne på generalforsamlinga i 2021: Styreleiar: 40 000 kr per år + møtegodtgjersle Styremedlem 5000 kr per møte</p> <p>Samla styregodtgjersle for 2020 er 233 000 kr.</p> <p>Dagleg leiar sine ytingar i 2020: løn 1 221 636 kr; anna godtgjersle: 24 137 kr.</p>		
Fylkeskommunalt lån	Nei		
Revisor	BDO AS		
Adresse	Heiane, Ringvegen 14, 5412 Stord		
Telefon	53 40 24 00		
Nettstad	https://opero.no		
E-post	info@opero.no; birte.nilsen@opero.no		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	38 388	37 484	21 660
Driftsresultat	633	205	219
Resultat etter skatt	475	53	139
Totalkapitalrentabilitet	2 %	1 %	1 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	27 %	24 %	26 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	8 %	9 %	6 %
Eigenkapitalprosent	57 %	59 %	78 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Frå 01.07.2020 vart barnehagedrifta og attføringsverksemda overført til datterselskapa Ås Barnehage AS og Opéro AS. Dette førte til at selskapet sine offentlege tilskot blei redusert med 9,8 mill. kr. Likeins er lønskostnadene blitt redusert med 11 mill. kr sidan dei tilsette knytt til det nemnte arbeidet er blitt overført til datterselskapa. I samband med omorganiseringa vart også alle driftsmidlane til selskapet overført til datterselskapa. Selskapet eig datterselskapa 100 %, og investeringa ligg som ein balansepost på 17 mill. kr.</p> <p>Selskapet har eit overskot på 139 354 kr som blir ført mot eigenkapitalen.</p> <p>Eigenkapitalprosenten og sjølvfinansieringa til selskapet er god, medan totalkapitalrentabiliteten og arbeidskapitalen er svak.</p>		

Viktige hendingar	Selskapet fekk i 2019 pålegg frå NAV Vestland om at tiltaksarrangør for tiltaket AFT (arbeidsførebuande trening) måtte organiserast som eiga verksemd. På ekstraordinær generalforsamling 10.06.20 slutta generalforsamlinga seg til ei føreslegen omstrukturering, der dagens Opero AS vart gjort om til eit reint eigarselskap, Opero Holding AS, og tiltaka, frå og med 01.07.20, vart lagt i det heileigde datterselskapet Opero AS og barnehageverksemda i Ås barnehage AS. Generalforsamlinga godkjente samstundes nye vedtekter for Opero Holding AS.
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Selskapet har ikkje rapportert om verksemda i dei to datterselskapa. Generalforsamlinga har bedt om at dette vert rapportert om i samband med seinare generalforsamlingar.</p> <p>Den 04.06.21 kom stortingsmeldinga «Ingen utenfor – En helhetlig politikk for å inkludere flere i arbeids- og samfunnsliv». I meldinga framhevar regjeringa innovative innkjøp og sosiale entreprenørar, meir samarbeid mellom ulike aktørar, tidleg innsats, individuell jobbstøtte for unge og arbeidsorientert uføretrygd som sentrale tiltak.</p> <p>Arbeidsgjevarforeininga for Vekst- og attføringsbedrifter (ASVL) frårår at arbeidsførebuande trening vert lagt ut på anbod, fordi dei meiner dette ikkje vil sikre eit stabilt tilbod for dei tiltaka er til for. Dei er også skeptiske til at tenestetilbodet til denne gruppa skal baserast på dugnadsånd og frivilligkeit. Ei anbodsutsetting av tenesta Arbeidsførebuande trening vil medføre større usikkerheit for verksemda til arbeidsmarknadsbedriftene, som er førehandsgodkjente tilbydarar av denne tenesta i dag.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	I KU-PS 38/21 bestilte kontrollutvalet eigarskapskontroll av fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter frå Deloitte AS. Ferdig revisjonsrapport skal føreligge innan 31.10.21.
Mål med eigarskapen	Støtte opp om selskapet (konsernet) sitt arbeid med å hjelpe menneske med ulike utfordringar i og utanfor arbeidslivet. Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen er av samfunnsmessig karakter og skal sikre kontinuitet og føreseielege forhold for drifta av verksemda.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøytenleg?	Eigarskapen er i tråd med eitt av fylkeskommunen sine vedtekne eigarskapsføremål - samfunnsutvikling ved å delta i selskap som har ansvar for å leggje til rette for særlege grupper. Arbeidsmarknadsbedriftene vil ha behov for den stabiliteten fylkeskommunal eigarskap bidreg med også i tida som kjem.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

Origod AS

Føremål	Selskapet har som føremål å drive kurs og opplæringsverksemd, samt arbeids og inkluderingstenester og det som naturleg hører med til slik verksemd. Overskotet i selskapet skal bli verande i verksemda og disponerast til føremål som styrker den. Selskapet skal ikke gje eigarane utbyte.	
Etablert	21.05.1975.	
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Eigarprosent: 23,9. Aksjane sin pålydande verdi: 271 789 kroner.</p> <p>Andre eigarar er m.a. Kinn kommune (31 %), Sunnfjord kommune (15 %), Flora-lag av NHF, Sparebanken Sogn og Fjordane, Askvoll kommune, Bremanger kommune, Hyllestad kommune, Fjaler kommune, Solund kommune, Elkem ASA, DNB NOR og NHF Nordvest.</p>	
Forretningskontor	Kinn kommune.	
Regelverk	Aksjelova. Lov om arbeidsmarknadstenester. Lov om norsk folketrygd. NAV-lova.	
Styringsgrunnlag	Vedtekter, sist revidert 25.10.2018.	
Samfunnsansvar og etikk	Gjennom kvalitetssystemet EQUASS Assurance arbeider selskapet for nøytral personalpolitikk.	
Generalforsamling	<p>Ordinær generalforsamling skal haldast innan utgangen av mars månad.</p> <p>Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 27.04.21 (digitalt). Sigrid Brattabø Handegard representerte fylkeskommunen, med fullmakt.</p>	
Valnemnd	Valnemnda sine medlemer er Olve Grotle og Ola Teigen.	
Val av styre	Styret skal ha 5-7 medlemer og to varamedlemer i rekkjefølge. To av styremedlemene skal veljast av og blant dei tilsette, ein frå avdelinga i Førde og ein frå avdelinga i Florø.	
Styresamsetning	<u>Styremedlemer 2021-2022:</u> Bjørn-Harald Haugsvær (leiar) Siv Merete Stadheim Paula Lesto Heidi Grande Røys Vidar Grønnevik Halvard Avdem (tilsetterep. Førde) Siv Rimmen (tilsetterep. Florø)	<u>Varamedlemer 2021-2022:</u> Linda Ness Rotihaug Hilmar Eliasson
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>Styreleiar: 51 500 kr Styremedlem: 28 325 kr Samla styregodtgjersle for 2020: 229 575 kr.</p> <p>Løn dagleg leiar i 2020: 990 159 kr; pensjonsutgifter: 17 609 kr; anna godtgjersle: 114 844 kr.</p>	
Fylkeskommunalt lån	Nei.	
Revisor	Deloitte AS.	

Adresse	Florø: Industrivegen, postboks 274, 6902 Florø. Førde: Øyrane 2, 6801 Førde		
Telefon	57 75 21 40		
E-post	post@origod.no , petter.refsnes@origod.no (dagleg leiar)		
Nettadresse	www.origod.no		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	36 840	42 076	46 817
Driftsresultat	-1 381	1 960	4 326
Resultat etter skatt	-1 428	2 012	3 898
Totalkapitalrentabilitet	-4 %	4 %	8 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-10 %	18 %	51 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	42 %	43 %	41 %
Eigenkapitalprosent:	76 %	62 %	70 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Selskapet har auka driftsinntektene med 4,7 mill. kr der hovuddelen av auken kjem frå salsinntekter. Driftskostnadene til selskapet har gått opp blant anna som følgje av auka avskrivingskostnader etter kjøp av bygning i fjar. Rekneskapen syner eit overskot på 3,9 mill. kr i 2020.</p> <p>Eigenkapitalprosenten til selskapet har auka som følgje av auka eigenkapital og mindre gjeld. Sjølvfinansieringa til selskapet er svært god, og dei vil kunne nedbetale den langsigte gjelda innan fem år. Arbeidskapitalen til selskapet er også god medan totalkapitalrentabiliteten er kome opp på eit middels nivå.</p>		
Viktige hendingar	<p>Selskapet er ei arbeids- og inkluderingsverksemd, med NAV som største og viktigaste kunde. Avtalen med NAV om drift av Varig tilrettelagt arbeid og Arbeidsførebuande trening omfattar til saman 90 tiltakslassar. For tiltaket Arbeidsrettet Rehabilitering er selskapet underleverandør for Sogneprodutt AS i sitt område. Selskapet tilbyr elles kurs til næringslivet, har ei produksjonsavdeling som tilbyr mekaniske varer og tenester og ei eigedomsvedlikehaldsavdeling som leverer ulike tenester som transport, logistikk, lagringstenester, renovasjon, m.m. Selskapet har også avtale med fylkeskommunen, ved Flora vgs., om tilbod til ungdom/elevar som ikkje meistrar vanleg skulegang.</p> <p>I 2020 har Origod AS fusjonert med det heileigde dotterselskapet Sunnfjord Drift AS, jf. styrevedtak 16.03.20 og generalforsamlingsvedtak 14.04.20. Origod AS er det overtakande selskapet og fusjonen har skjedd vederlagsfritt. Målet med fusjonen er forenkla selskapsstruktur.</p>		
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	Den 04.06.21 kom stortingsmeldinga «Ingen utenfor – En helhetlig politikk for å inkludere flere i arbeids- og samfunnsliv». I meldinga		

	<p>framhevar regjeringa innovative innkjøp og sosiale entreprenørar, meir samarbeid mellom ulike aktørar, tidleg innsats, individuell jobbstøtte for unge og arbeidsorientert uføretrygd som sentrale tiltak.</p> <p>Arbeidsgjeverforeininga for Vekst- og attføringsbedrifter (ASVL) frårår at arbeidsførebuande trening vert lagt ut på anbod, fordi dei meiner dette ikkje vil sikre eit stabilt tilbod for dei tiltaka er til for. Dei er også skeptiske til at tenestetilboden til denne gruppa skal baserast på dognadsånd og frivilligkeit. Ei anbodsutsetting av tenesta Arbeidsførebuande trening vil medføre større usikkerheit for verksemda til arbeidsmarknadsbedriftene, som er førehandsgodkjente tilbydarar av denne tenesta i dag.</p> <p>Selskapet har dei siste åra gjennomført fleire fusjonar, med mål om å bli ein større og meir samordna organisasjon som vil ha styrke til å møte anbodskrav frå NAV Vestland, eit godt fagmiljø, og rasjonaliseringsvinst i driftskostnadene. Ved å fusionere har selskapa større mogleigheter for å utvikle og levere tenester med høg kvalitet til brukarane, og til å skape solide og trygge arbeidsplassar.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	I KU-PS 38/21 bestilte kontrollutvalet eigarskapskontroll av fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter frå Deloitte AS. Ferdig revisjonsrapport skal føreligge innan 31.10.21.
Mål med eigarskapen	Støtte opp om selskapet sitt arbeid med å hjelpe menneske med ulike utfordringar i og utanfor arbeidslivet. Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen er av samfunnsmessig karakter og skal sikre kontinuitet og føreseielege forhold for drifta av verksemda.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?	Eigarskapen er i tråd med eitt av fylkeskommunen sine vedtekne eigarskapsføremål - samfunnsutvikling ved å delta i selskap som har ansvar for å leggje til rette for særlege grupper. Arbeidsmarknadsbedriftene vil ha behov for den stabiliteten fylkeskommunal eigarskap bidreg med også i tida som kjem.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

Sogneprodukt AS

Føremål	Gjennom arbeidsretta tiltak skapar selskapet grunnlag for rekruttering til ordinært arbeidsliv. Selskapet er «ei bru til arbeidslivet» for dei som treng hjelp til å skaffe seg arbeid eller utdanning. Verksemda gir tilbod om varig tilrettelagt arbeid. Tenester, produksjon og handel eller anna næringsverksemd kan vere ein del av prosessen.	
Etablert	07.11.1973.	
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Eigarprosent: 20. Aksjane sin pålydande verdi: 150 000 kroner.</p> <p>Andre eigalarar er åtte kommunar og seks sparebankar lokalisert i Sogn, samt Norges Handikapforbund. Vik kommune er den største eigaren (37 %), deretter følgjer Sogndal kommune (om lag 16 %).</p> <p>Selskapet sin aksjekapital er på 751 000 kr delt på 751 aksjar à 1000 kr kvar.</p>	
Forretningskontor	Vik kommune.	
Regelverk	Aksjelova, arbeidsmarknadslova, folketrygdlova, NAV-lova.	
Styringsgrunnlag	Vedtekten, sist revidert 20.02.2017.	
Samfunnsansvar og etikk	Selskapet har etiske retningslinjer av 30.08.2012. Selskapet er ISO-sertifisert.	
Generalforsamling	<p>Ordinær generalforsamling skal haldast innan utgangen av april månad.</p> <p>Natalia Golis deltok som eigarrepresentant for Vestland fylkeskommune på generalforsamlinga 14.04.21 (digitalt).</p>	
Valnemnd	Selskapet har valkomité. Valkomiteen skal bestå av ordførarane frå dei største primæreigarkommunane – Vik, Sogndal og Årdal. Ordførar i Vik kommune er leiar.	
Val av styre	Selskapet skal leiast av eit styre på sju medlemer. Av desse vert fem medlemer med tre vara i rekjkjefølgje valde av generalforsamlinga. To styremedlemer med fire vara i rekjkjefølgje skal veljast av dei tilsette. Styreleiar og nestleiar skal veljast kvart år. For alle verv i styret gjeld ei funksjonstid på 2 år.	
Styresamansettning	<u>Styremedlemer:</u> Stig Roar Hovland (styreleiar) Marie-Helene Hollevik Brandsdal (nestleiar) Beate Bondevik Lie (2021-2023, VLFK) Frode Valsvik Karen Marie Hjelmeseter (2021-2023) Gjøril Kristin Lerheim-Barsnes (tilsetterep.) Anne Marit Grov (tilsetterep.)	<u>Varamedlemer:</u> 1. Arne Hovland 2. Olaug Marie Bjelde 3. Lars Trygve Sæle (2021-2023) Nils Magnar Feten (tilsetterep.)
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	Styreleiar: 35 000 kr per år Nestleiar: 10 500 kr per år Andre styremedlemer og fast møtande vara: 7 000 kr per år	

	<p>Godtgjersle per møte: 2000 kr For å få styrehonorar må medlemen ha delteke på minst 50 % av styremøta. Samla utbetalt styregodtgjersle i 2020 er 163 000 kr.</p> <p>Lön til dagleg leiar i selskapet i 2020: 1 067 663 kr, og 11 436 kr i anna godtgjersle.</p>		
Fylkeskommunalt lån	Nei.		
Revisor	RSM Norge AS avd. Voss		
Adresse	Industrivegen 25, 6893 Vik i Sogn.		
Telefon	57 69 83 40		
E-post	ragfje@sogneprodukt.no		
Nettadresse	www.sogneprodukt.no		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	33 029	35 232	33 254
Driftsresultat	- 2 702	-1 548	212
Resultat etter skatt	- 2 630	-1 467	339
Totalkapitalrentabilitet	-8 %	-5 %	1 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	33 %	28 %	22 %
Eigenkapitalprosent:	83 %	81 %	80 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Selskapet sine driftsinntekter er noko redusert mot fjoråret. Av driftsinntektene på 33,3 mill. kr utgjer 20,2 mill. kr attføringsinntekter frå NAV og resten er sals- og anna driftsinntekt. Selskapet utarbeidde forbetringstiltak etter underskotet i 2019, og i 2020 viser rekneskapen eit overskot på 339 475 kr.</p> <p>Som følgje av det positive resultatet har totalkapitalrentabiliteten betra seg frå 2019, men er framleis svak. Selskapet sin arbeidskapital i % av driftsinntekter og eigenkapitalprosent er god.</p>		
Viktige hendingar	<p>Selskapet har rammeavtale med NAV Vestland om m.a. Arbeidsførebuande trening (AFT), Varig tilrettelagd arbeid og Arbeidsretta rehabilitering (med Origod AS og In Via AS som underleverandørar). Sogneprodukt tilbyr også ulike kurs tilpassa oppdragsgjevarane, t.d. NAV og kommunar, sine behov. Arbeids- og inkluderingsverksemndene i området har samarbeidd om fagopplæring. Selskapet er også med i samarbeidsprosjektet Kreativ Kommunikasjon, for å skape gode attraktive arbeidsplassar for dei som treng litt ekstra og har sitt interessefelt innan digital kompetanse. Målet er driftsfase frå 2021.</p>		

	I 2020 har arbeidssøkjarane hovudsakleg fått digital oppfølging. Trass i avgrensingar grunna pandemien har selskapet hatt gode formidlingsresultat på AFT, og ligg framleis godt over landsgjennomsnittet og NAV sitt krav om minimum 50 % formidlingsresultat.
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Den 04.06.21 kom stortingsmeldinga «Ingen utenfor – En helhetlig politikk for å inkludere flere i arbeids- og samfunnsliv». I meldinga framhevar regjeringa innovative innkjøp og sosiale entreprenørar, meir samarbeid mellom ulike aktørar, tidleg innsats, individuell jobbstøtte for unge og arbeidsorientert uføretrygd som sentrale tiltak. Arbeidsgjeverforeininga for Vekst- og attføringsbedrifter (ASVL) frårår at arbeidsførebuande trening vert lagt ut på anbod, fordi dei meiner dette ikkje vil sikre eit stabilt tilbod for dei tiltaka er til for. Dei er også skeptiske til at tenestetilbodet til denne gruppa skal baserast på dugnadsånd og frivilligheit. Ei anbodsutsetting av tenesta Arbeidsførebuande trening vil medføre større usikkerheit for verksemda til arbeidsmarknadsbedriftene, som er førehandsgodkjente tilbydarar av denne tenesta i dag.</p> <p>Strukturendringar i fylkeskommunen, kommunane og NAV stiller nye krav til verksemda, men gjev samstundes nye moglegheiter. Det er hard konkurranse i ulike anbodskonkurransar.</p> <p>Selskapet skal jobbe med å vere fylkeskommunen og eigarkommunane sitt verktøy for å redusere sosiale kostnader, hjelpe personar som har utfordringar med å kome inn i arbeidslivet, kjenne arbeidsgjevarar sine behov for arbeidskraft og hjelpe med trygg rekruttering, og kjenne kundane sine behov for tenester og produkt.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	I KU-PS 38/21 bestilte kontrollutvalet eigarskapskontroll av fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter frå Deloitte AS. Ferdig revisjonsrapport skal føreligge innan 31.10.21.
Mål med eigarskapen	Støtte opp om selskapet sitt arbeid med å hjelpe menneske med ulike utfordringar i og utanfor arbeidslivet. Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen er av samfunnsmessig karakter og skal sikre kontinuitet og føreseielege forhold for drifta av verksemda.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøylen?	<p>Eigarskapen er i tråd med eitt av fylkeskommunen sine vedtekne eigarskapsføremål - samfunnsutvikling ved å delta i selskap som har ansvar for å leggje til rette for særlege grupper.</p> <p>Arbeidsmarknadsbedriftene vil ha behov for den stabiliteten fylkeskommunal eigarskap bidreg med også i tida som kjem.</p>
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

6.5 Infrastruktur og kollektivtransport



Foto: Morten Warvik/Vestland fylkeskommune

Bybanen AS

Føremål	<p>Selskapet sitt føremål er å forvalte og drifta infrastrukturen for Bybanen, mellom anna Bybanen sitt skinnegåande materiell. Selskapet har fagansvar for tryggleik, bane, elektro, signal/tele og skinnegåande materiell for Bybanen i tråd med gjeldande lover og forskrifter.</p> <p>Bybanen AS sin visjon er å sette standarden for banesystem i Europa.</p>	
Etablert	19.03.1997	
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Selskapets aksjekapital er kr 1 550 000 fordelt på 1000 aksjar à kr 1 550.</p> <p>Vestland fylkeskommune eig 100% av selskapet.</p>	
Forretningskontor	Kokstadflaten 59, 5257 Kokstad	
Regelverk	<p>Aksjelova, offentleglova, regelverket om offentlege innkjøp, jernbane lava m.m. Selskapet har løyve frå Statens Jernbanetilsyn om drift av infrastruktur og vedlikehaldsmateriell.</p>	
Styringsgrunnlag	Vedtekter, sist endra 21.04.21.	
Samfunnsansvar og etikk	<p>Bybanen AS skal vera ein viktig bidragsyta til ein grøn by, ved å legge til rette for framleis auka bruk av kollektivtrafikk. Berekraft er kjernen i Bybanen AS sin forretningsmodell, noko som er grunnen til at selskapet arbeidar med å støtte oppunder FNs berekraftmål på alle plan av drifta.</p> <p>Bybanen AS prioriterer FNs bærekraftmål nr. 9. Innovasjon og infrastruktur, 1. Berekraftige byar og samfunn, 12. Ansvarleg forbruk og produksjon og 13. Stoppe klimaendringane. Dette er områder Bybanen AS har ein sentral moglegheit til å gjere ein stor skilnad på for samfunnet.</p>	
Generalforsamling	<p>Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 29.04.21 (digitalt).</p> <p>Fylkesordførar Jon Askeland representerte Vestland fylkeskommune i møtet. Fylkessirektøren deltok også i møtet.</p>	
Valkomite	Jon Askeland, Terje Søviknes og Jannicke Clarke.	
Val av styre	<p>Selskapets styre skal ha sju medlemer, seks aksjonærvalde og ein tilsettevald med personleg vara. Eigar fremjar forslag på to styremedlemer med vara til valkomiteen i selskapet.</p> <p>Valperioden for dei aksjonærvalde vert sett slik at høvesvis fire og to styremedlemer står på val i ordinær generalforsamling annakvart år.</p> <p>Etter generalforsamlinga sitt ønske kan det veljast inntil to varamedlemer. Valperioden for desse er eitt år.</p>	
Styresamansettning	<u>Styremedlemer:</u> Emil Eike (leiar) Astrid Sørensen (nestleiar) Silja Ekeland Bjørkly (VLFK, 2020-2022) Jørund Vandvik Øystein Skaar Haque Nawaz Akhtar Chaudhry (VLFK, 2020-2022)	<u>Varamedlemer:</u> Christian Haugen (VLFK, 2021-2022) Rasmus Laupsa Rasmussen (VLFK, 2021-2022)

	Sven-Olav Frimann Nilsen (tilsetterep.) Fylkeskommunen har bedt selskapet sikre kjønnsbalanse mellom dei aksjonærvalde styremedlemene.	Kjetil Storum Nøstdal (tilsetterep.)	
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	Styreleiar: kr. 120 000 per år. Styrets nestleiar: kr. 60 000 per år. Styremedlem: kr. 45 000 per år. Varamedlemmar får godtgjersle etter fylkeskommunen sine satsar for einskildmøte. Tilsetterepresentantar får løn, ikkje styregodtgjersle. Samla styregodtgjersle 2020: 408 204 kr. Løn til dagleg leiar i 2020: kr 1 256 163, anna godtgjersle: kr 5 094, pensjonskostnader: kr 24 904.		
Fylkeskommunalt lån	Selskapet har fylkeskommunalt lån på 11 mill. kr per 31.12.20. Selskapet har betalt 277 286 kr i renter til fylkeskommunen for lånet i 2020.		
Revisor	Deloitte AS		
Adresse	Kokstadflaten 59, 5297 Kokstad		
Telefon/faks	55 37 80 00		
E-post	post@bybanen.no		
Nettadresse	www.bybanen.no		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	162 623	245 356	228 314
Driftsresultat	4 505	-1 235	1 854
Resultat etter skatt	3 418	-744	1 594
Totalkapitalrentabilitet	6 %	-1 %	3 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	44 %	11 %	34 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	11 %	7 %	6 %
Eigenkapitalprosent	21 %	19 %	23 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Selskapet sine inntekter er blitt redusert med om lag 17 mill. kr som i hovudsak skuldast reduserte passasjerinntekter under pandemien.</p> <p>Sidan midten av 2019 har selskapet ikkje hatt kostnadar knytt til leige av vognene. Dette har ført til at driftskostnadene har gått vesentleg ned. Samla er driftskostnadene i 2020 redusert i større grad enn inntektene, noko som gir selskapet eit overskot på om lag 1,6 mill. kr.</p>		

	<p>Den samla gjelda er blitt redusert med om lag 10,3 mill. kr frå fjaråret, og er om lag 61,1 mill. kr i 2020. 11 mill. kr av gjelda er eit renteberekna lån frå Vestland fylkeskommune.</p> <p>Selskapet sin sjølvfinansiering og eigenkapitalprosent er god medan arbeidskapitalen er på eit middels nivå. Totalkapitalrentabiliteten har betra seg frå fjaråret, men er framleis svak.</p>
Viktige hendingar	<p>Hordaland fylkeskommune (HFK) etablerte Bybanen AS i 2008, for forvaltning av infrastruktur, sporvogner og anna vognmateriell. I 2017 vedtok fylkestinget i HFK at Bybanen AS skulle få totalansvaret for Bybanen i Bergen, noko selskapet har hatt sidan 01.07.19. Bybanen AS har kontrakt med operatørselskapet Keolis Norway AS om passasjertransporten. Skyss har ansvaret for billettar, passasjerinformasjon og ruteproduksjon.</p> <p>I 2019 frakta Bybanen 18,6 mill. passasjerar, og per februar 2020 låg det an til ytterlegare 25 % vekst, før nedstengingen. Covid-19-pandemien har i stor grad påverka selskapet. Rutetilbodet har vore tilnærma normalt i 2020, men selskapet har iverksett ei rekke tiltak for å forhindre smitte og for å sikre sikker drift. Bybanen hadde til saman 12,4 mill. passasjerar i 2020. Punktlegheten gjennom året har vore 98,33 %, og regulariteten (om turar er køyrde etter ruta) har vore 99,41 %.</p> <p>I 2019 vart det gjennomført selskapskontroll av Bybanen AS. Basert på denne bad Hordaland fylkesting, i PS 67/2019, fylkesdirektøren om å følgje opp ei rekke tiltak i sju punkt, m.a. å sikre føremålstenleg budsjettoppfølging av Bybanen AS, å følgje opp tilrådingane i ein evalueringssrapport og å utarbeide eigarstrategi. Eigarstrategi for selskapet vart vedteken FU-PS 2/2021. Kontrollutvalet driv fortsatt på med oppfølginga av andre tiltak.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Byggetrinn 4 har planlagt opning i 2022-2023. Byggetrinnet omfattar ei ny bybanelinje på ca. 9 km frå Bergen sentrum via Haukeland Sjukehus til Fyllingsdalen.</p> <p>Arbeidet med nytt driftsbygg og garasjeanlegg på Kokstad starta i 2019, og bygg og anlegg skal etter planen stå klare ved utgangen av 2021.</p> <p>Selskapet siktar mot europatoppen for banesystem, målt i punktleghet, kostnadseffektivitet, regularitet og avvikshandtering. Selskapet har etablert ei måltavle (Key Performance Indicators), med namnet PRAKT, som skal hjelpe til i arbeidet for å nå målet om å vere det beste bybanesystemet i Europa.</p> <p>Selskapet jobbar med ein ny strategi der FNs berekraftsmål skal vere førande.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	<p><i>FU-PS 2/2021 Eigarstyring Bybanen AS</i> Vedtak Fylkesutvalet vedtek eigarstrategien for Bybanen AS slik den føreligg. I det vidare arbeidet med eigarstrategi er det ønskjeleg at innkjøpsreglar for eksterne tenester og klargjering av ansvar for tryggleik med eksternt firma som har det daglege ansvaret for drifta, vert omtalt i eigarstrategien.</p> <p><i>KU-PS 10/2021 Oppfølging - Selskapskontroll Bybanen AS</i> Vedtak A1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen komme med ny skriftleg status på oppfølging av punkta 5 og 6 i denne selskapskontrollen slik at den kan handsamast i møte i kontrollutvalet 14.06.2021. A2. Tilbakemeldinga vert å levere sekretariatet seinast innan</p>

	<p>25.05.2021.</p> <p>B1. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status frå Bybanen AS på oppfølging av punkta 3, 4, 5 og 6 i denne selskapskontrollen slik at den kan handsamast i møte i kontrollutvalet 14.06.2021.</p> <p>B2. Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon på det som er gjort for dei aktuelle gjennomførte forbetringane, t.d. modell for budsjett, eigarstyringsmodell, rutinar i samband med etablering av nytt kvalitetssystem og annan relevant dokumentasjon.</p> <p>B3. Tilbakemeldinga vert å levere sekretariatet seinast innan 25.05.2021.</p> <p><i>KU-PS 48/2021 Oppfølging - Selskapskontroll Bybanen AS</i></p> <p>Vedtak</p> <p>A1. Kontrollutvalet ber igjen fylkesrådmannen komme med ny skriftleg status på oppfølging av punkta 5 og 6 i selskapskontroll av Bybanen AS slik at den kan handsamast i møte i kontrollutvalet 26.10.2021.</p> <p>A2. Dersom forbettingsarbeidet ikkje er ferdig gjennomført på tidspunktet for tilbakemeldinga ber kontrollutvalet ber om å få oppgjeve tidspunkt for når det vil vera ferdig.</p> <p>A3. Tilbakemeldinga vert å levere sekretariatet seinast innan 05.10.2021.</p> <p>B1. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status frå Bybanen AS på oppfølging av punkta 5 og 6 i den gjennomførte selskapskontrollen av selskapet slik at den kan handsamast i møte i kontrollutvalet 26.10.2021.</p> <p>B2. Tilbakemeldinga vert å levere sekretariatet seinast innan 05.10.2021.</p> <p><i>FU-PS 73/2021 Eigarstyring Bybanen AS - forslag om å redusere frå sju til seks aksjonærvalde styremedlemer</i></p> <p>Vedtak</p> <p>1. Vestland fylkeskommune støttar å redusere talet aksjonærvalde styremedlemer i Bybanen AS frå sju til seks, i samband med at styret skal få ein ny medlem valt av og blant dei tilsette.</p> <p>2. Vestland fylkeskommune støttar at vedtekten vert endra slik at det framgår kven som peikar ut dei ulike styremedlemene.</p> <p>3. Vestland fylkeskommune sin eigarrepresentant røystar for desse endringane dersom dei vert føreslegne på selskapet si generalforsamling 29.04.21.</p>
Mål med eigarskapen	Fylkeskommunen sitt mål med eigarskapen i Bybanen AS er å legge til rette for å løyse fylkeskommunale oppgåver innanfor infrastruktur og kollektivtransport.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøytenleg	Målet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

E134 Haukelivegen AS

Føremål	Selskapet skal arbeide for utbygging og standardheving av transportkorridoren E134 Karmøy-Frogn, RV36 Seljord-E18 og sambandet E134 - Bergen. I tillegg kan selskapet arbeide for å fremje interessene til viktige sidegreiner til denne transportkorridoren, når dette styrker arbeidet for korridoren. Selskapet kan ta initiativ til å opprette finansieringsselskap og utbyggingsselskap. Selskapet har høve til å delta i og/eller arbeide saman med andre selskap med tilsvarande føremål. Selskapet står elles fritt til å setje i verk tiltak og bruke dei verkemiddel som er tilgjengeleg og aktuelle for å fremje føremålet til selskapet. Selskapet skal ikkje betale utbyte.
Etablert	10.01.2001
Aksjekapital/fylkeskommunal eigardel	Aksjekapitalen i selskapet er 460 000 kr (460 aksjar a kr 1 000). Fylkeskommunen eig ti aksjar, noko som utgjer 2,17 % av aksjekapitalen. Andre eigarar er tre fylkeskommunar, 31 kommunar og 8 verksemder.
Forretningskontor	Åmot, 3890 Vinje
Regelverk	Aksjelova, offentleglova og regelverket om offentlege innkjøp.
Styringsgrunnlag	Vedtekten (sist endra 11.06.21)
Samfunnsansvar og etikk	Selskapet har etiske retningslinjer (vedtekne 28.10.13) som gjeld for tilsette, personar/firma som tek på seg oppdrag for selskapet og for tillitsvalde.
Generalforsamling	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 11.06.21 (digitalt). Jannicke Bergesen Clarke representerte Vestland fylkeskommune, med fullmakt. Det vart gjennomført eigarmøte i selskapet 23.04.21, om økonomiplan 2021-2025.
Valnemnd	Valnemnda skal ha tre til fem medlemer. Generalforsamlinga vel medlemer og leiar av nemnda, etter innstilling frå styret. Medlemene si maksimale funksjonstid er seks år. <u>Medlemer:</u> Petter Steen jr. (leiar) Kari Anne Sand Anne Aasmundtveit Torgeir Næss Gry Fuglestveit
Styrealv	Styret skal ha ti medlemer. Ein av medlemene skal representere næringslivet. Styremedlemane blir valde for to år om gongen. I tillegg skal det veljast ti varamedlemer i numerisk rekkefølge, også desse for to år om gongen. Generalforsamlinga vel leiar og nestleiar i styret blant dei ti styremedlemene. Valnemnda har ansvar for rekruttering til styret, og for at innstillinga gir styret god breidde i kompetanse, geografi og politisk ståstad. Rekruttering til styre og valnemnd skal organiserast slik at alle aksjonærar får høve til å kome med forslag eller innspel til arbeidet.

Styresamansetting	<u>Medlemer 2020-2022:</u> Roald Aga Haug (leiar) Edvard Møland (nestleiar) Arve Helle (VLFK) Arne Bergsvåg Trine Meling Stokland Ruth Grethe Østebøvik Eriksen Bengt Halvard Odden Jon Rikard Kleven Hilde Thorud Lene Øistesø Winger Conradi	<u>Varamedlemer 2020-2022:</u> Leif Malvin Knutsen Bjørg Tveito Lundefaret Anne-Nora Oma Dahle Ragnfrid Sønstabø Siri Blichfeldt Dyrland Petter Ellefsen Siri Klokkerstuen Vilde Ingeborg Holtan Håvardsrud Eivind Tokheim Hans Inge Myrvold	
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	Styreleiar: 10 000 kr fast og 2000 kr per møte Styremedlemer og møtande vara: 2000 kr per møte I tillegg vert tapt arbeidsforteneste dekka med 250 kr/t (inntil 2000 kr per møte). Samla styregodtgjersle i 2020: 109 275 kr. Løn til dagleg leiar i 2020: 849 528 kr; pensjonskostnader: 90 469 kr; anna godtgjersle: 38 232.		
Fylkeskommunalt lån			
Revisor	Odda Revisjon AS		
Adresse	C/o Pål Kårbo, Fløhaugane 34B, 5918 Frekhaug		
Telefon	93 42 90 63		
E-post	pk@134.no		
Nettadresse	www.134.no		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	1 214	1 499	1 243
Driftsresultat	-217	18	- 1 252
Resultat etter skatt	-195	66	- 1 230
Totalkapitalrentabilitet	-5 %	2 %	- 39 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	289 %	238 %	189 %
Eigenkapitalprosent	93 %	95 %	91 %
Økonomisk utvikling i tekst	Driftsinntektene kjem i hovudsak frå aksjonærane. Vestland fylkeskommune overførte 68 000 kr til selskapet i 2020. Underskotet på		

	<p>om lag 1,2 mill. kr skriv seg i hovudsak av at lønskostnadene har gått opp sidan selskapet i 2020 hadde over eitt årsverk til dagleg leiing.</p> <p>Årets underskot fører til ein svakare totalkapitalrentabilitet. Arbeidskapital og eigenkapitalprosent er framleis særskilt god.</p>
Viktige hendingar	<p>Viktigast for selskapet i 2020 har vore arbeidet med å få gode gjennomslag for E134 i NTP 2022-2033 (lagt fram av regjeringa mars 2021), med størst økning på strekningane E134 Seljestad-Vågsli, E134 Lier – Frogn, Bakka-Solheim og RV13 Oddadalen.</p> <p>Elles har selskapet hatt økning på digital satsing, møte med ulike kommunar, andre aktørar og samarbeidspartar, og anna pådrivararbeid.</p> <p>Selskapet har i 2020 vedtektsfesta gjeldande praksis med bruk av valnemnd og har tilsett Pål Kårbo som ny dagleg leiari. I 2021 utvida generalforsamlinga maksimal funksjonstid for valnemndsmedlemene frå fire til seks år.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Selskapet har behov for auka driftsinntekter, og har, med fleirtalsvedtak i generalforsamlinga 11.06.21, vedteke å auka eigarane sine bidrag til selskapet med 30 % for 2022. Vestland fylkeskommune, som saman med Lier kommune stemte mot auken, har, både før og etter generalforsamlinga, gjort selskapet merksam på at eit vedtak om å auka eigarane sitt bidrag krev samråystes vedtak, sjå FU-RS 90/21. Generalforsamlinga sitt vedtak om kostnadsdeling for 2022 er altså ugyldig. Dette medfører at det ikkje har verknad, korkje for Vestland fylkeskommune eller dei andre aksjonærane. Sjå likevel vedtak i FU-RS 90/2021, attgjeve under.</p> <p>Selskapet sine prioriterte arbeidsområde 2020-2022 er: Ny veg over fjellet (Seljestad-Vågsli).</p> <p>Planlegging:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Sagrenda-Gvammen-Vågsli • E134-Bergen (arm til Bergen) KVU (konseptvalutgreiing) • RV36 (bystrategi) <p>NTP 2022-33:</p> <ul style="list-style-type: none"> • E134 Seljestad-Vågsli • E134 Lier - Frogn • Bakka-Solheim • RV13 Oddadalen <p>Styret for E134 Haukelivegen AS ynskjer E134 inn i den utvida porteføljen til Nye Veier AS. Uavhengig av val av utbyggar er det behov for tilstrekkeleg og føreseeieleg finansiering.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	<p><i>FU-PS 135/2021 E134 Haukelivegen AS - forslag om å auka eigarane sitt bidrag:</i></p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Fylkesutvalet ber eigarrepresentanten røyste mot den føreslegne kostnadsdelinga mellom eigarane for 2022 på den komande generalforsamlinga. 2. Fylkesutvalet ber eigarrepresentanten krevje at sak om kostnadsdeling for 2023 og seinare år vert gjort grundig greie for til generalforsamlinga neste år, gjerne med ei vurdering av potensialet for andre inntektskjelder og om driftsnivået er føremålstenleg. 3. Fylkesutvalet ber eigarrepresentanten røyste for forslaget om å forlenge medlemmene i valkomitéen si maksimale funksjonstid på den komande generalforsamlinga.

	<p>4. Fylkesutvalet ber om ei sak som drøftar premissane for deltaking i ulike pådrivarselskap og prinsipp for kontingentar og tilskotsordningar til desse selskapa. Fylkesutvalet ber òg om status for dei pådrivarselskapa fylket deltar i pr. dag</p> <p><i>FU-RS 90/2021 E134 Haukelivegen AS - generalforsamlinga sitt vedtak om auka bidrag til selskapet og FU-PS 198/2021:</i></p> <p>Fylkesutvalet syner til generalforsamlinga i E134 Haukelivegen og til referatsak RS 90/2021 i fylkesutvalet i Vestland der det kjem fram at Vestland fylke sin eigarrepresentant røysta mot endra kostnadsfordeling. Dette er i tråd med fylkesutvalet si handsaming av saka i forkant av generalforsamlinga. Bakgrunn for at Vestland fylkeskommune ikkje røysta for er at me ynskjer ein gjennomgang av våre økonomiske forpliktingar ovanfor alle interesseselskapa me er med i for å sikre likebehandling av desse. Fylkesutvalet har registrert at det er stor skilnad på kor store beløp fylkeskommunen bidreg med i dei ulike selskapa. Fylkesutvalet ynskjer ikkje å blokkere andre eigarar sin moglegheit til å yte eit større økonomisk bidrag, men Vestland fylkeskommune kjem for eigen del ikkje til å betale ut eit større bidrag enn scenario A, med 3 % auke i inntekter og kostnader, før ein har hatt ein gjennomgang av alle selskapa og konkludert på prinsipp for økonomiske bidrag til desse.</p>
Mål med eigarskapen	Infrastrukturutbygging og standardheving av transportkorridoren E134 med sidegreiner som føremål. Utbygging og standardheving skal gje raskare, tryggare og meir pålitelege samband.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøytenleg	<p>Sjølv om selskapet er organisert som eit aksjeselskap, er det naturleg å samanlikne det med t.d. interessefellesskapet I/S Fjordvegen rute 13. Vestland fylkeskommune er med i fleire slike pådrivarselskap. E134 Haukelivegen AS er det einaste som er organisert som eit aksjeselskap, og som derfor vert omtala og vurdert i denne eigarskapsmeldinga.</p> <p>Fylkestinget har i PS 109/2020 teke stilling til korleis fylkeskommunen skal følgje opp arbeidet med store statlege samferdselsprosjekt. Av saksframleggjett kjem det fram at det er fleire forhold som er viktige i fylkeskommunen sitt engasjement i slike prosjekt:</p> <ol style="list-style-type: none"> Arbeide opp mot sentrale styremakter for realisering av store statlege prosjekt som er prioriterte av fylkestinget. Vere orientert om pågående planarbeid, og syte for at lokale og regionale interesser vert ivaretakne. Utforming av bompengesøknader der dette er ein føresetnad for realisering av prosjekta. Ein sentral premiss for drøftinga er at fylkeskommunen har ei leiarrolle i utvikling av fylket. I dette ligg å leie interessehevdingsarbeidet i fylket, og dermed også å samordne og avvege interessene til ulike aktørar i fylket. <p>I saka vedtok fylkestinget å vidareføre eigarskapen i E134 Haukelivegen AS, ut frå at det er naturleg at fylkeskommunen sitt arbeid, jf. punkta i avsnittet over, vert ivaretakne gjennom selskapet.</p>
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

Ferde AS

Føremål	Stå for bompengefinansiering av utbyggingsprosjekt i fylka Vestland, Rogaland og Agder. Selskapet har oppgåver knytt til vedtekne innkrevjingsprosjekt. Selskapet skal ikkje vere ein pådrivarorganisasjon for nye vegprosjekt. Selskapet skal ikkje gje aksjeeigarane økonomisk utbytte.
Etablert	05.10.2016
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Aksjeposten sin pålydande verdi: 200 000 kr</p> <p>Andre eigarar er fylkeskommunane Rogaland og Agder.</p> <p>Dei tre fylkeskommunane har lik eigardel i selskapet.</p> <p>Selskapet sin innskotne aksjekapital er 600 000 kr, fordelt på 600 aksjar, kvar pålydande 1000 kr.</p>
Forretningskontor	Bergen kommune.
Regelverk	Aksjelova, offentleglova, regelverket om offentlege anskaffingar, veglova og bompengeavtalen med Samferdselsdepartementet.
Styringsgrunnlag	Vedtekten, sist endra 23.04.20.
Samfunnsansvar og etikk	<p>Ferde sitt samfunnsansvar dreiar seg om å sørge for at så mykje som mogleg av bompengane selskapet krev inn går til å bygge ut infrastruktur. Selskapet sine verdiar er: open, påliteleg, etterretteleg og nyskapande.</p> <p>Ferde AS er sertifisert Miljøfyrtårnverksemrd, og har etablert rammeverk for utferding av grøne obligasjonar. Rammeverket har fått høgaste score, mørkegrøn, av CICERO.</p> <p>Selskapet har etiske retningsliner. I samband med utviklinga av selskapet sin innkjøpsstrategi, har selskapet utarbeidd ein forenkla Corporate Social Responsibility policy som støttar opp under krava i FN-initiativet Global Compact.</p>
Generalforsamling	<p>Fylkesordførarane utgjer generalforsamlinga.</p> <p>Det vart gjennomført ordinær generalforsamling i selskapet 06.05.21 (digitalt). Fylkesordføraren deltok for fylkeskommunen. I tillegg vart det gjennomført eigarmøte 18.05.21, om utskiljinga av utferdarverksemda i eige selskap.</p>
Valnemnd	<p>Selskapet har valnemnd. Valnemnda er sett saman med ein representant frå kvar eigar slik:</p> <p>Inge Smith Dokken (Rogaland) Natalia Golis (VLFK) Bjørn Ropstad (Agder)</p>
Val av styre	Selskapet skal ha eit styre med seks medlemer og tre varamedlemer. Kvar av eigarane føresler to styremedlemer og ein varamedlem. Begge kjønn skal vere representerte med minst fire styremedlemer og to varamedlemer. Styre- og varamedlemane vert valde med ei funksjonstid

	<p>på to år, men slik at ulike styremedlemer er på val kvart år²³. Generalforsamlinga vel styreleiar. Styret vel sjølv nestleiar.</p> <p>Dei tilsette vel i tillegg to representantar til styret og to varamedlemer for desse.</p>		
Styresamansetning	<p>Styremedlemer (2020-2022): Janne Johnsen (leiar) Nils Olav Olsbu (nestleiar) Lise Mari Haugen (VLFK) Anne Gine Hestetun (VLFK) Trond Nerdal Harald Fauskanger Andersen Tone Rafdal (tilsetterep.) Trond Bjørnestad Pettersen (tilsetterep.)</p>		Varamedlemer: Håkon Heinrich Schwab Janne Nystøl Tom Georg Indrevik (VLFK) Wenche Pettersen (tilsetterep.) Britt Karin Børnes (tilsetterep.)
Styregodtgjersle og løn til administrerande direktør	<p>Styreleiar: 2 G (201 706 kr) Nestleiar: 1,5 G (151 280 kr) Styremedlem: 1 G (100 853 kr) Varamedlem: 0,1 G (10 085 kr) fast og per møte Samla styregodtgjersle i 2020 er 939 227 kr.</p> <p>Løn til administrerande direktør i 2020: 1 634 864 kr. Anna godtgjersle: 8 439 kr.</p>		
Fylkeskommunalt lån	<p>Nei, men alle nye låneopptak i Ferde AS har sikkerheit i ein kommunal og/eller fylkeskommunal sjølvskuldнargaranti. Stortinget har den 06.10.20 bedt regjeringa legge fram sak der Staten overtek garantiansvaret for bompengelån på riksveg (både eksisterande og nye prosjekt).</p>		
Revisor	KPMG AS		
Adresse	Fjøsangerveien 68, 5068 Bergen		
Telefon	55 55 94 94 / 416 85 134 (Bjørn Inge Midtgård, myndigheitskontakt)		
E-post	bjorn.inge.midtgard@ferde.no		
Nettadresse	https://ferde.no/		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra (konsern):			
(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	2 435 564	3 582 211	3 434 705
Driftsresultat	2 160 528	3 267 002	3 121 509
Resultat etter skatt	12 738	13 890	15 649
Totalkapitalrentabilitet	30 %	18 %	13 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	15 %	13 %	12 %

²³ Når sak om styreval skal handsamast på generalforsamlinga i 2022 vil generalforsamlinga tilpasse den enkelte medlemon si funksjonstid slik at ulike styremedlemer er på val kvart år.

Arbeidskapital i % av driftsinntekter	45 %	46 %	55 %
Eigenkapitalprosent:	0 %	0 %	0 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Auken i driftsinntekter frå 2018 til 2019 kjem av at selskapet i løpet av 2018 innfusjonerte 21 bompengeselskap og eit driftsselskap slik at 2019 var første heile driftsår med inntekter og kostnader frå dei innfusjonerte selskapa.</p> <p>Selskapet har hatt ein nedgang i driftsinntektene på 147,5 mill. kr der 120,3 mill. kr er ein reduksjon i offentlege tilskot. Denne reduksjonen skriv seg i hovudsak frå mindre midlar til innfriing av bompengegjeld. I 2019 fekk selskapet innfridd 134 mill. kr i bompengegjeld på to prosjekt gjennom revidert nasjonalbudsjett 2019 medan i 2020 er det berre innfridd om lag 23,3 mill. kr på to prosjekt.</p> <p>Den store skilnaden mellom driftsresultat og årsresultat skuldast at innkrevingsretten for bompengar vert avskriven etter ein metode som medfører at selskapet nyttar sitt årsoverskot til avskriving på innkrevingsretten.</p> <p>Selskapet si renteberande gjeld har auka med om lag 1,1 mrd. kr til 22,8 mrd. kr. Det har vore endringar på gjelda knytt til dei ulike bompengeprosjekta. Ein av dei største endringane er at gjelda knytt til E39 Kristiansand-Lyngdal har auka med 1,55 mrd. kr. Alle låneopptak har sikkerheit i ein kommunal og/eller fylkeskommunal sjølvskuldnargaranti.</p> <p>Eigenkapitalen i selskapet har betra seg og er i 2020 14,3 mill. kr. På grunn av den høge gjelta i selskapet syner eigenkapitalprosenten 0. Totalkapitalrentabiliteten og sjølvfinansieringa er på eit middels nivå medan arbeidskapital i % av driftsinntekter er god.</p>		
Viktige hendingar	<p>Ferde AS er eit av fem regionale bompengeselskap i Noreg, etablert som ledd i den statleg initierte bompengereforma. Sjå tidlegare eigarskapsmeldingar for meir om bompengereforma og skipinga av Ferde AS.</p> <p>Selskapet har ansvar for over 20 bompengeprosjekt i dei tre eigarfylka. Fem av desse er bypakkar. Stavanger og Bergen har etablert byvekstavtalar i tilknyting til bypakkane, der bompengar inngår i utbygginga av gang- og sykkelvegar, og kollektivtransport, i tillegg til vegutbygging. Utanfor byane går bompengar til vegstrekningar, bruver eller tunnelar. I statsbudsjettet for 2020 vart det gjeve ekstraordinært tilskot til reduserte bompengetakstar utanfor byområda. I Ferde sin region gjeld dette for E18 Tvedstrand-Arendal og Rv. 13 Hardangerbrua. I samband med salderinga av statsbudsjettet for 2020, er selskapet også tilbydt midlar til gjeldslette og takstredusjon i Kvamma-pakken. Sjå selskapet sin nettstad for meir informasjon om dei ulike prosjekta.</p> <p>I byrjinga av 2020 vart aksjekapitalen og vedtekten endra, for å sikre dei tre eigarane lik eigardel og like rettar og plikter. I ekstraordinær generalforsamling 27.05.20 vart det valt nytt styre i selskapet.</p> <p>Som ledd i oppfølginga av selskapskontrollen av selskapet, gjennomført i 2019, har dei tre eigarane m.a. utarbeidd felles eigarstrategi. Kontrollutvalet i Vestland sa seg ferdig med oppfølginga 15.02.21. Selskapet har også sjølv fått gjennomført ei uavhengig vurdering av selskapet i 2020.</p>		

	<p>Selskapet sine inntekter i 2020 skriv seg frå 257 mill. bompasseringar (mot 249 mill. i 2019). Driftskostnadane utgjer 8,8 % av inntektene (8,5 % i 2019), noko som gjev ein kostnad på 1,11 kr. per bompassering (1,13 kr i 2019). Koronatiltaka har medført redusert trafikk og reduserte inntekter i mange prosjekt. Likviditetssituasjonen og tilgangen på finansiering har likevel vore svært god, og fallande marknadsrenter har bidrige til lågare finansieringskostnader.</p> <p>Den 30.04.21 vart utferdarverksemda skilt ut i eit eige selskap, Flyt AS. Utferdarverksemda omfattar om lag 550 000 AutoPASS-avtalar med kundar. Ferde AS har vidare inngått avtale om sal av Flyt AS til Gjensidige, som frå før også har avtalt å overta kundar frå Vegamot AS. Transaksjonen vert gjennomført så snart Flyt AS er godkjent som kommersiell utferdar. Tentativ dato er 01.11.21. Gjensidige krev også inn trafikkforsikringsavgift på vegner av staten, og ser innkrevjing av bompengar som ei naturleg forlenging av dette.</p> <p>Selskapet har i haust fått eit lovbrotsgebyr på 5 mill. kr frå Datatilsynet, knytt til Ferde AS si overføring av opplysningar til ein databehandler i Kina.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Selskapet har utarbeidd ny strategi for perioden 2021-2023. Selskapet si strategiske målsetting er å vere teknologileiande og effektivt. På bakgrunn av at eigarane er opptekne av at selskapet tek klimaansvar, har selskapet gjennomført ei berekrafts-kartlegging, som dannar grunnlag for selskapet sin berekraftstrategi i perioden. Selskapet skal halde fram med å vere sertifisert miljøfyrtårnbedrift, ta aktive miljøval, og ha økologisk ansvarlelse anskaffingar og grøn finansiering. EU vil frå 2022 innføre ein felles standard for klassifisering av berekraftige økonomiske aktivitetar, omtalt som EU Taksonomi. Ferde vil søke å etterleve og utnytte moglegheitene innanfor det nye regelverket.</p> <p>Avviklinga av Sams vegadministrasjon, og omorganiseringa av Statens vegvesen, har endra samhandlinga på bompengefeltet. Selskapet ventar ytterlegare avklaringar om ansvars- og rollefordeling som følgje av endringane og som følgje av bompengereformen.</p> <p>Med den eksisterande prosjektopporteføljen, og planlagde nye prosjekt i regionen, ligg det an til tydeleg vekst i inntekter og finansieringsbehovet framover. Det vert fleire og fleire el-bilar på vegane, og det er noko uvisse knytt til korleis inntektene frå desse vil bli framover. Med dagens takstar og takstordning vil auken i el-bilar medføre reduserte inntekter i tida framover.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	<p><i>FU-PS 296/2020 Eigarstrategi for Ferde AS:</i> Fylkesutvalet vedtek eigarstrategien for Ferde AS slik han føreligg, jf. vedlegg.</p> <p><i>FT-PS 151/2020 Tilleggsbestilling – Selskapskontroll av Ferde AS – Revisjonsrapport:</i> Fylkestinget i Vestland fylkeskommune tek rapport om tilleggsbestilling etter selskapskontroll av Ferde AS til orientering.</p> <p><i>KU-PS 14/2021 Oppfølging - Selskapskontroll av Ferde AS frå selskapet:</i> 1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune tar Ferde AS sin tilbakemelding til orientering. 2. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune seier seg nøgd med tilbakemeldinga, seier seg ferdig med saka og ønsker lukke til i det vidare forbetringsarbeidet.</p> <p><i>KU-PS 15/2021 Oppfølging - Selskapskontroll av Ferde AS frå eigar:</i></p>

	<p>1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune tar eigar av Ferde AS sin tilbakemelding til orientering.</p> <p>2. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune seier seg nøgd med tilbakemeldinga, seier seg ferdig med saka og ønsker lukke til i det vidare forbetringsarbeidet.</p> <p>Fylkesdirektøren legg fram referatsaker med kvartalsvis aksjonærinformasjon frå selskapet for fylkesutvalet.</p>
Mål med eigarskapen	Ferde AS er eit fylkeskommunalt fellestiltak med finansiering av infrastrukturutbygging som føremål. Målet med selskapet og bompengereforma er å gi stordriftsfordelar samanlikna med tidlegare organisering, betre kontroll med- og ei meir brukarvenleg bompengeordning.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg	<p>I samband med bompengereforma, St. Meld. 25 (2014-2015), er det uttalt at den fylkeskommunale eigarskapen må sjåast i samanheng med fylkeskommunen sin garanti for bompengeselskapa sine lån og den lokalpolitiske prosessen som del av grunnlaget for kvar einskilt bompengeprosess. I tilfelle der fylkeskommunen eller kommunar bidreg med garantiar, vil den fylkeskommunale eigarskapen også ivareta kommunanes interesser som garantistar.</p> <p>Målet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande og eigarskapen fell inn under føremålskategorien infrastruktur og kollektivtransport.</p>
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

HFK Bussanlegg AS

Føremål	Direkte eller indirekte eige bussanlegg i Hordaland for å legge til rette for konkurranseutsetting av kollektivtrafikken. Selskapet er av allmennytlig karakter og skal ikke dele ut utbytte. Selskapets eideeler og dei ressursar som blir generert gjennom verksemda skal nyttast til selskapsformålet. HFK Bussanlegg AS eig 100 % av aksjane i følgjande selskap: - HFK Bussanlegg Mannsverk AS - HFK Bussanlegg Fana AS - HFK Bussanlegg Lonevåg AS - HFK Bussanlegg Straume AS - HFK Bussanlegg Knarvik AS
Etablert	26.02.2009
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	Aksjekapitalen er 100 000 kr (100 aksjar à kr 1000). Fylkeskommunen eig 100 % av selskapet.
Forretningskontor	Agnes Mowinckels gate 5, 5008 Bergen.
Regelverk	Aksjelova, offentleglova, regelverket om offentlege innkjøp
Styringsgrunnlag	Vedtekter
Samfunnsansvar og etikk	
Generalforsamling	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 03.06.21. Fylkesvaraordførar, Natalia Antonia Golis, representerte fylkeskommunen i møtet.
Val av styre	Generalforsamlinga vel styret i selskapet etter framlegg frå eigar ved fylkeskommunedirektøren, jf. RS sak 16/2020 til fylkestinget 09.06.20. Styret er samansett av fagpersonar frå administrasjonen i fylkeskommunen.
Styresamansetning	<u>Medlemer:</u> Nils Egil Vetlesand (leiar) Guro Klyve Pål Andre Kleive
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	Generalforsamlinga har vedteke at styremedlemer med tilsetningsforhold i fylkeskommunen ikkje skal ha styregodtgjersle. Dagleg leiar: Selskapet har ingen tilsette. Jostein Hausevik Fjærerestad er utlånt frå fylkeskommunen som dagleg leiar. Selskapet har ikkje hatt lønskostnader til dagleg leiar.
Fylkeskommunalt lån	Selskapet har fylkeskommunalt lån, som etter siste nedbetaling er på 200,6 mill. kr. Lånet skal attendebetalast med årlege avdrag som skal tilsvare heile lånetakars resultat fastsett ved siste årsoppgjer, gitt at dette er forsvarleg ut frå lånetakars drift. I 2020 er rentene på lånet utrekna til å vere 5,6 mill. kr.
Revisor	Deloitte AS
Adresse	

Telefon	46620557		
E-post	jostein.hausevik.fjerestad@vlfk.no		
Nettadresse			
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	0	0	0
Driftsresultat	-83	-255	-123
Resultat etter skatt	-2 447	15 898	22 399
Totalkapitalrentabilitet	1 %	7 %	8 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-1 %	7 %	10 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-	-	-
Eigenkapitalprosent	25 %	29 %	35 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Selskapet har ikkje driftsinntekter, og det negative driftsresultatet viser difor driftskostnadane. Selskapet har motteke 28 mill. kr i konsernbidrag frå datterselskapa. Dette gir eit selskapet eit overskot på om lag 22,4 mill. kr som blir ført til eigenkapitalen.</p> <p>Konsernbidraga frå datterselskapa utgjer hovuddelen av selskapet sine omløpsmidlar. Nøkkeltala til selskapet har betra seg frå fjaråret. Selskapet sin eigenkapitalprosent er god medan totalkapitalrentabiliteten og sjølvfinansieringa er på eit middels nivå.</p>		
Viktige hendingar	<p>Drifta av datterselskapa er dei siste åra prega av at det er inngått nye kontrakter for bruk av bussanlegga, og at det er behov for å oppgradere anlegga. Samla investeringsbehov for datterselskapa i 2021 er på om lag 9,2 mill. kr.</p> <p>I 2020 er det inngått rettsforlik i erstatningssak mellom Osterøykroa AS/Vest Trade AS og HFK Bussanlegg Lonevåg AS. Erstatningskravet var knytt til ein diesellekkasje ved bussanlegget. I forliket har HFK Bussanlegg Lonevåg AS forplikta seg til å betale saksøkarane 425 000 kr. HFK Bussanlegg Lonevåg AS, HFK Bussanlegg AS og fylkeskommunen har i etterkant inngått avtale med leigetakar, Tide Buss AS, om at leigetakar betalar HFK Bussanlegg Lonevåg AS erstatning på 1 025 500 kr.</p> <p>Per 31.12.20 var samla verdi (kostpris) på datterselskapa 316,2 mill. kr. Datterselskapa har i 2020 hatt eit samla årsresultat på 13 mill. kr. Vidare har datterselskapa eigenkapital på til saman om lag 80 mill. kr.</p>		
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Bussanlegget på Straume kjem delvis i konflikt med det nye Sotrasambandet. Påverknaden er størst i anleggsfasen, men det vil også vere behov for permanent avståing av noko oppstillingsareal. Selskapet signerte avtale om dette med Statens vegvesen i 2019. Erstatningssum er førebels ikkje fastsett.</p>		

	Selskapsleiinga legg til grunn at det også i 2021 vil vere god drift i anlegga og positiv likviditetsutvikling gjennom året.
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	
Mål med eigarskapen	Direkte eller indirekte eige bussanlegg i Hordaland for å legge til rette for konkurranseutsetting av kollektivtrafikken.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?	Målet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande. Det har tidlegare vore vurdert å innfusjonere dei fem dotterselskapa i HFK Bussanlegg AS, men styret i selskapet har førebels ikkje vurdert innfusjonering som føremålstenleg.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

HFK Tomt Knarvik AS

Føremål	HFK Tomt Knarvik AS er eigar av eigedomen gnr. 185, bnr. 86 og 249, i Alver kommune. Selskapet sitt føremål er å eige og utvikle eigedom, og utføre tilhøyrande oppgåver. Selskapet var tidlegare ein del av HFK Bussanlegg Knarvik AS.		
Etablert	17.03.2016		
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	Aksjekapitalen er 197 738 kr (197 738 aksjar à kr 1). Fylkeskommunen eig 100 % av selskapet.		
Forretningskontor	Agnes Mowinckels gate 5, 5008 Bergen		
Regelverk	Aksjelova, offentleglova og regelverket om offentlege innkjøp		
Styringsgrunnlag	Vedtekter		
Samfunnsansvar og etikk			
Generalforsamling	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 03.06.21. Fylkesvaraordførar, Natalia Antonia Golis, representerte fylkeskommunen i møtet.		
Val av styre	Styret er samansett av fagpersonar frå administrasjonen i fylkeskommunen.		
Styresamansetning	<u>Medlemer (2021-2023):</u> Nils Egil Vetlesand (leiar) Jostein Fjærstad Guro Klyve		
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	Generalforsamlinga har vedteke at styremedlemer med tilsetningsforhold i fylkeskommunen, ikkje skal ha styregodtgjersle. Jostein Hausevik Fjærstad er utlånt frå fylkeskommunen som dagleg leiar.		
Fylkeskommunalt lån			
Revisor	Deloitte AS		
Adresse			
Telefon	46620557		
E-post	jostein.hausevik.fjerestad@vlfk.no		
Nettadresse			
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	0	50	50
Driftsresultat	-36	27	8

Resultat etter skatt	-36	28	8
Totalkapitalrentabilitet	-5 %	4 %	1 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-	57 %	74 %
Eigenkapitalprosent	98 %	99 %	92 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Selskapet hadde 50 000 i driftsinntekter som er forvalningshonorar. Det er ikkje drift i selskapet, og driftsinntektene dekker kostnader knytt til rekneskaps- og revisjonshonorar. Selskapet har eit overskot på 8 179 kr i 2020 som blir ført mot eigenkapitalen.</p> <p>Eigenkapitalprosenten og arbeidskapitalen er særskilt god medan totalkapitalrentabiliteten er svak.</p>		
Viktige hendingar	<p>Fylkestinget vedtok 15.12.20 at fylkesdirektøren skulle starte ein prosess for avvikling av eigarskapen i selskapet, sidan fylkeskommunen ikkje lenger har bruk for tomta.</p> <p>Eigarskapen kan avviklast anten ved at tomta vert sold og selskapet avvikla, eller at aksjane i selskapet vert selde. Av omsyn til kva skatteplikt dei ulike løysingane kan medføre, har revisor anbefalt den siste løysinga.</p>		
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Egedomsavdelinga i fylkeskommunen bistår selskapet med sal av aksjane, gjennom sin avtale med næringsmeklar. Aksjane skal seljast i den opne marknaden, og prosessen startar så snart fylkeskommunen har inngått ny rammeavtale med næringsmeklar.</p>		
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	<p>FT-PS 138/2020: <i>Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2020: ...2.</i> Fylkestinget ber fylkesrådmannen starte ein prosess for avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap i Lutelandet Utvikling AS og HFK Tomt Knarvik AS. ...</p>		
Mål med eigarskapen	<p>Eigarskapen er tilknytt føremålet infrastruktur og kollektivtransport.</p>		
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøyleg?	<p>Fylkeskommunen har ikkje lenger behov for tomta, då ho ikkje lenger vert vurdert som aktuell for innfartsparkering. Tomta kan difor seljast og selskapet avviklast, eventuelt kan selskapet seljast.</p>		
Status	<p>Fylkeskommunen har starta ein prosess for avvikling av eigarskapen.</p>		

Skyttel AS

Føremål	Selskapets føremål skal vere verksemd relatert til systemløysingar, driftstenester og kundetenester innan betalingsformidling, innfordring og rapportering innan transportsektoren. I tillegg skal selskapet kunne tilby tilleggstenester frå andre sektorar knytt til selskapet sine teknologiske løysingar.	
Etablert	18.12.1953 (Skyttel AS frå 2017).	
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Selskapet sin aksjekapital er 200 484 kr, fordelt på 3300 aksjar, kvar pålydande 60,75 kr.</p> <p>Andre eigarar er fylkeskommunane Rogaland og Agder. Dei tre fylkeskommunane har lik eigardel i selskapet.</p> <p>Vestland fylkeskommune sin aksjepost er verdt (pålydande verdi): 66 827 kr.</p>	
Forretningskontor	Bergen kommune	
Regelverk	M.a. aksjelova og utstederforskrifta.	
Styringsgrunnlag	Vedtekten, sist endra 04.11.20	
Samfunnsansvar og etikk	Selskapet er miljøfyrtårnsertifisert og har t.d. fokus på miljøetikk i alle innkjøp. Selskapet har retningsliner for verksemda som seier at alle medarbeidarane skal likestilla. Etiske og forretningsmessige prinsipp, og praksis i selskapet, skal vere foreineleg med eigarane sine eigne prinsipp og praksis så langt det er mogleg.	
Generalforsamling	<p>Fylkesordførarane utgjer generalforsamlinga, jf. selskapet sine vedtekter.</p> <p>Det vart gjennomført ordinær generalforsamling i selskapet 22.06.21 (digitalt). Fylkesordføraren representerte fylkeskommunen i møtet.</p>	
Valnemnd	<p>Selskapet har valnemnd. Valnemnda er sett saman med ein representant frå kvar eigar slik:</p> <p>Inge Smith Dokken (Rogaland) Natalia Golis (VLFK) Bjørn Ropstad (Agder)</p>	
Val av styre	<p>Selskapet skal ha eit styre med seks medlemer og tre varamedlemer (kvar av eigarane føresler to styremedlemer og ein varamedlem). Styre- og varamedlemane vert valde med ei funksjonstid på to år.</p> <p>Generalforsamlinga vel styreleiar. Styret vel sjølv nestleiar. Dagleg leiar vert tilsett av styret. Fylkesordførarane utgjer generalforsamlinga.</p> <p>Dei tilsette vel i tillegg to representantar til styret og to varamedlemer for desse.</p>	
Styresamansetning	<p>Styremedlemer:</p> <ul style="list-style-type: none"> Dagfinn Fløystad (leiar, Agder) Ingrunn Fjærbu Roppestad (Agder) Odd Harald Aksland (Rogaland) Siri Frafjord Landa (Rogaland) Trym Aafløy (VLFK) 	<p>Varamedlemer:</p> <ul style="list-style-type: none"> Thorbjørn Tungeland (Agder) Andreas S. K. Tharaldsen (Rogaland) Jannicke Clarke (VLFK) Hege Larsen (tilsetterep.)

	Cecilie B. Wilson Ramstad (VLFK) Gro Kristin Nakken (tilsetterep.)		
Styregodtgjersle og løn til administrerende direktør	<p>Styreleiar: 1 G (101 351 kr per 01.05.21) Nestleiar: 0,75 G (76 013 kr per 01.05.2021) Styremedlem: 0,5 G (50 676 kr per 01.05.2021) Varamedlem: 3 200 kr per gjennomførte møte Samla styregodtgjersle for 2020 er 234 000 kr.</p> <p>Løn til administrerande direktør i 2020: 1 490 939 kr. Anna godtgjersle: 1 866 kr.</p>		
Fylkeskommunalt lån	Nei.		
Revisor	BDO AS		
Adresse	Postboks 6203 5893 Bergen.		
Telefon	55 30 00 00		
E-post	vidar.raa@skyttel.no		
Nettadresse	https://skyttel.no/		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	35 195	49 879	67 297
Driftsresultat	2 284	6 055	17 147
Resultat etter skatt	1 709	4 372	12 769
Totalkapitalrentabilitet	7 %	1 %	2 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	1 824 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	10 %	13 %	30 %
Eigenkapitalprosent:	13 %	1 %	2 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Selskapet sine driftsinntekter har auka med om lag 17,4 mill. kr i høve 2019. Inntektsauken er i hovudsak knytt til ferjeverksemda. Driftskostnadane har også auka noko, i hovudsak frå auka lønskostnader som følge av at tal årsverk har auka frå 23 i 2019 til 31 i 2020.</p> <p>Selskapet sitt årsresultat er om lag 12,8 mill. kr. Av årsresultatet blir 3 mill. kr avsett til utbytte til eigarane og om lag 9,8 mill. kr blir ført til eigenkapitalen.</p> <p>Den kortsigtinge gjelta har auka med om lag 100 mill. kr som i hovudsak kjem av auka forskot frå ferjekundar. Desse midlane er bundne på bankkonto som følgjeleg gjer at bankinnskot også har auka. Selskapet har om lag 1 mill. kr i langsigting gjeld. Sjølvfinansieringa i % av driftsinntekter er svært god.</p>		

	<p>Selskapet sin eigenkapital har meir enn dobla seg frå 2019, men eigenkapitalprosenten er framleis svak. Likeins er totalkapitalrentabiliteten svak, medan arbeidskapitalen er god.</p>
Viktige hendingar	<p>Fylkeskommunane etablerte eigarskap i selskapet mot slutten av 2017²⁴, i samband med etableringa av det regionale bompengeselskapet Ferde AS. Sjå tidlegare eigarskapsmeldingar for meir om selskapshistorikken.</p> <p>Skyttel AS er eit teknologidrive selskap, som tilbyr ulike tenester og løysingar for transaksjonar til transportsektoren. Selskapet har vidare ansvar for drift av- og systemleveranse for konseptet AutoPASS for ferje på vegner av Statens vegvesen og for drift av alle bompengeselskap i Noreg som enno ikkje er fusjonert inn i eit regionalt bompengeselskap. I tillegg tilbyr Skyttel løysingar for bompengeadministrasjon til ulike sektorar og storkundar med stort forbruk av bompengar.</p> <p>I 2020 vart aksjekapitalen og vedtekta endra, for å sikre dei tre eigarane lik eigardel og like rettar og plikter. I tillegg har generalforsamlinga, i løpet av 2020, vedteke endringar i krav til styresamansetjing og valnemd, og selskapet sitt føremål er utvida, for betre å vere tilpassa marknaden for bompengedrift.</p> <p>Pandemien har medført auka aktivitet for selskapet, m.a. fordi dei på grunn av forbod mot betaling med kontantar på ferjene måtte etterskotsfakturere alle som ikkje hadde brikke.</p> <p>I 2019 etablerte Skyttel AS to datterselskap; Skyttel Inkasso AS og SkyttelPASS AS. Sistnemnde selskap vart godkjent utferdar, og inngjekk utferdaravtale med bompengeselskap og ferjeselskap i 2020. Frå 01.01.21 sette SkyttelPASS i gang produksjonen og utferdar no eigne brikker for innkreving av bompengar og ferjebillettar.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Selskapet har kontrakt om drift og systemløysing for AutoPASS for ferje i fire år (frå 2019), med moglegheit for forlenging i ytterlegare tre år. Selskapet har også langsiktig kontrakt med Bastøfosen AS om sju års drift og systemleveransen av AutoPASS innkrevjing på ferjesambandet Moss-Horten.</p> <p>Det er få aktuelle anbodskonkurransear som er aktuelle for selskapet, og konkurransesituasjonen i bransjen er hard. Selskapet si utferdarverksemd møter hard konkurranse frå dei største forsikringsselskapa i landet, som har erverva eksisterande kundeporteføljar frå dei regionale bompengeselskapa.</p> <p>Selskapet rapporterer om at det vil kome nye moglegheiter i marknaden for inndriving av fordringar framover. Kommersialisering av utferdarrolla for AutoPASS gjev selskapet nye moglegheiter.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	<p>Kontrollutvala i Vestland og Rogaland fylkeskommunar har i 2019-2020 gjennomført ein felles selskapskontroll av selskapet. Basert på denne har fylkestinget i Vestland, i PS 95/2020, bedt eigarane og selskapet om å gjennomføre ei rekke tiltak. Som ledd i oppfølginga av selskapskontrollen har dei tre eigarane utarbeidd og vedteke felles eigarstrategi. Kontrollutvalet i Vestland sa seg ferdig med oppfølginga 10.05.21.</p> <p>Følgjande saker er handsama i perioden:</p>

²⁴ Fylkeskommunane Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. For Hordaland fylkeskommune var det tale om ei omorganisering.

	KU-PS 112/2020 <i>Handlingsplan – Selskapskontroll av Skyttel AS</i> FU-PS 66/2021 <i>Eigarstrategi for Skyttel AS</i> : Fylkesutvalet vedtek eigarstrategi for Skyttel AS slik han føreligg, jf. vedlegg. KU-PS 42/2021 <i>Oppfølging - Selskapskontroll av Skyttel AS</i>
Mål med eigarskapen	Selskapet er (indirekte) i tråd med fylkeskommunen sin føremålskategori infrastruktur og kollektivtransport – deltaking i selskap med infrastrukturutbygging eller finansiering av infrastrukturutbygging som føremål.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg	<p>Fylkeskommunen sin eigarskap i Skyttel AS er eit resultat av den statleg initierte bompengereforma. Det som i dag er Skyttel AS vart skilt ut i samband med etableringa av Ferde AS, fordi verksemda er kommersiell og derfor ikkje foreinleg med den verksemda bompengeselskapa skal drive.</p> <p>Det er naturleg at fylkeskommunane har eigarskap i bompengeselskapet Ferde AS. Det er ikkje like sjølv sagt at fylkeskommunane skal eige det kommersielle selskapet Skyttel AS, og eigarskapen er berre indirekte i tråd med fylkeskommunen sin føremålskategori infrastruktur og kollektivtransport.</p> <p>Selskapet, og marknaden selskapet opererer i, har vore og er framleis i endring, og dette er noko ein som eigar bør legge vekt på når det gjeld tidspunktet for å avvikle eigarskapen. Ein avviklingsprosess kan likevel ta tid, og det vil derfor vere tilrådeleg å allereie no byrje å greie ut korleis eigarskapen skal avviklast, i samråd med dei andre eigarane. Dei tre fylkesordførarane har drøfta dette i eigarmøte og alle har same syn.</p>
Tilråding	Starte prosess for avvikling av eigarskapen.

Sunnhordland Lufthamn AS

Føremål	Selskapet sitt føremål er å planleggje, finansiere, opparbeide og drive lufthamna på Stord, og i samband med dette å delta i andre selskap med liknande verksemd.	
Etablert	16.06.1983	
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Aksjekapitalen er på 5 000 000 kr, fordelt på 400 aksjar á kr 12 500.</p> <p>Fylkeskommunen eig 21 prosent av aksjane. Pålydande verdi på eigaposten er kr 1 050 000 kr.</p> <p>Stord kommune eig dei resterande 79 prosentane av selskapet.</p>	
Forretningskontor	Stord kommune	
Regelverk	Aksjelova, offentleglova, regelverket om offentlege innkjøp	
Styringsgrunnlag	Vedtekter	
Samfunnsansvar og etiske retningslinjer	Etter krav frå Statsforvaltaren vert det årleg teke miljøprøvar i vatna ved lufthamna. I 2020 fekk selskapet utarbeidd ein miljørappor og ny støyanalyse.	
Generalforsamling	Det vart gjennomført generalforsamling og eigarmøte i selskapet 08.06.21 (digitalt). Fylkesordføraren representerte fylkeskommunen i møta.	
Val av styre	Styremedlemene vert valde for to år om gongen, medan varamedlemene vert valde for eitt år om gongen. VLFK peiker ut ein medlem med vara.	
Styresamansetning	<u>Styremedlemer (2020-2022):</u> Dag Jarle Aksnes (leiar) Aslaug Grov Almås Emil Gadolin (VLFK) Magne Rommetveit Aleksander G. Skjelsvik (tilsette)	<u>Varamedlemer (2021-2022):</u> Arnfinn Hammer Feng (VLFK) Aslaug Kindem Finn Are Maraas (tilsette)
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>Styreleiar: tilsvarande godtgjersle som ein komitéleiar i Stord kommune.</p> <p>Styremedlem: 20 000 kr.</p> <p>Varamedlem: 2000 kr.</p> <p>Samla styregodtgjersle i 2020 er 166 820 kr.</p> <p>Løn til dagleg leiar i 2020: 1 138 764 kr. Pensjonsutgifter: 22 515 kr. Anna godtgjersle: 4 392 kr.</p>	
Fylkeskommunalt lån	<p>Selskapet sitt lån på 636 000 kr frå VLFK er konvertert til aksjekapital. Tilsvarande er gjort med Stord kommune sitt lån på 2,37 mill. kr til selskapet.</p> <p>Selskapet fekk i 2019 lån på 3 780 000 kr frå fylkeskommunen (og 14 220 000 frå Stord kommune), til bygging av nytt kontrolltårn, utviding av terminal og oppgradering av brøyteutstyr.</p>	
Revisor	KPMG AS	
Adresse	Flyplassvegen 344, 5410 Sagvåg	
Telefon/faks	53 40 37 00	

E-post	Jan.Morten.Myklebust@stordlufthamn.no		
Nettadresse	http://www.stordlufthamn.no		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	30 010	29 615	26 820
Driftsresultat	-98	-98	1 190
Resultat etter skatt	-262	-216	1 136
Totalkapitalrentabilitet	-1 %	-1 %	11 %
Sjølvfinansiering i % av langsigktig gjeld	34 %	42 %	54 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-9 %	-10 %	-6 %
Eigenkapitalprosent	9 %	11 %	16 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Av driftsinntektene på 26,8 mill. kr utgjer driftstilskot 22,1 mill. kr og salsinntekt 4,7 mill. kr. Samanlikna med 2019 har det vore ein passasjernedgang på 59 %, og dette har ført til at salsinntektene har gått ned med 3,5 mill. kr.</p> <p>Selskapet har fått eit overskot på om lag 1,1 mill. kr i 2020 som i hovudsak kjem av at lønskostnadene har gått ned sidan dei tilsette med unntak av dagleg leiar var permittere då Osloruta var innstilt.</p> <p>Selskapet sin eigenkapitalprosent har auka, men er framleis ikkje tilfredsstillande. Arbeidskapital er svak medan totalkapitalrentabiliteten er kome opp på eit middels nivå.</p>		
Viktige hendingar	<p>Sunnhordland lufthavn AS har motteke om lag 22 mill. kr til drift av flyplassen i 2020 etter avtale med staten ved Samferdselsdepartementet. Frå 2021 vart tilskot til ikkje-statlege flyplassar med kommersielle ruter lagt inn i rammetilskotet til fylkeskommunane, og fylkestinget vedtok, i sak PS 102/2020, å inngå avtale om tilskot til drifta av lufthamna frå 01.01.21 til 31.03.24. Avtale er inngått, og tilskotet på 22,68 mill. kr kan gjevast utan å kome i strid med reglane om offentleg statsstøtte. Summen skal indeksregulerast årleg. Eit vilkår for støtta er at lufthamna har fast rutetrafikk, og at støtta ikkje vert brukt til kjøp av flytenester.</p> <p>I 2020 har pandemien påverka drifta av Sunnhordland lufthavn AS, og selskapet har gjennomført fleire kostnadsreduserande tiltak. Samtlege tilsette i lufthamnselskapet, med unntak av dagleg leiar, vart permittere frå og med 31.03.20. Danish Air Transport (DAT), som er operatør på Osloruta, innstilte ruteflygingane sine i mars, men starta opp att i august 2020 med eit redusert tilbod ut året. DAT slapp å betale startavgift, passasjer- og securityavgift dei første tre månadane etter oppstart. Sunnhordland Lufthavn AS har fått behalde driftstilskot for 2020 frå Samferdselsdepartementet.</p> <p>Selskapet sitt lån på 636 000 kr frå VLKF vart konvertert til aksjekapital på generalforsamlinga i juni, etter at VLKF hadde gjort vedtak om å</p>		

	godkjenne dette 10.12.20, fu-sak 320/20. Tilsvarande er gjort med Stord kommune sitt lån til selskapet på 2,37 mill. kr. Generalforsamlinga endra samstundes informasjonen om aksjekapital og pålydande verdi på aksjane i vedtekten, og oppdaterte namnet på fylkeskommunen.
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>I delar av 2021 har Samferdselsdepartementet kjøpt flytenester til å drifte Oslo ruta. Samferdselsdepartementet sine forventningar til selskapet er at ruta igjen skal kunna drivast på kommersiell basis når pandemien er over.</p> <p>Stortinget har, i vedtak 20.05.21, bedt regjeringa sørge for at kjøp av innanlandske flyruter vert vidareført som eit statleg ansvar. Vedtaket er gjort på bakgrunn av eit representantforslag om å styrke kortbanenettet, sjå Dokument 8:158 S (2020-2021), Innst. 435 S (2020-2021). I brev til fylkeskommunane 07.06.21 stadfesta Samferdselsdepartementet at overføringa av dette ansvaret vart stoppa. Fylkeskommunane vil derfor likevel ikkje overta ansvaret for FOT-rutene i 2024.</p> <p>Ein del av maskin- og bilparken er av eldre dato og må etter kvart skiftast ut. Lufthamna vil tilrettelege for bruk av elektroniske fly, og satsar på at Oslo ruta vil vere operert av elektroniske fly om nokre år.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	<p><i>FU-PS 320/2020 Søknad frå Sunnhordland lufthavn AS om konvertering av lån til aksjekapital:</i></p> <p>Fylkesutvalet godkjenner at ansvarleg lån på kr 636 000 til Sunnhordland Lufthavn AS vert omgjort til aksjekapital i selskapet.</p>
Mål med eigarskapen	Målet med eigarskapen er å leggje til rette for flytrafikk til og frå Sunnhordland gjennom å vere medeigar i lufthamna. Flytilbodet bidreg igjen til ei positiv næringsutvikling i Sunnhordland.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøylenleg	<p>Flytrafikken til og frå lufthamna vert driven kommersielt og inngår såleis ikkje i dei såkalla FOT-rutene. Dersom det ikkje lenger lét seg gjere å drifte den kommersielle ruta, vil lufthamna sin økonomiske situasjon bli forverra. Ei lufthamn vil også jamleg ha behov for vedlikehald og opprusting. Frå Sunnhordland lufthavn AS si side vil det vere ei føremon om fylkeskommunen framleis er med som eigar, såframt fylkeskommunen er i posisjon til å yte økonomiske bidrag også i framtida. Selskapet oppmodar eigarane om å utarbeide eller bestille eit samfunnsrekneskap for lufthamna, og tilsvarende for dei andre flyplassane i fylket, for å samanlikne kostnadene og nytte knytt til å ha lufthamna.</p> <p>Som nemnd over, har fylkeskommunen inngått ein avtale med selskapet om å yte tilskot til drift av lufthamna fram til 31.03.24. Denne avtalen vert inngått uavhengig av om fylkeskommunen er medeigar i lufthamna.</p> <p>Det kan medføre interessekonflikt å sitje med ansvaret for kjøp av flyruter samstundes som ein er aksjonær i eit selskap som eig ein av lufthammene som kan vere aktuell for slike ruter. I fjorårets eigarskapsmelding la fylkesdirektøren til grunn at fylkeskommunen derfor burde vurdere å avvikle eigarskapen før fylkeskommunen skulle overta ansvaret for FOT-rutene på kortbanenettet frå 01.04.24.</p> <p>Sidan Stortinget no har slege fast at fylkeskommunane likevel ikkje skal overta ansvaret for FOT-rutene i 2024, vert ikkje den nemnde interessekonflikten aktualisert. Dette argumentet for å avvikle eigarskapen i selskapet gjer seg difor ikkje lenger gjeldande.</p>
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

6.6 Opplæring



Frå VilVite Bergen
Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Bergen Vitensenter AS (Vilvite)

Føremål	Utvikle og drive populærvitskapleg opplevings- og læringscenter med utgangspunkt i teknologi, naturvitenskap, matematikk og humaniora spesielt retta mot barn og unge, samt anna verksemd som naturleg fell saman med dette, m.a. å delta i samarbeid med andre selskap og føretak med liknande verksemd. Føremålet er ikkje å gje økonomisk eigarutbytte.	
Etablert	01.09.2005	
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Selskapet sin aksjekapital er 2 368 000 kr.</p> <p>Fylkeskommunen eig 450 aksjar i selskapet, som svarar til 19 % av eigardelane. Aksjeposten sin pålydande verdi er 449 920 kr.</p> <p>Andre eigarar er m.a. Bergen kommune (29,6 %), UiB (19 %) og HVL (19 %).</p>	
Forretningskontor	Thormølensgate 51, 5006 Bergen	
Rettslege rammer	Aksjelova	
Rammer	Vedtekter. Sist endra på generalforsamling i 2019.	
Samfunnsansvar	VilVite fører Vitenrekneskap – ein rekneskap over utveksling av verdiar mellom VilVite som verksemd og samfunnet. Det går fram av rekneskapen at VilVite yter eit netto bidrag til samfunnet. Selskapet er Miljøfyrtårn-sertifisert.	
Generalforsamling	<p>Det vart gjennomført ordinær generalforsamling i selskapet 28.05.21 (digitalt). Tor André Ljosland representerte fylkeskommunen (fullmakt).</p> <p>Utanom dagsorden vart det teke opp ønske om eit tettare samarbeid med Akvariet og universitetsmuseet.</p>	
Valkomite	Valkomite, utpeika på ekstraordinær generalforsamling 22.04.2020: Marit Warncke Anne Marit Blokhus Ragnhild Stolt-Nielsen	
Val av styre	Styret skal ha frå 5 til 9 medlemer. I tillegg skal ein styremedlem med personleg vara veljast av og frå dei tilsette. Selskapet har vedteke instruks for valkomite. Generalforsamlinga vel styremedlemer og styreleiar for ein periode på to år om gongen. Maks 3-5 styremedlemer skal vere på val samstundes.	
Styresamansetjing	<u>Styremedlemer:</u> Bjørn Kjærand Haugland (leiar) Atle Kvamme Helga Flesche Kleiven Synnøve Solbakken Kjellrun Hiis Hauge Silje Skjelsvik Torbjørn Torsvik Anna T. Sandven (tilsett)	<u>Varamedlemer:</u> Varamedlemer i numerisk rekkefølgje: 1. John Andre Kongsvik 2. Oded Ben-Horin Fast vara for tilsettrepresentant: Sabine Haake
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	Styreleiar: 3500 kr per møte. Nivået vart auka med 500 kr i 2020. Styremedlem: 1500 kr per møte. Nivået vart auka med 500 kr i 2020.	

	Løn dagleg leiar 2020: 1 489 729,-. Av fastløna er 13% resultatavhengig..
Fylkeskommunalt lån	Nei
Revisor	Deloitte AS. Godtgjersle til revisor for 2020: 147.500 kr.
Adresse	Thormølensgate 51, Bergen
Telefon/faks	Dagleg leiar Lars Leegaard Marøy: 97 10 75 31
E-post	Dagleg leiar Lars Leegaard Marøy: lilm@vylvite.no
Nettadresse	https://www.vylvite.no/

Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:

(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	46 193	47 313	50 707
Driftsresultat	70 240	239	- 686
Resultat etter skatt *	338	329	-546
Totalkapitalrentabilitet	2 %	2 %	- 2 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	26 %	20 %	17 %
Eigenkapitalprosent	63 %	51 %	42 %

Økonomisk utvikling i tekst

Sals- og sponsorinntektene er redusert frå 2019, men tilskot og bidrag har auka med 11,6 mill. kr slik at driftsinntektene totalt har auka med 3,4 mill. kr. Selskapet har motteke 3,2 mill. kr i driftstilskot frå Vestland fylkeskommune. Som skuleeigar kjøper fylkeskommunen også tenester frå selskapet. Selskapet sine driftskostnadene har gått opp, der den største auken er på avskrivingskostnadene. Denne har gått opp som følgje av tilgangar i 2019 og 2020. Rekneskapen syner eit underskot på 545 557 kr.

Selskapet sine nøkkeltal har gått ned frå fjoråret, men eigenkapitalprosenten og arbeidskapital i prosent av driftsinntekter er framleis god. Totalkapitalrentabiliteten er negativ som følgje av selskapet sitt underskot.

Viktige hendingar

I 2020 hadde senteret 51 316 besøkjande, ein klår nedgang frå 2019 (114 735). Nedgangen skuldast pandemien, som førte til full stenging frå 12.03 - 27.06.20, pluss fleire seinare stengingar/opningar.

Senteret leverte i 2020 ca. 12 000 digitale og oppsøkande tilbod.

Senteret fekk i 2020 ein kompensasjon for tapte inntekter på ca. 4,3 mill. kr frå Lotteri- og stiftingstilsynet.

Vedtekten til Bergen Vitensenter AS vart endra på ekstraordinær GF 10.11.2019. Dette er omtalt i eigarskapsmeldinga for 2020.

	«Klima og miljø» er omtalt i styrets årsmelding for 2020.
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Styret sine strategiske føringar for 2021 er knytt til områda fornying/ aktualitet, nye målgrupper og eksterne relasjoner.</p> <p>I 2009 vedtok styret at aksjekapitalen bør aukast til 5 mill. kr. Auken er ikkje realisert, men vedtaket står framleis ved lag.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	<p>VilVite Bergen søkte 20.11.20 om eit investeringstilskot på 6,0 mill. kr frå Vestland fk til fornying av VilVite. Dette beløpet var tilpassa den eigarposten fylkeskommunen har i selskapet. Vestland fylkesting vedtok 10.03.21, i FT-PS 20/2021, å løyve eit beløp som omsøkt:</p> <p>...</p> <p>3.Fylkestinget syner til søknad frå ViteMeir, med tilleggsinformasjon av 1. mars der det framgår at ein har eit resterande finansieringsbehov på 13,2 mill av investeringa på 21,16 mill. Vite meir søker om 5,05 mill, noko som vil tilsvare eit samla støttebeløp lik eigardelen vår i senteret. VilVite søker om 6 mill som tilsvarer eit støttebeløp tilsvarande eigardelen vår i VilVite. Vestland fylkeskommune gjev på denne bakgrunn eit investeringstilskot på kr 5,05 mill til Vitensenteret ViteMeir og kr 6 mill til Vitensenteret VilVite.</p> <p>4. Investeringstilskota, totalt kr 11,05 mill, vert finansiert med overskot frå 2020-rekneskapen. Fylkestinget viser til sak om godkjenning av rekneskapen for 2020 på fylkestingssamlinga i juni, og kjem attende til endeleg finansiering av tiltaka i denne saka.</p>
Mål med eigarskapen	Fylkeskommunen sitt mål med eigarskapen er knytt til fylkeskommunen sitt ansvar for vidaregåande opplæring. I tillegg til den direkte nutta fylkeskommunen har av selskapet, ved at skulane kan nytte senteret i undervisninga, har fylkeskommunen interesse i senteret ut frå rekrutteringsbehov til matematikk og naturfag i vidaregåande opplæring.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøytenleg	Fylkeskommunen sitt mål med eigarskapen er framleis aktuelt, og selskapet er ein viktig partner for fylkeskommunen. Som ein av fire større aksjonærar i selskapet, kan fylkeskommunen påverke den vidare selskapsutviklinga.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

Campus Verftet AS

Føremål	Vere eit utdannings-, forskings- og innovasjonssenter for offentlege og private verksemder. Overordna mål er å styrke utdanningsinstitusjonane med omsyn til rekruttering, forsking og innovasjon i privat og offentleg sektor. Selskapet skal også leggje til rette for auka samarbeid mellom næringsliv, utdanningsinstitusjonar og anna offentleg verksemd. Det skal ikkje gjevast utbytte til eigarane. Ved ev. avvikling skal eigedelane gå til utdannings- og opplæringsføremål i regionen. Avviklingsstyret avgjer då kva føremål eigedelane kan nyttast til.	
Etablert	Selskapet vart i 2013 etablert som Energilab Sogn og Fjordane AS av Sogn og Fjordane Energi AS og skifta namn til Campus Førde Verftet AS i 2019, då dagens eigarar overtok. Namnet vart i 2021 endra til Campus Verftet AS (CV AS).	
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	Aksjekapitalen er 100 000 kr, delt på 1000 aksjar, kvar pålydande kr 100. Vestland fylkeskommune eig 450 aksjar (45 %). Andre eigarar: HVL (45 %), Sunnfjord kommune (10 %).	
Forretningskontor	Øyrane 12, 6800 Førde	
Regelverk	Aksjelova, offentleglova, regelverket om offentlege anskaffingar	
Styringsgrunnlag	Vedtekter godkjende på GF 26.06.20. Desse vart justerte på GF 24.06.21, der ein endra namnet (§1) til «Campus Verftet AS». Det ligg dessutan føre ein aksjonæravtale, og eit samarbeidsdokument (vedlegg til aksjonæravtalen).	
Etiske retningslinjer		
Generalforsamling	Det vart gjennomført (digital) generalforsamling (GF) i selskapet 24.06.21. Her deltok Natalia Golis frå fylkeskommunen.	
Val av styre	Styret skal ha 5-7 medlemer. HVL og Vestland fk oppnemner inntil tre medlemer kvar, med varamedlemer. Sunnfjord kommune oppnemner ein medlem, med varamedlem. På GF 24.06.21 valde eigarane nytt styre. I vedtaket står: «HVL vert oppmoda om å foreslå vararepresentantar når tilsetting av prodekanar er klår. Det blir kalla inn til ekstraordinær GF når nye styremedlemer frå HVL er foreslått.»	
Styresamansetjing	<u>Medlemer (2021-2022):</u> Jens Kristian Fosse, leiar. Jan Heggheim, nestleiar. Jakob Andre Sandal. Randi Skår Erling Toftesund Gunnhild Berge Stang.	<u>Varamedlemer (2021-2022):</u> Rolf Årdal. Karianne Alette Torvanger! Håkon Myrvang
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	Det vart ikkje utbetalt styregodtgjersle for 2020. Dagleg leiar, Reidar Grønli, er leigd inn frå Fagskulen i Sogn og Fjordane. Kostnaden med dette i 2020 var 433 421 kr.	
Fylkeskommunalt lån	Nei.	

Revisor	PwC AS			
Adresse	C/o Vest Rekneskap AS, Postboks 377, 6802 FØRDE			
Telefon/faks				
E-post				
Nettadresse				
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:				
(1000 kr)	2018	2019	2020	
Sum driftsinntekter	225	425	1 768	
Driftsresultat	207	19	29	
Resultat etter skatt	170	22	24	
Totalkapitalrentabilitet	32 %	2 %	1 %	
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	255 %	42 %	58 %	
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	316 %	168 %	41 %	
Eigenkapitalprosent	80 %	35 %	8 %	
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Rekneskapen syner eit overskot på 24 236 kr i 2020. Tilskot blir inntektsført i takt med dei tilhøyrande kostnadene. Selskapet har fått løyvd prosjektstøtte frå Vestland fylkeskommune med 3,9 mill. kr og investeringsstøtte med 15 mill. kr. I tillegg vil Høgskulen på Vestlandet og Sunnfjord kommune yte høvesvis 5,5 mill. kr og 2 mill. kr i investeringsmidlar. Av prosjektstøtta er 925 000 kr utbetalt i 2020. Av investeringsstøtta har ein fått utbetalt 8 mill. kr frå Vestland fylkeskommune og 3 mill. kr frå Høgskulen på Vestlandet.</p> <p>Eigenkapitalprosenten har gått ned som følgje av at kortsiktig gjeld har auka. Auken skuldast at tilskot som ikkje blir nyttta i løpet av året vert ført opp som kortsiktig gjeld i balansen. Totalkapitalrentabiliteten er svak, medan sjølvfinansiering og arbeidskapital er god.</p>			
Viktige hendingar	<p>Selskapet vart etablert i si noverande form i 2019 som eit laboratoriesamarbeid mellom Sogn og Fjordane fk, v/Fagskulen i Sogn og Fjordane, og HVL.</p> <p>Føremålet var å bygge avanserte laboratorium som kan nyttast til utdanning, forsking, utviklings- og innovasjonsarbeid for skular og næringsliv. Samarbeidet skal utvikle utdanningsinstitusjonane si regionale rolle, og basere seg på følgjande felles hovudinnsatsområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> a) Laboratorium og infrastruktur. b) Kurs- og kompetanseaktivitetar. c) Innovasjon, forsking og utvikling. <p>Ad a): Investeringane i laboratorium (lab) og infrastruktur er delt i to fasar. Ein fase der det blir investert i grunnutstyr og ein framtidig fase der lab-</p>			

	<p>utstyr blir investert i samarbeid med bedrifter sitt utviklingsarbeid. Det grunnleggande lab-utstyret er i stor grad kjøpt inn. Innkjøpt lab-utstyr gjer at ein kan undervise studentar på høgskule, fagskule og vidaregåande skule.</p> <p>Ad b): Innan kurs- og kompetanseaktivitetar har ein fått innvilga midlar til prosjektleiar. Stillinga vil bli utlyst i nær framtid og inneber gjennomføring av industrifagskulen med 750 studieplassar for korte og fleksible utdanningar på 5 til 15 studiepoeng. Undervisninga vert gjennomført for elevar/studentar i vgs, fagskule og høgskule, og bedrifter arbeider med utviklings- og samarbeidsprosjekt.</p> <p>Ad c): Innan innovasjon, forsking og utvikling arbeider ein saman med Høgskulen (HVL) sitt prosjekt «teknoløftet». Her arbeider tre doktorgradsstipendiatar med utvikling av samarbeid mellom menneske og robotar. Fleire bedrifter har gjennomført utviklingsarbeid og prototypeutvikling i samarbeid med selskapet. Det er m.a. utvikla ei undervassdrone, linnehaldar, hjul til robotbærplukkar og andre små komponentar. I utviklingsarbeidet vert Lab-utstyret nytta saman med kompetansen til labingeniør og kompetansepoolen.</p> <p>Campus Verftet AS vart offisielt opna 10.11.2020.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Jf. punkta a)-c) over.</p> <p>Selskapet leiger om lag 760m² (400m² er midlertidige) til lab-fasilitetar, undervisningslokale og co-work areal. Eit areal for grov-lab og prototypeutvikling står klårt i desse dagar. Nye lokale vil stå klåre medio april 2022 i samlokalisering med Hellenes Yard sitt «Teknologihuus» på 6000m².</p> <p>På GF 24.06.2021 vart styret utvida med ein ny styremedlem – frå næringslivet. På neste GF er planen å oppnemne endå ein styremedlem (nr 7, jf. vedtekten). Også denne medlemen er meiningsa skal kome frå næringslivet.</p> <p>Når det gjeld personalsituasjonen, har selskapet tilsett dagleg leiar, labingeniør, assisterande lab-ingeniør, kompetanserådgjevar og ansvarleg for FoU og Innovasjon. Berre Lab-ingeniør er i 100 prosent stilling. Dei andre stillingane vert utvida i nær framtid.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	
Mål med eigarskapen	<p>Opplæring, innovasjon og samfunnsutvikling. Fylkeskommunen sine overordna og langsiktige målsettingar for prosjektet er:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Auka rekruttering av studentar til høgare utdanning innan tekniske fag. • Auka rekruttering av studentar for etter- og vidareutdanning. • Støtte innovasjon, FoU og verdiskaping der bedriftene er lokalisert. • Styrke samanhengen i utdanningsløpet mellom vgs., fagskule og høgskule. • Tilbodet skal vere til nytte for heile fylket.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg	I si noverande form er dette er eit nyoppstarta selskap, som Sogn og Fjordane fylkeskommune var ein sterkt pådrivar for å få etablert så seint som i 2019.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

Opplæringsfartøy AS

Føremål	Selskapet sitt føremål er å eige og drive fiskefartøy på ideell basis etter aksjelova § 2-2 (2), hovudsakleg ved å stille fartøyet M/S Skulebas til disposisjon for Måløy vgs. til bruk i opplæring.
Etablert	05.03.2002
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Aksjekapitalen er 784 000 kr fordelt på 784 aksjer kvar på 1 000 kr.</p> <p>Fylkeskommunen sin eigarprosent er 76,5. Aksjane sin pålydande verdi er 600 000 kr.</p> <p>Andre eigarar er m.a. Ervik Havfiske AS, Carisma Fish AS, Fjord1 AS, Nordea Bank Norge ASA og Fiskebas AS.</p>
Forretningskontor	Måløy.
Regelverk	Aksjelova
Styringsgrunnlag	<p>Vedtekter av 05.03.02. Desse er seinare endra – m.a. 17.11.16.</p> <p>På ekstraordinær generalforsamlinga 18.11.20 vart § 2 endra slik at selskapet sitt forretningskontor skal vere i Måløy (ikkje Vågsøy).</p> <p>I § 5 endra eigarane samtidig Sogn og Fjordane fk til Vestland fk.</p> <p>Same § (5) fekk samtidig slik samla (og ny) ordlyd:</p> <p>«Selskapets styre skal ha fem medlemmer. Tre styremedlemmer skal velges blant personer som er foreslått av Vestland fylkeskommune, ett medlem velges blant personer som er foreslått av, og blant, tilsette ved maritime og marine utdanningsprogram ved Måløy vidaregåande skule, ett styremedlem velges blant personer som er foreslått av Sogn og Fjordane Fiskarlag. Tre medlemmer av styret bør ha maritim kompetanse eller bakgrunn. Styrets leder velges av generalforsamlingen.»</p>
Samfunnsansvar og etiske retningslinjer	Ikkje omtalt.
Generalforsamling	<p>Det var ekstraordinær generalforsamling (GF) 18.11.20 (digital) for m.a. å velje nytt styre. Karianne Torvanger representerte fylkeskommunen (fullmakt).</p> <p>I 2021 var det ordinær GF 29.06.21. Signe Rauboti representerte fylkeskommunen (fullmakt). Rekneskap 2020 var då ikkje klår og det var heller ikkje alle formalitetar vedk. styrerrepresentasjon.</p> <p>Det vart difor ekstraordinær GF 26.08.2021 (digital). Fylkesordføraren representerte fylkeskommunen.</p>
Val av styre	Jf. vedtektsendring teken inn under «Rammer» over.
Styresamansetjing	<p>Styret vald på generalforsamlinga 18.11.20:</p> <p>Ottar J. Aare, leiar Geir Magne Røys Eivind Kåre Birknes</p>

	Nina Bognøy Morten Andreas Hagen.		
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>Satsane for godtgjersle til styreleiar og styremedlemer vert vidareførte, men indeksregulerte. Nivået har følgd det tidlegare nivået i Sogn og Fjordane fylkeskommune.</p> <p>Samla styregodtgjersle for 2020: 75 118 kr (37 425 kr i 2019)..</p> <p>I 2020 vart det utbetalt 200 000 kr i løn til dagleg leiar (100 000 kr i 2019). Vedkomande er leigd inn frå fylkeskommunen.</p>		
Fylkeskommunalt lån/garanti	<p>Fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtok i sak 37/10 å gje selskapet eit rente- og avdragsfritt lån på 1 mill. kr. Lånet vart utbetalt i juni 2010. FT lenga avtalen i 2016 og i 2018.</p> <p>I møte 08.10.19, sak 47/19, utvida FT det rente- og avdragsfrie ansvarlege lånet frå 1 mill. kr til 3 mill. kr.</p> <p>M/S Skulebas måtte i november 2019 gjennom ei femårsklassing (hovudklassing) som vart vesentleg dyrare enn tidlegare føresett. I møte 10.12.19, sak 52/19, utvida Sogn og Fjordane fylkesting difor det rente- og avdragsfrie lånet til 5 mill. kr. Låneavtalen for det samla lånet gjeld fram til 31.12.2021. Ved eit evt. sal av fartøyet før denne tid, vil lånet krevjast tilbakebetalt.</p>		
Revisor	Ernst & Young AS. Kostnadsført revisjonshonorar 2020: 51 301 kr.		
Adresse	Gate 1 106, 6700 Måløy		
E-post	ottar@nordvest-fjordservice.no		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	3 101	3 167	2 746
Driftsresultat	- 253	-2 015	-63
Resultat etter skatt	-244	-2 004	-48
Totalkapitalrentabilitet	-7 %	-37 %	-1 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	10 %	-25 %	-1 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	21 %	72 %	110 %
Eigenkapitalprosent:	12 %	-26 %	-42 %
Økonomisk utvikling i tekst	Selskapet fekk i 2020 eit underskot på 47 818 kr som følge av at M/S Skulebas ikkje fekk gjennomført ein tur til Lofoten grunna pandemien. Likevel er resultatet ei forbetring frå 2019. Forbetringa skuldast at driftskostnadene har gått ned med 2,4 mill. kr. I 2019 var det høge kostnader knytt til femårsklassing, jf. over.		

	<p>Totalkapitalrentabiliteten og sjølvfinansieringa er blitt betra frå 2019, men er framleis svak. Selskapet sin eigenkapital er negativ, og eigenkapitalprosenten er blitt svakare. Selskapet har tilstrekkeleg med likvide midlar til å dekkje kortsiktig gjeld, og har god arbeidskapital.</p>
Viktige hendingar	<p>Opplæringsfartøyet M/S Skulebas, eigd av Opplæringsfartøy AS, er over 40 år. Ved ny klassing i 2019 gjekk det med store kostnader. Likevel sat selskapet etter klassinga att med eit relativt gamalt skip.</p> <p>Sogn og Fjordane fylkeskommune vurderte i fleire omgangar behovet for nytt fartøy. I sak 55/18 vedtok fylkestinget å investere 100 mill. kr i nytt fartøy. Fylkeskommunen skulle vere eigar og driftsansvarleg. Auka driftsutgifter skulle finansiert ved årlege tildelingar frå fondet «MAREKO» og av inntekter frå Havbruksfondet.</p> <p>Fylkeskommunen lyste ut konkurranse om kjøp av nytt fartøy i okt.-19, men avlyste denne fordi innkomne tilbod avveik frå kostnadsestimatet. Det blei oppretta ei styringsgruppe i aug.-20 (Vestland fk) som skulle gjennomgå kravspesifikasjonane og anskaffe eit tenleg fartøy innanfor ramma.</p> <p>I des.-20 gjorde fylkestinget slikt vedtak i sak 141/20:</p> <p>«Vestland fylkeskommune vedtar å bygga nytt opplæringsfartøy ved Måløy vgs i samsvar med endringane framlagd i denne saka og innafor eit samla budsjett på 112 mill. kr, ekskl. mva., der 12 mill. kr er statleg støtte. Dette er i tråd med tidlegare vedteke budsjett for anskaffinga.»</p> <p>Av tilhørande saksutgreiing framgår det m.a.:</p> <p>«Det blei i august 2020 etablert ei ny styringsgruppe for anskaffinga som hadde som mandat å erverva eit opplæringsfartøy innanfor budjettramma. Styringsgruppa har kome til at ved å innhenta ein dispensasjon til å ha lugarar under hovuddekk og ved å redusera krava til fartøyet noko, så er det mogleg å realisera eit nytt opplæringsfartøy innanfor budsjett. Det er gjennomført to moglegheitsstudiar med dei justerte krava. Budsjettprisar gitt frå verft på studiane har vore innanfor budsjett. Styringsgruppa har også sett på eit alternativ med ombygging av brukta fartøy til nytt opplæringsfartøy. Dette alternativet vil vera mogleg å løysa med vesentleg lågare investering enn eit nytt fartøy, men auka driftskostnadar vil føra til at den totale kostnaden på lengre sikt ikkje blir redusert. Eit ombygd brukta fartøy vil heller ikkje vere like godt tilrettelagt for opplæring og vil ha ikkje ha hybrid drift... .</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>På <u>generalforsamlinga 29.06.21</u> vart det opplyst at selskapet har hatt eit møte med fylkeskommunen (VLFK) tidlegare i år om oppløysing av selskapet i samband med at VLFK skal kjøpe inn nytt fartøy som fylkeskommunen sjølv skal eige. Det vart opplyst at partane skal sjå på om drifta av Opplæringsfartøy AS kan overførast til VLFK før nytt fartøy er klart. Det vart vidare opplyst at selskapet tapte ca. 400 000 kr på at dei ikkje kom seg på Lofotfiske i 2020. I 2021 har båten vore på Lofotfiske, men resultatet vart ikkje meir enn 160 000 kr.</p> <p>Det vart vidare opplyst slik status for kjøp av nytt fartøy: Kontrakt er tildelt HvideSande-båtbyggeri i Danmark. Levering skal vere hausten 2023. Fartøyet skal vere rusta for hybrid drift, inkl. stor batteripakke.</p> <p>På den ekstraordinære generalforsamlinga 26.08.21 bad fylkesordføraren og selskapet om at arbeidet ved Måløy vgs. for å få etablert ein driftsorganisasjon for det framtidige opplæringsfartøyet kjem i gang i god tid før det vart «overlevert» til fylkeskommunen.</p>

Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	<i>FT-PS 141/2020 Nytt opplæringsfartøy, Måløy vidaregåande skule:</i> Vestland fylkeskommune vedtar å bygga nytt opplæringsfartøy ved Måløy vgs i samsvar med endringane framlagd i denne saka og innafor eit samla budsjett på 112 mill. kr eks mva. der 12 mill. kr er statleg støtte. Dette er i tråd med tidlegare vedteke budsjett for anskaffinga.
Mål med eigarskapen	Å disponere eit opplæringsfartøy er viktig for å kunne tilby den opplæringa Måløy vidaregåande skule tilbyr. Båten fyller ein viktig funksjon for fleire av gruppene ved skulen, m.a. matfag, motormekanikar, fiske og fangst. Båten er i bruk både ute til sjøs, og som klasserom når den ligg ved land. Lokalt næringsliv har rekruttert fleire av sine tilsette frå skulen.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøy?	Fram til det nye opplæringsfartøyet vert overlevert fylkeskommunen.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen inntil det nye opplæringsfartøyet er overteke hausten 2023. Måløy vidaregåande skule må innan den tid ha etablert ein organisasjon som kan stå for drifta av det nye fartøyet. Opplæringsfartøy AS må samstundes avviklast og M/S Skulebas må avhendast.

Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS (ViteMeir)

Føremål	Etablere og drive Vitensenteret i Sogn og Fjordane. Senteret skal vere eit populærvtitskapeleg opplevings- og læringssenter innanfor naturvitenskap, matematikk og teknologi der dei besökande lærer ved å eksperimentere sjølv. Målgruppa er barnehagar, skular og private. Verksemda har ikkje mål om økonomisk vinning for eigarane, og skal ikkje betale utbytte. Ev. overskot i rekneskapsåret vert ført til selskapet sin eigenkapital. Ved ei ev. oppløsing, skal attverande midlar gå til Musea i Sogn og Fjordane.	
Etablert	08.02.18	
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Aksjekapitalen er på 3 060 000 kr, fordelt på 306 aksjar, kvar pålydande 10 000 kr. Fylkeskommunen eig 33,3 % av aksjane i selskapet. Aksjane sin pålydande verdi er 1 020 000 kr.</p> <p>Andre eigarar er Sogndal kommune (18,3 %), Kaupanger Næringsforeining (9,8 %), Stiftinga Vestlandsforskning (7,5 %), Sogn Næring AS (6,5 %), kommunane Luster, Vik, Lærdal, Kinn og Sunnfjord, Høgskulen på Vestlandet og NITO.</p>	
Forretningskontor	Sogndal kommune.	
Rettslege rammer	Aksjelova.	
Rammer	Vedtekter, sist endra 30.09.20.	
Samfunnsansvar	Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS ønskjer å bidra til å stimulere til gode idear for framtidas samfunn og vil difor ha berekraftig utvikling som ein overordna profil.	
Generalforsamling	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 27.04.2021 (digital). Aleksander Øren Heen representerte fylkeskommunen (fullmakt).	
Valnemnd	<p>Generalforsamlinga (GF) vel valnemnd, tre medlemer for to år om gongen. Eigarane skal vere representerte i valnemnda. GF vel leiar av valnemnda.</p> <p><u>Medlemer:</u> Arnstein Menes (leiar) Trude Brosvik Trine Lerum Hjellhaug</p>	
Val av styre	Styret skal ha fem til sju medlemer, leiar, nestleiar og inntil fem styremedlemer. I tillegg skal det veljast to varamedlemer i numerisk rekkefølgje, med møterett. Alle medlemene vert valde for to år om gongen. Styreleiar vert valt for eitt år. Vala vert førebudde av valnemnda, som også skal innstille til styreleiar og nestleiar.	
Styresamansetjing	<u>Styremedlemer:</u> Tor Arne Ness (leiar) Bjørg Kristin Selvik (nestleiar) Anders-Johan Almås Alexander Fosse Andersen (VLFK) Ingvar Torsvik Myrvollen Ingrid Lydvo Mari Husabø	<u>Varamedlemer i rekkefølgje:</u> 1. Senea Sabanovic (VLFK) 2. Anders Bjærke
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	På GF i 2021 vart det vedteke at satsane skal regulerast i samsvar med årslønsveksten i fylkeskommunane/KS-området.	

	Samla styregodtgjersle for 2020 er 30 000 kr. Løn til dagleg leiar i 2020: 626 785 kr. Pensjonskostnader: 28 167 kr. Anna godtgjersle: 3 660 kr.		
Fylkeskommunalt lån	Nei.		
Revisor	Deloitte AS		
Adresse	Skarpeteigvegen 1, 6854 Kaupanger (postadresse)		
E-post	Dagleg leiar: efl@vitemeir.no		
Nettadresse	https://www.vitemeir.no/		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	60	435	1 235
Driftsresultat	-393	-620	-200
Resultat etter skatt	-370	-559	-135
Totalkapitalrentabilitet	-13 %	-13 %	-2 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	4374 %	475 %	121 %
Eigenkapitalprosent:	93 %	37 %	18 %
Økonomiske utvikling i tekst	<p>Rekneskapen syner eit underskot på 134 561 kr. Lønskostnadene har auka som følgje av at tal årsverk har auka frå 1 i 2019 til 3 i 2020. Tilskot som selskapet får, men ikkje nyttar i løpet av året vert ført opp som gjeld i balansen. Ved utgangen av 2020 utgjer dette om lag 8,2 mill. kr av ei gjeld på totalt 9 mill. kr.</p> <p>Eigenkapitalprosenten har gått ned som følgje av lågare eigenkapital som følgje av årets underskot, og at gjelda har auka. Arbeidskapitalen er god, medan selskapet sin totalkapitalrentabilitet er svak.</p>		
Viktige hendingar	<p>Vitensenteret vil halde til på Kaupanger, Sogndal kommune, i nye lokale selskapet vil leige av fylkeskommunen Byggeprosjektet starta i 2020, planlagt opning er 11.11.21 og selskapet sel no billettar til opningshelga 12–14.11.21.</p> <p>Hydro Aluminium Årdal, Høyanger Metallverk og fleire lokale bedrifter har signert samarbeidsavtalar med senteret for 2019-22. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har tildelt 2 mill. kr til prosjektet. Sogn og Fjordane fylkeskommune har løyvd 2 mill. kr til delfinansiering av program for installasjonar. SIL Fotball har gjeve bidrag til utvikling av ein fotballradarinstallasjon.</p>		

	<p>Senteret har ei budsjetttramme for utstillingar og innhaldsutvikling på 22 mill. kr. Av dette er over 90 % finansiert, mykje takka vera det vedtekne investeringstilskotet frå Vestland fylkesting på 5 mill. kr tidlegare i 2021.</p> <p>Fylkeskommunen sitt totale bidrag på 7 mill. kr har soleis vore avgjerande for at ein kan realisera det samla pedagogiske tilbodet.</p> <p>Senteret har i september 2021 10 tilsette og ventar at dette vil auke til 20 (ca. 10 årsverk) ved opninga.</p> <p>Selskapet tilsette Erlend Fardal Lunde som ny dagleg leiar 1. desember 2020.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Vitensenteret satsar innanfor eit breitt fagfelt og definerer VR-simulator, SmaksLab, Vasskraftverket, Sophus Lie si matematiske verd og Transportsimulatoren som signaturinstallasjonar. Selskapet ønskjer i tillegg til samfunnsoppdraget og formidling til skular og barnehagar å vere ein katalysator og arena for innovasjon og framtidig verdiskaping i regionen.</p> <p>ViteMeir er dialog med lokale aktørar om etablering av ein lokal Reodorklubb og Kaupanger E-Sport. Målet er etablering av desse tiltaka i løpet av 2022.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	<p><i>FT-PS 20/2021 Søknad om tilskot til vitensenter:</i></p> <p>1. Vestland fylkeskommune innvilgar kr. 1 million i driftsstøtte til ViteMeir, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, i 2021, finansiert over løvvingsnivå 25 – Utviklingsmidlar frå Avdeling for innovasjon og næringsutvikling sitt budsjett.</p> <p>2. Administrasjonen vert bedt om å finne løysing innanfor ramma til avdeling for innovasjon og næringsutvikling til innarbeiding av driftsstøtte for 2022 og vidare i samband med budsjettarbeidet.</p> <p>3. Fylkestinget syner til søknad frå ViteMeir, med tilleggsinformasjon av 1. mars der det framgår at ein har eit resterande finansieringsbehov på 13,2 mill av investeringa på 21,16 mill. Vite meir søker om 5,05 mill, noko som vil tilsvare eit samla støttebeløp lik eigardelen vår i senteret. VilVite søker om 6 mill som tilsvarer eit støttebeløp tilsvarande eigardelen vår i VilVite. Vestland fylkeskommune gjev på denne bakgrunn eit investeringstilskot på kr 5,05 mill til Vitensenteret ViteMeir og kr 6 mill til Vitensenteret VilVite.</p> <p>4. Investeringstilskota, totalt kr 11,05 mill, vert finansiert med overskot frå 2020-rekneskapen. Fylkestinget viser til sak om godkjenning av rekneskapen for 2020 på fylkestingssamlinga i juni, og kjem attende til endeleg finansiering av tiltaka i denne saka.</p>
Mål med eigarskapen	<p>Opplæring og samfunnsutvikling. Målet er å sikre etablering og drift av eit regionalt vitensenter. Senteret skal gje auka merksemld til naturvitskaplege fag, og eit utvida fagleg tilbod for m.a. born og unge i regionen. Vitensenteret kan bidra til å styrke kompetanse og interesse for naturvitskaplege fag for framtidige elevar i den vidaregåande skulen.</p>
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg	<p>Fylkeskommunen sitt mål med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande, og selskapet vil vere ein viktig samarbeidspartner for fylkeskommunen, særleg innanfor fagområdet opplæring. Som største aksjeeigar i selskapet, ligg det til rette for at fylkeskommunen kan ha stor innverknad over utviklinga av selskapet.</p>
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

6.7 Kulturselskap



Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Carte Blanche AS

Føremål	Carte Blanche AS skal utvikle og formidle samtidsdans og anna liknande verksemrd. Som nasjonalt kompani for samtidsdans skal selskapet produsere og presentere førestillingar av høgste kvalitet laga av norske og internasjonale, anerkjente og nye koreografer innan samtidsdans. Selskapet har eit nasjonalt og regionalt ansvar for å formidle samtidsdans til eit mangfaldig publikum og å bidra til å utvikle kunnskapen om norsk samtidsdans internasjonalt gjennom å arbeide for internasjonal deltaking og anerkjenning.	
Etablert	15.02.1990	
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Aksjekapital er 100 000 kr (100 aksjar a kr 1 000)</p> <p>Fylkeskommunen eig 15 % av aksjane i selskapet (verdt 15 000 kr).</p> <p>Andre eigarar er staten (70 %) og Bergen kommune (15 %).</p>	
Forretningskontor	Nøstegaten 119, 5011 Bergen	
Regelverk	Aksjelova, offentleglova og regelverket om offentlege anskaffingar	
Styringsgrunnlag	Vedtekter, sist reviderte 04.06.21. Selskapet har vedteke strategiplan for perioden 2019 - 2022.	
Samfunnsansvar og etikk	Carte Blanche arbeider for å avgrense verksemrd som ureinar det ytre miljøet og prøver å bruke miljøvenlege produkt så langt det er mogleg. Selskapet har etiske retningslinjer, retningslinjer for samfunnsansvar (med utgangspunkt i FNs bærekraftsmål) og leiarlönserklæring for teatersjef og direktør.	
Generalforsamling	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet den 04.06.21 (fysisk/digitalt). Stian Jean Opedal Davies representerte fylkeskommunen med fullmakt. Per Morten Ekerhovd, fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering, deltok også. Same dag vart det gjennomført eigarmøte og kontaktmøte mellom selskapet og eigarane.	
Val av styre	<p>Generalforsamlinga vel styret, sju medlemer inkludert tilsetterep., etter forslag frå eigarane, og for fire år om gongen. Attval bør, jf. vedtekten, ikkje skje meir enn ein gong. I 2012 vart ansvaret for å føreslå representantar for staten overlate til Hordaland fylkeskommune.</p> <p>Vestland fylkeskommune føreslår derfor til saman fem styremedlemer, inkludert styreleiar. Fylkeskommunen peiker også ut varamedlemer. Bergen kommune føreslår ein styremedlem med vara. Per i dag er styremedlemen utpeikt av Bergen kommune nestleiar i styret.</p>	
Valkomite	Valkomiteen skal ha fire medlemer. Funksjonstida er fire år, og ein medlem kan ikkje attveljast meir enn to gonger. Ved første valet til komiteen, skal VLFK føreslå tre og Bergen kommune ein medlem.	
Styresamsetning	<u>Styremedlemer:</u> Laila Dåvøy (leiar, 2021-2022) Ole Hope (nestleiar, 2020-2022) (Bergen kommune) Svein Kollbein Halleraker (2020-2024, VLFK) Anne-Grete Strøm-Erichsen (2020-	<u>Varamedlemer:</u> Astrid Knutsen Håstad (Bergen kommune) Kine Bratli Dale (2020-2024, VLFK) For medlemar oppnemnt på vegner av staten (2020-2024):

	2024, staten) Per Harald Nilsson (staten, 2021-2022) Suzanne Bjørneboe (2020-2024, staten) Guro Rimeslåtten (tilsetterep.)	1. Elisabeth Toft Eriksen 2. Chiku Ali 3. Marthe Hammer <u>Observatør:</u> Gunnar Innvær	
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>Styreleiar: 74 389 kr Nestleiar: 38 073 kr Medlem: 3 866 kr per møte Samla styregodtgjersle i 2020 var 215 984 kr.</p> <p>Generalforsamlinga har vedteke at dei for neste års fastsetting, vil vurdere å utbetale eit tillegg til satsane for arbeidet med Sentralbadet Scenekunst.</p> <p>Dagleg leiar si løn i 2020: Løn: 839 240 kr, anna godtgjersle: 5460 kr pensjonskostnader: 12 531 kr. Dagleg leiar opptener også to månaders venteløn for kvart tilsetjingsår.</p>		
Fylkeskommunalt lån			
Revisor	Pricewaterhousecoopers AS		
Adresse	Nøstegaten 119, 5011 Bergen		
Telefon	55 30 86 80		
E-post	tone.tjemsland@ncb.no		
Nettadresse	https://carteblanche.no/		
(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	41 259	41 673	42 929
Driftsresultat	-686	-229	-233
Resultat etter skatt	-528	79	50
Totalkapitalrentabilitet	-2 %	0 %	0 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	6 %	13 %	10 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	31 %	32 %	39 %
Eigenkapitalprosent	38 %	36 %	32 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Av driftsinntektene utgjer offentlege tilskot om lag 42 mill. kr. Vestland fylkeskommune og Bergen kommune ga om lag 6,2 mill. kr i tilskot kvar, og staten ved Kulturdepartementet gav 29,2 mill. kr.</p> <p>Grunna høge renteinntekter har selskapet eit overskot på 50 074 kr som overførast til eigenkapitalen og eit sjølpålagt fond for framtidig vedlikehald og investeringar.</p> <p>Langsiktig gjeld består av avsetjingar på om lag 12,3 mill. kr som gjeld ei etterlønsordning som skal gje dansarane ein overgang til eit anna yrkesforløp når dansekarrieren er over etter fylte 35 år. Om lag 4,4 mill. kr av tilskota nemnd over er avsett til denne ordninga.</p>		

	Selskapet har god arbeidskapital og eigenkapitalprosent, men sjølvfinansieringa er på eit middels nivå og totalkapitalrentabiliteten er svak.
Viktige hendingar	<p>Den pågåande pandemien har hatt store konsekvensar for selskapet i 2020, med fleire kanselleringar. Selskapet har gjort det kan for å tilpasse seg situasjonen, og har mellom anna hatt førestillingar utandørs, m.a. utanfor ein sjukeheim. Carte Blanche presenterte 81 eigne førestillingar i 2020, inkludert uteførestillingar. I tillegg vart det gjennomført 115 andre publikumsarrangement og seks workshops. Inklusiv samproduksjonar hadde Carte Blanche AS 236 arrangement i 2020. Til saman 8 106 publikummarar var til stades på selskapet sine førestillingar og arrangement i løpet av året. Inkludert samproduksjonar med m.a. digital strøyming, vart det samla talet 16 176.</p> <p>I 2020 har styret forlenga teatersjef Annabelle Bonnér sin åremålsperiode fram til 2026. Bonnér har vore teatersjef sidan 2018.</p> <p>I juni 2021 vedtektsfesta generalforsamlinga at selskapet skal ha valkomité og vedtok retningsliner for valkomiteen. Sjå over for meir informasjon om samansetjing og funksjonstid. Generalforsamlinga gjorde også andre mindre tilpassingar i vedtekten, slik som å oppdatere namnet på fylkeskommunen.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Dei tre eigarane har sidan 2015 arbeidd for å tilrettelegge Sentralbadet som scenekunsthus for Carte Blanche og BIT Teatergarasjen. Staten har løyvd 230 mill. kr til prosjektet i 2017. Hordaland fylkeskommune har samla løyvd 105 mill. kr (5 mill. kr per år i 21 år), og Bergen kommune har vedteke å fullfinansiere investeringa på 615 mill. kr (med frådrag av staten si løyving og med fylkeskommunen sitt tilskot som føresetnad).</p> <p>Det har vore gjennomført anbodskonkurranse om «Samspillskonferansen for Sentralbadet», og tilbydar er valt. Ein annan tilbydar brakte sakta inn for tingretten og vann, men tapte seinare i lagmannsretten i mars 2021.</p> <p>Bergen kommune greier ut om organisasjonsforma AS kan høve som framtidig driftsmodell for Sentralbadet Scenekunsthus, med Bergen kommune, Carte Blanche og BIT Teatergarasjen som eigrarar. Selskapet vurderer også Vestland fylkeskommune som aktuell aksjonær i eit slikt selskap.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	
Mål med eigarskapen	Delta i kulturskap, saman med til dømes kommunar, for å vere med på å styre selskapa i ønskja retning, i samsvar med fylkeskommunen sin kulturpolitikk.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøylenleg	Fylkeskommunal eigarskap er i tråd med føremålskategorien fylkesomfattande kulturskap.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

Den Nationale Scene AS (DNS)

Føremål	Den Nationale Scene (DNS) skal skape samfunnsrelevant, engasjerande og vesentleg teater av høg kunstnarleg kvalitet til eit breitt publikum. I tråd med mandatet som nasjonalteater, skal DNS presentere eit mangfaldig program, bidra til kunstnarleg utvikling, ivareta kulturarven og ha eit utbreitt samarbeid med andre aktørar.	
Etablert	29.06.1962	
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Aksjekapitalen er på kr 102 000 delt på 102 aksjar á kr 1000 kvar.</p> <p>Vestland fylkeskommune eig 16,67 % av aksjane (17 B-aksjar) og aksjeposten sin pålydande verdi er 17 000 kr. Andre aksjonærar er staten (66,67 % eigardel) og Bergen kommune (16,67 % eigardel).</p>	
Forretningskontor	Bergen kommune	
Regelverk	Aksjelova	
Styringsgrunnlag	Vedtekter	
Samfunnsansvar og etikk	<p>DNS er opptekne av teaterets betyding for inkludering, likestilling, danning og demokratisk deltaking.</p> <p>Selskapet har leiarlønserklaering og retningslinjer for leiarlønsfastsetting (sist vedteken 25.05.21).</p>	
Generalforsamling	<p>Det vart gjennomført generalforsamling den 25.05.21 (digitalt).</p> <p>Fylkesordføraren representerte Vestland fylkeskommune i generalforsamlinga.</p>	
Val av styre	<p>Styret skal bestå av sju medlemer. Fem medlemer med to varamedlemer i prioritert rekjkjefølgje, vert valde av A-aksjonären i generalforsamling.</p> <p>To medlemer med personlege varamedlemer – ikkje meir enn fire – vert valde av og blant selskapets faste tilsette og heilårssengasjerte personale. Av desse skal éin medlem veljast av og blant det kunstnarlege personalet, og éin av og blant personalet elles.</p> <p>Styreleiar skal veljast blant dei styremedlemer som er valde av A-aksjonären.</p>	
Styresamansettning	<u>Styremedlemer (2019-2023):</u> Katrine Trovik (leiar) Dag Rune Olsen (nestleiar) Roy-Eddie Lie Anders Bjørnson Kjersti Berge Kristoffer Sagmo Aalberg (valt i 2021 – kunstnerisk personale) Arne Kampestad (valt i 2021 -øvrige tilsette)	<u>Varamedlemer:</u> Magnus Thomassen Eira Vilde Martinsen Garrido <u>Vara kunstnerisk tilsette (2021-):</u> Kjersti Elvik Frode Bjarøy Pål Rønning <u>Vara øvrige tilsette (2021-):</u> Unni Engane Maria Hjelmeland Marion Mulelid
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	Styreleiar: kr 150 000 per år. Nestleiar: kr 75 000 per år. Styremedlem: kr 60 000 per år. Varamedlem: kr 6000 per møte.	

	I tillegg vart det fastsett eit særskilt honorar til medlemene av styreutvalet for byggeprosjektet på 70 000 kr til leiar og 35 000 kr til andre medlemer. Samla styregodtgjersle i 2020: kr 459 100. Løn til dagleg leiar i 2020: 1 217 667 kr, tilskot til bu-utgifter: 112 951 kr, utgiftsgodtgjersle pendlar: 145 784 kr.		
Fylkeskommunalt lån	Nei		
Revisor	EY		
Adresse	Engen 1, 5011 Bergen/ Postboks 78 Sentrum, 5803 Bergen		
Telefon/faks	55 54 97 00		
E-post	dns@dns.no		
Nettstad	www.dns.no		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	163 478	184 966	159 051
Driftsresultat	4 450	2 299	9 519
Resultat etter skatt	4 776	2 702	9 850
Totalkapitalrentabilitet	6 %	3 %	10 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	6 054 %	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	11 %	8 %	19 %
Eigenkapitalprosent	55 %	57 %	65 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Selskapet har eit overskot for rekneskapsåret 2020 på om lag 9,9 mill. kr. Av driftsinntektene på om lag 159 mill. kr utgjer om lag 133 mill. kr statstilskot og omlag 13,2 mill. kr er andre tilskot og gåver. Det har vore ein nedgang i driftsinntektene sidan arrangement vart avlyste grunna pandemien. Dette har også ført til at dei produksjonsrelaterte kostnadene er blitt reduserte. Lønskostnadene har også gått ned som følgje av permittingar og mindre behov for ekstrahjelp under pandemien.</p> <p>Stortinget har vedteke eit investeringstilskot på 101 mill. kr til rehabilitering av tak og fasadar ved Den Nationale Scene. Per 31.12.20 er det overført 45,4 mill. kr og prosjektet blei avslutta våren 2020. Restbeløpet på 55,6 mill. kr blei løyvd omdisponert til andre naudsynte vedlikehalds- og sikringstiltak.</p> <p>Øyremerka tilskot og gåver er inntektsført tilsvarende bruk av midlane, og tilskot og gåver som ikkje er brukt, er balanseført som forskotsbetalt inntekt under kortsiktig gjeld. Selskapet har god arbeidskapital og eigenkapitalprosent, og totalkapitalrentabiliteten er kome opp på eit middels nivå.</p>		

Viktige hendingar	<p>Stefan Larsson er tilsett som teatersjef for perioden 2020-2024.</p> <p>Til liks med andre teatre i Noreg permitterte DNS dei fleste medarbeidarane i mars 2020. Teateret opna opp att for publikum i mai, og tilnærma alle medarbeidarane var attende i jobb før avvikling av sommarferien. Kulturdepartementet opprettheldt driftstilskotet for 2020, trass i driftsavbrotet, og gav også tilleggstilskot på seinsommaren.</p> <p>DNS laga seg eit reserverepertoar for 2020, med mindre produksjonar, færre involverte og strenge smitteverntiltak. DNS har hatt til saman 45 000 publikummarar på eigne oppsettingar i 2020. Til samanlikning hadde teateret over 170 000 publikummarar i rekordåret 2019.</p> <p>Teateret har også strøyma førestillingar og konserter gratis via nettsida, og har hatt oppunder 8000 avspelingar.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>DNS arbeider kontinuerleg for å senke tersklane for å oppsøke teateret og gjere teateropplevingar tilgjengeleg for folk flest. I tråd med dei overordna nasjonale måla for kulturpolitikken, skal det rettast særleg merksemd mot å inkludere samfunnsgrupper som er underrepresenterte i kulturlivet.</p> <p>Både teaterbygget på Engen 1 og parken rundt er omfatta av fredingsførersegner, og stettar per i dag ikkje krava om universell utforming. Teateret har planar om å bygge om Engen 1, og ei betring av tilgjenge for publikum og tilsette med nedsett funksjonsevne er ein viktig faktor i ombyggingsplanane. Kjerneverksemda skal etter planen halde fram i teaterbygningen, medan tunge verkstadar som smie, snekkerverkstad og målarsal skal vere i eksterne lokale. DNS har søkt Nasjonale kulturbrygg om finansiering til prosjektet. Teateret har allereie fått øyremerka tilskot til flytteprosessen for dei tunge verkstadane.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	
Mål med eigarskapen	Delta i kulturselskap, saman med til dømes kommunar, for å vere med på å styre selskapa i ønskja retning, i samsvar med fylkeskommunen sin kulturpolitikk.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?	Eigarskapen er i tråd med føremålskategorien fylkesomfattande kulturselskap.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

Det Vestnorske Teateret AS

Føremål	Det Vestnorske Teateret er eit aksjeselskap som har til føremål å driva profesjonell og allsidig teaterverksemd i Vestland. Teateret skal ha eit særleg ansvar for å skape framsyningar for barn og unge. Teateret skal først og fremst spele på nynorsk og dialekt. Teateret skal arbeide for å få fram ny dramatikk.	
Etablert	25.11.1985	
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Aksjekapitalen er på 100 000 kr delt på 400 aksjar på 250 kr kvar og utskrivne på namn.</p> <p>Fylkeskommunen eig 240 lutar/aksjar (60 % eigardel)</p> <p>Andre eigarar er Vestlandske teatersenter (80 lutar), Folkeakademiet Hordaland (20 lutar), Hordaland ungdomslag (20 lutar), Hordaland mållag (20 lutar) og Voksenopplæringsforbundet (20 lutar)</p>	
Forretningskontor	Bergen kommune	
Regelverk	Aksjelova	
Styringsgrunnlag	Vedtekten, sist endra 25.04.2019	
Samfunnsansvar og etikk		
Generalforsamling	Stian Jean Opedal Davies representerte fylkeskommunen på generalforsamlinga i selskapet 27.04.21, med fullmakt. Per Morten Ekerhovd var også med i møtet. Møtet vart gjennomført digitalt.	
Valnemnd	<p>Selskapet skal ha ei valnemnd med fire medlemer, der to vert oppnemnd av Vestland Fylkeskommune, ein vert oppnemnd av dei øvrige luteigarar og ein medlem vert oppnemnd av dei tilsette. Vestland Fylkeskommune oppnemner leiaren. Funksjonstida for medlemene er tre år.</p> <p>Valnemnda er samansett slik:</p> <ul style="list-style-type: none"> Aleksander Øren Heen (leiar, VLFK) Silja Ekeland Bjørkly (VLFK) Ingvild Kivijärvi Hals (andre eigarar) Evy Fischer (tilsetterep) 	
Val av styre	Selskapet har eit styre på seks medlemer med varamedlemer valde for fire år om gongen. Maksimal funksjonstid for styremedlem er åtte år. Generalforsamlinga nemner opp fire styremedlemer, inklusiv leiari, og to varamedlemer, etter framlegg frå Vestland Fylkeskommune, éin styremedlem med varamedlem etter forslag frå dei andre eigarane, og éin styremedlem med varamedlem etter forslag frå dei fast tilsette ved teateret.	
Styresamansetning	Styremedlemer (2020-2024): Pål W. Lorentzen (leiar) Ragnhild Stolt-Nielsen (VLFK) Rasmus Laupsa Rasmussen (VLFK)	Varamedlemer (2020-2024): Mona Høgli (VLFK) Einar Jacobsen (VLFK)

	Gunn Åmdal Mongstad (VLFK) Vivian Midtsveen (andre eigarar) Sofrid Glesnes (tilsette)	Torgeir Toppe (Andre eigarar) Evy Fischer (tilsette)	
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>Styreleiar: 75 000 kr årleg. Nestleiar: 37 500 kr årleg. Styremedlem: 4000 kr per møte. I tillegg får medlemene dekt reisegodtgjersle og betalt per time for tapt arbeidsforteneste.</p> <p>Samla styregodtgjersle for 2020: 121 200 kr.</p> <p>Dagleg leiar/teatersjef: Løn: 960 000 kr; anna godtgjersle: 5 513 kr. Merkantil direktør: Løn: 937 839 kr; anna godtgjersle: 5 513 kr.</p>		
Fylkeskommunalt lån	Nei, men fylkeskommunen garanterer med sjølvskuldnerkausjon for lån til nybygg, jf. fylkestingssak PS 44/2020. Det maksimale garantibeløpet, 77 mill. kr, vert redusert i takt med nedbetaling av lånet. Garantien gjeld frå vedtakstidspunktet og ut 2042.		
Revisor	Forum revisjon AS		
Adresse	Teatergaten 35, 5010 Bergen		
Telefon/faks	55 22 20 20		
E-post	Direktør Atle Marøen: atle@detvestnorsketeateret.no		
Nettadresse	www.detvestnorsketeateret.no		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	30 337	33 554	28 245
Driftsresultat	2 879	-465	-1 095
Resultat etter skatt	2 933	-360	-1 130
Totalkapitalrentabilitet	15 %	-1 %	-3 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	45 %	4 %	1 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	13 %	18 %	19 %
Eigenkapitalprosent	30 %	23 %	11 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Salsinntektene til selskapet er nesten halvert frå 12,7 mill. kr i 2019 til 6,4 mill. kr i 2020, som følgje av avlyste- og publikumsreduserte førestillingar grunna pandemien. Selskapet har motteke om lag 28 mill. kr i offentlege tilskot, og har inntektsført om lag 21,8 mill. kr av dei. Av dei inntektsførte tilskota er 8,4 mill. kr frå Vestland fylkeskommune og Bergen kommune.</p> <p>Det Vestnorske Teateret har fått auka løyingar dei seinare åra for å</p>		

	<p>finansiere flyttinga til sentrum og nybygget. Dei auka tildelingane til Logen-prosjektet er trekt ut av resultatrekneskapen og balanseført som langsiktig gjeld.</p> <p>Driftskostnadene til selskapet er også blitt reduserte, men ikkje i like stor grad som driftsinntektene og rekneskapen syner difor eit underskot på omlag 1,1 mill. kr. Alle nøkkeltala er svake med unntak av arbeidskapital som er god.</p>
Viktige hendingar	<p>Covid-19-pandemien har hatt store konsekvensar for teateret i 2020, med fleire kanselleringar og utsettingar. Tilsette har vore permittere i periodar, og nokre har hatt frivillig nedgang i løn. I august 2020 var alle tilsette attende i jobb. Teateret har gjort det dei kan for å tilpasse seg situasjonen og tenkt nytt med m.a. filmatisering, digitale konsertar, mindre arrangement og endra spelestad. To forfattarar vart sett til å brevveksle gjennom nedstengingsperioden, og produktet deira, «Karantenebrev», er no snart klart for publikum.</p> <p>Totalt har teateret hatt 18 778 publikumsbesökande i 2020, mot 43 866 i 2019.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Selskapet har teatersal og kontor i Bergen sentrum. I 2020 vart det inngått kontrakt om bygging av nybygg til teateret. Totalt skal det investerast 70 mill. kr i garderobebygg, nye verkstader og ny prøvesal/sal to for publikum. Den gamle teatersalen vil få ny infrastruktur og teknisk oppgradering. Det nye garderobebygget er allereie på plass. Nybygg nr. 2 skal vere sett opp løpet av 2021. Endeleg innflytting i verstad og prøvesal er sett til våren 2023.</p> <p>Frå og med 2. halvår 2018 har teateret teke over drifta av barane. Drifta byr på utfordringar økonomisk, og selskapet har inngått eit samarbeid med restaurangen Wesselstuen som held til i same hus som teateret.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	
Mål med eigarskapen	Delta i kulturselskap, saman med til dømes kommunar, for å vere med på å styre selskapa i ønskja retning, i samsvar med fylkeskommunen sin kulturpolitikk. Fylkeskommunen har interesse av at nynorsk vert nytta som teaterspråk.
Er vidareføring av fylkeskommunal eigarskap føremålstenleg?	Eigarskapen er i tråd med føremålskategorien fylkesomfattande kulturselskap.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

Idrettsklynge Vest AS

Føremål	Å styrke samhandlinga innan idrett, m.a. innan toppidrett og breidddeidrett, samt fysisk aktivitet og folkehelse i Vestland fylke, og det som naturleg står i samband med dette. Selskapet skal etablere møteplassar for kompetanseutvikling, utdanning og formidling, samt forsking og utvikling. Selskapet kan også ha nasjonale og internasjonale prosjekt, når dette bidreg til å oppnå føremålet. Selskapet skal ikke ha erverv til føremål, og skal ikkje dele ut utbytte til eigarane. Ved avvikling skal det som er til overs gå til organisasjonar utan erverv som føremål, og med eit føremål tilsvarende selskapet sitt.
Etablert	15.04.2021
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Aksjekapitalen er 30 000 kr fordelt på 300 aksjar.</p> <p>Eigarane har like stor eigardel i selskapet, og eig med det 75 aksjar og 25 % av selskapet kvar.</p> <p>Andre eigarar er Helse Bergen HF, Vestland Idrettskrets og Bergen kommune.</p> <p>Følgjande aktørar er også partar i samarbeidsavtalen, men er ikkje eigarar: Olympiatoppen Vest, Sportsklubben Brann, Høgskulen på Vestlandet og Universitetet i Bergen.</p>
Forretningskontor	Bergen kommune
Regelverk	Aksjelov m.m.
Styringsgrunnlag	Stiftingsdokument med vedtekter og samarbeidsavtale.
Samfunnsansvar og etikk	Selskapet sitt verdigrunnlag er å vere inspirerande, kompetente, opne og nyskapande.
Generalforsamling	<p>Selskapet har både årsmøte og etterfølgjande generalforsamling minst ein gong i året. Samarbeidsavtalen, som skal gå føre alt anna såframt dette ikkje kjem i strid med ufråvikelege reglar i aksjelov og vedtekter, forpliktar aksjonærane på avtalerettsleg grunnlag til å stemme i tråd med årsmøtet si handsaming av generalforsamlingssakene.</p> <p>Det vart gjennomført ekstraordinær generalforsamling i selskapet den 10.08.21. Fylkesordføraren representerte fylkeskommunen i generalforsamlinga.</p>
Val av styre	Selskapet skal ha eit styre. Kvar part skal ha ein rett, men ikkje plikt, til å peike ut ein styremedlem. Styret vel sjølv leiar og nestleiar.
Styresamansetning	Jon Askeland (VLFK, leiar) Pia Katrine Mørk Andreassen Randi-Luise Møgster Nils R. Sandal Gro Anita Fonnes-Flaten Oddrun Elisabeth Samdal Mette Hammersland Birger Grevstad
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	

Fylkeskommunalt lån	
Revisor	Bjørgvin Revisjon AS
Adresse	Brann stadion, Kniksens plass 3, 5063 Bergen
Telefon	41 50 90 59
E-post	Dagleg leiar: RandiMarie.Berntsen@idrettsforbundet.no
Nettstad	https://www.idrettsklyngevest.no/

Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:

(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter			
Driftsresultat			
Resultat etter skatt			
Totalkapitalrentabilitet			
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld			
Arbeidskapital i % av driftsinntekter			
Eigenkapitalprosent			
Økonomisk utvikling i tekst	Selskapet er skipa i 2021.		
Viktige hendingar	<p>Vestland fylkeskommune, Helse Bergen HF, Vestland Idrettskrets, Olympiatoppen Vest, Sportsklubben Brann, Bergen kommune, Høgskulen på Vestlandet og Universitetet i Bergen har sidan 2019 hatt eit samarbeid om Idrettscampus Bergen.</p> <p>Den 15.04.21 vart samarbeidet organisert som eit aksjeselskap, med Vestland fylkeskommune, Helse Bergen HF, Bergen kommune og Vestland Idrettskrets som eigarar. Dei andre aktørane er part i samarbeidsavtalen, men er ikkje eigarar.</p> <p>Ein sentral del av målet med samarbeidet er at partane skal få brukt sine fysiske, menneskelege og økonomiske ressursar på best mogleg måte for seg sjølve og for samfunnet.</p>		
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	Selskapet skal finansierast og drivast gjennom tilskot frå partane, støtteordningar og eigeninnsats, men skal, ifølgje samarbeidsavtalen, arbeide for å bli sjølvfinansierande.		
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	<p>FT-PS 148/2020 Idrettsklynge Vest:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Vestland fylkeskommune går inn som aksjonær i Idrettsklynge Vest AS 2. Fylkestinget godkjenner styringsgruppa i Idrettsklynge Vest sitt framlegg til samarbeidsavtale gjeldande frå 15.1.2021. 3. Fylkestinget godkjenner framlegget til vedtekter for selskapet. 		

	<p>4. Fylkestinget stiller seg bak forslag til finansieringsmodell for 2021. VLFK bidreg med midlar over budsjett frå post 460.104 og fylkeskommunen sin del av aksjekapitalen i selskapet. Eventuelt økonomisk bidrag etter 2021, vert lagt til grunn innanfor sektoren sitt budsjett.</p> <p>FT-PS 176/2020 Oppnemning av styremedlem og delegat til årsmøte - Idrettsklynge Vest:</p> <p>1. Fylkestinget nemner opp fylkesordførar (den til ei kvar tid sitjande) som styrerepresentant for Idrettsklynge Vest.</p> <p>2. Fylkestinget gjer fylkesrådmannen mynde til å utnemne representantar frå administrasjonen til arbeidsgruppa i Idrettsklynge Vest.</p>
Mål med eigarskapen	Delta i kulturselskap, saman med til dømes kommunar, for å vere med på å styre selskapa i ønskja retning, i samsvar med fylkeskommunen sin kulturpolitikk. Det er ein del av fylkeskommunen sin kulturpolitikk å bidra til at det er lett å vere fysisk aktiv i Vestland, og å leggje til rette for at alle kan vere fysisk aktive kvar dag.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?	Fylkeskommunen har vore med på å skipe selskapet i 2021. Det går fram av samarbeidsavtalen at partane, i ein periode på fire år frå signering av avtalen 15.04.21, ikkje kan avhende sine aksjar i selskapet.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

Moster Amfi- og kyrkjehistoriske senter AS

Føremål	Selskapet sitt hovedføremål er legge til rette for formidling av kyrkjelege og kulturelle verdiar, m.a. ideell verksemd knytt til: <ul style="list-style-type: none"> - Bygningar og anlegg - Kyrkjehistorie, pedagogikk/forskinsformidling - Kulturformidling/scenekunst - Moster Amfi som reisemål 	
Etablert	08.03.2002	
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	Aksjekapitalen er på kr 100 000 Fylkeskommunen eig 50% av aksjane. Bømlo kommune eig resten av aksjane.	
Forretningskontor	Bømlo kommune	
Regelverk	Aksjelova, offentleglova, regelverket om offentleg innkjøp	
Styringsgrunnlag	Vedtekene, sist oppdaterte 28.04.21	
Samfunnsansvar og etikk	Selskapet sine verdiar er: I tida, synleg, folkeleg og rotfesta.	
Generalforsamling	Fylkesordførar Jon Askeland møtte som eigarrepresentant for fylkeskommunen på generalforsamlinga 28.04.21 (gjennomført digitalt). I etterkant av generalforsamlinga vart det gjennomført eigarmøte.	
Val av styre		
Styresamansetning	Styremedlemer: Arild Steinsland (leiar, Den Norske Kyrkja, 2021-2023) Sølfrid Sønstabø Stavland (2021-2022) Gro Jensen Gjerde (2021-2023) Frode Urangsæter (Bømlo, 2020-2024) Sigbjørn Framnes (VLFK, 2020-2024)	Varamedlemer: Aksel Lygre (Den Norske Kyrkja 2021-2023) Grethe Sivertsen (2021-2023) Heidi Nimoson (Bømlo, 2020-2024) Jarle Jacobsen (VLFK, 2020-2024)
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	Styremedlem: 15 000 kr per år Varmedlem: 1500 kr per møte Samla styregodtgjersle i 2020: 93 750 kr Løn til dagleg leiar i 2020: 628 431 kr. Anna godtgjersle: 4392 kr	
Fylkeskommunalt lån	Nei	
Revisor	KPMG AS	
Adresse	Tora Mostrastongs veg 2, 5440 Mosterhamn	
Telefon/faks	53 42 66 20	
E-post	post@mosteramfi.no	
Nettadresse	www.mosteramfi.no	

Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	3 172	3 510	3 207
Driftsresultat	-259	-88	-104
Resultat etter skatt	-310	-155	-157
Totalkapitalrentabilitet	-4 %	-2 %	-2 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-2 %	3 %	6 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-23 %	-11 %	-9 %
Eigenkapitalprosent	32 %	28 %	24 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Selskapet har motteke om lag 2 mill. kr i driftstilskot frå eigarane som skal dekkje selskapet sine årlege driftskostnader. 1,040 mill. kr er frå Vestland fylkeskommune og 0,976 mill. kr er frå Bømlo kommune. I 2020 har selskapet i tillegg motteke tilskot på 0,3 mill. kr frå Bømlo kommune og Finnås kraftlag i samband med pandemien.</p> <p>Salsinntektene har gått ned som følgje av at selskapet ikkje fått gjennomført arrangement som planlagt. Selskapet permitterte tilsette, og dette har ført til at lønskostnadene har gått ned. Rekneskapen syner eit underskot på 156 940 som er på nivå med fjarårets resultat.</p> <p>Totalkapitalrentabiliteten saman med sjølvfinansieringa og arbeidskapital er svak i selskapet, men eigenkapitalprosenten er tilfredsstillande.</p>		
Viktige hendingar	<p>Moster Amfi er eit kyrkjhistorisk senter som formidlar religionshistoria på Moster. Moster Amfi formidlar også kunnskap om bergverksdrifta på Bømlo, utstillinga Steinriket Bømlo, teater, musikalar, kunst og musikk, og har bygningar og anlegg til bruk for selskap og møteverksem. Moster Amfi og kyrkjhistoriske senter er sidan 2019 geoparkportalen for Geopark Sunnhordland.</p> <p>Drifta i 2020 har vore prega av pandemien, og det har ikkje vore mogleg å gjennomføre arrangement som planlagt, og tilsette har vore permitterte i ein periode. Totalt er det registrert 4480 besökande i 2020.</p> <p>I 2020 fekk selskapet ny logo og nettstad.</p> <p>Føremålsføresegna i vedtekten vart endra på generalforsamlinga i 2021 til følgjande:</p> <p>«Selskapet skal syte for at kulturanlegga på Moster og i Moster Amfi er i aktiv bruk og tilgjengelege for ålmenta, og legge til rette for historiske sogespel og eit mangfold av kunst – og kulturaktivitetar for alle målgrupper».</p> <p>Endringa vart gjort for at føremålet skulle femne om ulike kulturarrangementa dei har i Moster Amfi, ikkje berre sogespelet</p>		

	«Kristkongane på Moster», som var nemnt spesifikt i den tidlegare føresegna.
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Selskapet arbeider saman med Moster 2024 AS mot ei riksmarkering av 1000 års-jubileet for Kristenretten på Moster i 2024, og planlegg arrangement retta mot born og unge med tema som kan knyttast opp mot 2024.</p> <p>Senteret skal opprustast fram mot riksjubileet og selskapet har prioritert oppgradering og modernisering av eksisterande anlegg i første omgang. Selskapet gjennomfører oppgraderinger i 2021, og har fått midlar frå Bømlø kommune, Kommunalt næringsfond og Sparebankstiftinga SR-bank i 2021 til oppgraderingar i 2022. Selskapet treng framleis midlar til vidare oppgraderingar.</p> <p>For selskapet er det også viktig å tenke i eit 10-års perspektiv fram mot 2030.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	
Mål med eigarskapen	Delta i kulturselskap, saman med til dømes kommunar, for å vere med på å styre selskapa i ønskja retning, i samsvar med fylkeskommunen sin kulturpolitikk. Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen er å bidra til å ta vare på dei historiske bygningane og aktivitetene i Moster Amfi ut frå eit kulturhistorisk perspektiv. Moster Amfi sitt kulturpolitiske arbeid er å formidle tidleg kyrkjehistorie i Noreg, legge til rette for kulturaktivitetar og arbeide for å vere eit attraktivt regionalt, nasjonalt og internasjonalt reisemål.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?	Fylkeskommunen sitt mål med eigarskapen er framleis aktuelt.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

Moster 2024 AS

Føremål	<p>Selskapet si verksemeld er å planlegge og fullføre eit riksjubileum for å markere at det i 2024 er 1000 år sidan Kristenretten vart vedteken på Mostratinget. Temaet for jubileet skal vere verdiar i lovverk og samfunn, og barn og unge skal prioriterast særleg ved markeringa.</p> <p>Selskapet har ikkje profitt som føremål, og eventuelt overskot skal nyttast i tråd med selskapet si verksemeld.</p>	
Etablert	19.10.20	
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Aksjekapitalen i selskapet er 200 000 kr, delt på 2 aksjar à 100 000 kr.</p> <p>Vestland fylkeskommune og Bømlo kommune eig ein aksje kvar.</p>	
Forretningskontor	Bømlo kommune	
Regelverk	Aksjelova, offentleglova, regelverket om offentleg innkjøp	
Styringsgrunnlag	Vedtekten av 19.10.20	
Samfunnsansvar og etikk		
Generalforsamling	<p>Det vart gjennomført ekstraordinær generalforsamling i selskapet 20.01.21 (digitalt) og ordinær generalforsamling 09.06.21 (digitalt).</p> <p>Fylkesordførar Jon Askeland representerte fylkeskommunen i den ekstraordinære generalforsamlinga, medan Stian Jean Opedal Davies representerte fylkeskommunen i den ordinære generalforsamlinga, med fullmakt.</p>	
Valkomite	<p>Selskapet skal ha ein valkomité samansett av tre medlemer. Valkomiteen sine medlemer, inklusiv valkomiteen sin leiar, vert valde av generalforsamlinga for to år om gongen. I tillegg til å innstille styremedlemer, skal valkomiteen gje innstilling om styregodtgjersle.</p> <p>Generalforsamlinga fastset godtgjersle for medlemene av valkomiteen. Generalforsamlinga skal vedta ein eigen instruks for valkomiteen.</p> <p>Vestland fylkeskommune har peikt ut Jarle Jacobsen som medlem av valkomiteen, med Svein Halleraker som vara. Bømlo kommune har peika ut Ragnfrid Sønstabø (leiar) og Odd Harald Hovland som medlemer.</p>	
Val av styre	<p>Selskapet skal ha eit styre på tre til sju medlemer, som er breitt samansett med m.a. «representantar» frå eigarane og personar med kompetanse frå kultur og næringsliv.</p>	
Styresamansetning	<p>Styremedlemer (2021-)</p> <p>Per Bjørn Habbestad (styreleiar) Magne Rommetveit Nina Meldahl Olsen Petter Steen jf. Svein Arne Theodorsen Mette Heidi Bergsvåg Jane Cathrin Særsten Jünger</p>	<p>Varamedlemer (2021-)</p> <p>Marianne Eidesvik Bjørn Asle Teige Siri Klokkerstuen</p>
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>Styreleiar: 75 000 kr årleg Styremedlemer: 1500 kr per møte</p>	

	<p>Nivået på godtgjersla til leiar vert grunngjeve med at styreleiar ser for seg å ta på seg ein aktiv rolle som ansvarleg for selskapet. Styret i selskapet har også inngått konsulentavtale med styreleiar om kjøp av tenester som fell utanfor dei oppgåvane som ligg til styreleiar etter aksjelova.</p> <p>Oppgåvane skal m.a. gå ut på utarbeiding av avtalar/kontraktar, utarbeiding og evaluering av førespurnadar utforming og etablering av leverandørkontrakter og sponsoravtalar og utforming og oppfølging av finansierings-søknader.</p> <p>I 2020 har «prosjektet» kjøpt funksjonen dagleg leiing av dagleg leiar, Elsa Aanensen-Bakke, sitt selskap. Selskapet sitt første rekneskapsår vert 19.10.20-31.12.21.</p>		
Fylkeskommunalt lån			
Revisor	Deloitte AS		
Adresse	Moster 2024 AS, Tora Mostrastongs veg 2, 5440 Mosterhamn		
Telefon	90 90 23 26		
E-post	post@moster2024.no; elsa@moster2024.no (dagleg leiar)		
Nettadresse	https://moster2024.no/		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter			0
Driftsresultat			0
Resultat etter skatt			0
Totalkapitalrentabilitet			-
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld			-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter			-
Eigenkapitalprosent			97 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Det har ikkje vore noko økonomisk aktivitet i selskapet i 2020, utover kostnader til skiping.</p> <p>Eigarane skal gje årlege løyvingar til selskapet. Det er lagt til grunn ei opptrapping fram mot 2024 med årlege avklaringar i kommune og fylkeskommune. For perioden 2019-2024 er dei samla kostnadene estimert til 20 mill. kr der basiskostnader (prosjektleiing, planlegging og administrasjon) utgjer om lag 9 mill. kr og tiltakskostnader (markeringar, arrangement, jubileumsfest, bøker og lærermiddel) utgjer 11 mill. kr. Det er lagt opp til ei kostnadsdeling der Vestland fylkeskommune og Bømlo kommune bidreg med 5 mill. kr kvar, og staten bidreg med 10 mill. kr.</p>		

	Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune har tidlegare gjort vedtak om eit eingongstilskot på 3,15 mill. kr, sjå PS 58/2019, frå avsette fondsmidlar. Den 03.03.20, PS 7/2020, vedtok Vestland fylkesting at det vil kome tilbake til bruken av dei resterande midlane etter dette eingongstilskotet.
Viktige hendingar	<p>Fylkestinget gjorde vedtak om oppretting av selskapet den 03.03.20, PS 7/2020. Fylkestinget gjorde seinare, den 29.09.20, PS 103/2020, nytt vedtak om oppretting, på bakgrunn av oppdaterte stiftingsdokument, inkludert vedtekter, instruks for valkomité og aksjonæravtale. Selskapet vart etablert 19.10.20.</p> <p>Arbeidet med 1000-årsjubileet starta allereie i januar 2020. Prosjektet har frå då av og ut 2020 kjøpt tenester til dagleg leiing/prosjektleiar frå Elsa Aanensen-Bakke sitt selskap.</p> <p>Selskapet si første generalforsamling vart gjennomført i januar 2021, med val av styre. Fram til dess har selskapet hatt eit interimstyre. Valnemnda skulle levere ein skriftleg presentasjon av kvar innstilte styremedlem. Dette er ikkje gjort, men generalforsamlinga gjekk vidare med valet av omsyn til framdrift.</p> <p>Prosjektet har i 2020 gjennomført konkurranse om kjøp av visuell profil og heimeside. Designbyrået Opplett AS vann konkurransen. Nettstaden vart lansert i 2020, sjå over for nettadresse. Selskapet har også lansert ein podcast retta mot barnehage og småskule.</p> <p>Prosjektet starta i 2020 eit samarbeid med Høgskulen på Vestlandet om utvikling av undervisningsopplegg.</p> <p>I 2021 har selskapet etablert ytterlegare organisasjonsstruktur med ein hovudkomité og ulike arbeidskomitear. Fleire folkevalde og tilsette i VLHK er inviterte til å delta i ulike komitear, og Jon Askeland og Per Morten Ekerhovd er t.d. medlemer av hovudkomiteen.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	Selskapet jobbar med å informere om- og involvere folk i arbeidet sitt, og då særleg barn og unge.
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	
Mål med eigarskapen	Delta i kulturselskap, saman med til dømes kommunar, for å vere med på å styre selskapa i ønskja retning, i samsvar med fylkeskommunen sin kulturpolitikk.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøytenleg?	<p>Hovudargumenta for å opprette eit eige AS, med ideelt føremål, for å planlegge og gjennomføre jubileet har vore handtering av risiko – særleg knytt til økonomi, styring, avvikling, og erfaringar frå andre relevante jubileum og markeringar.</p> <p>Aksjeselskapet skal avviklast etter at alle arrangement er gjennomført og rapportar leverte.</p>
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

Norsk Fjordhestsenter AS

Føremål	<p>Norsk Fjordhestsenter AS har til føremål å fremje fjordhesten som nasjonal rase ved å gjennomføre nasjonale mål og strategiar innan avl og bruk for fjordhesten. Selskapet skal arbeide aktivt for å få finansiert oppgåver knytt til dette målet, slik at senteret kan framstå med det største og beste kompetansemiljøet for fjordhest, og ha eit moderne, nasjonalt ride- og køyresportsanlegg.</p> <p>Norsk Fjordhestsenter AS skal vere samlingspunktet for fjordhestfolket.</p>	
Etablert	21.10.1989.	
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Selskapet sin totale aksjekapital er på 4 100 000 og er fordelt på to aksjeklassar slik:</p> <p>A-aksjar (med stemmerett): 20 aksjar à 5000 kroner, totalt 100 000 kroner. B-aksjar (utan stemmerett): 800 aksjar à 5000 kroner, totalt 4 000 000 kroner.</p> <p>Fylkeskommunen sin eigardel: A-aksjar: 30 % av aksjane. Pålydande verdi: 30 000 kroner. B-aksjar: 33 % av aksjane. Pålydande verdi: 1 330 000 kroner.</p> <p>Aksjane kan overdragast med samtykke frå styret, men slik at Stad kommune og fylkeskommunen alltid har like mange A-aksjar kvar. Den tredje eigaren er Norges Fjordhestlag.</p>	
Forretningskontor	Stad kommune	
Rettslege rammer	Aksjelova	
Rammer	Vedtekter, sist endra 02.07.20.	
Samfunnsansvar og etikk	<p>Arbeidstid og løn er rettferdig fordelt mellom kjønna, og personalpolitikken er kjønnsnøytral på alle område.</p> <p>Selskapet forureinar i liten grad det ytre miljø.</p>	
Generalforsamling	<p>Det vart gjennomført generalforsamling for selskapet 27.08.21 (digitalt). Fylkesordførar Jon Askeland representerte fylkeskommunen på generalforsamlinga. Efter generalforsamlinga var det eigarmøte.</p>	
Val av styre	<p>Styret skal ha tre til fem styremedlemer. Kvar aksjeeigar innstiller ein medlem (med varamedlem), med to års funksjonstid. Eventuelt fleire medlemmar må veljast samrøystes av generalforsamlinga.</p>	
Styresamansetning	<u>Styremedlemer:</u> Eli Førde Aarskog (leiar) Hege Sæther Moen (nestleiar, 2021-2023) Ole Johnny Stubhaug (VLFK, 2021-2023) Hanne Fjerdingby Olsen Vidar Heggheim	<u>Varamedlemer:</u> Lars Svein Drabløs Janne Seilen (2021-2023) Hanne Eva Husebø Kristensen (VLFK, 2021-2023) Ove Bjørlo
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>Styreleiar: 40 000 kr per år. Styremedlemer: 3 000 kr per fysiske møte og 1500 kr per digitale møte.</p>	

	Samla styregodtgjersle i 2020: 112 000 kr. Løn dagleg leiar i 2020: 599 721 kr. Anna godtgjersle: 5965 kr.
Fylkeskommunalt lån	Nei.
Revisor	Hovden & Vatne Statsautoriserte Revisorar AS.
Adresse	6770 Nordfjordeid.
Telefon/faks	57 86 48 00 / 57 86 48 01
E-post	post@norsk-fjordhestsenter.no
Nettstad	www.norsk-fjordhestsenter.no

Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:

(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	5 206	5 585	5 491
Driftsresultat	25	114	216
Resultat etter skatt	-39	43	118
Totalkapitalrentabilitet	1 %	2 %	4 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	17 %	27 %	19 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	1 %	-1 %	3 %
Eigenkapitalprosent:	65 %	65 %	56 %

Økonomisk utvikling i tekst	Av driftsinntektene på om lag 5,5 mill. kr er om lag 2,5 mill. kr tilskot over statsbudsjettet frå Landbruks- og matdepartementet for bevaringsarbeid for dei nasjonale hesterasane. Resten av driftsinntektene er knytt til mellom anna oppstalling og utleige til Fjordane folkehøgskule som har undervisninga si på kompetansesenteret. Selskapet har eit overskot på 117 919 kr som blir ført til eigenkapitalen. Det er gjort utbetringar på uteområdet som vart finansiert gjennom refinansiering av lånet og auka lån som har ført til at selskapet si langsiktige gjeld har auka med om lag 0,9 mill. kr. Selskapet si auka gjeld føre til at eigenkapitalprosenten har gått noko ned, men den er framleis tilfredsstillande. Totalkapitalrentabiliteten og arbeidskapital er på eit svakt nivå medan sjølvfinansieringa er på eit middels nivå.
------------------------------------	---

Viktige hendingar	Kjerneoppgåvene til Norsk Fjordhestsenter AS (senteret) er å fremje fjordhesten som nasjonal rase, ved å gjennomføre nasjonale mål og strategiar innan avl og bruk for fjordhesten. Senteret arrangerer m.a. treningar, kurs og stemner, og Fjordane folkehøgskule underviser elevane sine på senteret. Per i dag har kring 40 hestar og 75 personar sitt daglege virke ved senteret (senteret har om lag seks årsverk tilsett), i tillegg til dei som nyttar stallar, ridehallar og utebane på ettermiddag, kveld og helg.
--------------------------	---

	<p>Selskapet endra vedtekten sine på generalforsamlinga i 2020, slik at det kjem tydelegare fram i føremålsparagrafen at selskapet også har idrettsføremål. Endringa vart gjort for å legge til rette for at selskapet kan søke spelemidlar, men syner seg å ikkje vere tilstrekkeleg. For å få spelemidlar frå Kulturdepartementet, må det idrettslege føremålet gjerast til hovudføremål for selskapet. Dette var tema på eigarmøtet 27.08.21, og selskapet informerte der om at dei fryktar at ei slik endring kan svekke senteret sin status som nasjonalt senter for fjordhest. Utan spelemidlar står renoveringsplanane i fare for å stogge opp. Planen er å handsame saka på ei seinare ekstraordinær generalforsamling.</p> <p>Som følgje av Covid-19-pandemien var aktiviteten våren 2020 på eit minimum. Frå mai/juni opna senteret opp med seminstasjon og turistaktivitetar, men aktivitetsnivået var lågare enn planlagt.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Det er behov for investeringar i anlegget framover, for å sikre og utvikle det for framtida med tanke på senteret sine ulike funksjonar, både lokale og nasjonale. Selskapet har utarbeidd ein utviklingsplan for heile anlegget, basert på selskapet sin strategiplan, brukar- og tilsetteinvolvering og vedtekne areal- og reguleringsplanar i Stad kommune.</p> <p>Oppgraderingsplanane vart presentert for eigarane på generalforsamlinga i 2020. Kostnaden med aktuelle tiltak er venta å bli 52 mill. kr. Selskapet jobba framleis med å skaffe finansiering av vedlikehaldsarbeidet, og vil utfordre eigarane til å bidra økonomisk.</p> <p>Senteret er deltakar i eit utviklingsprosjekt i regi av Innovasjon Norge, og vil gjennom dette få rådgjeving om vegen vidare og m.a. moglegheiter for finansiering.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	
Mål med eigarskapen	Delta i kulturselskap, saman med til dømes kommunar, for å vere med på å styre selskapa i ønskja retning, i samsvar med fylkeskommunen sin kulturpolitikk. Bakgrunnen for eigarskapen er at eigedommen Haugen i 1989 vart overdregen til Eid kommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Noregs Fjordhestlag.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøylen	<p>Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare, etter vedtak i fylkestinget i 2014, forsøkt å selje aksjane i selskapet til dei andre eigarane utan hell. Fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtok så i sak 38/18 å vidareføre eigarskapen i selskapet.</p> <p>Fjordhesten er ein særmerkt hesterase med sterk kulturhistorisk tilknyting til Vestlandet. Det kan derfor argumenterast for at Vestland fylkeskommune har eit ansvar for å forvalte denne historia og medverke til skjøtsel av rasen. Fjordhesten er ein av tre norske hesterasar, og gjennom eigarskapen til Norsk Fjordhestsenter kan Vestland fylkeskommune bidra til å halde bestanden oppe, og på sikt auke talet fjordhestar i Noreg.</p>
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

Teater Vestland AS

Føremål	Føremålet med selskapet er å drive teaterverksemd i Vestland fylke. Teateret kan også spele i andre fylke som ledd i utvekslingsprogram med andre teater. Teateret skal nyte nynorsk målform eller nynorske målføre. Teateret går inn som ein naturleg del av fylket sitt samla kulturtildel. Det skal søkje å fremje amatørteaterarbeidet i fylket.	
Etablert	13.11.1979	
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	Aksjekapitalen er 100 000 kr fordelt på 10 aksjar à 10 000 kr. Vestland fylkeskommune eig 80 % av aksjane og aksjeposten sin pålydande verdi er 80 000 kr. Sunnfjord kommune eig dei resterande 20 % av aksjane.	
Forretningskontor	Sunnfjord kommune.	
Regelverk	Aksjelova.	
Styringsgrunnlag	Vedtekten av 13.11.1979, sist reviderte 21.06.16. Strategiplan, vedteken i 2014.	
Samfunnsansvar og etikk	Teateret har som mål å ikkje ureine det ytre miljøet og deltok i 2019 i Norsk Teater og Orkesterforeining sitt arbeid for å etablere eit «grønt veikart for kultur», ei satsing på å utvikle metodar for å gjere kunst og kulturinstitusjonar meir miljøbevisste. Strategiplanen omtalar personalpolitikk, miljø, verdigrunnlag o.l.	
Generalforsamling	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 25.05.21 (både fysisk og digital deltaking). Natalia Antonia Golis representerte fylkeskommunen i møtet. I tillegg deltok seksjonssjef for kunst- og kulturutvikling, Ronny Bjørnar Skaar.	
Val av styre	Styret skal ha fem medlemer. Av desse skal tre veljast etter framlegg frå fylkeskommunen, ein frå Sunnfjord kommune og ein frå dei fast tilsette. For styremedlemer valde etter forslag frå fylkeskommunen og dei tilsette, skal det veljast varamedlemer i rekjkjefølgje. Styremedlemen frå kommunen har personleg varamedlem. I tillegg til èin styremedlem, skal det veljast tre varamedlemer i rekjkjefølgje frå dei tilsette. Første vara møter fast med talerett. Styre- og varamedlemene si funksjonstid er fire år med unntak for representanten for dei tilsette som vert vald for to år. Generalforsamlinga vel styreleiar og nestleiar. Styreleiar skal veljast frå ein av representantane foreslegne av fylkeskommunen.	
Valkomite	Selskapet har planar om å opprette valnemnd frå og med 2022.	
Styresamsetning	<u>Styremedlemer 2020-2024:</u> Rasmus Mo (leiar, VLFK) Jenny Følling (nestleiar) Senea Sabanovic (VLFK) ... * (VLFK)	<u>Varamedlemer i rekjkjefølgje 2020-2024:</u> <u>Frå VLFK:</u> 1) Hanne Bergliot Oftedal

	Krystian Myska (repr. for dei tilsette) * Den eine styremedlemen VLK har føreslege, har trekt seg.	2) Lise May Sæle 3) Bjørn Harald Haugsvær <u>Frå Sunnfjord kommune:</u> Åsmund Berthelsen <u>Frå Teater Vestland:</u> 1) Idun Losnegård 2) Karoline Solbakken 3) Lene Grande	
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	Styreleiar: 60 000 kr fast per år. Nestleiar: 20 000 fast per år. Styremedlem: 10 000 kr fast per år. Den faste godtgjersla skal indeksregulerast årleg. Alle styremedlemene har i tillegg møtegodtgjersle i tråd med fylkeskommunen sine satsar for dette, for tida 1510 per møte. Varamedlemene får tilsvarende møtegodtgjersle per møte dei er med på. Samla styregodtgjersle i 2020: kr 84 873. Løn til dagleg leiar i 2020: 880 119 kr. Anna godtgjersle: 47 513 kr.		
Fylkeskommunalt lån	Nei.		
Revisor	PricewaterhouseCoopers AS.		
Adresse	Pb. 324, 6802 Førde.		
Telefon/faks	90 99 06 00.		
E-post	post@teatervestland.no		
Nettstad	www.teatervestland.no		
(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	29 298	30 121	32 894
Driftsresultat	-272	-612	1 872
Resultat etter skatt	-318	-657	1 826
Totalkapitalrentabilitet	-3%	-6 %	18 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-11 %	-18 %	-9 %
Eigenkapitalprosent:	47 %	33 %	52 %
Økonomisk utvikling i tekst	Av driftsinntektene på om lag 32,9 mill. kr utgjer 30,9 mill. kr driftstilskot. Det er om lag 7 mill. kr i tilskot frå Vestland fylkeskommune, 21,7 mill. kr frå staten og 2,3 mill. kr frå Sunnfjord kommune. Eigne inntekter frå billett- og programsal utgjer om lag 1,9 mill. kr, og er ein auke på om lag 0,2 mill. kr frå 2019.		

	<p>Selskapet har eit overskot på om lag 1,8 mill. kr i 2020 som blir overført til eigenkapitalen. Dette var betre enn budsjettet, og kjem av lågare turné- og personalkostnader.</p> <p>Selskapet har god totalkapitalrentabilitet og eigenkapitalprosent. Dei likvide midlane dekkjer ikkje den kortsiktige gjelda og gir selskapet ein svak arbeidskapital.</p>
Viktige hendingar	<p>I 2020 endra teateret namn frå Sogn og Fjordane Teater til Teater Vestland, og fekk ny logo. Teateret utvida turneområdet til heile det nye fylket, og hadde framsyningar også i Hordalands-området.</p> <p>I 2020 hadde teateret 138 framsyningar, vitja 38 spelestadar, og presenterte sju eigenproduksjonar. Trass i pandemien, som medførte fleire avlysingar, permitteringar av nokre tilsette i ein periode og strenge smittevernstiltak, møtte folk opp på framsyningane, og teateret hadde totalt 10 727 tilskodarar i 2020 (mot 18 745 i 2019).</p> <p>Teateret strøymde også nokre førestillingar digitalt, og reiste på turne med «kulturtihengar» til ulike aldersheimar og sjukeheimar i Sunnfjord. Av dei to samarbeidsprosjekta teateret hadde planlagt for Den kulturelle skulesekken, vart eitt gjort digitalt medan eitt vart avvikla fysisk, men med færre elevar i salen.</p> <p>Fra og med 2021 overtok Cecilie Grydeland Lundsholt rolla som teatersjef frå Bodil Kvamme.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Satsinga på nye lokale i Nynorskhuset i Førde er den mest sentrale oppgåva for å sikre fornying og utvikling. Det vert lagt ned mykje tid og ressursar i arbeidet med å realisere Nynorskhuset i samarbeid med NRK Vestland og avisar Firda. I statsbudsjettet for 2021 er satsinga på Nynorskhuset i Førde auka med 600 000 kr.</p> <p>Teateret leiger per no lokale i Førdehuset og har planar om å flytte inn i nye lokale i Nynorskhuset i 2023.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	<p><i>FU-PS 93/2021 Styregodtgjersle for Teater Vestland AS:</i> Vestland fylkeskommune gjer framlegg om slik godtgjersle til styret i Teater Vestland AS:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Styreleiar: kr 60 000 pr. år, samt møtegodtgjersle etter fylkeskommunen sin sats, for tida kr 1470. • Nestleiar: kr 20 000 pr. år, samt møtegodtgjersle etter fylkeskommunen sin sats, for tida kr 1470. • Ordinære styremedlemer: kr 10 000 pr. år, samt møtegodtgjersle etter fylkeskommunen sin sats, for tida kr 1470. • Varamedlemer: Møtegodtgjersle etter fylkeskommunen sin sats, for tida kr 1470, for kvart møte dei er til stades på. • Den faste godtgjersla skal justerast årleg etter endringa i Statistisk sentralbyrå sin konsumprisindeks.
Mål med eigarskapen	<p>Delta i kulturselskap, saman med til dømes kommunar, for å vere med på å styre selskapa i ønskja retning, i samsvar med fylkeskommunen sin kulturpolitikk. Fylkeskommunen ønskjer å stimulere til kulturelt og kunstnarleg mangfold, og å understøtte initiativ og verksemder innan kulturbaserte næringar. Fylkeskommunen har interesse av at nynorsk vert nytta som teaterspråk</p>

Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøytenleg?	Eigarskapen er i tråd med føremålskategorien fylkesomfattande kulturselskap.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

Vestnorsk filmsenter AS

Føremål	Selskapet sitt føremål er å bidra til fagleg og kunstnarisk utvikling av vestnorsk kortfilmproduksjon, ved å kanalisere økonomisk, filmfagleg og organisatorisk støtte til profesjonelle kortfilmprosjekt innan fiksjons-, dokumentar- og animasjonsfilm. Vidare skal senteret innvilge midlar til prosjektutvikling og gi konsulentbistand til manusskriving. Det er ingen føresetnad at søker av tilskotsmidlar er busett på Vestlandet. Gjennom tiltak skal selskapet bidra til at kulturpolitiske målsettingar innan film vert innfridde, og at bransjen som heilskap vert stimulert til kunstnarisk og fagleg utvikling via bransjeutviklingstilskot.	
Etablert	10.11.1994	
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Aksjekapitalen i selskapet er kr 100 000 delt på 50 aksjar á kr 2000 kvar.</p> <p>Vestland fylkeskommune eig 50 % av aksjane og aksjeposten sin pålydande verdi er 50 000 kr. Bergen kommune eig dei resterande 50 % av aksjane.</p>	
Forretningskontor	Bergen kommune	
Regelverk	Aksjelova	
Styringsgrunnlag	Vedtekter, sist endra på generalforsamling 28.05.20.	
Samfunnsansvar og etikk	<p>Gjennom å støtte, utvikle og arrangere kompetansehevande tiltak for filmbransjen, skal Vestnorsk filmsenter bidra til å byggje ein bransje som er synleg, berekraftig og i vekst, internasjonalt orientert og attraktiv å samarbeide med.</p> <p>Vestnorsk filmsenter er oppteken av kjønnsbalanse.</p>	
Generalforsamling	<p>Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 03.06.21.</p> <p>Stian Jean Opedal Davies representerte fylkeskommunen i møtet, med fullmakt.</p>	
Val av styre	<p>Styret skal ha inntil seks medlemer. Vestland fylkeskommune og Bergen kommune innstiller ein medlem kvar. Norsk Filmforbund og Produsentforeininga innstiller ein medlem kvar. Eigarane av Vestnorsk filmsenter kan i tillegg innstille ytterlegare, inntil to medlemar i fellesskap. Det kan oppnemnast varamedlemar for de respektive representantane. Dagleg leiar har fast sete i styret med tale- og forslagsrett. Styret vert leia av ein representant utpeika av Vestland fylkeskommune og Bergen kommune annankvar periode</p>	
Styresamansetning	<u>Styremedlemer:</u> Lars Leegaard Marøy – Bergen kommune (leiar) Kine Bratli Dale – VLFK, 2019-2023 Ingrid Opedal – Møre og Romsdal fylkeskommune Trude Refsahl – Virke produsentforeningens representant Thomas Angell Endresen – filmforbundets representant	<u>Personlege varamedlemer:</u> Christer Lilleskare Olsen 2019-2023 Irene Årsnes

Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	Styreleiar: kr. 60 000 per år. Styremedlemer: kr. 22 000 per år. Samla styregodtgjersle i 2020: kr 140 000. Samla ytingar til dagleg leiar i 2020: Kr. 754 583.		
Fylkeskommunalt lån	Nei.		
Revisor	BDO AS		
Adresse	Georgernes Verft 12, 5011 Bergen		
Telefon	92 28 36 96		
E-post	post@vestnorskfilm.no		
Nettstad	www.vestnorskfilm.no		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2018	2019	2020
Sum driftsinntekter	20 604	22 003	22 901
Driftsresultat	-247	-219	-53
Resultat etter skatt	-144	-94	43
Totalkapitalrentabilitet	-1 %	-1 %	0 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-23 %	2 %	1 %
Eigenkapitalprosent	5 %	4 %	4 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Selskapet sine driftsinntekter på om lag 22,9 mill. kr består av diverse tilskot frå Kulturdepartementet, Bergen kommune, Vestland fylkeskommune og Møre og Romsdal fylkeskommune. I 2020 har selskapet fått totalt om lag 2,9 mill. kr i diverse driftstilskot frå Vestland fylkeskommune, og 1,5 mill. kr i diverse driftstilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Bergen kommune har gitt om lag 2,1 mill. kr i diverse driftstilskot og om lag 2,7 mill. kr i tilskot til utdeling.</p> <p>I 2020 fekk selskapet 183 søknadar om støtte på til saman 32,3 mill. kr, og delte ut om lag 15,4 mill. kr i tilskot til heile 84 prosjekt. Rekneskapen syner eit overskot på 43 388 kr som blir ført mot eigenkapitalen. Selskapet sine nøkkeltal ligg om lag på same nivå som fjaråret, og er svake.</p>		
Viktige hendingar	I pandemiåret 2020 har filmsenteret hatt mange premierar (19), men fleire filmlar er også sett på vent grunna reiserestriksjonar og smittevernreglar m.m. Selskapet har fått utarbeidd undersøkingar om pandemien sine konsekvensar for filmbransjen, og desse viser at det er frilans filmlarbeidarar som er hardast råka. Selskapet har tilpassa seg		

	<p>situasjonen med m.a. løpende søknadsfrist på utvikling, slik at fleire filmskaparar kunne kome raskare i gang med prosjekt.</p> <p>Tildelingar til utvikling og produksjon av kort- og dokumentarfilm, og støtte til utvikling av manus til spelefilm og seriar, er den delen av filmsenteret si kjerneverksemd som har størst innverknad for bransjen. Filmsenteret har i 2020 tildelt midlar (totalt 15,3 mill. kr) til eit rekordstort tal prosjekt (84), noko som delvis kan skuldast pandemien og delvis etableringa av eit masterstudium i manusskriving for seriar ved UiB.</p> <p>Vestnorsk filmsenter har frå og med 2020 også hatt ansvar for tilskotsordninga for filmkulturelle tiltak, og har gitt tilskot til søknadar om lokale filmarrangement i regionen som ikkje fell inn under Norsk filminstitutt sine ordningar. Ansaret vart vedteke overført til dei regionale sentera i samband med statsbudsjettet for 2020.</p> <p>Filmveksthuset BAKOM, ein møteplass i Bergen for aspirerende filmskaparar og spelutviklarar mellom 16-30 år, vart opna i 2020.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	Vestnorsk filmsenter var 25 år i 2020 og har mål om å framleis vera ein berebjelke for filmsatsing i vest.
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	
Mål med eigarskapen	Delta i kulturselskap, saman med til dømes kommunar, for å vere med på å styre selskapa i ønskja retning, i samsvar med fylkeskommunen sin kulturpolitikk. Fylkeskommunen ønskjer å stimulere til kulturelt og kunstnarleg mangfold, og å understøtte initiativ og verksemder innan kulturbaserte næringer.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?	Eigarskapen er i tråd med føremålskategorien fylkesomfattande kulturselskap.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

7. Interkommunale samarbeid



Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

7.1 Ulike samarbeidsformer

Interkommunale samarbeid kan vere alt frå eit forum for erfaringsutveksling, til overføring av ansvar/utføring av oppgåver til eit anna rettssubjekt – til dømes ein annan kommune eller eit selskap.

Samarbeid etter kontrakt (formlaust samarbeid)

Slike samarbeid er ikkje heimla i kommunelova. Dei baserer seg på kontraktar som regulerer samarbeidstilhøvet mellom kommunane. Denne forma for samarbeid vert også kalla *formlaust samarbeid*. Sidan organisasjonsforma er tufta på kontraktar, vil rammene for organiseringa ligge i kva som gyldig kan avtalast mellom kommunar. Denne typen samarbeid vert ikkje omtala i eigarskapsmeldinga.

Vertskommunesamarbeid etter kommunelova

Kommunelova 1992 § 28-1 a gav heimel for å legge oppgåver som kommunane har ansvar for, til eit såkalla vertskommunesamarbeid. Samarbeidsforma er vidareført i kommunelova 2018 kapittel 20.

Vertskommunesamarbeidet har to variantar:

- administrativt vertskommunesamarbeid (§ 20-2)
- vertskommunesamarbeid med felles folkevald nemnd (§ 20-3)

Der kommunen vurderer at eit samarbeidsområde har prinsipiell betydning, skal modellen med felles folkevald nemnd nyttast. Denne nemnda har då ansvar for at oppgåvene blir løyst innanfor ramma av delegeringa frå deltakarkommunane. Tilsvarande kan den administrative modellen nyttast på område utan prinsipiell betydning.

Eit vertskommunesamarbeid er forankra i ein skriftleg samarbeidsavtale vedteken av kommunestyret eller fylkestinget sjølv.

Interkommunale politiske råd og kommunale oppgåvefellesskap

I den nye kommunelova er føresegna i den gamle kommunelova § 27 om interkommunale samarbeid erstatta av to nye samarbeidsformer:

- interkommunalt politisk råd etter kap. 18
- kommunalt oppgåvefellesskap etter kap. 19.²⁵

Ifølgje kommunelova § 31-2 må alle samarbeid etter koml. § 27 vere omdanna til ein av dei nye ordningane seinast innan fire år etter at kap. 18 og 19 i koml. 2018 trer i kraft.

Den største skilnaden er at for dei nye samarbeidsordningane må deltarane uttrykkeleg ta stilling til om samarbeidet skal vere eit eige rettssubjekt eller ikkje.

²⁵ Kap. 18 og 19 tredde i kraft f.o.m. det konstituerande møtet i det enkelte kommunestyret og fylkestinget ved oppstart av valperioden 2019–2023.

7.2 Samarbeid fylkeskommunen deltek i

Nasjonal Digital Læringsarena (NDLA)

Føremål	NDLA starta som eit prosjektsamarbeid mellom 18 fylkeskommunar i 2007 (Oslo deltok ikkje). I 2009 gjorde alle 18 fylkesting likelydande vedtak om å etablere prosjektet som eit interfylkeskommunalt samarbeid (IS), jf. Tidlegare kommunelov § 27. Nasjonal Digital Læringsarena – gratis lærermiddel for elevar i vidaregåande skule – er eit fellesinitiativ frå fylkeskommunane som har som føremål å etablere fritt tilgjengelege lærermiddel for alle faga i den vidaregåande opplæringa.
Etablert	2007.
Deltakarar	Fylkeskommunane. Vestland fylkeskommune er kontorkommune for samarbeidet.
Regelverk	Kommunelov, offentleglova, m.m.
Styringsgrunnlag	Samarbeidsavtale og vedtekter frå 01.07.2009, sist endra i 01.04.18. Den nye kommunelova stiller krav om at alle interkommunale samarbeid, etter tidlegare koml. § 27, skal vera omdanna til eit kommunalt oppgåvefellesskap etter koml. (2018) § 19-1, innan fire år etter at lova tredde i kraft. For NDLA- samarbeidet inneberer dette at deltakarane i samarbeidet, ved fylkestinget, må slutte seg til ein felles avtale for oppgåvefellesskapet og nye vedtekter. I skrivande stund er ikkje saka handsama i fylkestinget.
Representasjon i representantskap	Som interfylkeskommunalt samarbeid har NDLA eit representantskap med eigarrepresentasjon, ein frå kvar av eigarane.
Val av styre	NDLA har eit styre med 3 – 7 medlemer. Styret skal sjå til at drifta av NDLA er i samsvar med formålet for samarbeidet, vedtekten, årsbudsjettet for selskapet og andre vedtak og retningslinjer fastsett av representantskapet eller styret sjølv.
Valkomite	Nila Ellingsen Høiskar (Nordland fylkeskommune), Even Eriksen (Innlandet fylkeskommune) og Arne Thomassen (Agder fylkeskommune).
Styresamansetning	<p><u>Styremedlemer:</u> John Arve Eide (leiar) Elisabeth Tandstad Martin Zeiffert Helge Kristian Galdal Inga Berntsen Rudi (tilsetterep.)</p> <p><u>Varamedlemer:</u> Siw Olsen Fjørtoft</p>
Innskotsplikt	Inntektsgrunnlaget er basert på bidrag per elev frå alle deltakarane.
Utgang	Skjer gjennom fylkestingsvedtak. Fristar og føresegner følgjer av kommunelova.
Nettstad	www.ndla.no

Vestlandsrådet²⁶

Føremål	Vestlandsrådet er eit politisk samarbeidsråd for fylkeskommunane på Vestlandet, organisert som interkommunalt politisk råd etter kommunelova kapittel 18. Dei tre fylkeskommunane på Vestlandet skal gjennom Vestlandsrådet: <ul style="list-style-type: none"> • styrke landsdelen, både nasjonalt og internasjonalt • koordinere den politiske innsatsen til beste for landsdelen innanfor definerte satsingsområde og utvikle effektive tenester på tvers av fylkesgrensene • fremje andre politiske saker av felles interesse • aktivt påverke rammevilkår for landsdelen og medlemsfylka • skape samhandlingsarenaer på Vestlandet • ta initiativ til samarbeidsprosjekt på tvers av fylkesgrensene
Etablert	2003.
Deltakarar	Fylkeskommunane Møre og Romsdal, Vestland og Rogaland.
Regelverk	Kommunelova kapittel 18.
Styringsgrunnlag	Samarbeidsavtale (oppdatert 01.01.20), vedtekter og politisk plattform for 2020-2023.
Representasjon	Fylkeskommunen har følgjande faste medlemmer i Vestlandsrådet: Jon Askeland, Natalia Golis, Anne Gine Hestetun, Trude Brosvik, Silja Ekeland Bjørkly og Terje Søviknes. Vestlandsrådet møtast som hovudregel minst tre gonger i året. Leiarvervet går på omgang for eitt år av gangen mellom fylkesordførarane. Møre og Romsdal fylkeskommune har leiarskapen i Vestlandsrådet i 2021. I tillegg til rådet er det skipa eit eige arbeidsutval (AU) med dei tre fylkesordførarane.
Administrasjon	Fylkessdirektøren i den fylkeskommunen som til ei kvar tid har leiarskapet: <ul style="list-style-type: none"> • har innstillingsrett til rådet • har ansvaret for sekretærfunksjonen • koordinerer det administrative og saksførebuande arbeidet • koordinerer i samarbeid med dei andre fylkeskommunane arbeidet med prosjekt som er sett i gang av Vestlandsrådet • har arkivansvar
Innskotsplikt	Finansiering av rådet sin aktivitet skal fordelast slik jf. Selskapsavtalen § 8: Dei tre fylkeskommunane yter ein like stor sum kvar til drifta av rådet. For 2020 og 2021 var summen per fylkeskommune 600 000 kr. Eigne driftsutgifter til deltaking i rådet vert dekkja av kvar einskild fylkeskommune. Utgifter med å ha leiarskapen i rådet vert dekkja av den fylkeskommunen som har leiarskapen det året. Rådet skal ha eit eige budsjett til dekking av andre typar driftsutgifter av felles interesse for dei deltakande fylkeskommunane. Rådet skal sjølv gjere framlegg om dette. Kvar av fylkeskommunane skal dekke 1/3 av desse utgiftene. Budsjettet vert handsama på første møtet i året.

²⁶ Samarbeidet vart omdanna til interkommunalt politisk råd etter kommunelova 2018 kapittel 18 den 01.01.20.

	<p>Utgifter til einskildprosjekt vert fordelt ut frå kvar fylkeskommune sine interesser og deltaking.</p> <p>Rekneskapen vert ført og revidert av den fylkeskommunen som har leiarakapen/sekretariatet.</p>
Utgang	<p>Fylkestinget i eitt av dei samarbeidande fylka kan vedta at denne fylkeskommunen skal gå ut av samarbeidet i rådet med 1 – eitt års oppseiingsfrist før neste kommuneval.</p> <p>Vestlandsrådet er å sjå på som oppløyst når minst to av dei tre samarbeidande fylka har trekt seg ut.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	
Kontakt for Vestland	I administrasjonen: Thorbjørn Aarethun og Endre Høgalmen. Sjå elles informasjon om representasjon over.
Nettstad	www.vestlandsraadet.no

Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap

Føremål	Føremålet til samarbeidet er å legge tilhøva til rette for at arkiva til deltakarane vert handtert, tekne vare på og formidla i samsvar med arkivlova sine føremål og føresegner. Samarbeidet kan yte depottenester for deltakarane sine papirbaserte og elektroniske arkiv, og dessutan tilby deltakarane ordnings- og digitaliseringstenester, og andre nærliggande tenester. Samarbeidet skal sørge for at arkiva til deltakarane vert gjort tilgjengelege for offentleg bruk, forsking og andre administrative og kulturelle føremål.
Etablert	Samarbeidet starta som ei prøveordning i 1987, vart endeleg etablert i 1991, og vart organisert som interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27 frå og med 2019, og omdanna til kommunalt oppgåvefellesskap etter kommunelova kap. 19 seinare same år.
Deltakarar	Fylkeskommunen og kommunane i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn. Deltakarane har lik eigardel i samarbeidet og delt ansvar for samarbeidet sine plikter.
Rammer	Kommunearkivordninga er eit kommunalt oppgåvefellesskap regulert av føresegnehene i kommunelova kap. 19 og vedtekten til oppgåvefellesskapet. Oppgåvefellesskapet skal ha mynde til å treffe avgjerder som gjeld drift og organisering av verksemda. Oppgåvefellesskapet kan ikkje pådra deltakarane plikter eller fatte avgjerder som etter kommunelova ligg til deltakarkommunane sjølve. Kommunearkivordninga skal ikkje ha mynde til å ta opp lån eller stille sikkerheit for andre sine forpliktingar.
Forretningskontor	Sogndal kommune.
Representantskap	Kvar deltarar er representert i oppgåvefellesskapet sitt øvste styringsorgan, representantskapet.
Forvaltning og administrasjon	Representantskapet har valt eit underliggende styre som tek seg av drift og organisering. Styret har tilsett seksjonssjef for arkivseksjonen, Arnt Ola Fidjestøl, som dagleg leiari for oppgåvefellesskapet.
Finansiering	Kommunearkivordninga skal finansierast gjennom bidrag frå deltakarane. Deltakarane betalar eit årleg tilskot til drifta i samsvar med vedteke budsjett. For deltakarkommunane vert dette tilskotet rekna ut på grunnlag av i) ein fast grunnsom og ii) eit beløp rekna ut i frå folketalet til deltakarkommunane per 1. juli året før budsjettåret. Vestland fylkeskommune sitt årlege økonomiske bidrag for basistenester, papirdepot og elektronisk depot skal etter vedtekten bestå av eit fast årleg tilskot. I praksis består fylkeskommunen sitt bidrag av ein økonomisk del og ein praktisk del. Vestland fylkesting bad i FT-PS 22/2019 dåverande prosjektleiar om å gå i dialog med styret i Kommunearkivordninga om VLFK sitt økonomiske bidrag i samband med årsbudsjett 2021. Per oktober 2021 betalar VLFK det same økonomiske bidraget som SFFK betalte (beløpet er oppjustert i tråd med konsumprisindeksen).
Utgang	Den enkelte fylkeskommune/kommune kan med eitt års skriftleg varsel seie opp sitt deltarforhold og krevje seg utløyst frå det.

Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	Vestland fylkeskommune vedtok å slutte seg til Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap (Kommunearkivordninga) den 17.12.19 med verknad frå 01.01.20, sjå FT-PS 22/2019 ²⁷ Fylkestinget bad samstundes om ei seinare sak om framtidig organisering og samarbeid mellom dei kommunale arkivinstitusjonane i Vestland fylke. I FT-PS 170/2020 <i>Organisering og samarbeid mellom dei kommunale arkivinstitusjonane i Vestland</i> , vedtok fylkestinget følgjande: «1. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge til rette for at det kan etablerast tenesteavtalar mellom arkivinstitusjonane. Erfaringa med samarbeidet skal leggast til grunn for arbeidet med framtidig organisering. 2. Avtalane skal sikre kvalitet på tenestene, vere berekraftige og medverke til at dokument- og arkivhandteringa i regionen står fram samla og oversiktleg for innbyggjarane 3. Fylkestinget legg til grunn at fylkesrådmannen finn den mest tenlege organiseringa av arkivarbeidet og kjem attende med politiske saker ved behov.» Avdeling for kultur, idrett og inkludering har i møte med dei to andre arkivinstitusjonane i Vestland fylke, Bergen Byarkiv og IKA Hordaland IKS, blitt samde om å vurdere følgjande område for inngåing av tenesteavtalar: Privatarkiv, magasin for analoge arkiv og digitale fellesløysingar.
Nettstad	www.fylkesarkivet.no/
Adresse	Askedalen 2, 6863 Leikanger.
Telefon	57 63 80 00.
E-post	arnt.ola.fidjestol@vlfk.no eller post@vlfk.no

8. Samvirkeføretak

Hovudføremålet med eit samvirkeføretak er å fremje medlemene sine økonomiske interesser. Sentralt i dette ligg at ein som medlem gjennom samarbeid får oppfylt dei økonomiske interessene sine, anten som tilsett, leverandør eller kunde hos samvirkeføretaket. Medlemene sine behov for samarbeid er viktigare enn at føretaket går med mest mogleg overskot. Hovudformålet om å fremje medlemene sine økonomiske interesser vert tolka vidt.

Samvirkeføretak kan stiftast av både fysiske og juridiske personar. Eit samvirkeføretak må til ei kvar tid ha minimum to medlemar/eigarar. I samvirkeføretak skal alle eigarane behandlast likt og ha same innverknad. Hovudregelen er derfor at alle medlemene har ei stemme på årsmøtet.

Samvirkeføretak må ha ein forsvarleg eigenkapital til ei kvar tid. Eigenkapitalkravet må vurderast opp mot omfanget av verksamda. Det kan derfor i praksis bety at samvirkeføretaket må ha partsinnskot. Medlemene har ikkje ansvar for gjelda til samvirkeføretaket utover eit eventuelt partsinnskot.

I eit samvirkeføretak vert ein del av overskotet utbetalt til medlemene basert på medlemene si samhandling med føretaket. Eksempel på samhandling vil kunne vere kjøp frå, sal til eller arbeid for samvirkeføretaket.

²⁷ Representantskapet i Kommunearkivordninga vedtok den 06.11.19 endra deltakarsamansetjing og omdanning av samarbeidet til kommunalt oppgåvefellesskap etter kommunelova 2018 kapittel 19. Fylkestinget i Vestland godkjende endringane 17.12.19, samstundes som fylkeskommunen sluttar seg til oppgåvefellesskapet. Tilsvarande sak vart handsama i dei andre deltakarane sine kommunestyre før årsskiftet.

Årsmøtet er det øvste organet i samvirkeføretaket. Medlemene har møte- og stemmerett. Alle samvirkeføretak skal halde årsmøte årleg. Årsmøtet vel styret.

Styret skal bestå av minst tre personar, og møtast ved behov. Styret er ansvarleg for drifta og organiseringa av føretaket. Det er styret som tilset dagleg leiar.

8.1 Samvirkeføretak fylkeskommunen er medlem i

Kommunearkivinstitusjonenes digitale ressurssenter SA (KDRS)

Føremål	Kommunearkivinstitusjonanes digitale ressurssenter SA (KDRS) er eiggd av medlemene, kommunearkivinstitusjonar fra heile landet. KDRS skal tilby tenester og kompetanse til sine medlemer og aktivt bidra til å utvikle og effektivisere langtidslagring av digitale arkiv innanfor kommunal og fylkeskommunal sektor. Føretaket skal fremje medlemene sine økonomiske interesser gjennom deira deltaking i verksemda. Føretaket kan også selje digitale arkivtenester, utover basistenestene, til medlemene og andre.	
Etablert	19.05.2010.	
Medlemer	KDRS har 17 medlemer og dekker totalt 81 % av kommunane i landet fra og med 2020. Medlemene skal vere arkivinstitusjonar. Medlemene heftar ikkje for føretaket sine forpliktingar.	
Forretningskontor	Trondheim kommune.	
Rettslege rammer	Samvirkelova m.m.	
Rammer	Vedtekten, sist endra 06.06.19.	
Administrasjon	Føretaket skal ha dagleg leiar, tilsett av styret.	
Valkomite	Føretaket skal ha ein valkomité med tre medlemer, som innstiller medlemer til styret. Valkomiteen vert valt på årsmøtet for to år om gongen. Årsmøtet vel også leiar av valkomiteen, og fastset instruks for valkomiteen.	
Styreval	Føretaket skal ha eit styre med fire medlemer og to varamedlemer, valt for ein periode på to år.	
Styresamansetning	<u>Styremedlemer:</u> Stig Roald Amundsen (leiar) Atle Frydenlund (nestleiar) Steffen Stordalen Ellen Jensen	<u>Varamedlemer:</u> Odd Lasse Worum Sigrid Ina Simonsen
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar		
Finansiering	Medlemene skal ved stiftingstidspunktet betale eit andelsinnskot på til saman 500 000 kr. Summen av andelsinnskota utgjer føretaket sin andelskapital, som inngår i føretaket sin eigenkapital.	

	<p>Kvar medlem skal betale ein årleg medlemskontingent. Storleiken vert fastsett av årsmøtet, basert på prinsipp om kostnadsdekning. I 2020 er medlemskontingenoten om lag 320 000 kr.</p> <p>Føretaket sel digitale arkiv-tjenester, utover basistenestene, til medlemer og andre.</p>
Fylkeskommunalt lån	
Revisor	KPMG AS
Adresse	Maskinistgata 1, 7042 Trondheim
Telefon	73 10 31 60
E-post	post@kdrs.no
Nettstad	www.kdrs.no
Opplysing og oppsæring	<p>Utmelding må skje skriftleg. Utmeldingsfristen er 12 månader frå komande 01.01. Ved utmelding har medlemen ikkje krav på å få attendebetalt eit eventuelt andelsinnskot.</p> <p>Ved opplysing har medlemer rett på å få utbetalt sine andelsinnskot, dersom det er midlar att i føretaket etter at det har dekka forpliktingane sine. Attverande midlar etter dette går til medlemene på opplysingstidspunktet, og skal fordelast ut frå deira omsetning med føretaket dei siste fem åra.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	
Mål med medlemskapen	Som medlem å kunne nyte godt av KDRS sine tjenester og kompetanse innan digitale arkiv.
Er fylkeskommunalt medlemskap framleis føremålstenleg?	<p>Fylkeskommunen, ved dokumentsenteret, har eige medlemskap i KDRS. I tillegg har fylkeskommunen indirekte medlemskap i KDRS gjennom deltagkinga i Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap (Kommunearkivordninga) (dette medlemskapet er førebels registrert på Vestland fylkeskommune ved fylkesarkivet, men vert betalt av Kommunearkivordninga).</p> <p>I fjorårets eigarskapsmelding kommenterte fylkesdirektøren at dersom det er tilstrekkeleg for fylkeskommunen å ha medlemskap i KDRS gjennom deltagkinga i Kommunearkivordninga, kan fylkeskommunen vurdere å seie opp sitt eige medlemskap. Fylkesdirektøren har sett nærmare på saka, og vurderinga er at fylkeskommunen førebels har nytte av å vere medlem direkte, i tillegg til den indirekte medlemskapen fylkeskommunen har gjennom Kommunearkivordninga.</p>
Tilråding	Vidareføre medlemskapen.

Opplæringskontoret for offentleg sektor i Sogn og Fjordane SA (OKOS SA)

Føremål	<p>Føretaket skal vere eit organ for samarbeid mellom medlemene (læreverksemder), som i fellesskap tek på seg opplæringsansvar for lærlingar, lærekandidatar, praksisbrevkandidatar og kandidatar for fagbrev på jobb, jf. Opplæringslova § 4-3.</p> <p>Føretaket fremjar medlemene sine økonomiske interesser gjennom deira deltaking i verksemda, men har ikkje erverv til hovudføremål. Hovudføremålet er å yte gode tenester til eller for medlemsverksemndene, og å sikre høg kvalitet på fagopplæringa.</p>	
Etablert	Skipa 23.10.2019 (vidareføring av tidlegare verksemd).	
Medlemer	<p>Askvoll kommune, Fjaler kommune, Høyanger kommune, Sunnfjord kommune, Vik kommune og Bremanger kommune.</p> <p>Medlemene har ikkje betalt inn innskot ved skipinga. Verksemda skal finansierast ved årleg medlemskontingent og ved ein prosentvis del av lærtingtilskotet knytt til kvar lærekontrakt.</p>	
Forretningskontor	Sunnfjord kommune	
Rettslege rammer	Lov om samvirkeføretak og opplæringslova	
Styringsgrunnlag	Vedtekten av 23.10.2019	
Administrasjon	<p>Årsmøtet er føretaket sitt øvste organ. Kvar medlem har ei røyst.</p> <p>Føretaket vert leia av eit styre på fem medlemer, og tre varamedlemer. Medlemene vert valde for to år om gongen.</p> <p>Føretaket skal ha dagleg leiar.</p>	
Styresamsetning	Anne Kristin Førde (leiar) Ingvard Andreas Flekke Dagun Muri Frode Merkesvik Bodil Gjerde (fag forbundet)	Varamedlemar i nummerert rekkefølgje: 1. Tova Kjempenæs 2. Ole Jacob Nedrebø Varamedlem for fag forbundet sin styremedlem: Sigrun Bøe Perez
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	Styreleiar: 35 000 kr.	
Finansiering	Verksemda skal finansierast med offentlege tilskot til læreverksemder. Medlemene betalar ein årleg medlemskontingent.	
Fylkeskommunalt lån	Nei	
Revisor	Firda revisjon og rådgivning AS	
Adresse	Firdavegen 6, 6800 Førde	
Telefon		
E-post	hans-borge.lillehaug@okosweb.no	
Nettstad	https://okosweb.no/	

Oppløysing og oppseiing	Oppløysing av føretaket må vedtakast med 4/5 fleirtal på årsmøtet. Samvirket må uansett oppløysast dersom det er mindre enn to medlemmar att i samvirket. Oppseiing av medlemskapen skal skje skriftleg og med tre månaders varsel. Gjeldande kontraktar skal då overførast til den einskilde læreverksemda, som pliktar å gjennomføre læreperioden i tråd med kontrakta og i tråd med aktuelle lover og reglar.
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	Fylkestinget vedtok utmelding i FT-PS 138/2020.
Mål med medlemskapen	Kommunale/fylkeskommunale fellestiltak. Målet er auka kvalitet i fagopplæringa og stordriftsfordelar gjennom samarbeid.
Status	Fylkeskommunen melde seg ut av OKOS SA med verknad frå og med 01.09.21, slik at dei av lærlingane som hadde lærerid til og med august, kunne bli følgde opp gjennom OKOS ut tida. Oppfølginga av lærlingar med sluttdato etter 01.09.2021 vart overført til fylkeskommunen.

Biblioteksentralen SA

Føremål	Biblioteksentralen skal vere eit serviceorgan for alle typar offentlege bibliotek. Biblioteksentralen har til oppgåve å være hovudleverandør av produkt og tenester til bibliotek og liknande institusjonar. I tillegg kan Biblioteksentralen delta i/etablere verksemder for å betjene det totale bok-, informasjons- og kunnskapsmarkedet.	
Etablert	04.02.1952	
Medlemer	<p>Medlemene er 352 kommunar (87 % av andelskapitalen), 9 fylkeskommunar (11 % av andelskapitalen), KS (2 % av andelskapitalen) og Norsk Bibliotekforening (0,3 % av andelskapitalen).</p> <p>Medlemene sitt ansvar er avgrensa til andelskapitalen.</p>	
Forretningskontor	Oslo kommune	
Regelverk	Samvirkelova m.m.	
Styringsgrunnlag	Vedtekten av 04.02.1952, sist endra 21.04.16.	
Årsmøte, styre og administrasjon	<p>Biblioteksentralen sine organ er årsmøtet og styret. Årsmøtet er føretaket sitt øvste organ. Kvar medlem har éi røyst på årsmøtet.</p> <p>Biblioteksentralen vert leia av styret og ein administrerande direktør.</p>	
Valkomité	<p>Medlemer 2021-2022: Ruth Ørnholst (leiar, VLFK), Knut Skansen og Gunn Marit Helgesen.</p> <p>Varamedlem: Mette Gundersen</p>	
Styresamsetjing	<u>Styremedlem:</u> Lars Peder Brekk (leian) Gunn Berit Gjerde (nestleiar) Leon Bang-Hetlevik Torger Ødegaard Silvija Seres Elin Broen (tilsetterep.) Claus A. Johannessen (tilsetterep.)	<u>Varamedlemer 2021-2022:</u> 1. Jonni Helge Solsvik 2. Mette Gjerdrum <u>Varamedlemer tilsette:</u> 1. Bente Simensen 2. Line Silesand
Styregodtjersle	Styreleiar: 131 000 kr Nestleiar: 65 500 kr Styremedlem: 43 600 kr Varamedlemer: 3 300 kr per møte	
Finansiering	Driftskapitalen kjem frå at medlemene betalar inn andeler á 300 kr etter følgjande reglar: a) Kommunane minst 1 andel for kvar 1200 innbyggere, men minst 1 andel. b) Fylkeskommunane minst 30 andeler per fylkeskommune. c) Norsk Bibliotekforening minst 1 andel. KS minst 1 andel. d) Universitet og høgskular minst 1 andel. Ved eventuell utmelding vert andelsinnskotet utbetalt.	
Fylkeskommunalt lån		
Revisor	BDO AS	

Adresse	Alf Bjerckes vei 20, 0582 Oslo
Telefon	22 08 34 00
E-post	
Nettstad	https://www.bibsent.no/
Oppløysing og oppseiing	<p>Utmelding kan skje med tre månaders skriftleg varsel til styret. Tilbakebetaling av andelsinnskot skjer tre månader etter neste rekneskapsoppgjør. Dersom selskapet sine midlar er mindre enn samla andelskapital, vert det den utmelde medlemen har til gode nedskrive.</p> <p>Oppløysing krev 4/5 av medlemene sine stemmer. Ved oppløysing skal føretaket sine midlar først brukast til å dekke føretaket si gjeld til kreditorar. Deretter har medlemene rett til å få utbetalet andelsinnskot og inneståande på medlemskapitalkonti.</p>
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	
Mål med medlemskapen	I tråd med fylkeskommunen si rolle på kulturfeltet deltek ein i samverkeføretaket for å støtte utviklinga av bibliotek som ein viktig kulturell formidlingsarena og møteplass.
Er fylkeskommunalt medlemskap framleis føremålstenleg?	Målet med medlemskapen gjer seg framleis gjeldande.
Tilråding	Vidareføre medlemskapen

Sinjarheim SA

Føremål	Føretaket sitt føremål er å ta vare på bygningane på garden Sinjarheim i Aurland kommune og det omkringliggende kulturlandskapet, på ein måte som ivaretak antikvariske omsyn, og å delta i tiltak som fremjar tradisjonell bruk av Sinjarheim. Føretaket vil delta i informasjons- og tilretteleggingstiltak for å møte ulike brukargrupper sine behov i området, og samarbeide med andre aktørar med tilsvarende oppgåver i Aurlandsdalen. Dette for mellom anna å unngå eventuelle konfliktar og å unngå unødvendig slitasje. Føretaket har ikkje erverv til føremål, og eventuelle driftsoverskot skal avsettast til utviklings- og vedlikehaldsoppgåver på eigedomen.		
Etablert	Sinjarheim SA vart stifta i 2018. Samvirkeføretaket er ei vidareføring og formalisering av samarbeidet som starta kring tiltaket Sinjarheimfondet den 25.07.03, mellom eigaren av Sinjarheim (gbnr. 21/1), Sogn og Fjordane fylkeskommune v/Sogn jord- og hagebruksskule og Fortidsminneforeningen.		
Deltakarar	Fylkeskommunen, ved Sogn jord- og hagebruksskule, grunneigar og Fortidsminneforeininga Sogn og Fjordane.		
Regelverk og styringsgrunnlag	Samvirkelova og vedtekten. Føretaket er ein sjølveigande, frittståande juridisk person med upersonleg og avgrensa ansvar for gjeld. Låneopptak eller tilsvarende finansieringstiltak, til finansiering av drift eller tiltak av føretaket, kan berre skje etter samtykke fra årsmøtet, eller etter retningsliner frå årsmøtet.		
Forretningskontor	Aurland kommune.		
Årsmøte, styre og administrasjon	Årsmøtet er føretaket sitt øvste organ. Kvart medlem har ei røyst. Føretaket vert leia av eit styre på tre medlemer, og to varamedlemer. Styremedlemene skal, med etterhald som nemnd nedanfor, vere medlemer i føretaket. Varamedlemene treng derimot ikkje å vere medlemmar av føretaket. Styremedlemene og varamedlemer vert valde for to år. Føretaket skal ikkje ha tilsett dagleg leiar, men styreleiar skal ha funksjonen som dagleg leiar, jf. Samvirkelova § 65, og har signaturrett.		
Styresamsetjing	<u>Medlemer:</u> Inge Olai Sønnerheim (leiar) Trude Knutzen Knagenhjelm (nestleiar) Even Hov	<u>Varamedlemer:</u> Jon Edvard Bjarnessen Ryttervold Tamnes Sigrid Sønnerheim Tønnessen	
Finansiering	Det skal ikkje betalast andelsinnskot ved innmelding i føretaket. Føretaket har ikkje contingent ved skipinga. Kostnaden med å stifte SA-et skal dekkast av føretaket. Om rekneskapen viser overskot, skal dette setjast av i driftsfondet.		
Opplysing	Det kan gjerast vedtak om opplysing av føretaket med 2/3 fleirtal i eit ordinært årsmøte, etter at det er komme tilsvarende framlegg på førra årsmøte. Minst halvparten av deltakarane må vere representerte på sistnemnde møte. Møter ikkje så mange, kan framlegget vedtakast på nytt medlemsmøte med vanleg fleirtal rekna ut frå møtande deltakarar.		

	Ved opplysing skal aktiva i samvirkeforetaket setjast i eit fond til fremme og ta vare på bygningane på garden Sinjarheim og det kringliggjande kulturlandskap.
Adresse	Kvålsvegen 12, 5745 Aurland
Fylkeskommunale vedtak sidan førre eigarskapsmelding	
Mål med medlemskapen	Medlemskapen skal sikre at fjellgarden Sinjarheim også i framtida vert ein viktig undervisningsarena for elevane ved Sogn jord- og hagebruksskule. På Sinjarheim får elevane kjennskap til tradisjonell stølsdrift og ysting, men også geologi, natur- og kulturhistorie.
Er fylkeskommunalt medlemskap framleis føremålstenleg?	Målet med medlemskapet gjer seg framleis gjeldande.
Tilråding	Vidareføre medlemskapet

9. Gjensidige selskap

Kommunal Landspensjonskasse (KLP)

Føremål	Selskapet sitt føremål er å ivareta medlemmane sine behov for tenestepensjonsordninga. Selskapet kan også, enten sjølv eller gjennom deltaking i andre selskap, tilby andre pensjons- og forsikringsprodukt, og kan delta i eller drive ei kvar verksemd som naturlig heng saman med forsikringsverksemd, og ei kvar anna verksemd som er lov for livforsikringsselskap, her også administrasjon og forvaltning av pensjonskassar.
Etablert	1949
Eigar	Ingen eigrar i tradisjonell forstand, men alle som etablerer avtale om offentleg tenestepensjon i KLP skyt inn eit eigenkapitalinnskot.
Regelverk og styringsgrunnlag	Allmennaksjelova, forsikringslova, forsikringsverksemldlova, finansføretakslova. Vedtekter, sist endra 11.05.16.
Generalforsamling	Selskapet er inndelt i valkrinsar. Fylkeskommunane utgjer, saman med kommunane i fylket, kvar sin valkrins. Den enkelte valkrins vel eit tal utsendingar til generalforsamlinga avhengig av samla premievolum i selskapet sine fellesordninga, jf. vedtekta § 3-3. Det skal haldast ordinær generalforsamling innan utgangen av juni kvart år.
Forretningskontor	Oslo
Adresse	Pb 400 Sentrum, 0191 Oslo
Telefon	55 54 85 00
Nettside	www.klp.no
Fylkeskommunal medlemskap	I 2020 gjennomførte fylkeskommunen konkurranse om levering av tenestepensjon for folkevalde og tilsette, med unntak av dei pedagogisk tilsette.

	<p>Fylkestinget vedtok i PS 115/2020 å tildele kontrakten for offentleg tenestepensjon til Storebrand Livsforsikring AS for åra 2021 og 2022.</p> <p>Storebrand overtok som forvaltar av pensjonsordninga frå og med 01.01.21.</p> <p>Fylkeskommunen er etter dette ikkje lenger medlem av KLP og har fått utbetalt sin del av selskapet sitt oppsamla eigenkapitalinnskot, om lag 139 mill. kr.</p> <p>Frigjort eigenkapitalinnskot er sett av på eige fond til eventuell seinare bruk.</p>
--	--

Vedlegg 1: Plan for eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon (utdrag) for valperioden

Fylkestinget vedtok planane 15.12.20 i PS 153/2020 og PS 154/2020.

Eigarskapskontrollar 2020-2024

Under er eigarskapskontrollprosjekta presentert i prioritert rekkefølgje. Kor mange prosjekt som vil bli gjennomført i perioden er m.a. avhengig av omfanget til dei einskilde prosjekta.

Under kvart prioriterte prosjekt er det føreslått relevante tema i samsvar med funna i risiko- og vesentlegvurderinga. Endeleg utforming av problemstillingar vil bli gjort i samband med bestilling av dei enkeltvise prosjekta.

Eigarskapskontroll kan gjennomførast som eigne prosjekt der tema er fylkeskommunen si eigarskapsforvaltning av eit eller fleire selskap, eller gjennomførast i samband med ein forvaltningsrevisjon av selskap.

Nr.	Prosjekt	Tema
1	<ul style="list-style-type: none"> • Eigarskapskontroll av fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter 	<ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar for oppfølging av eigarskapet <ul style="list-style-type: none"> ◦ Eigarmelding ◦ Eigarstrategi ◦ Eigaroppfølging • Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til fylkeskommunen • Samhandling med fylkeskommunen sine tenester for dei same brukarane
2	<ul style="list-style-type: none"> • Eigarskapsforvaltning (overordna) 	<ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar for oppfølging av eigarskapa <ul style="list-style-type: none"> ◦ Eigarmelding ◦ Eigarstrategi ◦ Eigaroppfølging • Rutinar for val av styrerepresentantar • Opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til fylkeskommunen

Om fylkestinget ber kontrollutvalet gjennomføre ein eigarskapskontroll, eller kontrollutvalet gjer risiko- og vesentlegvurderinger som tilseier at andre eigarskapskontrollar bør prioriterast, kan kontrollutvalet avvike frå vedteken plan for eigarskapskontroll. Om kontrollutvalet finn det hensiktsmessig, kan plan for eigarskapskontroll rullerast i løpet av perioden.

Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2020-2024

Under er eit *utdrag* av vedtekne forvaltningsrevisjonsprosjekt for 2020-2024 - dei som gjeld selskap fylkeskommunen eig - presentert i prioritert rekkefølgje. For lista i sin heilskap, sjå FT-sak PS 153/2020.

Under kvart prioriterte prosjekt er det føreslått relevante tema i samsvar med funna i risiko- og vesentlegvurderinga.

Endeleg utforming av problemstillingar vil bli gjort i samband med bestilling av dei enkeltvise prosjekta. Forvaltningsrevisjon av selskap kan kombinerast med eigarskapskontroll.

Om fylkestinget ber kontrollutvalet gjennomføre ein forvaltningsrevisjon, eller kontrollutvalet gjer risiko- og vesentlegvurderinger som tilseier at andre område bør prioriterast, kan kontrollutvalet avvike frå vedteken plan for forvaltningsrevisjon. Dersom kontrollutvalet finn det føremålstenleg, kan plan for forvaltningsrevisjon rullerast i løpet av perioden.

Gruppe 1 – prioriterte forvaltningsprosjekt (utdrag)

Nr.	Prosjekt	Tema
14	<ul style="list-style-type: none">• Forvaltningsrevisjon av Beredt AS	Økonomistyring Internkontroll Målinnfriing
15	<ul style="list-style-type: none">• Forvaltningsrevisjon av Hardanger Aks AS	Økonomistyring Internkontroll Målinnfriing

Vedlegg 2: Rapporteringsmal for dei som deltek på generalforsamlingar e.l. for fylkeskommunen (eigarrepresentantane) i 2021

Eigarrepresentantane skal levere skriftleg rapport frå følgjande møte: generalforsamlingar, føretaksmøte, representantskapsmøte og årsmøte. Rapporten, og motteken protokoll frå møtet rapporten gjeld, skal sendast til ORO.juridisk.seksjon@vfk.no, og vil bli nytta ved utarbeiding av eigarskapsmeldinga i 2021. Rapporteringsfristen er 31.07.21.

Fylkesrådmannen oppmodar eigarrepresentantane om å sette seg inn i rapporteringsmalen før det einskilde møtet, og om å stille selskapsleinga spørsmål dersom det er noko som er uklart eller om det er informasjon som manglar i dei tilsendte møtedokumenta og informasjonen heller ikkje er tilgjengeleg på nett.

1. Møtet rapporten gjeld:	<i>Til dømes: Ordinær generalforsamling i Bybanen AS 29.04.21.</i>
2. Namnet på den som møtte for fylkeskommunen:	
3. Oppgi dersom følgjande vart gjort, drøfta eller informert om i møtet: a) det er valt nye styremedlemmer b) vedtekten er endra d) revisor har gjeve revisjonsmelding med avvik e) kapitalutviding f) kapitalnedsetting g) konkurs/styrt avvikling h) selskapet sine generelle framtidssutsikter eller konkrete framtidige planar	<i>Til dømes: På ordinær generalforsamling i Bybanen AS i 2021 vedtok generalforsamlinga å endre vedtekten § 7 om styresamsetjing, slik at ...</i>
4. Som eigar forventar fylkeskommunen at selskapet rapporterer på korleis dei tek samfunnsansvar og jobbar med etikk i verksemda. Oppgi dersom følgjande har vore tema i møtet: i) klima og miljø j) menneskerettar k) arbeidstakarrettar l) openheit og antikorrupsjon	<i>Til dømes: Selskapet har nyleg revidert dei etiske retningslinene sine, har utarbeidd miljørekneskap e.l. Retningslinene/rekneskapen ligg tilgjengelege på selskapet sin nettstad her</i>
5. Oppgi dersom det vart gjort vedtak, informert om og/eller drøfta tilhøve som ikkje stod på dagsordenen for møtet	<i>Til dømes det som vert drøfta under punktet ymse på dagsordenen.</i>


Dato/stad:

Namn på den som har skrive rapporten

Vedlegg 3: Fylkestinget sitt vedtak av eigarskapsmelding i 2020

PS 138/2020:

1. Fylkestinget vedtek Eigarskapsmelding 2020, Del I, slik han føreligg.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen starte ein prosess for avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap i Lutelandet Utvikling AS og HFK Tomt Knarvik AS.
3. Fylkestinget vidarefører fylkeskommunen sin eigarskap i Gulen- og Masfjorden Utvikling AS, men ber fylkeskommunen sin eigarrepresentant be selskapet greie ut moglegheitene for samanslåing med andre selskap.
4. Fylkestinget vidarefører fylkeskommunen sin eigarskap i følgjande selskap: Grieghallen IKS, Trivselshagen IKS, Vigo IKS, Kommunekraft AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Valen kraftverk AS, Atheno AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Framtidsfylket AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken Vestland AS, Njøs Frukt- og bærssenter AS, Sarsia Development AS, Sogn og Fjordane Fondet AS, Beredt AS, Gløde AS, Hardanger AKS AS, In Via AS, Kveik AS, Opero Holding AS, Origod AS, Sogneprodukt AS, Bybanen AS, E134 Haukelivegen AS, Ferde AS, HFK Bussanlegg AS, Skyttel AS, Sunnhordland Lufthavn AS, Bergen Vitensenter AS, Campus Førde Verftet AS, Opplæringsfartøy AS, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, Carte Blanche AS, Den Nationale Scene AS, Det Vestnorske Teateret AS, Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter AS, Moster 2024 AS, Norsk Fjordhestsenter AS, Teater Vestland AS og Vestnorsk filmsenter AS.
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen seie opp fylkeskommunen sin medlemskap i OKOS SA.
6. Fylkestinget vidarefører fylkeskommunen si deltaking i følgjande interkommunale samarbeid og medlemskap i følgjande samvirkeføretak: Norsk digital læringsarena, Vestlandsrådet, Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap, Kommunearkivinstitusjonenes digitale ressurssenter SA, Biblioteksentralen SA og Sinjarheim SA.
7. Fylkestinget ber fylkesrådmannen ta med plan for eigarskapskontroll og plan for forvaltningsrevisjon av selskap i Eigarskapsmeldinga, så snart fylkestinget har vedteke desse.



vestlandfylke.no